



DET KONGELEGE  
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 25

(2000-2001)

---

## Levekår og livskvalitet for lesbiske og homofile i Noreg

*Tilråding frå Barne- og familiedepartementet av 9. mars 2001,  
godkjend i statsråd same dagen.*

## 1 Innleiing

### 1.1 Verdier og mål

---

Vi lever i ei tid med aukande kulturelt mangfald. Dette mangfaldet styrkjer fellesskapet og gjer det rikare. *Ulikskapar* mellom menneske når det gjeld livsstil og levemåtar, er ein positiv verdi for samfunnet, og i eit kulturelt mangfald er det lettare å vere annleis. I denne situasjonen ser vi også at stadig fleire står ope fram med si lesbiske og homofile orientering. Dette er positivt, og det er sjølvsagt at lesbiske og homofile skal møtast med likeverd og respekt. Regjeringa meiner derfor at ein aktivt må motarbeide negative haldningar til lesbiske og homofile, og at ein må støtte og oppmuntre opne haldningar.

Dette er ei melding om *leveskåra* for homofile og lesbiske. Det har vore vanleg i levekårssamanheng å leggje vekt på dei individuelle, ytre og materielle sidene ved livssituasjonen til menneske. Og ein solidarisk politikk handlar i høg grad om å styrkje og jamne ut dei materielle levekåra. Men like viktige er dei personlege levekåra: Kjærleik, omsorg og utsiktene til å leve ut sin identitet. Solidaritet inneber innleving og respekt både for grupper og enkeltmenneske. Det er først gjennom å vere integrerte i ei eller fleire grupper at vi tek form og står fram som verkelege og *personlege* enkeltmenneske. Derfor handlar denne meldinga like mykje om livskvalitet. Levekåra ser vi i samheng med livssituasjonen elles og utvidar altså omgrepet noko: Levekår og livskvalitet handlar om både «å ha», «å elske» og «å vere». <sup>1)</sup>

Regjeringa ønskjer å avmystifisere forhold omkring det å vere lesbisk og homofil, slik at homofile og lesbiske lettare kan utvikle ein trygg og solid sjølvidentitet. Regjeringa har som mål at lesbiske og homofile utan frykt for sanksjonar kan leve ut sin kjærleik til personar av same kjønn. Dette vil vonleg føre til at fleire deltek innanfor ulike sosiale og kulturelle omgjevnader på *eigne* premissar.

I norsk historie har det skjedd ei omfattande diskriminering av homofile og lesbiske. Mellom anna var homoseksuelle handlingar ulovlege etter straffelova heilt fram til 1972, og norsk psykiatri har gjort mange forsøk på å endre orienteringa hos homoseksuelle. Utviklinga har gått i ei positiv retning. Ikkje-diskriminering er no ein grunnleggjande del av norsk lov og regelverk. Ikkje dess mindre er det viktig å erkjenne at det framleis skjer diskriminering av lesbiske og homofile i det norske samfunnet. Denne diskrimineringa er i strid med verdiane våre og kan under ingen omstende akseptast.

Likebehandling legg grunnlaget for likeverd. Likebehandling er likevel eit tvetydig omgrep. Sjølv om ein i enkelte samanhengar greier å etablere formelt like rettar, kan dei reelle ulikskapane framleis vere svært synlege. Det er derfor viktig at *formell* likskap i rettar og plikter også blir følgde opp med tiltak som betrar dei *faktiske* vilkåra lesbiske og homofile har til å realisere eit godt

---

<sup>1)</sup> Sjå til dømes Erik Allardt (1975) *Att ha, att älska, att vara. Om välfärd i Norden*. Lund, Argos.

liv til beste for seg sjølve og samfunnet. Såleis er det behov for enkelte særtiltak overfor gruppa for å framskunde denne likebehandlinga. Det er likevel ei generell haldning hos regjeringa at velferdssamfunnet må sikre *alle* tenester av ein høg og i det heile lik kvalitet.

Gjennom arbeidet med meldinga har det blitt klart at det på fleire område manglar forskingsbasert kunnskap om forhold som gjeld situasjonen for lesbiske og homofile. Barne- og familiedepartementet har derfor bede Norges forskningsråd om å arbeide ut ein samla gjennomgang av behovet for å forsterke forskingsinnsatsen. Denne planen blir det no arbeidd med, og han vil bli ferdig i løpet av varen 2001.

Vi har likevel ein del kunnskap - og denne kunnskapen må føre til politisk handling. Først og fremst viser forskinga at det har skjedd ei markant positiv betring i livssituasjonen for lesbiske og homofile. Homofile og lesbiske har gode materielle levekår, og etter NOVA-undersøkinga å dømme faktisk *betre* enn den generelle befolkninga. Dette gjeld mellom anna utdanningsnivå, inntekt, deltaking i kultur- og fritidsaktivitetar og sosiale nettverk. Langt dei fleste lesbiske og homofile rapporterer at dei har høg livskvalitet. Ikkje dess mindre er det eit faktum at enkelte grupper, særleg unge menneske, har det vanskelegare enn same gruppe i den generelle befolkninga. Tiltaka i denne meldinga er primært retta inn mot å endre på dette.

Vi må som samfunn ta eit kollektivt ansvar for også å synleggjere dei positive sidene ved homoseksualiteten. Homoseksuelle kvinner og menn bryt ofte kjønnsrollemønster. Dei har ei livserfaring som når ho blir gjennomarbeidd og brukt, kan gje mykje innleving i livskriser hos andre. Undersøkingar viser at mange homofile og lesbiske byggjer opp sterke nettverk - såkalla vennskapsfamiliar - som gjer mykje for å støtte kvarandre gjennom kriser. Det er viktig å sjå på homoseksuelle som ein ressurs, og ikkje som ein minoritet vi synest synd på.

Homofile og lesbiske ser vi ofte på som ein minoritet, og mange stader utviklar det seg egne sosiale treffestader for homofile. Men minoritetsstemplet kan verke stigmatiserande og hindre integrering. Gettoisering kan hindre inkludering. Lesbiske og homofile skil seg som gruppe ut på nokre område, men likskapen mellom homofile/lesbiske og heterofile må ikkje undervurderast. Like viktig er det å framheve dei individuelle skilnadene blant lesbiske og homofile som gruppe.

Det mangfaldet som lesbiske og homofile representerer, gjer det vanskeleg å teikne eit eindimensjonalt bilete av gruppa. Sjølve bruker homoseksuelle to symbol som nettopp illustrerer spennvidda i dei livserfaringane som gruppa har. *Regnbogen* viser til mangfaldet og eit fargerikt fellesskap. *Den rosa trekant* blei brukt i konsentrasjonsleirane til Hitler for å identifisere homoseksuelle fangar. Homorørsla bruker i dag begge symbola. Det desse symbola representerer, viser spennvidda i levekåra til lesbiske og homofile. Denne meldinga speglar av dette.

## 1.2 Bakgrunn for meldinga

---

På oppdrag frå Barne- og familiedepartementet sette forskingsinstitusjonen NOVA i 1997 i gang prosjektet «Levekår og livskvalitet blant lesbiske kvinner

og homofile menn». Prosjektet blei avslutta og rapporten lagd framlag 1.2.99. Resultata i rapporten vekte stor interesse. Det var særleg konklusjonane i rapporten når det gjaldt ungdom, som uroa mange. Det blei funne at mange unge homofile og lesbiske har psykiske problem, og at sjølvordsforsøk er vanlegare enn i befolkninga elles. Dette var bakgrunnen for ein interpellasjon til barne- og familieministeren, med debatt i Stortinget 20.4.99. Stortinget gjorde dette vedtaket:

«Stortinget ber Regjeringa legge fram en stortingsmelding vedrørende lesbiske og homofiles levekår og livskvalitet i Norge».

I St. meld. nr. 21 (1999-2000) *Menneskeverd i sentrum* var situasjonen for homofile og lesbiske emne for drøfting (pkt. 4.6.11). Det blei mellom anna framheva at spesielle tiltak overfor gruppa er nødvendig for å møte dei problema som NOVA-undersøkinga dokumenterer. Det blei spesielt peikt på at det er nødvendig med tiltak for unge under 25 år, og at slike tiltak blir følgde opp i samarbeid med interesseorganisasjonane til lesbiske og homofile. Regjeringa varsla dette tiltaket:

«Regjeringa vil legge fram en stortingsmelding om homofile og lesbikes levekår og livssituasjon, der innholdet i NOVA-rapporten og tiltak for å følge den opp vil bli drøftet nærmere».

St. meld. nr. 21 (1999-2000) *Menneskeverd i sentrum* blei teken opp i utanrikskomiteen i stortinget. Komiteen leverte innstillinga si til Stortinget, Innst. S. nr. 23 (2000-2001), den 2. november 2000.

### 1.3 Omgrepsbruk

---

Omgrepet *homofil* blir ofte brukt om både kvinner og menn. Innvendinga mot å nytte fellesnemninga *homofil* er at lesbiske kvinner dermed blir usynleggjorde. Mange meiner at dette mishøvet kjem til uttrykk i forskingslitteraturen, og i måten både media og ulike offentlege verksemder nyttar omgrepa på. I NOVA-undersøkinga bruker dei nemningane *lesbiske kvinner og homofile menn*, nettopp for å synleggjere lesbiske kvinner.

For å gjere språket så enkelt som mogleg, vil meldinga nytte omgrepa *homofil* om menn og *lesbisk* om kvinner som kjenner seg emosjonelt og seksuelt tiltrekte av personar av eige kjønn.<sup>2)</sup> Omgrepa vil samstundes bli nytta for ein særskilt identitet, og i mange tilfelle også vise til eit bestemt levestil eller ein viss livsstil. Desse omgrepa vil samstundes omfatte bifile personar, i dei tilfella der tematikken også synest relevant for denne gruppa. Elles vil det dukke opp ei viss nyansering i omgrepsbruken, slik at omgrepet homoseksuell også blir brukt somme gonger.

Likevel ser vi klare avgrensingar ved å bruke «sekkenemninga» lesbiske og homofile, som nemning for ei *heil* gruppe. Det er svært problematisk å sjå gruppa *under eitt*, fordi det er like store individuelle skilnader mellom homoseksuelle, som mellom heteroseksuelle og homoseksuelle.

Både homofili og heterofili er i meldinga tidvis omtalte som *emosjonelle og seksuelle orienteringar*. Ordet *orientering* er valt med vilje i staden for ordet

<sup>2)</sup> Omgrepet *homofil* vil likevel bli nytta i enkelte samanhengar, mellom anna i lovtekster, som fellesnemning for både kvinner og menn.

*legning*. Forskinga tyder på at det er ein *glidande overgang* mellom homofili og heterofili, snarare enn at dei to orienteringane står som fastlåste og motsette polar. Ordet *legning* viser til ei biologisk, determinert oppfatning av kjensler og seksualitet, noko som forskninga i stadig større grad reserverer seg mot. Ordet *legning* blir derfor berre brukt når vi siterer direkte frå til dømes lovtekster.

#### 1.4 Oversikt over kapitla

---

I *kapittel 2 - Homofili, heterofili og samfunnet* - blir det gjort greie for ein del samfunnsendringar og kulturelle endringar som i løpet av dei siste 20-30 åra har verka med til å endre synet på homofili og homoseksualitet. Slike endringar har ført til at viktige skilje mellom den heterofile og den homofile og lesbiske befolkninga har blitt mindre synlege. Det blir også gjort greie for forskingsbasert kunnskap om homofili, og det er teke med eit konsentrert tilbakeblikk på historia til lesbiske og homofile.

I *kapittel 3 - Allmenn rettsstilling og rettsleg vern for homofile* - går meldinga gjennom det lovverket som spesielt vedkjem gruppa homofile: tidlegare strafferettsleg regulering av homoseksualitet og noverande strafferettslege føresegner om forbod mot å krenkje homofile. Det er med ein gjennomgang av internasjonale konvensjonar som gjev vern av homofil orientering og livsform, og det blir gjort greie for føresegner som regulerer homofilt samliv, under dette partnerskapslova.

I *kapittel 4 - Oppvekst og identitetsutvikling* - er formålet å forklare dei spesielle problema som unge menneske har i avklaringsprosessen fram mot ein lesbisk eller homofil identitet. Det å velje ei annleis form for seksualitet enn den fleirtalet vel, kan vere spesielt trugande i ungdomstida, då mange er svært usikre omkring sin eigen identitet. Kapitlet kastar lys over utviklinga av seksuell identitet hos unge menneske generelt, for så å gå spesifikt inn på utviklinga av homofil identitet.

*Kapittel 5 - Skole og utdanning* - gjer greie for kor viktig det er at undervisninga i skolen hjelper til med å synleggjere og gje informasjon om homofili. Dette er ein viktig føresetnad for å hindre diskriminering og å betre levekår og livskvalitet for lesbiske og homofile. Dette gjeld både i grunnskolen og i høgare utdanning. Skoleverket er pålagt å dekkje slik undervisning innanfor rammene av læreplanverket (L97). Med det er likevel lite kunnskap om kor mykje plass temaet homofili har i undervisninga i dei norske skolane i dag.

*Kapittel 6 - Familie og samliv* - set fokus på den generelle utviklinga i familiemønstera dei siste 20 åra, og på kva desse endringane har hatt å seie for lesbiske og homofile. Par av same kjønn er i dag ein del av det aukande mangfaldet i samfunnet når det gjeld samansetjing av familiar. Ei rekkje undersøkingar har vist at gifte og sambuande rapporterer om at dei er meir tilfredse og har betre livskvalitet enn andre sivilstatus-kategoriar. Dette gjeld også lesbiske og homofile.

*Kapittel 7* - tek opp kva *open haldning og sosialt nettverk* har å seie. Det å kunne stå ope fram med si seksuelle orientering er sentralt for integritet og sjølvkjensle hos den enkelte, og er dermed ein føresetnad for livskvalitet. Forsking viser at lesbiske og homofile generelt har gode sosiale nettverk, og at

dei ofte er med i kultur- og fritidsaktivitetar. Dette er likevel lettare å realisere i større byar enn i mindre lokalsamfunn, der frykta for diskriminering er større. Kapitlet gjennomgår også korleis homofile og lesbiske er med i idrettslivet.

I *Kapittel 8 - Helse og sosiale forhold* - tek meldinga for seg nokre viktige sosial- og helserelaterte problemstillingar som gjeld lesbiske og homofile. Kapitlet drøftar også psykisk helse, sjølvmondsrisiko, problem knytte til HIV/AIDS og seksuelt overførbare sjukdommar, dessutan rusmiddelmissbruk. Vidare tek kapitlet opp korleis homofile og lesbiske møter helse- og sosialpersonell. Det finst like store variasjonar blant lesbiske og homofile når det gjeld helseforhold, som i befolkninga elles. Men gruppa kan likevel oppleve spesielle psykiske påkjenningar fordi dei tilhøyrer ei gruppe som tradisjonelt er blitt utsett for fordømmar og diskriminering. Det er eit mål å auke kunnskapsnivået blant helse- og sosialpersonell og normalisere og synleggjere lesbiske og homofile.

*Kapittel 9 - Arbeidsliv* - inneheld ein gjennomgang av reglar om vern mot diskriminering og forbod mot forskjellsbehandling i arbeidsmiljølova. Ein del homofile og lesbiske opplever diskriminering og trakassering, og kapitlet gjer greie for omfanget av dette. Sjølv om dei fleste lesbiske og homofile har positive erfaringar frå arbeidslivet, held framleis fire av ti si seksuelle orientering skjult for kollegaene sine. Det er eit mål å arbeide for meir opne haldningar og eit betre arbeidsmiljø. Kapitlet drøftar om det er mogleg å opprette ei ombodsmannsordning for homofile, men konkluderer med at LLH - Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring - i staden må styrkjast slik at organisasjonen kan fungere som «vaktbikkje».

*Kapittel 10 - Homofili og trdomssamfunn* - inneheld ein gjennomgang av det arbeidet Den norske kyrkja har gjort med homofile sin plass i kyrkja. Kyrkjemøtet i 1997 gjorde eit fleirtalsvedtak om at personar som lever i homofilt samliv, ikkje kan gjere kyrkjeleg teneste i vigsla stillingar. Unntaksregelen i § 55 A i arbeidsmiljølova gjer det mogleg å diskriminere mellom andre homofile frå stillingar knytte til religiøse trdomssamfunn der det er stilt særlege krav ut frå den karakteren stillinga har. For lesbiske og homofile som er kristne og som ønskjer å ha eit forhold til Den norske kyrkja som ein stad der dei kan utøve trua og oppleve fellesskap, kan denne utestenginga opplevast djupt krenkjande. Regjeringa meiner at lesbiske og homofile har ein sjølvsgd plass i Den norske kyrkja på linje med alle andre. Regjeringa går derfor inn for å oppheve unntaksreglane i arbeidsmiljølova § 55 a om homofile i Den norske kyrkja. Kapitlet omtaler også «læking» av homoseksuelle.

*Kapittel 11 - Støtteordningar* - gjennomgår ulike støtteordningar som rettar seg spesielt mot organisasjonsarbeidet til lesbiske og homofile. For det første gjeld det driftsstøtta til *Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring* og den støtta som rettar seg mot ungdomsarbeidet som LLH driv. Regjeringa ser på det arbeidet LLH driv, som svært viktig, og gjer framlegg om å auke støtta i budsjettet for 2002. For det andre tek kapitlet for seg støtteordningar i samband med arbeidet mot HIV og AIDS. Denne støtta er i hovudsak retta til *Helsetvalet for homofile*, over løyvingar frå Handlingsplan mot HIV/AIDS-epidemien og vidareføringa av denne planen.

*Kapittel 12 - Økonomiske og administrative konsekvensar - fokuserer på dei økonomiske konsekvensane av dei tiltaka det er gjort framlegg om. I dette kapitlet blir det òg gjort greie for kor vidt desse tiltaka krev egne og øyremerkte tilleggsløyvingar.*

## 2 Homofili, heterofili og samfunnet

### 2.1 Innleiing

---

Dei sosiale endringane dei siste 20-30 åra har ført til at viktige skilje mellom den heterofile og den homofile og lesbiske befolkninga har blitt borte. Spesielt har endringane vore sterke når det gjeld livsstil og veremåte for heterofile. Måtar å leve på som tidlegare ofte var typiske for homofile, er blitt langt meir vanleg for store delar av befolkninga: Stadig fleire vel å leve i kortare og lengre tid aleine eller som sambuarar. Vennskapen har fått større plass og har fått meir og meir å seie, som erstatning for eller supplement til nære familierelasjonar. Særleg unge menneske knyter seg i dag nært til andre personar, både av same og av motsett kjønn, utan å vere kjærastar.<sup>3)</sup>

Samstundes har homofile og lesbiske fått rett til å inngå registrert partnerskap, som er ein «ekteskapsliknande» institusjon. Det er lite som skil registrerte partnerar frå ektefellar når det gjeld plikter og rettar.<sup>4)</sup> Dette representerer viktige endringar i samfunnet.

Samfunnsendringane dei seinare åra har framfor alt ført til nye samlivsordningar som lever side ved side med til dømes den tradisjonelle ekteskapsinstitusjonen. Religiøse standpunkt har fått mindre å seie for mange, og heile det førre hundreåret hadde sekulariseringa som kjenneteikn. Samfunnet er blitt meir heterogent, blant anna gjennom større individuelle variasjonar og framveksten av ulike subkulturar.

Somme sider ved livet til homofile og lesbiske skapte tidlegare grunnlag for marginalisering og diskriminering. Dei søkte ofte fellesskap på tvers av klasse, stand og familiær omgangskrins og braut med tradisjonelle livsmønster. Mange lesbiske og homofile finn seg i stor grad til rette i den kulturelle og sosiale situasjonen i samtida kanskje nettopp på grunn av den innsikt og erfaring som er vunnen gjennom utprøving av alternative livsmønster. Det som berre for kort tid sidan kunne vere uttrykk for ein avvikande væremåte og grunnlaget for stigmatisering, blir i dag sett på som ein del av ein meir mangfaldig normalitet. Kanskje står homofile og lesbiske *betre* rusta i møtet med eit krevjande og komplekst moderne samfunn enn heterofile? Mange har på ulikt vis alt no funne fram til ressursar og strategiar for å meistre denne kompleksiteten. Spesielt synleg er dette i dei store byane. Homofile er langt på veg blitt ein synleg del av det urbane livet.

Desse utviklingstrekk gjer det nødvendig å supplere dei perspektiva som framhevar dei problema som homofile og lesbiske har i samfunnet. Fokus kan ikkje einssidig rettast mot det som er annleis og mot diskriminering, men også mot den styrken denne gruppa har reint allment. Ikkje minst er val av perspektiv viktig i forhold til kva slags tiltak som kan vere aktuelle. Med for sterk vekt på offerrolle og det å vere undertrykt, vil ulike hjelpetiltak i verste fall verke

<sup>3)</sup> Sosialt utsyn 1998, 2000.

<sup>4)</sup> Vesentlege element finst det likevel: Retten til adopsjon og stebarnsadopsjon, og lovleg tilgang til kunstig befruktning.



stigmatiserende. Tiltaka må i staden dra vekslar på dei ressursane lesbiske og homofile sit inne med.

## 2.2 Samfunnsendringar og kulturelle endringar

---

Innanfor alle sosiale system fungerer kjønn og seksualitet som eit viktig grunnlag for identitet og gruppetilhøyrse. Og som alle andre sosiale fenomen høyrer forhold som har med seksualitetsutforming og identitetsutvikling å gjere, heime i ein større strukturell heilskap. Denne heilskapen er i stadig endring, større i somme tidsavsnitt - mindre i andre. Dei *konkrete* uttrykka for seksualitet og kjærleik er derfor delvis historisk og kulturelt fastlagde, det vil seie at dei har fått endra innhald opp gjennom historia og har ulikt innhald innanfor ulike kulturar og sosiale grupper. Den viktorianske æraen med sine «snerpete» former står til dømes i sterk kontrast til den nokså opne holdninga til seksualitet i vår tid.<sup>5)</sup>

Studium av andre kulturar i vår eiga tid viser dei same trekka: kjønn og seksualitet får ulikt innhald i ulike kulturelle kontekstar.<sup>6)</sup> Heller ikkje homo-seksualitet held til i eit sosialt eller kulturelt vakuum.

### 2.2.1 Kjønnroller, samliv og seksualitet i endring

Kjønnroller og seksualitet har endra seg radikalt dei siste 30 åra. Parforholda i dag byggjer på likestilling mellom kvinner og menn når det gjeld kjensler og seksualitet, og dette har på dramatisk vis endra det som har med kjønn å gjere. Medan ein tidlegare berre godkjende to komplementære kjønnskategoriar (mann/kvinne), der det sosiale kjønn korresponderte med det biologiske, står vi i dag overfor meir komplekse valalternativ: Maskulinitet og femininitet er i større grad emne for tolking og forhandlingar, og menneske har større *individuell fridom* til også å velje korleis dei vil utforme kjønnsrollene sine. Menn blir stadig mindre redde for å stå fram som feminine, og kvinner kan godt ta i bruk meir maskuline uttrykksformer - kjønn blir altså ein meir formbar kategori. Særleg i urbane miljø og kulturar vil ein oppleve at kjønnsidentitetar er mindre stereotype og tradisjonelle.

Det er mindre fokus på tradisjonelle manns- og kvinneyrke, større likskap når det gjeld utdanningsnivå, meir rettferdig fordeling av omsorgs- og husarbeidsoppgåver og ikkje minst større grad av økonomisk likestilling mellom kjønna. Der det tradisjonelle ekteskapet skapte rammene for karriere og sjølvutvikling for mannen, er dagens heterofile parforhold eit felles prosjekt omkring vennskap, kjærleik og seksualitet. I homoseksuelle parforhold har økonomiske ulikskapar lenge vore mindre markante enn i dei fleste heteroseksuelle forhold, og ein har teke felles del i det huslege arbeidet. Det kan med andre ord verke som om homoseksuelle har vore pionerar på livsformer som blir meir og meir vanlege også mellom heteroseksuelle par.

Sjølv om likestilling mellom partane i eit forhold framleis ikkje har kome så langt ein kunne ønskje, er det i dag i alle fall ei norm innanfor heterofile samliv. Det er mykje som tyder på at lesbiske har greidd å praktisere likestil-

<sup>5)</sup> Frykman & Løfgren (1979) *Den kultiverade människan*, Stockholm: Liber Förlag.

<sup>6)</sup> Prieur, Annick (1994) *Isenesettelser av kjønn - Transvestitter og machomenn i Mexico by*, Oslo: Pax Forlag.

ling i større grad enn heterofile. I ein studie av kvinner i lesbiske parforhold, <sup>7)</sup> blir det konkludert med at lesbiske parforhold i mindre grad enn heterofile parforhold er prega av komplementære roller og maktstrategiar. <sup>8)</sup>

Haldningane til ugift samliv har endra seg radikalt dei siste 20 åra. Studen-tradikalismen og den såkalla 68-generasjonen stilte avgjerande spørsmål ved tradisjonar generelt og den tradisjonelle ekteskapsinstitusjonen spesielt som den einaste legitime ramma for seksualitet og kjærleik. Ekteskapet blei sett på som ein konserverande institusjon som heldt oppe eit tradisjonelt kjønnsrolle-mønster der kvinna hadde ei ufri stilling. Samliv som bygde på frivillige og meir uformelle avtalar, skulle fremje likestilling og sjølvstende. Det tok likevel noko tid før ei meir liberal haldning til sambuarskap fann grunnlag i den breie befolkninga; så seint som i 1982 var det framleis sterk motstand mot denne måten å regulere samlivet på. <sup>9)</sup> Lesbiske og homofile har lenge vore nøydde til «å klare seg» utan den sosiale legitimiteten som ekteskapsinstitusjonen har gjeve når det gjeld å regulere samliv. Denne institusjonen er no allment svekt som einerådande samlivsform.

Det har samstundes skjedd ei endring av seksualiteten. Med effektive pre-vensjonsmiddel og mykje bruk av desse midla er seksualiteten ikkje lenger reservert for ekteskapet og knytt til reproduksjon. Befruktning kan skje heilt utan seksuell omgang.

Det er blitt vanleg først og fremst for unge menneske å leve periodevis eller permanent utan fast partner og å skifte partner fleire gonger før ein eventuelt etablerer eit fastare forhold. Samstundes er det blitt legitimt og vanleg å vere seksuelt aktiv i denne situasjonen. Dette verkar med til at rommet for seksuell eksperimentering er blitt utvida, og fleire unge har hatt eller har reflektert over utsiktene til seksuelle erfaringar på tvers av kjønnskilja. I ei ungdomsundersøking i Sverige kjem det fram at mange fleire reflekterer over si eiga seksuelle orientering i dag enn tidlegare. <sup>10)</sup> Bortimot fem gonger så mange unge, svenske jenter funderte i 1998 på om dei kunne vere homoseksuelle samanlikna med 1990. <sup>11)</sup> I tillegg blir det eksperimentert med kjønn og seksualitet i ungdomskulturar, i pop og rock, trykte og visuelle medium, kunst osv. Til dømes har mange populære artistar bygd sitt *image* på overskridande kjønns- og seksualitetsuttrykk.

Undersøkingar kan tyde på at det no er vanlegare å ha sex med ein av same kjønn enn tidlegare. Ut frå seksualundersøkingar ved Statens institutt for folkehelse seier 5,1 prosent av mennene og 6,4 prosent av kvinnene i 1997 at dei har hatt seksuelt samvær med personar av same kjønn. Tilsvarande tal

<sup>7)</sup> Ohnstad, Anbjørg (1984) *Ekte(venn)skap - en studie av relasjoner mellom lesbiske samboere*. Hovudoppgåve i psykologi. Universitetet i Bergen.

<sup>8)</sup> Den same demokratiseringa av parrelasjonen ser likevel ikkje ut til å ha vore like sterkt til stades blant homofile menn: Prieur, Annick, m.fl. (1988) *Kjærlighet mellom menn i Aidsens tid*. Oslo: Pax forlag.

<sup>9)</sup> Haldningar til sambuarskap er målte på ulike tidspunkt. I ei intervjuundersøking frå 1982 var rundt halvparten av befolkninga motstandarar av sambuarskap. Referert i NOU 1999:25 *Samboerne og samfunnet*, s. 85.

<sup>10)</sup> Folkhälsoinstitutet (2000) *Ungdomar och sexualitet*, s. 58.

<sup>11)</sup> Eit interessant poeng her er at denne undersøkinga blei gjennomført kort tid etter at den populære filmen «Fucking Åmål» kom på kino.

for 1987 var 3,6 og 3,3 prosent. Men den registrerte auken kan også kome av auka eigenrapportering, til dømes fordi det no er meir legitimt enn før å ha sex med personar av same kjønn. I så fall er det ikkje snakk om aukande homoseksualitet, men ei meir open innstilling. Det er dessutan ikkje gjeve at seksuelt samvær med ein av same kjønn tyder at denne personen er lesbisk eller homofil.

Samfunnsendringar har altså gjort sitt til at heteroseksuelle og homoseksuelle på mange måtar har blitt likare. Det er god grunn til å tru at desse endringane har hatt mykje å seie for korleis det er å leve som lesbisk og homofil i dag.

### 2.2.2 Frå industrisamfunn til kunnskapssamfunn

Mange samfunnsforskarar hevdar at vi lever i ei brytningstid.<sup>12)</sup> Dette er ei tid der den vestlege industrikapitalismen med sine kulturelle og samfunnsmessige kjenneteikn er inne i ein omfattande fragmenterings- og endringsprosess. Det «nye» samfunnet er kalla det fleirkulturelle samfunnet, informasjonssamfunnet eller kunnskapssamfunnet. Kva slags implikasjonar når det gjeld innhald og uttrykk, har desse endringane hatt for lesbiske kvinner og homofile menn?

Overgangen frå eit industrisamfunn til eit kunnskapssamfunn markerer overgangen frå éi dominerande livsform til ei anna - eller snarare fleire andre. Fleire forskarar hevdar at mennesket har endra seg i takt med nye krav til rask endring og omstilling i arbeidslivet,<sup>13)</sup> store omveltingar i familierelasjonane<sup>14)</sup> og aukande sosial og geografisk mobilitet.

Der industrisamfunnet hadde den høgaste delen av arbeidstakarar sysselsette innanfor industrien, få yrkesaktive kvinner, lågt utdanningsnivå og kort ungdomstid, har kunnskapssamfunnet flest sysselsette innanfor kompetanse- og serviceorienterte næringar, høg kvinnetal i arbeidslivet,<sup>15)</sup> høgt utdanningsnivå og ei lang ungdomstid. Sidan samfunnet stadig krev meir og høgare utdanning og ungdomstida blir lengre,<sup>16)</sup> gjev det større rom for unge menneske til å finne ut av korleis dei ønskjer å leve sine liv - også når det gjeld kjærleik og seksualitet.

Strukturelle endringar i det vestlege, moderne samfunnet - sentralisering og urbanisering og nyare kulturmønster heilt generelt - har påverka holdningane til homofile og lesbiske i ei positiv retning. Heterofile og homofile som grupper har blitt meir like kvarandre.

<sup>12)</sup> Sjå til dømes Giddens, A. (1996) *Modernitet og selvidentitet: Selvet og samfunnet under sen-moderniteten*. København, Hans Reitzels Forlag, Ziehe T. (1983) *Ny ungdom og usædvanlege læreprosesser: Kulturel frisættelse og subjektivitet*. København, Politisk revy, Frønes & Brusdal (2000) *På sporet av den nye tid: Kulturelle varslar for en nær fremtid*. Bergen, Fagbokforlaget.

<sup>13)</sup> Sjå blant anna Sennet (1998) *The Corrosion of Character: The Personal Consequences of Work in the New Capitalism*. New York: W.W. Norton.

<sup>14)</sup> Til dømes Skårderud (2000) *Uro. En reise i det moderne selvet*. Oslo: Aschehoug.

<sup>15)</sup> Ordet «yrkeskvinne» er så godt som ute av det norske språket.

<sup>16)</sup> Mellom anna er gjennomsnittsalderen for førstegongsfødande kvinner i dei større byane i dag over 30 år.

### 2.2.3 Sentralisering, urbanisering og individualisering

I etterkrigstida har veksten i hovudstadsområdet vore sterkare enn i nokon annan region i landet.<sup>17)</sup> Vi kan snakke om ein kraftig sentraliseringstendens. Når byane voks i omfang, skulle sentraliseringa etter kvart gjere sitt til å framskunde visse byprega veremåtar og livsstilar. Etter at den tradisjonelle industriproduksjonen blei avløyst av service-, informasjons- og kunnskapsproduksjon, har det i dei store byane (spesielt Oslo) etablert seg ein særleg urban kultur som er kjenneteikna av eit rikt fritidstilbod med varierte kulturaktivitetar, kaféliv og utestader. Det blir stadig meir vanleg at store delar av befolkninga nyttar dette offentlege urbane rommet.

I tillegg til at byen har stort folketal, og såleis legg grunnlag for mange upersonlege relasjonar, er han samstundes rik på variasjonar - byen har blitt eit multikulturelt offentleg rom. Her finst nær sagt eit tilbod til alle. Dette gjer sitt til at befolkninga i aukande grad aksepterer fenomen og samanhengar som verker «uvante», men er også eit uttrykk for at folk stiller seg meir like-sæle til det andre måtte ta seg til; kvar og ein søkjer opp sine særskilde opplevingar og grupperingar. Dette inneber at det sosiale og kulturelle livet i byane gjev ein stor fridomsgevinst, samstundes som det opnar opp for individualismen i vår tid.

Undersøkingar<sup>18)</sup> kan tyde på at svært mange homofile og lesbiske vel å busetje seg i dei større byane. Her er utsiktene til å orientere seg innanfor eit lesbisk eller homofilt miljø større, samstundes som den sosiale kontrollen er mindre påtrengjande. Resultata i NOVA-undersøkinga stadfestar dette inntrykket.<sup>19)</sup>

Urbanisering og individualisering høyrer uløyseleg saman. Der det tidlegare fanst sterke føringar frå slekt, klasse og nabolag, vel folk i dag ut frå eit mykje breiare spekter av livsstilar med dei grupperingane og subkulturane som høyrer til.

Fridommen til å velje reiser spørsmålet om identitet: Kven er eg? Kva ønskjer eg? Og kven vil eg vere? Dette er spørsmål som tidlegare i mykje mindre grad kravde ei personleg og individuell avklaring. Identitetsproblematikken er på den eine sida ei positiv utfordring til unge menneske i dag, der dei kan bli seg meir bevisste at dei vel og kva slags val dei gjer. Men fridommen gjer også menneske usikre. Det stadig å måtte velje kan opplevast som ei påkjenning for mange, spesielt for ungdom som er i overgangsfasen mellom barndom og vaksenliv. Mange finn det derfor tryggast å vere som alle andre. Spesielt vanskeleg vil denne søkingsfasen vere for lesbisk og homofil ungdom, som på eit vesentleg punkt *ikkje* er som alle andre.

<sup>17)</sup> NOU 1997:12 *Grenser til besvær. Lokaldemokrati og forvaltning i hovedstadsområdet.*

<sup>18)</sup> Bergh, Bjerck & Lund (1978) op.cit., Andersen, A (1988) *Homofile og lesbisk livsstil*. Utredning for Forbruker- og administrasjonsdepartementet.

<sup>19)</sup> Sjå NOVA-undersøkinga, s. 182-184.

## 2.3 Forskingsbasert kunnskap om homofile og lesbiske

---

### 2.3.1 Årsaksdiskusjonen

Dei spørsmåla som lengst og mest intenst har oppteke forskinga om lesbiske og homofile, er knytte til årsaksforholdet. Kva er grunnen til at somme blir homoseksuelle? Er homofili ei livsform ein vel, eller er det ei legning ein oppdagar? Er homofili eit biologisk eller eit sosialt fenomen? Desse spørsmåla har på ingen måte fått noka endeleg avklaring, og alle teoriar er omstridde. Trass i at forskinga omkring desse spørsmåla har gått føre seg gjennom heile førre hundreåret, står ulike forskingsmiljø framleis mot kvarandre.

Den vitskaplege debatten kan ein vanskeleg sjå på som nøytral eller uavhengig av politiske og ideologiske føringar. Ofte har det vitskaplege ønsket om å finne ei årsaksforklaring på homofili også vore nært knytt til eit like sterkt ønske om å finne ein «kur». Dette ønsket kan ein dermed sjå på som eit ledd i at samfunnet har diskriminert og undertrykt denne gruppa. Den vitskaplege interessa for å finne årsakene til homofili har på den andre sida også inngått som eit ledd i kampen om like rettar og eit særskilt rettsvern for homofile og lesbiske.

I tida før dei vitskaplege teoriene om homoseksualitet, spelte kyrkja og religiøse forklaringar på seksualiteten hos mennesket ei avgjerande rolle. Det gjer ho framleis, ikkje minst i vår eigen kulturkrins. Eit tradisjonelt kristent syn ser på lysta som ein del av arvesynda, og den enkelte må greie å tøyse denne lysta. At kyrkja skulle få ei så viktig rolle i spørsmål knytte til seksualitet, heng saman med korleis verdslege og geistlege styresmakter i si tid fordelte makta mellom seg, der kyrkja etter kvart kom til å få jurisdiksjon over ekteskapet.<sup>20)</sup> Samlivet blei dermed eit av spesialfeltene for kyrkja, og ekteskapet skulle vere den institusjonen som regulerte samliv. Seksualiteten skulle etter kyrkja sitt syn berre stå i teneste for forplantninga. Homoseksualitet blei derfor, til liks med ei rekkje andre seksuelle handlingar, fordømd. Det som utløyste ei eventuell homoseksuell handling, var ein ukontrollert lyst, og denne lysta uttrykte arvesynda. Prinsipielt stod alle i fare for å gjere slike handlingar. Slik sett blei homoseksualitet sett på som ein moralsk veikskap, snarare enn som ein disposisjon eller ei legning hos det enkelte mennesket.

Synet innanfor kyrkja skulle likevel ikkje bli verande det einaste. Etter kvart som vitskapen fekk stadig større innverknad utover på 1800-talet, i første omgang særleg naturvitskapane, blei den forståinga som var grunngeven religiøst, utfordra. Framleis skulle drift og lyst stå sentralt, men opphavet til denne lysta blei forstått på ein annan måte: Biologiske særtrekk får somme til å kjenne ei fysisk draging mot personar av eige kjønn, og dette blei sett på som eit *ibuande* trekk ved personlegdommen til den enkelte homoseksuelle. I og med at dette inneber at «ein er slik», blei denne vitskaplege posisjonen ein viktig føresetnad i den politiske kampen for å oppheve straffeforbodet mot homoseksuelle handlingar, og talsmenn for homoseksuelle gav si tilslutning til ei biologisk orientert forklaring.

---

<sup>20)</sup> Hafstad, Kjetil (2000) *Frihetens festning - så fast en borg? Kirke og samliv - hetero og homo*. Oslo: Forlaget Forum.

Eit hovudskilje innanfor dei vitskaplege forklaringane på homofili går mellom *essensialistiske* og *konstruktivistiske* teoriar. Essensialistane hevdar - i tråd med den vitskaplege posisjonen som er nemnd ovanfor - at det i mennesket er nedfelt ein bestemt natur eller essens som er med på å styre den seksuelle preferansen hos den enkelte. Nokre menneske er «skapte slik», dei har ei homoseksuell legning. Teorien går ut på at den seksuelle identiteten blir påverka av både psykologiske og biologiske forhold. Dei biologiske faktorane kan vere genetiske eller hormonelle. Det er gjort mange studiar for å prøve ut desse teoriane, utan at ein har kome fram til noko eintydig resultat.<sup>21)</sup>

Konstruktivistane hevdar derimot at seksualiteten hos menneska er eit komplekst og samansett fenomen. Han er diffus, og utforminga han får, avheng dels av kva for alternativ som står opne i det samfunnet ein er ein del av, men også av kva måte individet sjølv ønskjer å utforme sin seksualitet på. Konstruktivistane fokuserer på korleis homoseksualitet kjem til uttrykk og gjer seg gjeldande på ulikt vis under ulike kulturelle og samfunnsrelaterede vilkår.

Den essensialistiske posisjonen har blitt utsett for sterk kritikk frå konstruktivistisk hald. Med den aukande innverknaden samfunnsvitskapane fekk frå utgangen av 1960-talet, blei fokus for forskinga flytta frå *den homoseksuelle personlegdommen* til *måtar å vere homoseksuell på*, det vil seie roller, subkulturar og identitetar. Ideen er at dei seksuelle kategoriane ikkje er universelle, men viser til at kulturar og epokar har ulike måtar å organisere og fortolke ulike former for kjærleik og seksuelle handlingar på.<sup>22)</sup>

Det å flytte fokus til måtar å vere homoseksuell på, gjev ikkje utan vidare noka alternativ forklaring på kvifor somme blir homoseksuelle og andre ikkje blir det. Forsøket på å finne ei forklaring blir då også av mange sett på som uinteressant, og i verste fall som uttrykk for ei diskriminerande haldning.

Mange forskarar prøver i dag å stille seg i ei mellomstilling mellom ytterpunktene i dei to motstridande posisjonane. Prieur ser dei biologiske faktorane som eit sett disposisjonar som fordeler befolkninga langs eit kontinuum, i ein tenkt skala over erotisk preferanse. Deretter vil både individuelle og kulturspesifikke forhold gjennom sosialiseringa verke med til å avgjere plasseringa på skalaen. Verken biologien eller kulturen kan vere avgjerande i absolutt forstand. Sjølv dei mest heteroseksuelt disponerte kan under visse sosiale forhold ha seksuell omgang med eige kjønn. Eit sterkt sosialt press kan hindre dei mest homoseksuelt disponerte frå å ha sex med eige kjønn. Mennesket kan med andre ord alltid overskride både biologien og den sosiale forminga.<sup>23)</sup>

Denne diskusjonen kan djupast sett vere uttrykk for at ein ser på homoseksualitet som noko uønskt, og noko som ikkje kan endrast. Menneske er homofile og heterofile. Menneske lever homoseksuelt og heteroseksuelt. Utgangspunktet for regjeringa er respekt for homofile og ein aksept av det homoseksuelle livet.

<sup>21)</sup> Prieur, Annick (1994) op.cit.

<sup>22)</sup> Anderssen (1995) Forskning om homoseksualitet. Essensialistiske begrensninger i Reidar K. Lie m.fl. *Homoseksualiteter på norsk. Rapport fra en forskningskonferanse*. Bergen - Trondheim - Oslo.

<sup>23)</sup> Prieur (1994) op.cit.

### 2.3.2 Levekårs- og livskvalitetsundersøkingar

Den norske og nordiske forskinga om temaet homofili er relativt avgrensa. I stor grad er likevel den omfangsrike, internasjonale forskinga på området gjennomgått og referert i desse arbeida. Det finst likevel nokre problem knytte til den nordiske og norske forskinga. For det første omfattar ho i all hovudsak kvalitativt orientert forskning. For det andre legg forskinga ofte eit einseitig problemorientert perspektiv på situasjonen. Når vi samstundes veit at livskvaliteten og levekåra blant lesbiske og homofile på fleire avgjerande område er bra, må denne forskinga supplerast med fleire og meir nyanserte perspektiv. For det tredje er den norske forskinga om lesbiske og homofile dominert av studentarbeid (primært hovudfagsoppgåver), med dei manglar og veikskapar det måtte innebære.<sup>24)</sup>

Dei viktigaste levekårs- og livskvalitetsstudiane er gjennomførte frå slutten av 1970-talet og fram til siste halvdel av 1980-talet.<sup>25)</sup> Nordisk Råd vedtok i 1984 å få kartlagt levekåra og livskvaliteten til lesbiske og homofile. Bakgrunnen var at mange såg med uro på vilkåra til lesbiske og homofile i samfunnet. Både Sverige og Danmark gjennomførte slike undersøkingar. I Sverige blei det utarbeidd ei offentleg utgreiing<sup>26)</sup> som på brei basis gjekk igjennom den forskingslitteraturen som låg føre. Det blei gjennomført større undersøkingar både blant homofile og lesbiske og blant eit representativt utval av den generelle befolkninga. I Danmark blei det gjennomført to separate undersøkingar: Ei blant lesbiske kvinner<sup>27)</sup> og ei blant homofile menn.<sup>28)</sup> I tillegg blei det relevante, danske lovverket gjennomgått.<sup>29)</sup> Også i Noreg blei det gjennomført ein slik studie på oppdrag frå Forbrukar- og administrasjonsdepartementet.<sup>30)</sup>

Undersøkingane i dei tre landa varierte likevel sterkt både i omfang og innretning. Medan Sverige gjennomførte ei brei spørje- og intervjuundersøking, var dei danske undersøkingane baserte på 25 lesbiske og 20 homofile livshistorier. I Noreg blei dei tidlegare studiane som ein meinte var viktigast, gjennomgått, kombinert med ei utgreiing om korleis ein best kunne greie ut om levekår og livskvalitet blant lesbiske og homofile ved eit seinare høve.

Også perspektiva varierte sterkt mellom undersøkingane i dei ulike landa. I den svenske rapporten var fokuset på diskriminering og ein vanskeleg livssi-

<sup>24)</sup> Slike arbeid er m.a. utførte utan noka form for direkte forskingsfinansiering, av studentar utan forskingserfaring og med krav til visse formale øvingar som alle hovudfagsstudentar må vise at dei kan bruke på rett måte.

<sup>25)</sup> Sjø t.d. Beck, Henning (1988) *Når mænd møtes. Homoseksualiteten og de homoseksuelle*, København; Lützen, Karin (1986) *Hvad hjertet begærer: kvinders kærlighet til kvinder 1825-1985*, København; von Rosen, Wilhelm (1993) *Månens kulør. Studier i dansk bøssehistorie 1628-1912*; Bergh, Bjerck & Lund (1978) *Homofile - myter og virkelighet. En undersøkelse blant homofile kvinner og menn i Norge*. Pax Forlag; Oslo.

<sup>26)</sup> SOU 1984:63 *Homosexuella och samhället. Betenkande av Utredningen om homosexuellas situation i samhället*. Stockholm: Allmänna Förlaget.

<sup>27)</sup> Lützen, Karin (1988) *At prøve lykken. 25 lesbiske livshistorier*. København.

<sup>28)</sup> Bech, Henning (1989) *Mellem mænd*, København.

<sup>29)</sup> Betænkning nr. 1127 (1988) *Homoseksuelles vilkår. Afgivet af kommissionen til belysning af homoseksuelles situation i samfundet*. København.

<sup>30)</sup> Andersen, Arnfinn (1986) op.cit.

tuasjon dominerande. Dei danske undersøkingane derimot rette blikket mot alternative nettverk og livsstilar hos homofile og lesbiske, med utgangspunkt i livsvilkår og subkulturell tilhøyrslse hos ulike generasjonar. Fokuset på «lyst og glede» dominerte elles dei danske livshistoriene. I den norske rapporten blei det valt eit meir nøytralt perspektiv, der dei prøvde å gje plass for både vanskar og ressursar.

I Noreg låg det alt føre ei brei levekårsundersøking (Bergh, Bjerck & Lund 1978). Denne undersøkinga bygde på ein kombinasjon av eit spørjeskjema retta til 450 personar som blei trekte ut frå medlemslista til DNF-48, og på 43 djupintervju med lesbiske og homofile. I all hovudsak fokuserer denne undersøkinga på dei negative sidene ved livssituasjonen til lesbiske og homofile, som til dømes at samfunnet usynleggjer den seksuelle orienteringa deira og den negative haldninga den heterofile befolkninga generelt har til lesbisk og homofilt samliv og seksualitet. Eit problem ved denne undersøkinga, som også gjeld dei andre nordiske undersøkingane, er samansetninga av utvalet. Både respondentane på spørjeskjema og intervjuobjekta, er svært skeivt utvalde: Dei er rekrutterte gjennom organisasjonane til lesbiske og homofile, på kafear og diskotek.

### 2.3.3 NOVA-undersøkinga

På oppdrag av Barne- og familiedepartementet gjennomførte forskingsinstitusjonen NOVA i 1998 ei større utvals- og intervjuundersøking med fokus på levekår og livskvalitet hos norske lesbiske og homofile. I tillegg fekk dei i oppdrag å gjennomgå den eksisterande litteraturen på området, og å få gjennomført ei haldningsundersøking blant den generelle befolkninga. Dette resulterte i ein rapport som blei publisert våren 1999 (referert til som NOVA-undersøkinga).<sup>31)</sup> Levekårs- og livskvalitetsundersøkinga er basert på nærmare 3000 svar frå kvinner og menn i alle aldrar, frå ulike delar av landet og med varierende tilknytning til organiserte miljø.

Likevel kan heller ikkje *denne* undersøkinga gjere krav på å vere representativ, det vil seie ein kjenner ikkje populasjonen og kan derfor ikkje trekkje ut eit tilfeldig og representativt utval. Spørjeskjema blei mellom anna distribuerte gjennom organisasjonen Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring (LLH) og til abonnentar av Månedsavisa Blikk. For å nå personar som lever heilt eller delvis skjult, var det mellom anna mogleg å hente skjemaet via Internett, med linkar frå homorelevante heimesider. Utvalet er etter det forskarane opplyser, samansett av sjølvverkjende og sjølvidentifiserte lesbiske kvinner og homofile menn i Noreg. Problemet er at større eller mindre delar av den påreknna populasjonen er heilt eller delvis skjult. Resultata må derfor vurderast ut frå at utvalet ikkje er tilfeldig trekt, og derfor ikkje direkte kan samanliknast med tal frå til dømes levekårsundersøkingar frå SSB. På den eine sida gjer forskarane på ein klar måte greie for dette usikre momentet i eit eige kapittel,<sup>32)</sup> men på den andre sida kjem ikkje dette heilt tydeleg fram under sjølve dei komparative analysane av talmaterialet.

<sup>31)</sup> Hegna, Kristiansen og Moseng (1999) *Levekår og livskvalitet blant lesbiske kvinner og homofile menn*, NOVA-rapport 1/99.

<sup>32)</sup> Sjå eigen diskusjon av utvalet i NOVA-undersøkinga sidene 123-141.



NOVA-undersøkinga er likevel den breiast samansette, både når det gjeld tema og utval, som ligg føre i nordisk samanheng. Nokre av resultatane gjev vi att i kort form nedanfor.

Det blei stilt tre overordna spørsmål som undersøkinga skulle gje svar på: Har livssituasjonen for lesbiske kvinner og homofile menn betra seg i løpet av dei to siste tiåra? Har lesbiske kvinner og homofile menn dårlegare levekår og lågare livskvalitet enn den generelle befolkninga? Er det særskilde grupper innanfor den lesbiske og homofile befolkninga som har det spesielt vanskeleg?

NOVA-undersøkinga konkluderer med at livssituasjonen til homofile og lesbiske på fleire område har betra seg mykje dei siste tjue åra. Lesbiske og homofile er mykje meir *opne* om si seksuelle orientering samanlikna med 1978, og ein større del ser ut til å omgåast lesbiske/homofile og heterofile venner samstundes. Fleire er i eit fast forhold til personar av same kjønn. Forskarane meiner at lesbiske og homofile er betre integrerte i samfunnet i det heile, og at «flere (...) i dag opplever sammenheng og helhet i livet sitt, enn det lesbiske og homofile gjorde for tjue år siden». <sup>33)</sup>

Det er større delar innanfor den lesbiske og homofile befolkninga som har høg inntekt og høgare utdanning. I fordelinga av levekårs gode ser det ut som om lesbiske og homofile er ei meir polarisert gruppe enn den generelle befolkninga; mellom anna bur fleire trøngt, samstundes som fleire bur romsleg. Dette forklarar forskarane på den eine sida med at mange bur åleine og må greie seg med éi inntekt, og på den andre sida med at dei færreste lesbiske og homofile har økonomiske plikter knytte til eigne barn, slik mange heterofile par har. Ei tredje forklaring kan knyte seg til at ein stor del av utvalet hos NOVA (tre av fire) bur på det sentrale austlandsområdet eller i andre større byar.

Det er også ein større del blant lesbiske og homofile som har vore med i ulike kultur- og fritidsaktivitetar. Dette blir forklart med ei overvekt av høgare utdanna blant lesbiske og homofile, men også med at den lesbiske og homofile befolkninga ser ut til å delta meir aktivt i utelivet. Dei verkar dermed meir kulturelt bevisste enn befolkninga elles.

Grappa skil seg positivt ut i forhold til sosialt nettverk samanlikna med den generelle befolkninga. «Andelen som har minst én fortrolig venn, er betraktelig større (spesielt blant menn) enn i den generelle befolkningen, og andelen helt uten venner på bostedet er mindre». <sup>34)</sup> Men biletet av vennskapsnettverket til homofile er samansett. Undersøkinga viser at storleiken på bumiljøet har stor innverknad på kor opne og integrerte homofile og lesbiske er. Ei integrerende livsform - det vil seie med både homofile og heterofile venner - er vanlegare blant dei som bur i større byar enn blant dei som bur i små byar og griskrendte strøk. Ei segregerende livsform kan ein sjå på som ein strategi for å skjermje kjærleikslivet sitt i små, oversiktlege lokalsamfunn der ein reknar med at det er negative haldningar til homofili.

Det er mellom dei unge lesbiske og homofile at problema er størst. Dei under 25 år kjem dårlegare ut enn alle andre aldersgrupper på dei fleste leve-

<sup>33)</sup> NOVA-undersøkinga, s. 309.

<sup>34)</sup> NOVA-undersøkinga, s. 311.

kårs- og livskvalitetsmåla. Klarast kjem dette til uttrykk i spørsmåla om psykisk helse. Fleire er plaga av angst, indre uro og depresjonsrelaterte symptom enn i befolkninga elles. Delen som rapporterer å ha vore plaga av tankar om å ta sitt eige liv i løpet av dei siste 14 dagane, er 3,3 prosent blant lesbiske og homofile, mot 0,5 prosent i den generelle befolkninga. Delen som ein eller fleire gonger i løpet av livet har prøvd å ta sitt eige liv, er 27 prosent blant unge menn og 25 prosent blant unge kvinner (aldersgruppa 16-24 år). Den delen som oppgjev å drikke alkohol og vere rusa ofte, er mykje høgare mellom homofile og lesbiske i utvalet enn i den generelle befolkninga. Det er særleg dei yngste som skil seg negativt ut i forhold til jamaldringane sine.

Når det gjeld å vere utsette for vald og frykt for vald, er dette eit anna område der lesbiske og homofile kjem negativt ut: Unge lesbiske kvinner ser ut til å vere meir utsette for vald enn kvinner flest, og mange fleire lesbiske og homofile rapporterer å ha vore utsette for trugsmål om vald. Det er teikn som tyder på at desse trugsmåla *kan* ha samanheng med den seksuelle orienteringa til dei som har vore utsette for dette.

Resultata frå NOVA-undersøkinga blir refererte til og utdjupa i fleire av kapitla i denne meldinga.

#### 2.3.4 Haldningsundersøkingar

Dei påkjenningane som lesbiske og homofile eventuelt opplever i eigenskap av si seksuelle orientering, er sterkt prega av syn og haldningar hos folk elles til lesbisk og homofil kjærleik, til samliv og seksualitet. Blir ein møtt med vanvørnad, kan denne vanvørnaden bli internalisert og melde seg att som sjølvforakt. Er haldningane derimot positive, verkar dette i større grad med til å utvikle eit positivt sjølvbilete. Ikkje minst for ungdom - med ei gryande erkjening av eigne homoseksuelle kjensler - vil det å bli møtt med positive haldningar i samfunnslivet vere viktig.

Det har blitt gjort fleire representative utvalsundersøkingar med spørsmål om kva haldningar befolkninga har hatt til homofile og homofili i Noreg i etterkrigstida. Desse undersøkingane kan ikkje samanliknast direkte, men dei teiknar likevel eit grovt bilete av ei positiv haldningsendring gjennom denne tidsperioden. I 1947<sup>35)</sup> såg ein stor del av befolkninga på homofili som eit svært alvorleg brotsverk. I 1998 stiller majoriteten av det norske folket seg positiv til lesbiske og homofile.

Det har altså heile tida (det blei gjort målingar i 1947, 1967, 1983, 1988, 1992 og 1998) vore ein tydeleg og til dels sterk tendens til at befolkninga blir stadig meir positiv til homofile og lesbiske. Dette har verka med til å betre livssituasjonen for lesbiske og homofile.

Det finst klare skiljelinjer i synet på homofile og lesbiske etter kjønn, alder, utdanningsnivå og så vidare. Ikkje overraskande viser undersøkinga til Scan-Fact frå 1983 at høg utdanning, aktiv fritid og einsleg eller sambuande sivilstatus gav sterkast tendens til å velje svaralternativ definerte som «liberale standpunkt» til eit homofilt eller lesbisk kjærleiksliv. Denne tendensen har vart ved i dei seinare undersøkingane, og i 1998 ser vi eit klart bilete av at kvin-

<sup>35)</sup> Sjø Havelin, Arnold (1968) Almenhetens holdninger til homofile og homoseksualitet. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, nr. 9: 42-74.

ner meir enn menn, yngre heller enn eldre, dei som er busette på det sentrale Austlandet snarare enn i Agderfylka og dei med middels til høg inntekt sterkare enn dei med låg inntekt, svarte i retning av ei positiv haldning til homofil og lesbisk kjærleik, samliv og seksualitet. Mest negative er menn (og særleg unge gutar) og eldre. Mest positive er ikkje overraskande dei som svarer å ha nære venner og kjende som dei veit er lesbiske eller homofile, noko som understrekar kor viktig det er med open innstilling og integrasjon for å skape forståing for lesbiske og homofile og deira rettar og livssituasjon.

## 2.4 Nokre trekk ved historia til lesbiske og homofile

---

### 2.4.1 «Den moderne homoseksuelle»

I Noreg og Sverige finst det lite historisk forskning omkring situasjonen for homofile og lesbiske,<sup>36)</sup> men i Danmark er det gjennomført tre større studiar<sup>37)</sup> som tek for seg homoseksualitet i ein historisk og kulturvitskapleg samanheng. Både Lützen, Bech og von Rosen søkjer å finne grunnlaget for framveksten av ein moderne homofil/lesbisk subkultur og veremåte.

Forfattarane meiner at førestellinga om det særeigne homoseksuelle mennesket og det skarpe skiljet mellom homoseksualitet og heteroseksualitet blei etablert i Europa i siste halvdel av 1800-talet. I historisk materiale finst det forteljingar om seksuell omgang mellom personar av same kjønn også før moderne tid, men fenomenet har vore tilfeldig og sporadisk omtalt.

Grunnlaget for å byggje opp ein kollektiv identitet som homoseksuell blei lagt rundt førre hundreårsskiftet. Viktige samfunnsinstitusjonar som vitskap, helsestell, rettsstell og massemedium sette seksualiteten på dagsorden, og dei fokuserte på homoseksualitet som ein fysiologisk og/eller mental defekt med alvorlege sosialhygieniske konsekvensar.<sup>38)</sup> Det oppstod etter kvart ein «allianse» mellom den gryande homoseksuelle frigjeringsrørsla og vitskapen. Ved å slutte seg til legevitskapen som gjorde den homofile seksualiteten til ein sjukdom, vann ein tilslutning frå vitskapen til å avkriminalisere homoseksuelle handlingar. I ei noko revidert utgåve blei på den andre sida denne patologiske forståinga hengande ved vitskapen sitt syn på homoseksualitet, og først i 1978 blei homofilidiagnosen fjerna frå Norsk psykiatrisk forening si liste over mentale lidingar.

Dei danske studiane omhandlar likevel ikkje berre den vitskaplege og offentlege debatten om homoseksualitet. Også utviklinga av ulike måtar *å vere* homofil på (subkulturelle praksisar) er eit stort tema. Både Lützen og Bech teiknar eit bilete av «den moderne homoseksuelle» som ei utprega moderne og framtidsretta eksistensform. Både lesbiske kvinner og homofile menn levde i det danske samfunnslivet tidleg i vårt hundreår på ein slik måte at dei stod fram som sjølve *personifiseringa* av den urbane, frigjorde og

<sup>36)</sup> Bergh, Bjerck & Lund (1978) op.cit. tek for seg temaet under eit eige kapittel i boka si. I NOVA-undersøkinga er temaet omtalt på s. 26-29. Det finst også nokre hovudoppgåver som rettar søkjelyset mot historiske forhold, mellom andre Martin Halsaa's avhandling om § 213 i straffelova.

<sup>37)</sup> Lützen (1986) op.cit., Bech (1988) op.cit. og von Rosen (1993) op.cit.

<sup>38)</sup> Sjå NOVA-undersøkinga, s. 27-29.

moderne kvinne og mann. Desse perspektiva er interessante i og med at dei supplerer den meir problemorienterte vinklinga der usynleggjering, neddyssing og undertrykking får dominere forteljingane.<sup>39)</sup>

#### 2.4.2 Den organiserte verksemda

I Noreg har homofile og lesbiske i fleire tiår organisert seg i kampen for frigjering og særskilde rettar. Det blir hevda at DNF-48 (seinare LLH) har vore heilt sentralt for å levandegjere og formidle den homofile og lesbiske kulturen og tradisjonen i Noreg. Dei har gjort mykje meir enn berre å spegle av identitetar som alt eksisterte dei siste tretti åra. Ikkje minst har dei verka med til å *skape* identitetar gjennom et kollektivt engasjement og kamp. Dei har gjeve dette engasjementet eit meningsfullt fokus, og stilt grunnleggjande spørsmål omkring politikk, kulturell tilhøyrsløse og personlege behov.

Relasjonane til andre frigjerings- og protestrørsler har i mange land vore strategisk viktige. Særleg har forholdet mellom lesbiske og homofile frigjeringsrørsler og den nye kvinnerørsla<sup>40)</sup> (der mange lesbiske kvinner også har vore sentrale aktørar) vore nært. Erfaringar frå bevisstgjerung og strategiar for å utvikle identitet innanfor den nye kvinnerørsla blei til dømes overførte til lesbiske og homofile sine eigne formål.<sup>41)</sup>

Det Norske Forbundet av 1948 blei skipa i Oslo hausten 1950, som ei underavdeling av det danske «Forbundet af 1948». I denne perioden var homoseksualitet forbode ved lov, noko som hadde sterk innverknad på verksemda til forbundet: Opptak i forbundet blei gjort etter tilråding frå andre medlemmer. Lokale til sosiale samkomer blei tinga i «dekknamn» og kunngjorde i kode. Likevel tok organisasjonen tidleg til å arbeide politisk. Dei distribuerte informasjonsbrosjyrar, og alt i 1951 blei det sendt eit brev til Justisministeren om å revurdere § 213 i straffelova, som forbaud homoseksuelle handlingar.

Det tok likevel tid før organisasjonen verkeleg skulle få gjennomslag for arbeidet sitt. Først på slutten av 1960-talet og tidleg på 1970-talet, og som ein del av ei større mobilisering av protestrørsler,<sup>42)</sup> og ikkje minst i forlenginga av det såkalla «Stonewall-opprøret»<sup>43)</sup> i New York i juni 1969, skulle DNF-48 bli ein sentral politisk aktør. Arbeidet til organisasjonen førte til at § 213 i straffelova blei teken bort i april 1972, at Norsk Psykiatrisk Forening fjerna homoseksualitet som sjukdomsdiagnose i 1978, at fulle rettar for homofile og lesbiske blei innførte i skolen og i forsvaret, og at særskilt straffevern for lesbiske og homofile blei innført i 1981 (§§ 135a og 349a).<sup>44)</sup>

I 1976 førte ei kløyving til at *Arbeidsgrupper for homofil og lesbisk frigjøring* blei skipa. Saman med andre homofile frigjeringsrørsler organiserte dei Fel-

<sup>39)</sup> Sjø til dømes Bergh, Bjerck og Lund (1978) op.cit. og SOU 1984: 63.

<sup>40)</sup> Sjø Cooper, Davina (1995) *Power in Struggle: Feminism, Sexuality and the State*. Buckingham: Open University Press.

<sup>41)</sup> Sjø Bergh, Bjerck og Lund (1978) op.cit.

<sup>42)</sup> Her blir det sikta til kvinnerørsla i tida, masserørsla mot krigen i Vietnam, frigjeringsrørsla mellom dei svarte i USA osv.

<sup>43)</sup> Oppstanden frå dei homofile mot politirazziaen mot baren «Stonewall Inn» i Greenwich Village i New York 27 juni 1969 skulle kome til å få avgjerande *symbolsk* verdi for homofile og lesbiske over heile den vestlege verda.

<sup>44)</sup> Sjø også kap. 3.

lesrådet for homofile organisasjoner (FHO).<sup>45)</sup> I 1993 blei likevel *Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring* (LLH) skipa gjennom ei samanslåing av DNF-48 og FHO. Året etter vedtok Stortinget partnerskapslova, som i høg grad også var eit resultat av verksemda til LLH.

## 2.5 Tiltak

---

Som ei følgje av dei strukturelle endringane og ein aktiv kamp for rettferd og frigjering frå homoseksuelle si side, har eit ope homofilt og lesbisk levesett blitt både meir vanleg og akseptert som ei likeverdig livsform i samfunnet. Med partnerskapslova fekk ein lovregulert rettane ved registrert partnerskap som samlivsform.

Haldningane til homoseksualitet innanfor den generelle befolkninga har også endra seg mykje dei siste åra. Og det er den unge, urbane delen av befolkninga som er mest positive til lesbiske og homofile. Sjølv om enkelte grupper av befolkninga framleis er negative til homoseksualitet, er desse gruppene i mindretal.

Det er ingen tvil om at denne utviklinga har vore positiv for lesbiske og homofile. Å vere homoseksuell er ikkje lenger så skremmande eller «annleis»: Det sosiale stigmaet er dempa, og ein har vunne ein generelt breiare aksept i befolkninga. I byane har lesbiske og homofile eigne treffstader, og det finst gode høve til å knyte relasjonar til andre i same situasjon.

Likevel kjem det fram at mange homofile og lesbiske vel å skjule si seksuelle orientering, at dei unge slit med dårleg psykisk helse og at mange unge homofile og lesbiske har prøvd å ta sitt eige liv. Dette framstår nærmast som eit paradoks i ei tid med mykje breiare aksept og større rom for individuelle val og personleg fridom.

Det er peikt på at den opplevde fridommen og dei valalternativa som følgjer med, også kan gjere menneske usikre. Særleg for unge menneske som er i søkjarfasen, kan det vere ei påkjenning å kjenne seg annleis. Det er ei utfordring og eit mål å skape større rom for ulikskap og mangfald i samfunnet vårt, slik at lesbiske og homofile kjenner seg synleggjorde, inkluderte og aksepterte.

Det finst framleis ein stor kunnskapsmangel om dagens situasjon for homofile og lesbiske i Noreg. Viktige tiltak vil derfor vere å få kartlagt denne situasjonen betre. Det er samstundes viktig at ulike sider ved det å leve lesbisk og homofilt blir synleggjorde.

I den vidare forskinga om homofili bør ein satse på tema som:

- Dagens situasjon for homofile og lesbiske
- Historia om lesbiske og homofile i Noreg, under dette historia om psykiatrien, kyrkja og domstolane
- Fokus på ressursar og mangfald hos lesbiske og homofile

Regjeringa vil i tillegg kome med framlegg om ny forskning på desse områda:

- Det blir sett i gang forskning for å kartleggje haldningar til homofili i mino-

---

<sup>45)</sup> Størksen, Ingvill (2000) *Homofili og politikk: En komparativ analyse av verdiendringer og meningskoalisjoner bak vedtaket av partnerskapsloven i Danmark og Norge*. Hovudoppgåve i samanliknande politikk, Universitetet i Bergen.

- ritetsgrupper, og korleis unge homofile og lesbiske blir møtt av foreldre og familie innanfor dei same minoritetsgruppene. Jf. kapittel 4.
- Det vil bli sett i gang forskning om lesbisk og homofil ungdom i skolen og utdanningsinstitusjonane. Jf. kapittel 5.
  - Forskings- og utviklingsarbeid i forhold til homofil og lesbisk ungdom innanfor idretten bør styrkjast. Jf. kapittel 7.
  - Innanfor rammene av oppfølgingsprosjektet til *Handlingsplanen mot sjølv-mord* blir det sett inn spesielle tiltak overfor gruppa lesbiske og homofile mellom anna gjennom å utforme konkrete forskingsprosjekt i samarbeid med aktuelle miljø. Jf. kapittel 8.
  - Innanfor ramma av dei midlane som blir stilt til rådvelde i Velferdsprogrammet, blir det teke initiativ til å setje i gang forskning som ser nærmare på rusrelaterte problem hos lesbiske og homofile, og som på denne bakgrunnen etter kvart kan kome med tilrådingar både når det gjeld forebygging og behandling. Jf. kapittel 8
  - Forsking om homofile og lesbiske i arbeidslivet vil bli styrkt. Jf. kapittel 9.

## 3 Allmenn rettsstilling og rettsleg vern for homofile

### 3.1 Innleiing

---

I dei seinare tiåra er det teke store sprang på lovsida for lesbiske og homofile. Medan seksuell omgang mellom to menn var straffbart fram til 1972, er no homofil orientering og livsform strafferettsleg verna mot krenkingar frå andre. I 1993 kom partnerskapslova som lovfesta at homofile har høve til å inngå registrert partnerskap. Lova representerte ein milestolpe i aksept frå samfunnet av homofili og homofilt samliv.

### 3.2 Tidlegare strafferettsleg regulering av seksuell omgang mellom to av same kjønn

---

Seksuell omgang mellom to menn har inntil nyare tid vore straffbart i Noreg. Straffelova § 213 første ledd sette heilt fram til 1972 straff for seksuell omgang *mellom menn*. Lova blei i liten grad brukt i praksis. Dei rettsavgjerdene som i dag er tilgjengelege om straffelova § 213 og eldre straffeføresegner mot homofili, dreier seg stort sett om eldre menns omgang med yngre gutar. Denne praksisen kan delvis ha vore basert på ein teori om at yngre menn med eit ikkje ferdig utvikla seksualliv kunne «forførast» inn i ei homofil livsform. Det er få avgjerder der det har falle dom for seksuell omgang mellom nokolunde jamaldrande menn.

Seksuell omgang *mellom kvinner* har aldri vore straffbart etter straffelova av 1902. Årsaka til det synest i det vesentlegaste å ha vore at Stortinget då straffelova blei gjeven, la til grunn at kvinner ikkje hadde sjølvstendig seksualdrift, slik at det var unødvendig at føresegna omfatta omgang mellom kvinner. Heller ikkje i eldre straffelovgjeving om homoseksuell praksis var seksuell omgang mellom kvinner spesielt nemnt. Frå tida før straffelova finst det likevel i alle fall eitt kjent døme på at kvinner har blitt straffedømde for seksuell omgang med andre kvinner. Det gjeld ein høgsterettsdom frå 1847 (løpenummer 372) der tre kvinner blei dømde for seksuell omgang med kvarandre etter ein analogi frå regelen i Norske Lov 6 -13-15 som direkte gjaldt seksuell omgang mellom menn og mellom menneske og dyr. For ei framstilling av eldre tiders lovgjeving og rettspraksis om homoseksuell omgang, sjå *Anette Halvorsen Aarset*, Rettslig regulering av homoseksuell praksis 1687-1902, Oslo 2000.

Homofil orientering og livsform er no *strafferettsleg verna* mot krenkingar frå andre. Dette er fastslått i straffelova §§ 135 a og 349 a, som blei innførde ved lov 8. mai 1981 nr. 14.

### 3.3 Særleg om straffelova § 135 a første ledd andre punktum

---

Straffelova § 135 a har denne ordlyden:

Med bøter eller med fengsel inntil 2 år straffes den som ved uttalelse eller annen meddelelse som framsettes offentlig eller på annen måte spres blant almenheten, truer, forhåner eller utsetter for hat, forfølgelse eller ringeakt en person eller gruppe av personar på grunn av deres trosbekjennelse, rase, hudfarge eller nasjonale eller etniske opprinnelse. Tilsvarende gjelder slike krenkelser overfor en person eller en gruppe på grunn av deres homofile legning, leveform eller orientering.

På samme måte straffes den som tilskynder eller på annen måte medvirker til en handling som nevnt i første ledd.

Det går fram av forarbeidet til lova at også bifile personar er verna av føresegna, jf. Ot. prp. nr. 29 (1980-81) s. 12.

Føresegna i straffelova § 135 a om krenkingar overfor homofile har resultert i få tiltalar og domfellingar. Spørsmålet om kor langt føresegna gjeld, har berre vore oppe i ei sak for Høgsterett, nemleg rettsavgjerda i Norsk Retstidende 1984 s. 1359 (*Bratterudsaka*). Saka gjaldt ein pastor i ei frikyrkje som under eit innringingsprogram på nærradio kom med sterk fordømming av homofile, mellom anna oppmoda han

«alle de kristne - de som virkelig tror på Gud å bryte denne djevelske makten som homofilien representerer i dette land».

Vidare blei det framsagt ei bønn der det mellom anna blei bede om at alle homofile blei fjerna frå leiande stillingar. Pastoren siterte også frå bibelstader der homoseksualitet blir kraftig fordømd. Høgsterett kom til at pastoren hadde uttrykt seg i strid med straffelova § 135 a. Det blei lagt til grunn at føresegna av omsyn til yringsfridommen måtte tolkast restriktivt, og at krenkingane måtte vere av kvalifisert art for at straff skulle kunne kome på tale. Vidare blei særleg omsynet til religiøs forkynningsfridom understreka. Det blei vist til at Justiskomiteen i Stortinget i lovforarbeida hadde uttalt at føresegna ikkje ville representere noka innskrenking av den religiøse yringsfridommen.<sup>46)</sup> Når det gjaldt dei delane av utsegnene som inneheldt direkte sitat frå Bibelen, blei det lagt til grunn at desse sitata fall utanfor bruksområdet for straffelova § 135 a. Men dei andre utsegnene blei sedde på som ei straffbar krenking av homofile. Sjølv om det altså etter Høgsteretts syn var særleg grunn til å verne utsegner som var ein del av religiøs forkynning, blei det framheva at nettopp religiøst fundamenterte utsegner kunne få ein særleg kraftig verknad overfor dei personane eller gruppene som blei omtalte. Ut frå ordlyden i føresegna og desse omsyna kunne derfor ikkje straffelova § 135 a tolkast heilt i samsvar med det Justiskomiteen i Stortinget hadde lagt til grunn då føresegna blei gjeven. At dommen slår fast at også utsegner i religiøs samanheng kan råkast av straffelova § 135 første ledd andre punktum, er viktig sidan mykje av den kritikken og motstanden som blir retta mot homofile, i praksis blir hevda å vere basert på eit religiøst grunnlag.

At straffelova § 135 a første ledd andre punktum har hatt lite å seie i form av fellande dommar, tyder ikkje utan vidare at føresegna har hatt liten praktisk effekt. For det første kan det tenkjast at føresegna har verka preventivt ved at personar som elles ville ha sett fram hånande ytringar mot homofile, har halde seg borte frå å gjere det. Det kan òg tenkjast at føresegna har verka med til at

<sup>46)</sup> Jf. Innst. O. nr. 36 (1980-81) side 3.



homofile har fått sterkare sympati og støtte i opinionen dei seinare åra.<sup>47)</sup> I kva grad føresegna har hatt slike verknader, er det vanskeleg å fastslå.

Reglane i Grunnlova om ytringsfridom (§ 100) har nyleg vore vurderte av Ytringsfridomskommisjonen som har levert ei utgreiing med framlegg til ny føresegn i Grunnlova (NOU 1999:27). Når det gjeld det særskilde vernet som spesifikt nemnde grupper har mot krenkjande utsegner etter straffelova § 135 a, gjer kommisjonen framlegg om at lova blir endra slik at spesielle grupper ikkje skal ha noko særskilt vern utover det Noreg har plikta seg til gjennom internasjonale konvensjonar, jf. NOU 1999:27 s. 154. Elles bør det etter det kommisjonen meiner, vere nok med det vernet som alle individ har mot krenkjande utsegner etter reglane i straffelova om ærekrenking. Det finst i dag ingen internasjonal konvensjon som Noreg er bunden av, som omhandlar krenkjande utsegner mot homofile.<sup>48)</sup> Ein konsekvens av synet til Ytringsfridomskommisjonen er derfor at føresegna om straff for krenkjande utsegner overfor homofile må opphevast. På grunnlag av utgreiinga frå Ytringsfridomskommisjonen blei fleire utkast til endring av § 100 i Grunnlova lagde fram i Stortinget hausten 2000. Framlegga vil bli tekne opp i neste stortingsperiode.

### 3.4 Særleg om straffelova § 349 a

---

Straffelova § 349 a har denne ordlyden:

Med bøter eller fengsel inntil 6 måneder straffes den som i ervervmessig eller liknende virksomhet, på grunn av en persons trosbekjennelse, rase, hudfarge eller nasjonale eller etniske opprinnelse nekter ham varer eller tjenester på de vilkår som gjelder for andre. På samme måte straffes den som i slik virksomhet nekter en person varer eller tjenester som nevnt på grunn av dennes homofile legning, leveform eller orientering.

På samme måte straffes den som av slik grunn som nevnt i første ledd, nekter en person adgang til offentlig forestilling eller oppvisning eller annen offentlig sammenkomst på de vilkår som gjelder for andre.

På samme måte straffes også den som tilskynder eller på annen måte medvirker til en handling som nevnt i første ledd.

Regelen gjeld berre i næringsforhold. Ved vare- eller tenesteyting i private forhold, til dømes der ein huseigar leiger ut eit rom i eigen bustad som hybel, gjeld ikkje føresegna. Føresegna gjeld også berre nekting av å yte tenester eller varer på same vilkår. At den homofile blir utsett for andre krenkingar under vare- eller tenesteytinga, blir ikkje råka av straffelova § 349 a, til dømes at ein kelner på ein restaurant kjem med slengord om den homofile orienteringa hos ein gjest. I slike tilfelle kan eventuelt straffelova § 135 a eller reglane om ærekrenkingar vere aktuelle å bruke.

Det er ikkje kjent i kor stor grad det er eit praktisk problem at homofile personar blir nekta varer og tenester på same vilkår som andre.<sup>49)</sup> I NOVA-undersøkinga blir spørsmålet om trakasering av homofile på offentleg stad

<sup>47)</sup> Listhaug, Ola (1998) Sentrale verdier endrer seg sakte. *Samfunnsspeilet*, nr. 1, s. 2-9.

<sup>48)</sup> Noreg er derimot pliktig til å straffe rasediskriminerande utsegner etter FN-konvensjonen av 21. desember 1965 om avskaffing av alle former for rasediskriminering (CERD).

vurdert.<sup>50)</sup> Men spørsmålet om nekting av vare- og tenesteyting blir ikkje teke opp særskilt.

### 3.5 Andre strafferettslege føresegner som vernar homofile

---

Også føresegnene i straffelova om *ærekrenkingar*, jf. straffelova §§ 246 flg., vil kunne bli brukte ved krenkjande utsegner mot homofile. Reglane om ærekrenking kan likevel berre brukast i dei tilfella der ei utsegn blir retta mot enkeltpersonar eller ein avgrensa krins av personar. Straffelova § 135 a kan derimot brukast uavhengig av om ytringar handlar om konkrete personar eller homofile reint allment. På den andre sida må ein rekne med at når reglane om ærekrenking kan brukast, skal det mindre til for at utsegna er straffbar etter reglane om ærekrenking enn etter straffelova § 135 a fordi den sistnemnde regelen berre rår særleg kvalifiserte krenkingar, jf. framstillinga under 3.2.2.

Eit spørsmål av spesiell interesse er i kva grad det er straffbart å offentleggjere den homofile orienteringa eller livsforma hos ein person utan samtykke frå den det gjeld (såkalla *outing*). Seksuell orientering blir sett på som eit personleg forhold. Utgangspunktet må derfor vere at slik offentleggjering kan vere straffbart etter straffelova § 390 som set straff for den som

krenker privatlivets fred ved å gi offentlig meddelelse om personlege eller huslige forhold.

I dei tilfella der orienteringa til personen har kome offentleg til uttrykk ved at det er inngått registrert partnerskap, vil likevel opplysningar om den seksuelle orienteringa ikkje lenger bli sett på som eit personleg forhold, og regelen vil i slike tilfelle ikkje vere aktuell å bruke. Noko meir tvilsamt er det om opplysningar om uregistrert sambuarskap kan offentleggjerast utan straff. I somme tilfelle vil det ha ei legitim offentleg interesse at identiteten til sambuaren blir offentleggjort, til dømes der det kan oppstå eit eller fleire inhabilitetsproblem for den aktuelle personen på grunn av stilling eller verv som sambuaren har. I alle fall i slike tilfelle må offentleggjering kunne skje utan straff.

Det kan diskuterast om offentleggjering av den homofile orienteringa hos ein person kan straffast som sann ærekrenking etter straffelova § 249 nr. 1, jf. §§ 247 og 248. Sjølv om det i mange krinsar i samfunnet blir sett på som negativt at ein person er homofil slik at «æra» reint faktisk kan bli krenkt, kan ein hevde at det er svært uheldig om rettsordenen gjennom å gje dom for ærekrenking skulle stemple det å ha offentleg status som homofil som noko min-

<sup>49)</sup> Sosial- og helsedepartementet kjenner ikkje til at legar av redsel for å bli smitta av HIV/AIDS har nektet å behandle homofile personar (telefon 28.9.00). I kontakt med Tannlegeforeningen (5.10.00) kom det fram at det har vore enkelte tilfelle år om anna der tannlegar har nektet å behandle homofile personar. På slutten av 80-talet førte HIV/AIDS-epidemien til at hygieneregimet hos tannlegar blei endra. I dag er retningslinjene slik at hygienen skal vere så god at tannlegar kan ta imot ein hivpositiv person utan å vite om sjukdommen til vedkommande. Det er utarbeidd ei rettleiing av Statens helsetilsyn om Forebygging av blodsmitte i helsevesenet. I Den norske tannlegeforeningens tidende 2000; 110 nr. 4 er generalsekretæren i Pluss-LMA intervjuet, og han viser til ei sak der ein pasient nyleg fekk avbrote tannbehandlinga si etter at han hadde fortalt at han var hiv-positiv. Generalsekretæren seier at det ikkje er mange slike episodar.

<sup>50)</sup> s. 251 flg.

dreverdig. Det kan tenkjast situasjonar der ei offentleggjering får store konsekvensar for vedkomande person, men det er vanskeleg å tenkje seg at det kan vere ærekrenkjande å få si homofile orientering offentleggjort. I slike tilfelle kan straffelova § 390 alt etter samanheng og situasjon omkring vere aktuell å bruke.

Ved brotsverk mot liv, helse og eigedom til homofile personar er det ikkje gjeve spesielle reglar til vern av denne gruppa. Det vil såleis vere dei allmenne strafferettslege reglane om drap, lekamskrenkingar, skadeverk og så vidare som er aktuelle å bruke. Ein må likevel rekne med at det etter omstenda kan vere eit skjerpande moment ved straffeutmålinga at bakgrunnen for brotsverket er den homofile orienteringa og livsforma til offeret.

For rasistisk motiverte valdsbrottsverk er det spesielt uttrykt i straffelova § 232 at slik motivasjon kan vere eit straffeskjerpande moment.

Då homofile og lesbiske i april 1981 fekk særleg strafferettsleg vern, presiserte eit fleirtal i Justiskomiteen dette: «Homofile har et særlig behov for vern som gruppe betraktet, fordi de i likhet med de andre grupper som nå faller inn under loven, må betraktes som en ekstra utsatt minoritetsgruppe». (INNST. O. (1980-81) nr. 36, s. 4 sp. 1).

I denne straffesamanhengen er med andre ord rasistiske og homofiendtelege handlingar *sidestilte*.

Med bakgrunn i den aukande rasistiske kriminaliteten i Skandinavia i 1990-åra, blei det i 1995 vedteke å innføre ein regel om rasistisk motivasjon som *straffeskjerpande omstende* i straffelova paragraf 292 andre ledd som handlar om *grovt* skadeverk.

Skadeverk eller valdshandlingar som har sin grunn i nedlatande eller fiendtlege haldningar overfor andre personar eller grupper på grunn av rase, hudfarge eller nasjonal eller etnisk bakgrunn, er svært krenkjande. Dette gjeld også der valdshandlingane er motiverte ut frå den seksuelle orienteringa hos offeret. Offerer blir ved slike handlingar ikkje primært angripne som enkeltpersonar, men som representantar for visse kategoriar av menneske.

Det finst lite dokumentasjon på valds- og drapshandlingar der den seksuelle orienteringa hos offeret har vore den direkte grunnen til valdshandlinga. Det er likevel grunn til å tru at vi i Noreg har hatt fleire drap der homoseksualitet var den direkte bakgrunnen for handlinga.

I andre land, mellom anna Sverige, har ein sett korleis nynazistiske miljø peiker ut homofile som ei målgruppe for valdshandlingar.

### 3.6 Internasjonalt menneskerettsleg vern av homofil orientering og livsform

---

Noreg er bunde av fleire internasjonale konvensjonar om menneskerettar, særleg sentrale er *Den europeiske menneskerettighetskonvensjon (EMK)* og *Den internasjonale konvensjonen om sivile og politiske rettigheter (SP)*. Desse konvensjonane gjeld som norsk rett og skal ved motstrid gå framfor reglane i anna lovgjeving, jf. lov 21. mai 1999 nr. 30 om styrking av den stillinga menneskerettane har i norsk rett (menneskerettslova).

Det følgjer av allmenne menneskerettsprinsipp om likebehandling og ikkje-diskriminering at homofile og lesbiske skal ha same levevilkår som

andre menneske, og at dei ikkje skal bli utsette for diskriminering. Ikkje-diskrimineringsprinsippet er nedfelt i ei rekkje menneskerettskonvensjonar, mellom anna i EMK og SP.

Likevel inneheld ingen av menneskerettskonvensjonane særskilde reglar til vern av homofile. Slik konvensjonane har blitt tolka av dei relevante konvensjonsorgana, er det ut frå meir generelle reglar sett opp visse krav når det gjeld kor langt nasjonalstatane kan forskjellsbehandle personar på grunnlag av homofil orientering eller livsform.

Når det gjeld EMK, er det først og fremst artikkel 8 og artikkel 14 som har interesse i denne samanhengen. Desse føresegnene lyder slik:

**Article 8. Right to respect for private and family life**

1. Everyone has the right to respect for his private and family life, his home and his correspondence.

2. There shall be no interference by a public authority with the exercise of this right except such as is in accordance with the law and is necessary in a democratic society in the interests of national security, public safety or the economic well-being of the country, for the prevention of disorder or crime, for the protection of health or morals, or for the protection of the rights and freedoms of others.

**Article 14. Prohibition of discrimination**

The enjoyment of the rights and freedoms set forth in this Convention shall be secured without discrimination on any ground such as sex, race, colour, language, religion, political or other opinion, national or social origin, association with a national minority, property, birth or other status.

Tilsvarende reglar finst i SP artikkel 17 og artikkel 2(1). I tillegg inneheld SP artikkel 26 eit generelt diskrimineringsforbod som ikkje på same måten som EMK artikkel 2 er avgrensa til å gjelde dei konvensjonsverna rettane.

Diskrimineringsforboda i EMK artikkel 14 og SP artikkel 26 vernar også mot diskriminering på grunn av seksuell orientering. Dette følgjer av ordlyden i desse diskrimineringsforboda. I praksis har konvensjonsorgana lagt til grunn at forboda også gjeld diskriminering på grunn av seksuell orientering.

Den europeiske menneskerettsdomstolen har i fleire avgjerder slått fast at nasjonal lovgjeving som totalt forbyr homoseksuell omgang, er i strid med EMK artikkel 8 (retten til privatliv), jf. *Dudgeon v. Storbritannia* (1978), *Norris v. Irland* (1988) og *Modinos v. Kypros* (1993). Tilsvarende har FN's menneskerettskomite i *Toonen v. Australia* (1994) kome til at eit forbod mot seksuell omgang mellom personar av same kjønn, er i strid med SP artikkel 2(1) og artikkel 17.

Derimot har det i konvensjonspraksis i vid utstrekning blitt akseptert at lovgjevinga på ulike måtar forskjellsbehandlar homofile og heterofile. Det har såleis hittil vore godteke at nasjonal lovgjeving har høgare seksuell lågaldar for homoseksuell omgang enn det som gjeld for heteroseksuell aktivitet, jf. mellom anna avgjerder i kommisjonen i *X v. Storbritannia* (1978) og *Zukrigl v. Østerrike* (1992). Det har heller ikkje blitt sett på som konvensjonsstridig at nasjonal lovgjeving ikkje gjev homofile par same rettar som gifte eller ugifte heterofile sambuande har, til dømes når det gjeld opphaldsløyve eller rett til å bu i offentlege husvære.<sup>51)</sup> Det er vidare godteke at nasjonal lovgjeving tillèt

prostitusjon overfor det motsette kjønn, men forbyr prostitusjon retta mot same kjønn, jf. *F v. Sveits* (1988).

I to nyare avgjerder - *Smith og Grady v. Storbritannia* (1999) og *Lustig-Prean og Beckett v. Storbritannia* (1999) har likevel Den europeiske menneskerettsdomstolen kome til at det var i strid med artikkel 8 at homofile tilsette i det britiske forsvaret blei sagde opp på grunn av si orientering. Og i *Salgueiro da Silva Mouta v. Portugal* (1999) fann domstolen at det var eit brot på artikkel 8 og artikkel 14 at ein far blei nekta foreldre retten til dotter si fordi han var homoseksuell og budde saman med ein annan mann.

Ut frå dei siste avgjerdene kan det sjå ut som konvensjonspraksis går i retning av i mindre grad å godta lovgjeving som forskjellsbehandlar homofile og heterofile.

Det bør også nemnast at EU har vedteke eit direktiv om «generelle rammebestemmelser om likebehandling med hensyn til beskæftigelse og erhverv». Formålet med direktivet er å lage ei generell ramme for kamp mot forskjellsbehandling på «beskæftigelses- og erhvervsområdet på grund av religion eller tro, handicap, alder eller seksuell orientering». Direktivet har sin legale basis i EUs Amsterdamtraktat.<sup>52)</sup>

### 3.7 Politiske mål for regjeringa i internasjonale samanhengar

---

I internasjonale fora der diskriminering står på dagsorden, fremjar regjeringa prinsippet om at diskriminering på grunn av seksuell orientering ikkje er akseptabelt. Regjeringa si haldning er grunnfesta i det ufråvikelege prinsippet om at menneskerettane gjeld for alle individ.

Regjeringa vil følgje opp temaet gjennom dialog med andre land om utviklingssamarbeid. Konkrete tiltak vil mellom anna omfatte tilbod om assistanse til å styrkje rettane for lesbiske og homofile i nasjonalt lovverk, og dessutan støtte til haldningsskapande arbeid.

### 3.8 Homofil orientering som grunnlag for vern etter utlendingslova

---

Det hender at homofile utlendingar søkjer asyl i Noreg med den grunnjevinga at dei som homofile er eller risikerer å bli forfølgde i heimlandet.

I all hovudsak er det personar frå muslimske land som hevdar dei står i fare for å bli forfølgde på grunn av si seksuelle orientering. Det blir då som regel vist til at heimlandet fastset straff for seksuell omgang mellom to av same kjønn, og eventuelt den umiddelbare straffa ein kan risikere. Det hender også at homofile utlendingar søkjer asyl utan å vise til nokon umiddelbar fare for forfølgning. I staden viser dei til generelle problem som følgje av heimlandet sitt syn på homofili (uttrykt i lovverk, befolkninga si haldning til homofile osv.)

Alle søknader om asyl blir vurderte på individuelt grunnlag. Det kan likevel seiast noko generelt om dei rettslege utgangspunkta i tilknytning til utlen-

<sup>51)</sup> jf. *X og Y v. Storbritannia* (1983), *Simpson v. Storbritannia* (1986), *B v. Storbritannia* (1990), *C. og L.M. v. Storbritannia* (1990).

<sup>52)</sup> Noreg vurderer for tida om direktivet, som har heimel i Amsterdamtraktaten artikkel 13, fell inn under verkeområdet for EØS-avtalen.

dingslova og flyktningkonvensjonen der homofil orientering blir hevda som asylgrunn, og om praksis etter desse reglane.

### 3.8.1 Vern etter utlendingslova og flyktningkonvensjonen

Utlendingslova § 15 første ledd gjev reglar om kven som har krav på vern mot forfølgning og har denne ordlyden:

Utlending må ikke i medhold av loven sendes til noe område der utlendingen kan frykte forfølgelse som kan begrunne anerkjennelse som flyktning eller ikke vil være trygg mot å bli sendt videre til slikt område. Tilsvarende vern skal gjelde utlending som av liknende grunner som angitt i flyktningedefinisjonen, står i en nærliggende fare for å miste livet eller bli utsatt for en umenneskelig behandling.

§ 15 første ledd første punktum slår fast at ein person ikkje kan bli sendt attende til heimlandet dersom han eller ho med rette kan frykte forfølgning der. Unntak frå dette prinsippet er berre gjort dersom personen blir vurdert som ein fare for tryggleiken i riket, eller er dømd for særleg alvorleg brotsverk og av den grunn blir vurdert som ein fare for samfunnet.

Ein flyktning har med visse unntak rett på asyl, jf. utlendingslova § 17. Definisjonen i utlendingslova av kven som er flyktning etter § 16, byggjer direkte på definisjonen i flyktningkonvensjonen art. 1 A (2). Flyktningkonvensjonen definerer «flyktning» som:

enhver person som ... med rette frykter for forfølgelse på grunn av rase, religion, nasjonalitet, medlemskap i en spesiell sosial gruppe eller på grunn av politisk oppfatning ... befinner seg utenfor et land han er borger av, og er ute av stand til, eller, på grunn av slik frykt, er uvillig til å påberope seg dette lands beskyttelse ...

Frykt for forfølgning med årsak i homofil orientering blir av norske styresmakter rekna for frykt grunna «medlemskap i ei spesiell sosial gruppe». For å oppnå asyl må i tillegg frykta vere velgrunna («med rette fryktar»). Vidare er det eit vilkår at styresmaktene i heimlandet til søkjaren ikkje kan verne vedkomande mot forfølginga, anten fordi styresmaktene sjølve står for forfølginga eller fordi dei ikkje kan eller vil verne han/henne mot forfølgning. Konvensjonen legg opp til ei framtidsretta vurdering av om søkjaren ved retur vil risikere forfølgning frå styresmakter, grupper eller enkeltpersonar. Omgrepet «forfølgning» har som føresetnad at reaksjonane er av eit visst alvor og omfang. Det er ikkje alle land som meiner at homofil orientering fell inn under omgrepet «medlemskap i ei spesiell sosial gruppe». FNs Høgkommisær for Flyktningar (UNHCR) vurderer det slik at personar med homofil orientering blir rekna som ei spesiell sosial gruppe.

Norske styresmakter meiner at homofile har ein sjølvsgd rett til å leve ut si orientering. Justisdepartementet presiserte i retningslinjer av 13.01.1998 at det skal gjevast asyl til personar som risikerer forfølgning i flyktningkonvensjonen sin forstand på grunn av si seksuelle orientering. Lovverket i mange muslimske land har straffebod for seksuell omgang mellom to av same kjønn, men lovverket og straffeboda er ulike i dei enkelte landa. Det er derfor skilnader når det gjeld kva for konsekvensar seksuell omgang mellom to av same kjønn vil få når han er kjend for styresmaktene.<sup>53)</sup> Like eins er det skilnader mellom

landa i høve til korleis lovene blir handheva. Desse momenta er sentrale i vurderinga av risiko for straff på grunn av homofil orientering.

Sjølv om det for mange er enklare å leve som homofil i Noreg enn i heimlandet, gjev ikkje dette aleine grunnlag for asyl i Noreg. Det at personen ikkje utan problem kan stå fram som homofil i heimlandet, er derfor ikkje i seg sjølv noko som fører med seg eit behov for vern. Det blir eit spørsmål om det vil føre med seg risiko for alvorlege reaksjonar dersom ein gjev uttrykk for homofil orientering. I så fall kan dette gje grunnlag for asyl. Straff for handlingar som i dei fleste samfunn strir mot offentleg moral, vil likevel ikkje utan vidare gje grunnlag for asyl. Her som elles må kvar asylsøknad vurderast individuelt. Det må gjerast ei konkret vurdering av om personen faktisk vil vere tilbøyeleg til å stå fram dersom vedkomande blir send til heimlandet, og om han/ho dermed risikerer forfølgning. Her vil opplysningar om personen si åtferd i heimlandet før utreisa vere viktig i ei totalvurdering. Det at ein ikkje har stått fram som homofil før ein kom til Noreg, vil i konkrete tilfelle vere ein indikasjon på at ein ved retur ikkje vil kome i ein situasjon der ein har noko konkret å frykte i heimlandet. På den andre sida vil det at personen erkjenner at han eller ho er homofil først etter å ha kome til Noreg, ikkje i seg sjølv kunne utelukke asylstatus.<sup>54)</sup> Dersom opplysningane i saka gjev tilstrekkeleg grunnlag for tvil om tryggleiken til personen i heimlandet, vil han/ho få vern i Noreg.<sup>55)</sup> Risiko for urimeleg streng straff for seksuell omgang mellom to av same kjønn kan vere grunnlag for vern etter utlendingslova § 15 første ledd.

### 3.8.2 Opphaldsløyve av andre grunnar enn behov for vern

Dersom homofil orientering ikkje gjev grunnlag for vern, skal det likevel vurderast om andre omsyn i saka kan tilseie at personen bør få opphaldsløyve på grunn av sterke menneskelege omsyn eller særleg tilknytning til Noreg, jf. utlendingslova § 8 andre ledd.

Opphaldsløyve på dette grunnlaget kan gjevast etter ei konkret heilskapsvurdering der ei rekkje ulike velferdsomsyn er relevante, til dømes helseforhold, situasjonen til mindreårige og faktisk tilknytning til Noreg. Det er grunn til å presisere at tryggleikssituasjonen i heimlandet også vil vere eit relevant moment i denne vurderinga. For at det skal liggje føre sterke menneskelege omsyn eller særleg tilknytning, blir det stilt strengare krav til dei andre velferdsomsyna dess svakare tilknytning søkjaren har til Noreg.

<sup>53)</sup> Dette kan ein sjå i samband med lovgjevinga elles om sedskap i dei aktuelle landa der det i prinsippet også er forbod mot heterofile forhold utanfor ekteskap. I nokre land nyttar dei slike lovbod svært sjeldan.

<sup>54)</sup> Det vil seie at den såkalla sur-place avgrensinga ikkje vil gjelde ved vurdering av asylstatus grunna i homofil orientering. I utgangspunktet får elles såkalla sur-place-flyktningar ikkje asyl i Noreg. Det vil seie personar som ikkje hadde grunn til å frykte forfølgning medan dei var i heimlandet, men som med rette kan frykte forfølgning ved retur på grunn av omstende som har skjedd etter innreise til Noreg. I slike tilfelle vil ein i alle fall vere verna mot retur etter § 15 første ledd første punktum.

<sup>55)</sup> Justisdepartementet (JD) kjenner til at det er gjeve asyl på grunn av homofil orientering, men kjenner ikkje til kor mange saker det gjeld. Det er UDI som innvilgar asyl i første instans, ved klage kjem saka til Utlendingsnemda.

### 3.9 Regulering av homofilt samliv

---

#### 3.9.1 Partnerskapslova

Lov om registrert partnerskap kom i Noreg i 1993. Partnerskapslova regulerer vilkåra for å registrere partnerskap og rettsverknadene av slik registrering. Vilkåra for å registrere partnerskap er strengare enn for å inngå ekteskap.

##### 3.9.1.1 Vilkår for registrering

###### *Tilknytingsvilkår*

For å kunne registrere partnerskap i Noreg, har det til no vore stilt vilkår om at ein av eller begge partane har fast tilhaldsstad i landet, og minst ein av dei er norsk statsborgar, jf. partnerskapslova § 2 tredje ledd. Ved ei lovendring vedteken av Stortinget 1. desember 2000 er tilknytingsvilkåra lempa slik at det i tillegg til dagens ordning blir innført høve til å registrere partnerskap:

- Dersom ein av partane har hatt fast tilhaldsstad i landet dei siste to åra før registreringa.
- Ein av partane har fast tilhaldsstad i landet og ein av partane har statsborgarskap i Danmark, Island og Sverige. I tillegg er det ved lovendringa gjeve ein forskriftsheimel som opnar for å likestille norsk statsborgarskap med statsborgarskap i eit anna land med ei partnerskapslovgeving som tilsvarer den norske.

Det går fram av Ot.prp. nr. 76 (1999-2000) at grunngevinga for endringa i tilknytingsvilkåra er at etter den tidlegare utforminga kan borgarar i nordiske land i visse situasjonar ikkje registrere partnerskap når dei er busette i eit anna nordisk land, trass i at både heimlandet og bustadlandet har reglar om slik registrering. Ein utanlandsk statsborgar som har vakse opp i landet, vil også kunne ha eit rimeleg ønske om å registrere partnerskap, noko han eller ho ikkje har kunna etter dei tidlegare reglane (med mindre vedkomande gifter seg med ein norsk statsborgar). Då dei tidlegare reglane om høve til å registrere partnerskap blei utforma, blei det ikkje sett på som tenleg at utanlandske par utan tilknytning til Noreg skulle få registrere partnerskap, fordi registrering den gongen ikkje ville få noko å seie i eit eventuelt heimland utanom i Danmark.

###### *Andre vilkår*

I tillegg til tilknytingsvilkår må desse tre vilkåra vere oppfylte for å inngå registrert partnerskap: Rettsleg handleevne, sivilstand og lovleg opphald. For det første må ein vere myndig (over 18 år). Dersom ein er under 18 år, er umyndiggjord eller har fått oppnemnt hjelpeverje, må ein ha samtykke frå den som har foreldreansvaret, eller frå verja (rettsleg handleevne). For det andre kan ein ikkje registrere partnerskap dersom *eit tidlegare ekteskap eller partnerskap* står ved lag (sivilstand). For det tredje må ein person som ønskjer å registrere partnerskap i Noreg, dokumentere at vedkomande har *lovleg opphald* i landet. Personar med og utan opphaldsløyve kan inngå partnerskap så lenge opphaldet deira i landet er lovleg (lovleg opphald).



### 3.9.1.2 *Prøving av vilkår*

Prøving (sjekke at vilkåra er oppfylte) av vilkåra for å inngå partnerskap blir utført av notarius publicus på heimstaden til ein av partane. Prøvinga skjer på grunnlag av eigenerklæring, fødselsattest og eventuell attest frå heimlandet for utanlandsk partnar. Partane må også dokumentere at eventuelle tidlegare ekteskap eller partnerskap er avvikla.

### 3.9.1.3 *Rettsverknader*

Registrering av partnerskap har stort sett dei same rettsverknadene som ekteskap. Det inneber at både offentlegrettsleg og privatrettsleg regulering som gjeld for ektefellar, også vil gjelde for registrerte partnarar. Eit viktig unntak er likevel at registrerte partnarar i dag ikkje har høve til å adoptere barn, inkludert stebarn. Lesbiske kvinner som har inngått partnerskap, har heller ikkje tilgang til kunstig befruktning.

Regjeringa har i januar 2001 lagt fram eit høyringsnotat med framlegg om endringar i adopsjonslova og parterskapslova. Der blir det opna for at den eine partnaren i eit registrert partnerskap kan adoptere barnet til den andre (ste-barnsadoptsjon).

### 3.9.1.4 *Om kyrkjeleg vigsel*

Det er ikkje høve til kyrkjeleg vigsel for homofile og lesbiske par. Regjeringa ser det behovet kristne homofile og lesbiske har for ei kristen velsigning og ein seremoni når dei inngår partnerskap. Det er også ei kjensgjerning at slike handlingar i dag skjer både i og utanfor kyrkja, men då med utgangspunkt i standpunkt enkeltprestar har i saka.

Regjeringa meiner likevel at spørsmålet om kyrkjeleg velsigning først og fremst er eit spørsmål kyrkja må ta stilling til. Regjeringa vil av den grunn ikkje gjere framlegg om å gje høve til kyrkjeleg vigsel for homofile og lesbiske par før kyrkja eventuelt sjølv tek eit initiativ til dette.

## 3.9.2 **Partnerskapsordningar i andre land**

Danmark var det første landet i verda som innførte partnerskapslovgjeving, det skjedde i 1989. Sverige fekk si lov i 1994 og Island i 1996. I Finland har justisministeren kome med eit framlegg som dersom det blir vedteke, vil gje ei ordning i samsvar med den danske ordninga. Utanom Norden er det så langt berre Nederland (1998) og Frankrike (1999) som har innført registrert partnerskap, men etter ein annan modell enn den nordiske. Begge desse landa har gjeve både heteroseksuelle og homoseksuelle par høve til å la seg registrere. Portugal, Sveits, Tyskland, Luxembourg, Belgia og Spania diskuterer innføring av partnerskapslov eller liknande lovgjeving.

I alle dei nordiske partnerskapslovene har det inntil nyleg vore stilt nokså likelydande krav til tilknytning for registrering av partnerskap. Vilkåret har vore at ein av partane måtte ha både statsborgarskap og fast tilhaldsstad i registreringslandet. Den norske lova skilde seg noko frå dei andre ved at det i Noreg er nok at ein av partane har norsk statsborgarskap, og at ein av dei har fast tilhaldsstad her. Rettsverknadene av eit registrert partnerskap har inntil nyleg vore dei same i dei fire nordiske landa. Eit registrert partnerskap har

hatt dei same rettsverknadene som eit inngått ekteskap med unntak av retten til adopsjon.

### *Danmark*

Ved lovendring i partnerskapslova i Danmark våren 1999 er det høve til å få partnerskapet sitt registrert dersom ein av partane har fast tilhaldsstad i Danmark og dansk statsborgarskap eller dersom begge partane har hatt fast tilhaldsstad i Danmark dei siste to åra før registreringa. I tillegg er norsk, svensk eller islandsk statsborgarskap likestilt med dansk, og det er gjeve opning for ved forskrift å utvide dette til å gjelde andre land med tilsvarende lovgjeving. Ved denne lovendringa blei også rettsverknadene endra slik at registrerte partnarar no har fått høve til stebarnsadopsjon. Det er gjort unntak for adoptivbarn/stebarn frå eit anna land.

### *Sverige*

Dei svenske lovendringane blei vedtekne 24. mai 2000 og tok til å gjelde 1. juli 2000. Desse går lenger enn dei danske reglane når det gjeld høve til å registrere partnerskap for personar som ikkje er borgarar i landet: Det er nok at ein av partane har hatt fast tilhaldsstad i Sverige dei siste to åra før registreringa. Høvet til å innvilge dersom ein av partane er svensk statsborgar med fast tilhaldsstad i landet, gjeld som før. I tillegg er dansk, islandsk, nederlandsk og norsk statsborgarskap likestilt med svensk. Ei eventuell utviding til å gjelde også andre land med tilsvarende lovgjeving kan av konstitusjonelle grunnar ikkje gjerast ved forskrift, men må eventuelt avgjerast av Riksdagen.

### *Island*

Island endra si partnerskapslov med verknad frå 11. juli 2000. Lova tilsvarende i dag den danske. Dette gjeld også endringa i rettsverknadene, registrerte partnarar har fått høve til stebarnsadopsjon. Det er gjort unntak for adoptivbarn/stebarn frå eit anna land.

### **3.9.3 Kort om lov om husstandsfellesskap**

Vi har ikkje noka form for lovregulert sambuarskap for personar som lever saman utan å ha inngått partnerskap eller ekteskap. Slik lovgjeving har vore utgreidd ved fleire høve gjennom fleire tiår og er også teken opp i ulike meldingar.<sup>56)</sup>

*Lov om husstandsfellesskap* gjev likevel somme reglar om husvære og innbu når to eller fleire ugifte personar over 18 år har budd saman i ein husstand, og husstandsfellesskapet tek slutt ved at ein av dei døy, eller ved at husstandsfellesskapet tek slutt på annan måte enn ved død. Reglane gjeld likevel berre når partane har budd saman i minst to år, eller dei har, har hatt eller ventar barn saman. Lova legg vekt på å nå eit breitt spekter av ulike husstandsfellesskap. Ho omfattar homofile og heterofile sambuarar, slektningar og venner som elles kunne kome urimeleg ut etter at husstandsfellesskapet tek slutt.

<sup>56)</sup> For ein gjennomgang, sjå kap. 4. Tidlegare offentlege utgreiingar og meldingar i NOU 1999:25 *Samboerne og samfunnet*.

Dersom ein husstandsmedlem døyr, gjev lova attlevande høve til å løyse inn ein part, aksje eller obligasjon som tilhørde den døde, og som er knytt til retten til felles husvære eller til å tre inn i ein part av husvære som har tent som felles bustad. Attlevande har også rett til å overta eller tre inn i part av vanleg innbu. Rettar til felles heim gjeld også når husstandsfellesskap blir oppløyst på annan måte enn ved død dersom sterke grunnar taler for det.

Lova om husstandsfellesskap gjev likevel ikkje rett til økonomiske rettar eller inntekt i noka form etter den ein har delt husvære og innbu med. Ho løysar derfor ikkje viktige spørsmål som til dømes uskifte, arv, skatt, trygd og forsikringar.

### 3.10 Om NOU 1999:25 Samboerne og samfunnet

---

I september 1996 blei det såkalla «Samboerutvalget» nedsett. Det skulle greie ut rettsstillinga til sambuarar. Innstillinga blei lagd fram i mai 1999 og var på ei brei offentleg høyring hausten 1999.

Utgreiinga seier ikkje noko om homofile sambuarar. Grunngevinga er:

«Flere av utvalgets forslag om å likestille samboere med ektepar er begrunnet ut fra hensynet til felles barn. Også de opplysningene og data som er innhentet - om pardannelse, brudd, barn, holdninger, økonomi etc. - gjelder bare par av motsatt kjønn, og de vil ikke uten videre gjelde for par av samme kjønn».

Mandatet var dette:

«Utvalget skal utrede de problemstillinger samboerskap reiser med hensyn til rettigheter, ytelser og forpliktelser. Samboere skal forstås som personer som lever i stabile ekteskapslignende forhold. Utvalget skal gi en prinsipiell vurdering av hvor langt vårt samfunn bør gå i å likestille samboere med ektepar, både med hensyn til de privatrettslige forhold samboerne imellom og de offentligrettslige forhold mellom samboerparet og samfunnet. Utvalget skal, med utgangspunkt i en slik helhetlig vurdering, komme med konkrete forslag til tilpasninger i ordningene under hensyn også til den praktiske anvendbarheten. Utvalget skal i den forbindelse drøfte hvordan status som samboer bestemmes, herunder spørsmålet om frivillig eller tvungen registrering. Utvalget forventes ikke å foreslå konkrete lovendringer. Utvalget bør kartlegge samboeres rettsstilling i andre land. Økonomiske og administrative konsekvenser av utvalgets forslag skal utredes.»

Sambuarar blir definerte til å vere par med felles barn og/eller par som har levd saman i minst to år.

#### 3.10.1 Framlegg på det privatrettslege området

Utvalet gjer ikkje framlegg om at sambuarskap generelt bør likestillast med ekteskap, men føreslår likevel nokre endringar av omsyn til den svake parten. Utvalet har spesielt lagt vekt på omsynet til barna, særleg i tilfella der foreldra går frå kvarandre. Vidare er det lagt vekt på å gjere det lettare for attlevande å behalde husværet og andre «nære ting». Utvalet føreslår endringar når det gjeld forholdet mellom sambuarane både under sambuarskapet, ved brot og ved død og når det gjeld fastsetjing av farskap og adopsjon.

### 3.10.2 Forslag på det offentlegrettslege området

Utvalet går lenger i å likestille sambuarane med gifte på det offentlegrettslege området som trygd, sosialhjelp og skatt enn på det privatrettslege.

Det finst døme på at styresmaktene har likestilt heterofile og homofile sambuarar i forhold til barn. I barnetrygdlova er det gjeve reglar om at den som er aleine om omsorga for barn, har rett til barnetrygd for eit barn meir enn det faktiske barnetalet, såkalla utvida barnetrygd. Frå 1. januar 1994 blei det innført ein regel om at det ikkje lenger skulle gjevast utvida barnetrygd for særkullsbarn til forsørgjarar med ny sambuar, når det nye sambuarforholdet hadde vart i minst 12 av dei siste 18 månadene. I forarbeida til lova tok dei ikkje opp spørsmålet om kor vidt homofile sambuarar med barn skulle falle inn under lova. Praksisen blei derfor at homofile sambuarar med særkullsbarn fekk ha den utvida barnetrygda trass i at dei levde i eit stabilt sambuarforhold. Fire år etter regelendringa instruerte Barne- og familiedepartementet (BFD) Rikstrygdeverket om at homofile sambuarar med særkullsbarn ikkje skulle ha rett til utvida barnetrygd dersom sambuarskapet hadde vart i minst 12 av dei siste 18 månadene, med denne grunngevinga:

«Ut fra en rettferdighetsbetraktning finner BFD at det ikke er rimelig at homofile med særkullsbarn som lever i et stabilt samboerforhold, får beholde utvidet barnetrygd, mens heterofile samboere i samme situasjon mister den.»<sup>57)</sup>

### 3.10.3 Framlegg som gjeld «andre område»

Her tek utvalet for seg både forsikring og pensjonsordningar utanom folketrygda, kven som skal få rettar som pårørande/nærstående og rett til å anke etter at den sikta er død.

## 3.11 Tiltak

---

Regjeringa vil fremje desse tiltaka:

- Homofile sambuarar vil bli inkluderte i det vidare arbeidet med utgreiinga *Samboerne og samfunnet*.
- Det vil bli vurdert å endre straffelova § 232, slik at valdsbrottsverk som er motiverte ut frå den seksuelle orienteringa hos ein person, kan vere eit straffeskjerpande moment slik det eintydig står at rasistisk motiverte valdsbrottsverk kan vere. Det vil også blir vurdert ei tilsvarande endring i straffelova § 292.

---

<sup>57)</sup> Brev frå Barne- og familiedepartementet datert 11.2.98 til Rikstrygdeverket.

## 4 Oppvekst og identitetsutvikling

### 4.1 Innleiing

---

Barn og unge i vår tid veks opp i eit samfunn prega av mangfald når det gjeld levesett og samlivsformer. Det moderne samfunnet har aukande individuell friedom som kjenneteikn, færre tradisjonsband og mindre innverknad frå kyrkje og religion. Det er grunn til å vente at unge menneske i større grad enn tidlegare har aksept for ulike og utradisjonelle samlivsformer. Ungdom som gradvis oppdagar at dei har kjensler for personar av eige kjønn, og som vel ei lesbisk eller homofil livsform, burde ideelt sett kunne realisere dette utan å kjenne seg marginale. Det faktum at homofile og lesbiske kan inngå partnerskap, og at dei har eit juridisk vern mot krenkingar frå andre på grunn av homofil orientering og livsform, gjer sitt til at unge menneske opplever ei legitimering av denne livsforma. Det same gjer open innstilling i media og skole og det at mange kjende personar vel å vere opne om si homoseksuelle orientering.

Forskinga om opplevingane til dei unge peiker i ulike retningar. Ein del resultat frå NOVA-undersøkinga tyder på at det er lettare for unge menneske å vere homofil eller lesbisk i vårt samfunn samanlikna med tidlegare.<sup>58)</sup> Haldningsundersøkinga viser at unge menneske har meir liberale haldningar til homofile og rettane deira enn eldre. Andre undersøkingar tyder på at det blant ungdom framleis finst negative haldningar til homofili.<sup>59)</sup> Homofile og lesbiske har eit klart betre vennskapsnettverk samanlikna med jamaldringane sine i befolkninga generelt. Homofile og lesbiske i aldersgruppa 16-24 år opplyser dessutan at dei har fleire heterofile enn lesbiske og homofile venner. Dette skil dei unge frå dei eldre aldersgruppene, der tendensen er færre heterofile enn lesbiske/homofile venner. Dette kan kome av at unge lesbiske og homofile er i ein avklaringsfase og dermed ikkje har etablert ein lesbisk/homofil vennskapskrins. Men det kan også tyde at unge lesbiske og homofile er betre integrerte i det allmenne samfunnslivet enn tidlegare generasjonar. NOVA-undersøkinga tyder samstundes på at mange unge lesbiske og homofile har problem. Ein relativt stor del av dei unge har prøvd å ta livet sitt. Dei rapporterer om fleire som har psykiske plager samanlikna med unge menneske i befolkninga samla sett. Kvar tredje unge lesbiske og homofile i aldersgruppa 16-24 år er noko urolege for vald, trugsmål og trakassering som følgje av at dei er synlege som lesbiske og homofile i det offentlege rommet. Trass i at samfunnet langt på veg aksepterer lesbiske og homofile, opplever unge det altså som vanskeleg å velje ei slik livsform.

<sup>58)</sup> NOVA-undersøkinga inneheld ei haldningsundersøking av eit representativt utval på 1000 respondentar frå befolkninga i Noreg (gjennomført av MMI), ei spørjeskjemaundersøking som 3000 lesbiske og homofile svarte på, og i tillegg djupintervju med 23 personar. Spørjeskjemaundersøkinga kan ikkje gjere krav på representativitet, fordi utvalet gjeld sjølvverkjende lesbiske og homofile. Populasjonen er ikkje kjend. Sjå pkt. 2.3.3 for nærmare omtale og drøfting av NOVA-undersøkinga.

<sup>59)</sup> Jf avsnitt 4.6.

Mykje tyder på at det er prosessen fram mot å avklare eigen seksuell identitet og deretter ta konsekvensane av ei slik avklaring ved å «kome ut», som er vanskeleg for unge lesbiske og homofile. Det å velje ei annleis form for seksualitet enn den fleirtalet vel, kan vere spesielt trugande i ungdomstida, då mange er usikre omkring eigen identitet. Det å vere annleis kan by på problem i ein fase av oppveksten, sjølv om det er lettare og kanskje uproblematisk i seinare fasar.

## 4.2 Utvikling av seksuell identitet hos unge menneske

---

Frå barnet blir født og kjønnet er fastslått, blir jentebarn og guttebarn møtt med ulike forventningar, og ulike kulturbestemte tilnæringsmåtar frå omgjevningane. Barn blir sosialiserte inn i kjønnsrollene gjennom samspelet med foreldre og andre vaksne. Dei vaksne reagerer og set namn på dei ulike handlingane barn tek seg til med. Foreldre vil reagere ulikt på det barnet gjer avhengig av om det er ein gut eller ei jente. Mykje tyder på at denne prosessen handlar om læring, og at kjønnsrollene ikkje er «naturgjevne» i biologisk forstand.<sup>60)</sup>

Kor vidt den seksuelle identiteten - det vil seie identitet som lesbisk/homofil, bifil eller heterofil - er biologisk eller sosialt fastlagd, er det inga ein tydlig oppfatning om.<sup>61)</sup> Forventningane frå omgjevningane når det gjeld kjærleik og seksualitet, følgjer likevel det biologiske kjønnet - ein ventar at jenter blir tiltrekte av gutar og omvendt. Problema med å oppdage og stå fram som lesbisk eller homofil kan ein forstå i lys av dei sterke føringane som samfunnet og dei nære omgjevningane gjev individet når det gjeld kjønnsidentitet og seksuell identitet. Unge lesbiske og homofile kjenner seg annleis når dei bryt med dei vanlege forventningane til emosjonell og seksuell orientering. Dess sterkare forventningane frå omgjevningane er, dess sterkare vil kjensla av å vere annleis vere.

Dei kroppslege endringane som melder seg tidleg i ungdomsperioden, oppfattar gutar og jenter som symbol på at dei blir vaksne, og det fører til endra identitetsoppfatning. Dette opplever dei både som statusgjevande og trugande. Kroppsendringane og puberteten fører med seg at den unge blir godkjend som eit seksuelt vesen av samfunnet, og den unge kjenner seg stolt over å oppleve seg sjølv som ny mann eller kvinne. Men alderen for når kjønnsmodninga melder seg, kan variere med fire-fem år mellom individ av same kjønn. Dei fysiske endringane kan i tillegg melde seg i ein nokså tilfeldig orden hos den enkelte. Dei ulike delane av kroppen følgjer ikkje alltid kvarandre. I tillegg til å tilpasse seg den nye kroppen skal den unge også takle nye psykologiske og sosiale krav til autonomi og intimitet.<sup>62)</sup> Å oppleve problem knytte til kroppsendringar og kjønnsmodning er altså eit allment fenomen.

<sup>60)</sup> Træen, Bente (1995) *Ungdom og seksualitet*. Oslo: Ad Notam Gyldendal

<sup>61)</sup> I freistnadene på å forklare årsaka til homofili finst to motståande posisjonar, essensialistiske og strukturalistiske forklaringar, der homofili blir forklart som eit biologisk fenomen (medfødt) og eit sosialt fenomen (lært). Sjå pkt. 2.3.1 for utdjuping.

<sup>62)</sup> Bjerrum Nielsen & Rudberg (1989) *Historien om jenter og gutter. Kjønnssosialisering i et utviklingspsykologisk perspektiv*. Oslo: Universitetsforlaget.

Mykje tyder på at åtferd og haldningar hos unge er temmeleg konvensjonelle når det gjeld seksualitet.<sup>63)</sup>

Samfunnet er i dag mykje meir fleksibelt og mangfaldig enn tidlegare. Ungdom i det moderne samfunnet står i prinsippet nokså fritt til å velje alternative samværs- og åtferdsformer, også på det seksuelle området. Raske samfunnsendringar, endringar i familie- og samlivsmønster og individualisering tilseier at dagens ungdom ikkje treng å kjenne seg så bundne av normer og verdiar som foreldra deira var. Men det å etablere ein kjønnsidentitet er ofte problematisk for ungdom generelt. Både psykologiske og fysiologiske endringar hos den enkelte skaper tilpassingsproblem i puberteten. Ungdom som oppdagar at dei er forelska i personar av same kjønn, har eit tilleggsproblem som for nokre blir svært vanskeleg å takle. For å redusere dette problemet må skole og samfunnsliv alminneleggjere det faktum at somme menneske blir tiltrukne av sitt eige kjønn. Det er grunn til å synleggjere at homofil kjærleik og samlivsform er ei av fleire moglege samlivsformer, og formidle ein bodskap til unge menneske om at dette er akseptert.

### 4.3 Utvikling av homofil identitet

---

Ungdomsperioden er ein fase som har mykje å seie for identitetsutviklinga. Identitet handlar om korleis individet opplever seg sjølv og omgjevnadene, det vil seie opplevinga av kven eg er og ønskjer å vere, og kven eg ikkje ønskjer å vere. Enkeltmennesket er mellom anna eit produkt av sine relasjonar til andre menneske, og identitet kan ein sjå på som bindeleddet mellom individet og fellesskapet det tilhøyrer. Men vi har plassen vår innanfor mange typar fellesskap samstundes: kjønn, aldersgruppe, nasjonalitet, religion, utdanningskategori, seksuell orientering og så vidare. Eit menneske har fleire identitetar knytte til mange av desse fellesskapa. Men dei ulike identitetane kan ha meir eller mindre å seie i ulike fasar av livet, og dei blir aktiviserte i ulike situasjonar.<sup>64)</sup> Kjønnsideitet og seksuell identitet er viktig i puberteten. Homofil identitet er i tråd med dette berre ein av fleire identitetar hos ein person, og han er kanskje viktigare i ungdomsfasen enn seinare i livet.

Å få til ein kvalitativt god kontakt med andre homofile og lesbiske blir sett som svært viktig når dei skal utvikle eigen identitet. Ein god kontaktperson eller -personar kan gje verdifull informasjon om homofili, vere nokon å diskutere eigne idear om homofili med, og gjere det mogleg å samanlikne eigne erfaringar med andre sine. Det er ofte gjennom slike kontaktpersonar at omgrepet homofil/lesbisk begynner å få eit meir positivt innhald.

Eit identitetsfellesskap kan også oppstå som følgje av negative erfaringar. Opplevinga av å bli diskriminert og mangelen på positive tilbakemeldingar fører til identifisering med menneske som har opplevd det same. Identitet som homofil kan vere med på å redusere problema for den enkelte. Dersom diskrimineringa tek slutt, vil homofile og lesbiske kanskje i større grad vektleggje heilt andre identitetsfellesskap: at dei er ungdom, studentar, akademikarar og så vidare.

<sup>63)</sup> Træen (1995) op.cit.

<sup>64)</sup> Hylland Eriksen, Thomas (1997) Identitet. I Hylland Eriksen, Thomas (red) *Flerkulturell forståelse*. TANO Aschehoug.

### 4.3.1 Seksuelle opplevingar i barndommen

For barn og ungdom er det ikkje uvanleg å ha seksuelle opplevingar med eige kjønn, utan at vedkomande dermed kjem til å utvikle ein homofil identitet seinare i livet. Dette dreier seg om ei form for vennskap, erotisk leik eller utforsking. Hos somme held denne erotiske leiken med personar av eige kjønn fram også utover ungdomstida og inn i vaksen alder, utan at dette influerer på den heterofile preferansen deira.<sup>65)</sup>

Tidlegare forskning, mellom anna Kinsey<sup>66)</sup> presenterte ein homoseksualitetsskala (frå 0-6), og meinte at det var glidande overgangar frå dei som oppgjev at dei er berre heteroseksuelle (0) via biseksuelle (3) til dei som opplyser at dei er berre homoseksuelle (6). Etter det Kinsey fann ut om den amerikanske befolkninga, hadde 37 prosent av mennene og 15 prosent av kvinnene hatt homoseksuelle forhold som vaksne. Likevel viste undersøkinga at berre 4 prosent av mennene og 2-3 prosent av kvinnene oppgav at dei var eksklusivt homoseksuelle. 13 prosent av mennene og 15 prosent av kvinnene hadde homoseksuelle kjensler utan at dei hadde hatt homoseksuelle opplevingar. Biletet er med andre ord svært samansett.

Etter representative tal frå Statens Institutt for folkehelse har mellom tre og fire prosent av alle nordmenn hatt samleie med ein eller fleire personar av same kjønn. Blant 18-19-åringar i 1987 oppgav 4,9 prosent av mennene og 5,2 prosent av kvinnene at dei hadde hatt seksuell omgang med ein av same kjønn. I eldre aldersgrupper var det noko færre.<sup>67)</sup> Det blir peikt på at med eit overslag på ca. 5 prosent av befolkninga, snakkar vi i Noreg om godt over 200.000 barn og vaksne som anten kjenner, eller kjem til å kjenne seg seksuelt tiltrekte berre av personar av same kjønn.<sup>68)</sup>

Det er ikkje sikkert det er rett å karakterisere ein person som anten heteroseksuell, biseksuell eller homoseksuell.<sup>69)</sup> Det vil vere rettare å presisere innhaldet, til dømes at ein person blir mest forelska i det same/motsette kjønn, eller at ein person for det meste eller berre blir seksuelt opphissa av det same/motsette kjønn. Det er mogleg å ha homoseksuelle kjensler utan å ha homoseksuelle opplevingar. Det er mogleg å vere forelska i ein person av motsett kjønn samstundes som ein blir seksuelt opphissa av personar av same kjønn. Det er rimeleg å rekne med at graden av hetero- og homoseksualitet hos den enkelte kan variere uavhengig av kvarandre over tid, og at sosiale samanhengar kan vere avgjerande. Omgrepet *situasjonell homoseksualitet* er nytta om tilfelle der til dømes innsette i fengsel praktiserer homoseksuell aktivitet utan at dei av den grunn reknar seg som homofile.<sup>70)</sup>

I ein omtale av menn som har sex med menn i Gøteborg i tida rundt andre verdskrigen, blir det operert det med to kategoriar menn: «såna» og «riktiga

<sup>65)</sup> Langfeldt, Thore (1992) *Sexologi*, Ad Notam Gyldendal og Træen (1995) op.cit.

<sup>66)</sup> Kinsey, A.C. m.fl. (1948) *Sexual behaviour of the human Male*, Philadelphia and London og Kinsey, A.C. m.fl. (1953) *Sexual behaviour of the human Female*, Philadelphia and London.

<sup>67)</sup> Træen (1995) op.cit.

<sup>68)</sup> Anderssen, Norman og Svendsen, Per Kristian (1997) Helsefremmende arbeid overfor unge lesbiske og homofile i *Ungdom, livsstil og helsefremmende arbeid*.

<sup>69)</sup> Langfeldt (1993) op.cit.

<sup>70)</sup> Træen (199t) op.cit.



karlar». <sup>71)</sup> Førstnemnde kategori er homoseksuelle og gjerne litt feminine menn, medan den siste kategorien er unge, heteroseksuelle menn frå arbeidsklassen, og dessutan gatar og matrosar. Ei forklaring på at heteroseksuelle menn oppsøker homoseksuelle, er at kvinner er lite tilgjengelege, og fenomenet kan derfor ha samband med seksualmoralen på den tid. Same fenomenet er omtalt i ei undersøking av homoseksuelle menn og partnarane deira i våre dagars Mexico by. <sup>72)</sup>

Det er altså vanleg å skilje mellom homoseksuelle handlingar, som kan vere situasjonsbestemte og knytte til livsfase på den eine sida, og det å vere homofil på den andre sida. Det som karakteriserer ein homofil, er at vedkomande både forelskar seg i og blir seksuelt tiltrekt av personar av eige kjønn. I somme studiar fortel lesbiske og homofile at dei har visst om kjenslene sine heilt sidan dei var barn - ned til 6-7 års alderen. Den homofile identiteten meiner ein dermed ikkje blir til i puberteten, men lenge før. <sup>73)</sup> Amerikansk forskning stadfestar tanken om at tiltrekking til eige kjønn blir oppdaga tidleg, men alderen set dei snarare til 10-12 års alderen. <sup>74)</sup>

Også i NOVA-undersøkinga fortel dei som er intervjuar, om forelskingar og tiltrekking til eige kjønn ned til 10-12 års alderen. Fleire fortel at dei blei tiltrekte av eige kjønn eit par år før dei hadde noka oppfatning av seg sjølv som lesbiske eller homofile. Dette blir omtalt som «lengselen etter ein bestevenn», «forelsking i andre jenter», «sverma for ei lærarinne» osv. Når kvinner fortel om dei første lesbiske erfaringane sine, legg dei større vekt på forelsking enn seksuell tiltrekking. Mennene fortel derimot om seksuelle erfaringar med andre gutar frå barneskolen og oppover. Det dreidde seg om seksuelle leikar som ein integrert del av kameratskapen. Dette har i liten grad vore bunde saman med skam- eller skyldkjensle.

Mellom dei som er intervjuar i NOVA-undersøkinga, fortel 15 av 21 homofile og lesbiske om ei ikkje-konform kjønnsrolleåtferd i barndommen. Kvinner fortel at dei likte best å leike med gitar, spele fotball og nekta å gå kledde i kjole. Fleire av mennene fortel at dei leikte mest med jenter, at dei hata fotball, likte dokker og glansbilete, og heldt seg langt unna slåstkampar med andre gutar. Nokre fekk problem fordi dei braut med dei forventningane som omgjevnadene retta mot dei, utan at dei dermed hadde tankar om at dei var homofile. Dei fleste fortel likevel om ein barndom som ikkje skil seg frå det ungar flest opplevde. Etter NOVA-undersøkinga er det først i overgangen til puberteten at dei intervjuar har kjent seg klart annleis enn andre ungdommar. At dei var annleis, viste seg først og fremst i at dei forelska seg i personar av same kjønn.

Dei som er intervjuar i NOVA-undersøkinga, var alle vaksne, og livsforteljingane deira er baserte på det den enkelte hugsar om eigen barndom og eige

<sup>71)</sup> Nilson, Arne (1998) *Såna och riktiga karlar: om manlig homosexualitet i Göteborgs decenniar kring andra världskriget*. Anamma forlag.

<sup>72)</sup> Prieur, Annick (1994) *Isenesettelser av kjønn - Transvestitter og machomenn i Mexico by*. Pax forlag.

<sup>73)</sup> Langfeldt (1992) op.cit.

<sup>74)</sup> Troiden, Richard R. (1989), The Formation of Homosexual Identities, i Herdt; *Gay and Lesbian Youth*, NY.

ungdomsliv. Dette reiser eit metodisk problem som blir drøfta i rapporten: Gjev forteljingane til den vaksne personen eit rett bilete av korleis han/ho som barn faktisk opplevde denne perioden? Forteljingane representerer forsøk på å finne ankerfeste for noverande identitet i eins eiga fortid. Livshistoriene kan ein sjå på som filtrerte forteljingar: Av ei rekkje moglege minne er det primært dei som har relevans for individet sin konstruksjon av personleg identitet og relasjonar til andre i notida, som faktisk blir hugsa.

Ein del amerikanske undersøkingar fortel også om at menneske som seinare definerer seg som homofile eller lesbiske, kjende seg marginale og annleis i eigen barndom.<sup>75)</sup> Dette kan til dømes gje seg uttrykk i ei sterkare interesse for kunst og intellektuelle syslar enn jamaldrande, og mindre interesse for typiske gute- eller jenteleikar. Kjensla av å vere annleis er som regel knytt til heilt andre forhold enn seksualitet. Berre eit mindretal har eit bilete av seg sjølv som *seksuelt* annleis eller som homoseksuelle før 12-årsalderen. Sjølv om barn deltek i seksuelle leikar med sitt eige eller det andre kjønn, ser dei ikkje ut til å definere slik seksuell eksperimentering i termar av homo- eller heteroseksualitet.

Opplevinga av å vere annleis som barn gjeld ikkje alle som seinare definerer seg som lesbiske eller homofile, går det fram av den amerikanske forskinga. Den viser vidare at ein del heterofile også rapporterer om ei kjensle av å vere annleis. Forskinga gjev med andre ord ikkje noko eintydig bilete av lesbiske og homofile som ei annleis eller marginal gruppe. Desse forskingsresultata blir utdjupa seinare.

#### 4.3.2 Biseksualitet

Somme menneske definerer seg verken som homofile/lesbiske eller heterofile; dei opplever derimot at dei blir tiltrekte av begge kjønn. Biseksualitet er vanskeleg å definere og avgrense. Somme biseksuelle forelskar seg i og har seksuell omgang med begge kjønn, medan andre har sex med begge kjønn, men forelskar seg berre i det motsette kjønn. Nokre biseksuelle har sex med både menn og kvinner parallelt, medan andre vekslar med ulike kjønn over tid. Biseksualitet definerer vi kanskje best ved å slå fast kva det *ikkje* er, nemlig berre homo- eller heteroseksualitet.

Ei mogleg tilnærming til biseksualitet er å sjå han som ein fase i det å kome ut som homoseksuell. Det å stå fram som biseksuell i ein periode av livet kan opplevast mindre trugande enn å erklære seg som homoseksuell. Det blir då venta at personen etter ei viss tid vil ta steget fullt ut. Ei anna tilnærming går ut på å sjå biseksualitet som ein eigen kategori, eller ein tredje storleik. Ein slik tredje kategori kan likevel også lett bli for statisk til å fange opp dei mange uttrykksformene som biseksualiteten har.

Det er tidlegare omtalt korleis ein kan sjå på seksualitet som plassering på ein skala frå dei som er berre heteroseksuelle, via biseksuelle, til dei som er berre homoseksuelle.<sup>76)</sup> Gjennom ei slik forståing stiller ein spørsmålsteikn ved om menneska er anten heteroseksuelle eller homoseksuelle. I staden oppløyser ein kategoriane, og seksualitet blir gjort til ein sjølvstendig storleik. Det

<sup>75)</sup> Troiden (1989) op.cit.

<sup>76)</sup> Kinsey (1948 og 1953) op.cit.

er tidlegare peikt på at graden av hetero- og homoseksualitet kan variere uavhengig av kvarandre over tid, og at sosiale samanhengar vil kunne vere avgjerande.<sup>77)</sup> Det er mogleg å sjå på kjærleik, seksualitet og identitet som opne og foranderlege kategoriar som kan påverkast av situasjonsavhengige forhold. Biseksualitet er i så fall uttrykk for eit mangfald som inneber at eit menneske ønskjer å ha alle valalternativ opne.

I og med at bifile kan forelske seg og knyte relasjonar til personar av begge kjønn, vil dei i varierende grad ta del i eit homofilt/lesbisk og heterofilt miljø. Dette kan ha både positive og negative konsekvensar. Det positive ligg i at ein open bifil kanskje i større grad enn både heterofile og homofile/lesbiske kan inngå i eit meir mangfaldig sosialt og kulturelt fellesskap.<sup>78)</sup> Dei kan dermed på ein meir fullstendig måte vere integrerte i sosiale miljø med ulike livserfaringar og -syn. Det negative kan likevel kome til uttrykk ved at bifile kan ha eit meir problematisk forhold til eigen identitet. Som bifil kan ein oppleve å stå både innanfor og utanfor eit lesbisk/homofilt så vel som eit heterofilt fellesskap, og det er denne ambivalensen som då kan gjere identitetsdanninga vanskeleg.

### 4.3.3 Kome-ut-prosessen

Det å gradvis definere seg som homofil eller lesbisk blir i litteraturen kalla for kome-ut-prosessen. I ein amerikansk studie er utviklingsgangen av lesbisk/homofil identitet i ungdomsåra omtalt i fire stadium.<sup>79)</sup> Utviklinga startar med ein nøytral kjennskap til homoseksualitet som forskjellig frå heteroseksualitet, ei viss erkjenning av at ein sjølv er annleis og ein gryande mistanke om at ein sjølv er lesbisk/homofil. Deretter startar ein periode med ei viss testing og utprøving - ein begynner å ta kontakt med andre lesbiske og homofile ungdommar eller miljø, og med dette følgjer bortforklaringar og stor uro. Etter kvart skjer ei akseptering av eigen identitet som homofil/lesbisk, og til slutt ei integrering av denne identiteten i andre delar av identiteten hos personen - den unge ser det som heilt ok å vere lesbisk eller homofil.

Aldersspennet som utviklingsgangen går over, er ofte frå 11-12 års alderen til tidleg i 20-åra. Dei individuelle variasjonane er likevel store. Tidsspennet for jenter er, etter somme forfattarar, gjerne lengre enn for gutar, og utviklinga skjer meir langsamt og flytande enn det dei stadia som er nemnde ovanfor, indikerer. For gutar ser det ut til at erkjenninga kjem meir brått.<sup>80)</sup>

Nedanfor følgjer ein noko meir utførleg presentasjon av ein modell for utvikling av homofil identitet basert på ein amerikansk studie.<sup>81)</sup> Tanken der er at det å nå fram til ein homofil identitet inneber ei oppsamling av ein serie viktige hendingar som involverer seksualitet. Hendingane byggjer opp til ei seinare identifisering som homofil. Modellen er bygd opp av fire stadium, og

<sup>77)</sup> Langfeldt (1992) op.cit.

<sup>78)</sup> Simonsen, Dag Robin (1994) *Biseksuelle menn - lyst, livsform, identitet*. Hovudfagsoppgåve i sosiologi. Universitetet i Oslo.

<sup>79)</sup> Omtalen av fasane er henta frå Sophie J.: A critical examination of stage theories of lesbian identity development. *Journal of Homosexuality* 1986; 12: 39-51.

<sup>80)</sup> Anderssen og Svendsen (1997) op.cit.

<sup>81)</sup> Modellen, som byggjer på innlegg frå ei rekkje forfattarar, er omtalt i Troiden, R. (1989) op.cit.

er basert på innlegg frå mange forfattarar. Det blir presisert at stadia i modellen ikkje heilt speglar av røyndommen; det er snakk om ein idealtipe-modell der det ikkje er sikkert at nokon passar nøyaktig inn. Men modellen er ein måte å organisere konkrete observasjonar på til analytiske og komparative formål.

*Første stadium: Sensitivisering (sensitization).* Stadiet kjem inn før puberteten og er kjenneteikna av ei generell kjensle og oppleving av å vere annleis enn jamaldrande gutar og jenter (omtalt ovanfor). Både lesbiske og homofile rapporterer at denne kjensla hadde samanheng med at interessene og åtferda deira som barn var atypisk for jamaldrande av eige kjønn. Desse barndomsopplevingane tener etter kvart som basis for den gryande sjølvoppfatninga som lesbisk eller homofil. Men dei sosiale kategoriane homoseksuell, heteroseksuell og biseksuell har lite eller ingenting å seie for barn på dette stadiet.

*Andre stadium: Identitetsforvirring (identity confusion).* Gjennom puberteten begynner lesbiske og homofile å reflektere over at deira eigne kjensler og deira åtferd kan tenkjast å tyde på at dei er homoseksuelle. Dette kan føre til identitetsforvirring, indre uro og usikre oppfatningar rundt eigen seksualitet. Homofile og lesbiske møter identitetsforvirringa med ulike strategiar som: å fornekte, ta avstand frå, prøve å rette opp/endre gjennom til dømes å oppsøkje profesjonell hjelp, og å unngå/omgå eller redefinere. Den siste strategien som blir nemnd, er akseptering. Det skjer ei akseptering når unge menn og kvinner erkjenner at handlingane, kjenslene og fantasiane deira kan vere homoseksuelle, og når dei begynner å søkje etter informasjon. Kategorien homoseksualitet hjelper den enkelte til å setje ord på kjenslene sine. Når denne strategien blir teken i bruk, er ho/han på veg over i neste stadium.

*Tredje stadium: Godteken lesbisk/homofil identitet (identity assumption).* Når den enkelte definerer seg som lesbisk eller homofil og går inn i denne identiteten, varierer. Når det gjeld alder, reknar ein med at mellom 19 og 21 år er vanleg for menn og mellom 21 og 23 år for kvinner. Somme undersøkingar går i retning av ein lågare alder blant menn. Møtet med andre homofile/lesbiske har avgjerande innverknad. Dersom denne kontakten er negativ, kan den enkelte unngå vidare kontakt. Men er han positiv, går den vidare homofile/lesbiske identitetsutforminga lettare. I dette stadiet må den enkelte på ein eller annan måte takle stigmatiseringa som er knytt til homofili. Ulike strategiar blir skildra: den enkelte kan kapitulere, det vil seie unngå homoseksuelle aktivitetar eller kontaktar fordi den internaliserte stigmatiseringa og sjølvforakta blir for stor, ho eller han kan skjule seg og passere som heteroseksuell, eller (gjeld ofte nyomvende) heilt slutte seg til gruppa ved å unngå kontakt med heterofile, ta avstand frå heteroseksuell praksis og idealisere eigne handlingar.

*Fjerde stadium: Forplikting (commitment).* Mange oppnår etter kvart sjølvaksept og er tilfredse med den homofile identiteten og rolla. Det er lettare, meir tiltalande, mindre kostnadskevrande å leve som homofil enn å prøve å fungere som heterofil. I det siste stadiet utviklar personen ein integrert identitet som lesbisk/homofil, og den enkelte kjenner no ei plikt til å leve eit liv i samsvar med denne identiteten. Det å gå inn i eit kjærleiksforhold med ein av same kjønn er ofte starten på ei slik forplikting. Ho kjem til uttrykk i integrerte kjensler og seksuell orientering mot eige kjønn, ei identifisering med den

homofile livstilstanden (state of being) og «livsstil», snarare enn berre ei seksuell orientering. «Dette er normalt, naturleg og rett for meg». Undersøkingar viser at svært få homofile klagar over dette, eller vil endre statusen sin til heteroseksuell sjølv om dette var mogleg.

Den amerikanske studien konkluderer med ein påstand om at den homofile identiteten er ein kontinuerleg prosess for å «bli til». Dette gjeld gjennom heile livet. Ansvarsbindinga som er omtalt ovanfor, er aldri gjeven eller oppnådd ein gong for alle. Ho er ein prosess der ein prøver, men aldri heilt kjem fram. Tid og stad, personlege, sosiale og profesjonelle forhold avgjer graden av engasjement og forplikting.

I spørjeundersøkinga referert i NOVA-undersøkinga blei respondentane spurde om tidspunkt for når dei snakka med nokon om si seksuelle orientering. Svara viser at «kome-ut-alderen» har gått kraftig ned dei seinare åra. Blant dei unge vaksne (25-34 år) var alderen 20,5 år både for menn og kvinner, medan dei eldre (60 år og over) var nærmare 30 år før dei snakka med nokon om si seksuelle orientering. Det går også fram av undersøkinga at menn ofte har ei homoseksuell erfaring først, for sidan å fortelje til andre at dei er homofile. For kvinner er biletet meir samansett; seksuell debut skjer anten samstundes med eller etter at ein har fortalt om den seksuelle orienteringa si til andre. Dette er i tråd med funn i amerikanske studiar, der det blir peikt på at sjølvdefineringa for kvinner gjerne skjer i samband med ein meningsfylt emosjonell kontakt med ei anna kvinne, medan menn gjerne oppnår sjølvdefineringa i ein meir direkte seksuell kontekst.<sup>82)</sup>

NOVA-undersøkinga viser vidare at homofile ofte vel ein utanfor familien når dei for første gong skal fortelje nokon om den seksuelle orienteringa si. Kvinner trur seg først og fremst til ei god venninne, medan menn vel breiare: ein venn, ei venninne eller andre, til dømes lærar, prest, lege, kollega og så vidare. Både mor, far og sysken blir sjeldnare nytta enn venner og venninner, men mor noko oftare enn far og sysken.

Ei intervjuundersøking i Sverige<sup>83)</sup> konkluderer mellom anna med at for somme ungdommar går kome-ut-prosessen relativt smertefritt, medan han for andre resulterer i kriser og til og med sjølv-mordsforsøk. Nokre av dei fortel i intervjuet om ein relativt enkel aksept av eigen homofili, der mellom anna litteratur om temaet hadde hjulpet dei til å forstå fenomenet og til å kjenne seg att. Forfattarane dreg fram at somme av ungdommane hadde klart å arbeide med kjenslene sine på eiga hand og viste stor styrke, trass i mangel på førebilete, mangel på støtte og positiv tilbakemelding frå omgjevnadene. Forfattarane peiker også på dei mange problema som unge møter i denne prosessen: freistnadene på å halde kjenslene løynde, demonstrere «heteroseksualitet» på feil grunnlag, einsemdkjensla, den negative sjølvoppfatninga, påkjenninga ved å teie homofilien i hel, mangelen på positive førebilete, og plaga med dei negative, stereotype bileta av homoseksualitet.

<sup>82)</sup> Troiden (1989) op.cit.

<sup>83)</sup> Henriksson, Benny og Lundahl, Pia (1993) *En intervjustudie gjord på oppdrag av Folkhälsoinstitutet, civildepartementet, Västerås stad samt Västmanlands läns landsting.*

#### 4.3.4 Kva rollemodellar har å seie

For ungdom generelt er utviklinga av eigen identitet viktig. Identiteten blir gjerne skapt i opposisjon til noko anna, som til dømes vaksensamfunnet, eller det heterofile samfunnet. I jakta på eigen identitet blir det viktig å finne rollemodellar - nokon å etterlikne, nokon å identifisere seg med. Det å kjenne seg annleis er noko som svært mange unge slit med - ikkje berre homofile og lesbiske. Å finne ein person som er akkurat slik som den unge sjølv ønskjer å vere, kan lette problema.

I den svenske undersøkinga som er nemnd ovanfor, er dei intervjuja ungdommane eintydig overtydde om at gode førebilete eller rollemodellar ville ha gjort svært mykje til å lette deira eiga homofile og lesbiske identitetsutvikling. Ei av jentene fortel om eit sterkt minne frå 14-15 års alderen, då ho såg to jenter som var saman. «Dei var heilt opne, dei var heilt vanlege jenter, og ein skulle ikkje tru at dei var lesbiske, dei var så fine mot kvarandre,» seier ho. Slike bilete meiner forfattarane har stor verdi, «dei etsar seg fast og fungerer som sinnsbilete for noko som kan bli verkeleg i framtida».

Henriksson og Lunddal peiker også på den store interessa innanfor den homoseksuelle kulturen for informasjon om den eventuelle homoseksualiteten hos «kjende» personar.

Møtet med andre lesbiske og homofile blir i NOVA-undersøkinga skildra som svært positive minne. Somme søker opp miljø og foreiningar for homofile og lesbiske, tek telefonkontakt, finn fram til utestader, eller treffer meir eller mindre tilfeldig menneske som sjøve er homofile/lesbiske. Det kjem klart fram kor viktig det er å ha tilgang til positive rollemodellar i avklaringsfasen. Det blir også poengtert at møtet med eit miljø gav den enkelte eit mykje meir nyansert syn på kva det vil seie å vere lesbisk/homofil. Det gav forståing for at lesbiske kvinner og homofile menn er like forskjellige seg imellom som dei heterofile er, og at stereotype oppfatningar ofte er feil.

#### 4.3.5 Tilbakemelding frå skole og samfunn

Tidlegare undersøkingar har peikt på at mange kjenner seg i eit sosialt tomrom når dei skal tre inn i sitt homofile eller lesbiske liv. Dei får inga stadfesting på eigen gryande seksualitet på same måten som heterofile ungdommar. NOVA-undersøkinga gjer greie for korleis mange lesbiske og homofile i tenåra las alt dei kunne kome over av bøker og oppslagsverk om temaet, alt frå vekebladartiklar til helseopplysningsbøker. Informasjonen dei fekk, var av og til avskrekkande, men som oftast nøytral. Litteraturen hjalp til ein viss grad dei unge til å finne omgrep som dei kunne kople til egne opplevingar. Men inntrykket er at den tilgjengelege informasjonen var mangelfull og ikkje eigna til å gje dei svara som dei unge trong.

Dette understrekar kor viktig det er at skolen og samfunnet sørgjer for lett tilgjengeleg informasjon om homofili i den viktige fasen då ungdom tek til å få eit bevisst forhold til sin eigen seksualitet. Dette bør skje innanfor seksualundervisninga i skolen, men like viktig er det at homofili blir omtalt som ein naturleg variant av kjærleik og familieliv innanfor heile spekteret av samfunnsorienterte fag. Det er viktig at skolen formidlar denne informasjonen på ein måte som gjer at ein også snakkar til eventuelle homofile eller lesbiske elevar i klassen. Målsetjinga for undervisninga må ikkje berre vere å redusere fordommar blant heterofile elevar, ein må gje homofile og lesbiske elevar ei posi-

tiv tilbakemelding.<sup>84)</sup> Det er peikt på at utviklinga av Internett som kommunikasjonskanal dei siste åra gjev dei unge ein sjanse til både å hente informasjon og treffe andre homofile via diskusjonsgrupper og «chatting».

Også samfunnslivet generelt bør i større grad synleggjere homofili som ei akseptert samlivsform, via media og kulturliv. Gevinsten av auka informasjon og aksept i samfunnet vil vere stor for dei ungdommane som er i ferd med å avklare den homofile orienteringa si. Desse ungdommane vil få styrkt den positive identitetsbygginga. Også overfor ungdom som er heterofile, vil auka informasjon og open innstilling hjelpe til å redusere fordommar og styrkje evna deira til å akseptere mangfald. Dette vil indirekte også kome lesbiske og homofile til gode.

#### 4.4 Forholdet til foreldre og familie

---

Det er ikkje vanskeleg å tenkje seg at ungdom som bryt med dei vanlege forventningane i samfunnet og forelskar seg i ein person av same kjønn, har problem med å fortelje dette til foreldra. Undersøkingar stadfestar at ungdom ofte kvier seg for og ventar lenge med å fortelje foreldra at dei er lesbiske eller homofile. Dei same undersøkingane viser likevel at dei fleste foreldre aksepterer dette når dei får litt tid på seg. Det finst også døme på avvisande reaksjonar.

Mange foreldre signaliserer avvising og likesæle til seksuelle kjensler hos barn. Dette fører til at seksuelle konfliktrar heller ikkje kjem for dagen, og at problem blir konserverte og meir eller mindre uløyselege. Unge homofile er redde for reaksjonen frå foreldra, og sjølv med foreldre som i utgangspunktet stiller seg opne til homofili, blir det vanskeleg for den homofile ungdommen å opne seg.<sup>85)</sup>

NOVA-undersøkinga viser at homofile og lesbiske ofte vel andre enn dei nærmaste familiemedlemmene når dei for første gong skal fortelje nokon om si seksuelle orientering. Dei fleste ventar at foreldra vil ha problem med å akseptere at ein son eller ei dotter er homofil/lesbisk, og dei ser det derfor som svært vanskeleg å fortelje foreldra om orienteringa si. Spørjeskjemaundersøkinga viser likevel at det er få som skjuler at dei er homofile eller lesbiske overfor alle familiemedlemmene; berre 4 prosent av kvinnene og 8 prosent av mennene skjuler si seksuelle orientering overfor mor, far og sysken. Om lag ni av ti seier at foreldra deira veit at dei er lesbiske/homofile. Homofile menn lever i større grad skjult overfor foreldra enn lesbiske kvinner. Både menn og kvinner er i større grad opne overfor mødrene sine enn overfor fedrane.<sup>86)</sup>

På spørsmål om korleis din nærmaste familie stiller seg til deg som lesbisk eller homofil *i dag*, svarer ni av ti at foreldra stiller seg stort sett eller ganske

<sup>84)</sup> Sjå nærmare omtale i kapittel 5.

<sup>85)</sup> Langfeldt (1992) op.cit.

<sup>86)</sup> 8 prosent av mennene og 13 prosent av kvinnene i NOVA-undersøkinga seier at ingen av foreldra per i dag kjenner til at dei er homofile/lesbiske. 10 prosent av kvinnene og 15 prosent av mennene seier at mor ikkje veit at dei er lesbiske eller homofile, medan 15 prosent av kvinnene og 20 prosent av mennene seier at far ikkje veit om den seksuelle orienteringa deira.

positive. Respondentane blei også spurde om korleis foreldra reagerte *første gongen* dei fekk vite at sonen eller dottera deira var homofil eller lesbisk. Undersøkinga viser at det er skilnader mellom dei som er unge i dag og dei som var unge på 50- og 60-talet. Blant dei som er unge på 90-talet, svarer 49 prosent at mor aksepterer dette, medan 29 prosent seier at ho reagerte negativt.<sup>87)</sup> Blant dei som var unge på 50-talet, var tala 37 prosent (aksepterte) og 23 prosent (reagerte negativt).<sup>88)</sup> Reaksjonane hos far er noko meir negative for begge alderskategoriane. Mange fleire av dei som var unge på 50-talet enn dei som er unge i dag, seier at dei ikkje veit korleis foreldra reagerte. Dette blir forklart med at homoseksualitet tidlegare i større grad var underforstått og underkommunisert. Truleg stiller unge menneske langt større krav til foreldre i dag enn på 50-talet når det gjeld å vere open og gje støtte på alle område.

Reaksjonane frå heterofile venner er meir positive. For 90-talsgruppa seier 90 prosent at vennene reagerte positivt, medan det same var tilfelle med 76 prosent av 50-talsgruppa.

Fleire av dei som blei intervjua, fortel om skuffa og avvisande reaksjonar frå foreldra når dei fortalde at dei var lesbiske eller homofile. Likevel viser undersøkinga at når foreldra får litt tid på seg, får gjennomarbeidd den første reaksjonen, så stiller dei aller fleste seg positive til barna sine. Ikkje sjeldan må barna sjølv hjelpe foreldra med å arbeide seg gjennom reaksjonane. Det går fram at forholdet til foreldra blei betre for dei fleste etter at dei fortalde den nærmaste familien at dei var lesbiske/homofile.

Det er kanskje ikkje så rart at den første reaksjonen hos mange foreldre er negativ. Eigen seksuell identitet og dei rådande normene for seksualitet i samfunnet pregar gjerne forventningane til eins egne barn. Å få sin første kjærast blir som regel møtt med velvilje og applaus frå foreldre og familie. Dette er viktig for sjølvtiliten og den unge si kjensle av å høyre til. Ungdom som oppdagar at dei forelskar seg i same kjønn, har sjølv sagt eit like stort behov som ungdom flest for å bli møtt med positiv godkjenning. Det må sjølv sagt kjennast sårt når den ikkje kjem. Undersøkingane som er refererte ovanfor, viser likevel at godkjenninga som oftast kjem, men det tek tid.

#### 4.5 Haldningar til homofili i minoritetsgrupper

---

Det er grunn til å vere spesielt merksame på ungdom som er lesbiske eller homofile, og som høyrer til ei minoritetsgruppe. Dette kan dreie seg om ungdom frå innvandarmiljø, men også ungdom frå nasjonale minoritetar. I motsetning til det vestlege, moderne synet som går ut på at individet sjølv vel seksualitet og kjærleik, har mange minoritetsgrupper i vårt samfunn eit meir trandisjonsbunde syn. Etter dette synet er familien berebjelken i samfunnet, og seksualiteten er knytt til forholdet mellom mann og kvinne. Kva slags haldningar til homofili finst i ulike minoritetsgrupper, og korleis blir unge homofile og lesbiske møtt av foreldre og familie?

<sup>87)</sup> 17 prosent svarer at mor ikkje veit, og 5 prosent veit ikkje korleis mor reagerte.

<sup>88)</sup> 20 prosent seier at mor ikkje veit, og 20 prosent at dei ikkje veit korleis mor reagerte.



I den islamske kulturen er rolla til familien og ekteskapet sterkt dominerande. Hovudkjelda til islam, Koranen og skriftene der, er eksplisitt i si fordomming av homofili. Homoseksualitet er i dag forboden ved lov i 26 muslimske land. Det er berre tre islam-dominerte land som ikkje har ei lov som forbyr homoseksualitet: Indonesia, Irak og Egypt. Blant dei statane som forbyr homoseksuell praksis, er det seks som har innført dødsstraff: Iran, Afghanistan, Mauretania, Saudi-Arabia, Sudan og Yemen. I Pakistan kan ein få frå 2 til 20 års fengsel.<sup>89)</sup> Homofile og lesbiske i muslimske land må derfor vise stor diskresjon og leve ut si seksuelle orientering i det løynde.<sup>90)</sup>

Som det går fram, veit vi svært lite om korleis det er å tilhøyre ei minoritetsgruppe og samstundes vere lesbisk eller homofil i Noreg. Det er behov for forskning på dette området.

#### 4.6 Haldningar til homofili blant ungdom

---

I samband med NOVA-undersøkinga blei det i mars 1998 gjennomført ei opinionsundersøking for å måle haldningane i den norske befolkninga til livssituasjonen for lesbiske og homofile. Denne undersøkinga er nærmare omtalt i kapittel 7. Det er ein tendens i dette materialet til at yngre menneske har meir liberale haldningar til homofile og rettane deira enn eldre. Dette har samanheng med at haldningane i samfunnet har endra seg over tid, slik at ein større del av befolkninga er positive til homofile sine rettar i dag enn tidlegare.<sup>91)</sup>

Men undersøkinga viser framfor alt at det er dei som har nære venner og kjende som dei veit er lesbiske/homofile, som er mest positive i sitt syn på lesbisk og homofil kjærleik, samliv og seksualitet.

Det har blitt hevda at barne- og ungdomskulturen er svært konform når det gjeld synet på homoseksualitet, og at intoleransen til homoseksualitet synest sterkare i ungdomsåra enn i vaksen alder.<sup>92)</sup> I ei undersøking blant norsk ungdom<sup>93)</sup> blei dei unge bedne om å rangere 37 ulike ungdomsgrupper på ein skala frå 1 til 10 som indikator på om dei likte eller ikkje likte gruppa. Døme på andre ungdomsgrupper var ungdom som jobbar for dialekt eller nynorsk, militærnektarar, homofile ungdommar, satanistar, idrettsungdom m.fl. Homofile ungdommar blei plasserte nesten nedst på rangstigen. Undersøkinga tyder på at ungdom har negative haldningar overfor lesbiske og homofile. Men det er viktig å vere merksam på at denne undersøkinga ikkje måler haldningar overfor ein konkret homofil eller lesbisk person, men overfor fenomenet reint allment. Fenomenet er kalla både homofobi og homonegativisme. Somme forfattarar unngår bevisst å bruke uttrykket homofobi, fordi dette inneber ei sjukeleggjering av personar med negative haldningar,

<sup>89)</sup> Sja *Breaking the silence - Human Rights Violations Based on Sexual Orientation*. Utgitt av Amnesty International, London 1997. Sja også web-sidene til The International Lesbian and Gay Association: <http://www.ilga.org>.

<sup>90)</sup> Vi viser til kapittel 3 i denne meldinga, der det blir gjort greie for det vernet Utlendingslova gjev for homofile utlendingar som blir forfølgde i heimlandet.

<sup>91)</sup> Samanhalde med Scan-Facts undersøkingar i 1983, 1989 og 1992.

<sup>92)</sup> Langfeldt (1993) op.cit.

<sup>93)</sup> Øya, T. (1994) *Norske ungdomskulturer*. Oplandske Bokforlag. Undersøkinga har eit utval på 5.400 ungdommar frå heile Noreg.

og fordi det peiker i retning av irrasjonalitet og fryktreaksjonar hos enkeltindivid. Uttrykket homonegativisme viser til at ein også må forstå fenomenet på samfunnsplanet.<sup>94)</sup>

Ulike undersøkingar av dei haldningane ungdom har til homofili, viser noko sprikjande resultat. Haldningsundersøkinga referert i NOVA-undersøkinga tyder på at ungdom har relativt liberale haldningar, og at dei i større grad enn eldre alderskategoriar går inn for lesbiske og homofile sine sosiale rettar på ei rekkje område. Andre undersøkingar som er refererte ovanfor, tyder derimot på at mange ungdommar har negative haldningar til homofile og lesbiske. Dei ulike undersøkingane har nytta svært ulike metodar og mål for å finne ut av haldningane hos ungdom. Dei er derfor ikkje lette å samanlikne. Det er likevel eit gjennomgåande poeng at det å kjenne homofile og lesbiske personar gjer mykje til at haldningane blir endra i positiv retning. Det er også eit gjennomgåande funn at jenter har meir positive haldningar til homofili enn gutar.

#### 4.7 Å vere synleg, trakassering og vald

---

NOVA-undersøkinga gjev data om korleis homofile og lesbiske opplever det å vere synleg i det offentlege rommet: på gater, på offentlege transportmiddel og restaurantar. Den enkelte si oppleving av om det er «tillate» å vise sin kjærleik til ein person av same kjønn eller ikkje, seier også ein del om haldningar og forventningar. Spørjeskjemaundersøkinga viste at fleire kvinner enn menn meiner at dei er synlege som lesbiske/homofile på gata eller i andre samanhengar. Vidare er det ein klar tendens til at yngre, særleg dei under 25 år, er meir synlege enn dei eldre. Intervjuundersøkinga viser at det å leie kjærasten eller på andre måtar vise sin kjærleik blir opplevd som spennande, men at det også fører med seg frykt for negative reaksjonar.

Å vere synleg som lesbisk/homofil kan føre med seg auka risiko for å bli utsett for ulike former for trakassering eller vald. Trakassering kan skje både direkte, til dømes gjennom nedsetjande kommentarar, og indirekte, til dømes negative eller krenkjande utsegner om lesbiske og homofile i media eller på annan offentleg stad. Fleire av dei som blei intervjuet, gav døme på at dei var blitt munnleg trakasserte av personar i tenesteytande yrke. Eit av døma var ein kvinneleg kelner som valde å oversjå ei bestilling, noko som kom av at to av dei mannlege gjestene ope viste at dei var kjærastar.

I spørjeskjemaundersøkinga oppgav 4 prosent av kvinnene og 5 prosent av mennene at dei hadde blitt utsette for vald i løpet av det siste året. Samanlikna med den generelle befolkninga er tala 2 prosent og 5 prosent.<sup>95)</sup> Lesbiske kvinner er altså noko meir utsette for vald enn kvinner i den generelle befolkninga, medan dette ikkje er tilfelle for menn. Det er her snakk om svært små skilnader. Når det gjeld trugsmål om vald, er skilnadene noko større både hos menn og kvinner samanlikna med den generelle befolkninga. 7 prosent av kvinnene og 13 prosent av mennene har opplevd trugsmål om vald. Her er tilsvarende tal for den generelle befolkninga 4 prosent for begge kjønn. 20 prosent av lesbiske kvinner og 38 prosent av homofile menn seier at dei minst ein

<sup>94)</sup> Andersen og Svendsen (1995) op.cit.

<sup>95)</sup> *Levekårsundersøkinga 1995.*

gong i løpet av livet er blitt utsette for vald eller trugsmål om vald som hadde samanheng med den seksuelle orienteringa deira.

Både når det gjeld vald og trugsmål om vald, er unge lesbiske og homofile under 25 år mest utsette: 20 prosent av kvinnene og 28 prosent av mennene i denne alderskategorien er blitt utsette for vald eller trugsmål siste året, mot 7 prosent og 19 prosent i den generelle befolkninga. I aldersgruppa under 25 år er den prosentvise delen av lesbiske kvinner som har blitt utsette for trugsmål siste året, over fem gonger så høg som i den generelle befolkninga.

Når det gjeld mennene, ser det ut til at det mest vanlege er å bli utsett for trugsmål eller vald av ukjende gjerningsmenn på ein offentleg stad. For kvinnene kjem vald og trugsmål om vald både frå ukjende på offentleg stad, men også i eigen heim eller i annan privat heim. Ein større del av kvinner enn menn seier at gjerningsmannen anten var ein kjenning eller ein nærstående person (kjæ rast, familiemedlem). Ein del av valds- og trugsmålstilfella blant lesbiske kvinner kan dreie seg om konflikantar mellom partane i eit parforhold eller mellom venner og kjende. Det kan også tenkjast at ein del kvinner har blitt utsette for vald frå medlemmer av opphavsfamilien. 32 prosent av mennene og 23 prosent av kvinnene seier at dei var påverka av alkohol då valds- eller trugsmålepisoden skjedde. Tre firedelar av mennene og 59 prosent av kvinnene meiner at valds- eller trugsmålepisodane hadde samanheng med den seksuelle orienteringa deira. Dei kan, etter NOVA-undersøkinga, ha blitt identifiserte som lesbiske eller homofile ved at dei heldt til på stader som blir knytte til lesbiske og homofile, eller ved at dei ope gav uttrykk for kjenslene sine overfor kjæ rasten på ein offentleg stad.

Samanlikna med menn i den generelle befolkninga er homofile mykje meir urolege for å bli utsette for vald eller trugsmål når dei går ut åleine. Det er mellom dei yngste, som også gjev opp at dei er meir synlege, at frykta er størst.

#### 4.8 Tiltak

---

Det må vere eit klart mål at ungdom som har ei homofil eller lesbisk livsform, skal kunne ha dette utan å bli utsette for fordø mmande haldningar. Diskriminering, vald, trugsmål og trakassering er uakseptabelt, anten dette skjer i private eller offentlege samanhengar. Det er også eit klart mål at unge homofile og lesbiske bør få positive tilbakemeldingar på det å vere homofil eller lesbisk til dømes i skolen. Kva kan samfunnet elles gjere for å fremje akseptierende haldningar overfor homofile og lesbiske og hindre at dei opplever diskriminering?

Målgrupper for aktuelle tiltak er for det første ungdommen sjølv, både enkeltpersonar og ungdom generelt. Andre målgrupper er foreldre, personar som arbeider med ungdom, og den generelle befolkninga. To hovudstrategiar er moglege når det gjeld tiltak, dei kan vere spesifikke eller generelle. Informasjonstiltak kan til dømes handle om homofil og lesbisk ungdom spesielt, eller dei kan handle om ungdom og seksualitet generelt. Ei rådgjevingstene ste kan til dømes vere retta mot unge lesbiske og homofile spesielt, eller ho kan vere retta mot ungdom på generell basis. Faren ved spesifikke tiltak ligg i at gruppa homofile og lesbiske blir dregne ut som ein eigen kategori, og gjen-

nom det oppnår ein ikkje den normaliseringa som må til for å fremje akseptering av gruppa. Faren ved å satse på generelle tiltak er at gruppa homofile og lesbiske ikkje blir nok synleggjord, og at dei gjennom det blir «gløynde».

Informasjon må rettast mot ungdom, foreldre, fritidsleiarar og den generelle befolkninga. Vi viser til tiltaka i kapittel 6 i meldinga: opplæring innanfor familieverntenesta og utviding av tilbodet til Rådgevingstenesta for homofile og lesbiske. Når det gjeld tiltak overfor ungdom, bør dei setjast inn i ramma av både skolen og helsestellet. Vi viser derfor til kapittel 5 og 8 i meldinga.

I tillegg til dette vil regjeringa fremje desse tiltaka:

- Det vil bli laga informasjonsmateriell om ungdom og seksualitet, der homofili er med, retta mot foreldre innanfor Foreldrerettleiingsprogrammet som Barne- og familiedepartementet er ansvarleg for. Målet er å styrkje evna hos foreldre til å støtte barn i identitetsutviklinga. Tilsvarande informasjon skal distribuerast til foreldre som ikkje kjem i kontakt med Foreldrerettleiingsprogrammet.
- Tilsvarande informasjonsmateriell blir utarbeidd overfor personar som arbeider med ungdom: fritidsleiarar, idrettsleiarar, leiarar i barne- og ungdomsorganisasjonar.
- Det blir sett i gang forskning for å kartleggje haldningar til homofili i minoritetsgrupper, og korleis unge homofile og lesbiske blir møtt av foreldre og familie innanfor dei same minoritetsgruppene.
- Det blir gjeve støtte til bøker, film, video- og TV- program der målet er å skape større aksept for homofili blant ungdom generelt, og å skape attkjenning og sjølvaksept hos ungdom som er lesbiske eller homofile.

## 5 Skole og utdanning

### 5.1 Innleiing

---

Det finst få møteplassar der styresmaktene kan nå heile eller store delar av folket. Skolen er likevel ein slik møteplass. Heile barne- og ungdomsbefolkninga og mange vaksne har skolen som fellesarena, og skolen er ein sentral institusjon i lokalmiljøa. Det er derfor avgjerande at spørsmål som er viktige både for samfunn og kultur og for enkeltmenneske, kjem fram og blir reflekterte over på denne arenaen.

Eit overordna mål for opplæringa i skolen er å «utvide barns, unges og voksnes evner til erkjennelse og opplevelse, til innlevelse, utfoldelse og deltakelse». <sup>96)</sup> Læreplanen stiller store krav til kreativitet, kritisk sans og sosialt medvit, og i skolen skal vi skape og utvikle kunnskap, danning og solidaritet. Tema som kjærleik og seksualitet generelt, og seksuell orientering og identitet spesielt, bør derfor takast opp og få lys over seg frå fleire synsvinklar.

I NOVA-undersøkinga blei dei spurde bedne om å rangere saker som dei meinte var viktige for den homofile og lesbiske befolkninga. Den saka som blei prioritert høgast, var å styrkje informasjonen om homofili i undervisninga i skolen. <sup>97)</sup> Vi vil derfor fokusere på kor viktig det er med informasjon og undervisning om homoseksualitet og homofil og lesbisk identitet i dette kapitlet.

Det finst dessverre lite kunnskap om kor mykje plass temaet homofili faktisk har i undervisninga i den norske skolen i dag. I alle fall er skoleverket pålagt å dekkje dette innanfor rammene av læreplanverket generelt og enkelte fagplanar spesielt. Innanfor høgare utdanning har vi også lite kunnskap om i kva grad dette er tema ved dei ulike skolar og studium.

### 5.2 Lesbisk og homofil ungdom i skolen

---

Undersøkingar viser at i overkant av 5 prosent av befolkninga har hatt seksuelt samvær med personar av same kjønn. <sup>98)</sup> Dette vil likevel ikkje seie at like mange nødvendigvis ser på seg sjølve som lesbiske eller homofile. Statistisk sett vil 1-2 elevar i kvar skoleklasse etter kvart finne ut at dei er lesbiske eller homofile. Vi veit samstundes at gjennomsnittsalderen for å stå fram som homofil er ca. 18 år og som lesbisk ca. 24 år. Mange av desse ungdommane vil dermed halde den emosjonelle og seksuelle orienteringa si skjult gjennom heile eller store delar av skolegangen.

---

<sup>96)</sup> *Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen*. Det kongelege kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartement 1996. s. 15.

<sup>97)</sup> NOVA-undersøkinga s. 313.

<sup>98)</sup> Mellom anna viser «Rapport fra seksualvaneundersøkelsene i 1987, 1992 og 1997» (s.9) frå Statens institutt for folkehelse at 5,1 prosent av kvinnene og 6,7 av mennene har hatt seksuelt samvær med personar av same kjønn (sjå [www.folkehelsa.no/filer/pdf/sex8797/pdf](http://www.folkehelsa.no/filer/pdf/sex8797/pdf))

Ungdom generelt opplever som regel forelskingar, får kjærastar og prøver ut seksualiteten sin i denne perioden av livet. For mange lesbiske og homofile ungdommar derimot er denne perioden prega av unnaviking og løgn overfor omgjevnadene og kanskje overfor seg sjølv. Det er derfor viktig å arbeide for at all ungdom skal få sjansen til å gjennomleve denne viktige livsfasen fri for skam og sjølvbedrag på grunn av si seksuelle og emosjonelle orientering. Der-som lesbisk og homofil ungdom blir møtt på ein likeverdig og respektfull måte, både av vaksne og jamaldrande, er det grunn til å tru at dei lettare vil kunne bygge opp ein trygg og solid sjølvidentitet.

I eit samfunn som vårt, der endringane er raske og omfattande, er vi avhengige av å vere trygge på oss sjølve og omgjevnadene om vi skal lykkast med å skape vår eigen sjølvidentitet. Denne trygggleiken må vere til stades for at vi skal kunne ha og vise tillit til omverda.<sup>99)</sup> Ikkje minst er det viktig at også omverda viser tillit til den enkelte. Heilt allment er denne tillitsproblematikken vanskeleg for ungdom, som er i ein fase av livet som er prega av den proble-matiske overgangen frå barndom til den vaksne livsverda.

Av undersøkingar veit vi at det er den yngste aldersgruppa som finn det vanskelegast å akseptere seg sjølv som homofil.<sup>100)</sup> Fleire forhold kan for-klare kvifor nettopp dei yngste har det vanskelegast, men to grunnar er heilt klare: For det første står ungdom heilt generelt midt i ein vanskeleg avkla-ringsfase i livet. At somme i tillegg må avklare spørsmålet om eiga seksuell ori-entering, blir altså ei ekstra påkjenning i denne sårbare livsfasen. For det andre finst det indikasjonar på at delar av ungdomsbefolkninga er svært nega-tive til homofili.<sup>101)</sup>

Vi veit at jamaldringane har svært mykje å seie i denne livsfasen,<sup>102)</sup> og at ungdom generelt er usikre, kan verke med til å gjere avvikande val og levesett problematiske. Mange har derfor lett for å reagere på den usikre situasjonen ved å hegne om ei stereotyp utgåve av «det normale».<sup>103)</sup> Det er dessverre mykje som tyder på at ungdom reagerer på nettopp denne måten, og vi ser teikn til ein utbreidd homonegativisme blant norske ungdommar.<sup>104)</sup>

Homoseksualitet må derfor ikkje teiast bort og på den måten «merkeleg-gjerast». Om ein i skolesamanheng kan snakke ope og fordomsfritt om spørs-mål som gjeld seksualitet og identitet, vil det å vere tiltrekt av sitt eige kjønn

<sup>99)</sup> Sjå til dømes Giddens, Anthony (1996) op.cit.

<sup>100)</sup> For ei nærmare utgreiing, sjå spesielt kapitla 4 og 7.

<sup>101)</sup> Sjå NOVA-undersøkinga s. 91-105. Særleg unge gutar er negativt innstilte. Sjå også ned-anfor.

<sup>102)</sup> Frønes, Ivar (1994) *De likeverdige: Om sosialisering og de jevnaldrendes betydning*. Oslo: Universitetsforlaget.

<sup>103)</sup> I verste fall gjennom *rigid* eller *autoritær konformisme*. Fleire forskarar ser ten-densar til at ungdom på enkelte område synest å ha blitt meir konforme. Sjå mellom anna drøftinga av eit såkalla «konformitetsopprør» i Bakken, Anders (1998) *Ungdomstid i stor-byen*. NOVA Rapport nr 7, s. 248.

<sup>104)</sup> Sjå til dømes Hegna, Kristinn (1996) *Koss har me det? Ungdomsundersøkelsen i Stavanger 1995*. Ungforsk Rapport nr 1, s. 186, Strandbu, Åse (1997) *Gutter og jenter i Asker og Bærum. Ungdomsundersøkelsen 1996*. NOVA Rapport nr 5, s. 27 og Øia, Tormod (1998) *Oppvekst i Skien. Et forebyggende perspektiv*. NOVA Rapport nr 13, s. 111.

kanskje ikkje opplevast som meir frustrerande enn å vere tiltrekt av det motsette kjønn.<sup>105)</sup> Og det er ikkje berre homoseksuelle elevar dette er viktig for: Verken heterofile eller homofile er tente med at vankunne og fordommar skal skape frykt og avstand.

Tidlegare undersøkingar, gjorde før L97 var implementert, viser at eit tema som homofili var særleg fráverande i grunnskolen, men også i den vidaregåande skolen. Dette gjeld både kunnskapsformidling om seksualitet, ulike samlivsrelasjonar og seksuell orientering. Ei større ungdomsundersøking gjort i 1998 viste til dømes at berre ca. 40 % av ungdommane som deltok, hadde høyrte eller lært om homofili på skolen.<sup>106)</sup> Dette blir støtta opp av resultat frå ei spørjeundersøking blant lærarar i same tidsrommet.<sup>107)</sup> Det blir derfor viktig å følgje opp L97, slik at intensjonane i denne læreplanen blir realisererte.

### 5.3 Homofili i læreplanar, lærarretteiingar og læremateriell for grunnskolen og vidaregåande opplæring

---

Tema om homofili er både for grunnskolen sitt vedkomande og for vidaregåande opplæring nedfelt i Læreplanverket (L97). Læreplanen er den styringsreiskapen Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har når det gjeld innhaldet i undervisninga i skolen, og han er no innført i heile grunnskolen og er bindande for skolane. L97 tek opp tema som forelsking og kjærleik, omsorg, seksualitet og seksuell kjønnsidentitet.

Den generelle delen i læreplanen omhandlar prinsipp og retningslinjer for grunnskolen og vidaregåande opplæring. Her står det at «oppfostringen skal motvirke fordommer og diskriminering og fremme gjensidig respekt og toleranse», og individ og samfunn er nemnt som eit av kunnskapsområda. Kunnskapsområda set opp tema ein skal arbeide med på tvers av fag, og som skal gå som ein tråd gjennom alle skoleåra. Tema under kunnskapsområdet individ og samfunn er mellom anna familiekunnskap, samlivslære og homofili.

Arbeid med spørsmål som er knytte til puberteten, startar i 5. klasse, når elevane er 10 år. På dette alderstrinnet skal dei drøfte spørsmål knytte til både formeining og seksuell kjønnsidentitet, heterofili og homofili. I fagplandelen av L97, er temaet homofili først og fremst dekt i plan for faget Natur og miljø, men òg i samfunnsfag og kristendomskunnskap med religions- og livssynskunnskap.

I faget *Natur og miljø* skal eleven

«(...) drøfte hva som ligger i begrepene forelskelse, kjærlighet, omsorg, seksualitet, seksuell kjønnsidentitet; heterofili og homofili. Videre skal seksuell lavalder, seksuell debut og sexpress drøftes, og det skal læres om prevensjonsmidler og seksuelt overførbare sykdommer».

---

<sup>105)</sup> Wegling, Monica (1997) *Trine + Marit. En bok om ungdom og (homo)seksualitet*. Oslo: Sosialistisk opplysningsforbund og LLH.

<sup>106)</sup> Statens Helsetilsyn, 1998

<sup>107)</sup> Elvebakken KT (1998) En undersøkelse blant lærere om samlivsundervisningen i ungdomsskolen og i videregående skole. Vedlegg til Riise G. *Evalueringsprosjektet* - Bergen: SEFOS.

I faget *Kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering* blir «filosofiske tolkningar av mennesket, verdier og normer» tekne opp i 8. klasse. I opplæringa skal eleven drøfte etiske konfliktar og val knytte mellom anna til spørsmål om seksualitet, identitet, samliv, heterofili og homofili.

I *Samfunnsfag* skal elevane i 7. klasse

«(...) arbeide med dei fysiske og psykiske endringane som tek til i puberteten, slik at dei betre kan møte problem og utfordringar som er knytte til mellom anna utvikling av seksuell identitet i denne fasen av livet.»

I 10. klasse skal elevane mellom anna

«(...) Diskutere og vurdere normer for seksualitet, samliv og ekteskap og partnerskap. Drøfte likestilling mellom kjønna, seksuell identitet, abort, fosterdiagnose og samanhengen mellom genteknologi, medisinske nyvinningar og etiske val.»

I faget Norsk skal elevane lese bøker og korttekstar som tek opp tema dei unge er opptekne av på ulike alderstrinn, og som kan vere viktige for identitetsutviklinga deira. Det finst òg ei rekkje prosatekster som handlar om homofil og lesbisk identitetsutvikling.

Opplæringa i grunnskolen skal vere i samsvar med læreplanverket L97. Lærebøkene skal fungere som støtte og hjelp til å få oppfylt krava i opplæringa. Det blei gjeve ut nye lærebøker for alle fag og trinn i den 10-årige skolen ved innføring av L97. Nokre av dei nye lærebøkene dekkjer spørsmål om seksuell orientering, heterofili og homofili. Eitt døme er læreboka "Tellus 10", Natur- og miljøfaget for ungdomstrinnet, som tek temaet homofili opp på ein grundig måte.

I tillegg til gode lærebøker om tema som seksualitet og homoseksualitet, er det viktig at lærarane har eit reflektert forhold til formidlinga av dette stoffet. Dette er spørsmål av svært personleg og eksistensiell karakter (særleg for ungdom). Derfor må ikkje læraren ha eit distansert forhold til stoffet, men snakke «til» (dei eventuelt homofile) elevane og ikkje «om» *dei homofile* som om dei skulle vere ei særskild gruppe. Målsetjinga for undervisninga må ikkje berre vere å redusere fordommar blant heterofile elevar, men òg å gje lesbiske og homofile elevar ei positiv tilbakemelding på eigne kjensler.

Det bør leggjast vekt på at undervisning om tema knytte til samliv, kropp og seksualitet startar så tidleg som mogleg. I andre nordiske land (Finland og Danmark) startar til dømes samlivsundervisninga i 1. klasse.<sup>108)</sup>

I grunnskolen er samarbeid med skolehelsetenesta svært aktuelt i samband med dette. I samarbeid med helsesyster arrangerer mange skolar møte med mellom anna legestudentar eller unge frå Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjoring (LLH) og elevane med tema som kjærleik, seksualitet og homofili.

Informasjonsmateriell til elevar i barneskolen er førebels ei mangelvare. Det finst likevel veleigna informasjonsmateriell og undervisningsopplegg som kan nyttast av - og til - barn i aldersgruppene 5 til 12 år i dei andre nordiske

<sup>108)</sup> Aaen, C (1999) Ny pædagogikk kan leve opp til unges krav til seksualundervisningen. *Sex og samfund*, nr. 27.



landa. Ein modell «Du bestemmer» er omsett til norsk og blir distribuert gjennom Statens helsetilsyn.

I vidaregåande opplæring er «Samliv og seksualitet» eit nasjonalt valfag, der eit av måla er at eleven skal ha innsikt i eigne kjensler og reaksjonsformer, innblikk i det seksuelle mangfaldet og kjennskap til ulike samlivsformer. Dette er eit valfag, slik at det er eleven sjølv som avgjer om han eller ho ønskjer denne opplæringa.

I tillegg til dette nasjonale valfaget, legg måla i læreplanane for felles allmenne fag i vidaregåande opplæring til rette for opplæring i spørsmål knytte til samliv og seksualitet. Dette gjeld først og fremst dei felles allmenne faga Samfunnslære og Religion og etikk, og til dels òg Naturfag.

Læreplanen for *Samfunnslære* på VK1 har som mål under «Samliv, individ og samfunn»:

*Mål 3: Elevene skal kunne drøfte utfordringer og ansvar i samliv og i samfunnet.*

*Elevene skal*

*a) ha kunnskap om sosialisering og kunne utvikle en ansvarlig holdning i samhandling med andre*

*b) kunne drøfte familiens og det offentliges ansvar for barns oppvekstvilkår*

*c) ha kunnskap om kjønnsroller og normer for samliv*

*d) kunne drøfte etiske sider ved å inngå et samliv og konsekvenser av samlivsbrudd*

*e) kjenne lover og regler om ekteskap, samboerskap, partnerskap, skilsmisse og barns rettigheter.*

Dette blir følgt opp i lærarretteleinga med framlegg til rollespel.

I samarbeid med andre departement arbeider Sosial- og helsedepartementet med å utvikle ei særskild ressursbok om seksualitet og samliv. I denne ressursboka handlar teksta gjennomgåande både om heterofili og homofili, samstundes som ho òg har eit særskilt kapittel om homofili. Ressursboka problematiserer også familieomgrepet på bakgrunn av eit mål om respekt for dei faktiske heimeforholda eleven har. Ressursboka blir send alle skolar med ungdomssteg og grunnkurs i vidaregåande, og det er framlegg om at ho blir distribuert til alle lærarstudentar. Materialet er lagt opp med tanke på at det òg skal kunne nyttast av andre grupper enn lærarar.

#### 5.4 Høgare utdanning

---

I universitets- og høgskolelova slår ein fast at Regjeringa fastset kva for gradar, yrkesutdanningar eller andre utdanningsprogram den enkelte institusjonen kan gje, og kva krav til breidd, omfang og fordjuping som skal gjelde. Frå 1. januar 2000 har høgskolar og universitet fått delegert styringsmakt til mellom anna å etablere fag og emne med omfang til og med 30 vektall på lågare grad. Ved behov kan høgskolane gje tilbod i særskilde emne som ikkje byggjer på rammeplanen i til dømes lærarutdanninga.

Institusjonane kan ikkje gjevast pålegg om læreinnhaldet i undervisninga, innhaldet i forskinga eller i det faglege utviklingsarbeidet. Det er heller ikkje vanleg at institusjonane blir pålagde å tilby særskilde utdanningsprogram. Departementet kan på den andre sida fastslå nasjonale rammeplanar for

enkelte utdanningar og for enkeltfag som inngår i desse utdanningane. Rammeplanane avgjer på eit overordna nivå kva for hovud- og delemne utdanninga skal innehalde.

#### 5.4.1 Universitetsutdanning

I skoleåret 1996/97 gjekk Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring (LLH) med støtte frå Samarbeidsorganet for helsefremmende oppgaver (SOHO) gjennom pensum og undervisning for alle helserelevante utdanningar på høgskole- og universitetsnivå. Spørjeskjema blei sende til alle høgskolar og universitet i Noreg som driv slik utdanning. Undersøkinga viste at berre eit lite mindretal av høgskolane har undervisning om homofili. Mange svarer at det ikkje blir gjeve noka undervisning om homofili fordi det ikkje lenger er ein sjukdomsdiagnose.<sup>109)</sup>

Innanfor medisinarutdanninga blir homofili derfor i svært liten grad tematisert, og berre eitt av medisinstudia viste til ei grundig og oppdatert undervisning. På bakgrunn av kartlegging av helsa hos homofile og lesbiske i NOVA-undersøkinga, ser vi at denne tematikken bør styrkjast innanfor medisinstudiet. Det same forholdet gjer seg gjeldande for embetsstudiet i psykologi. Også her bør tema som tangerer homofil og lesbisk identitetsdanning, takast opp.

#### 5.4.2 Spørsmål om seksuell identitet i lærarutdanning

Det norske utdanningssystemet byggjer på det synet at menneske er likeverdige, og at menneskeverdet er ukrenkjeleg. Omsorgsoppgåvene til lærarane gjer at dei treng grunnleggjande kunnskapar om kva for behov barn og unge har. Læraren må forstå når ein elev treng hjelp og må vere fortruleg med alders- og utviklingsrelaterte endringar. I etiske spørsmål er lærarane forplikta på internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til, slike som menneskeretts- og barnekonvensjonen.

Lærarstudentar skal mellom anna arbeide med spørsmål om seksuell orientering i faget Kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering.

#### 5.4.3 Kompetanseutvikling for lærarar

Opplæringslova inneheld vedtak om ansvarsdeling mellom departementet, kommunar og fylkeskommunar når det gjeld grunnskolen og vidaregåande opplæring. Av denne lova følgjer at hovudansvaret for kompetanseutvikling hos lærarane ligg i kommunane og fylkeskommunane, som er arbeidsgjevarar for lærarane. Statens utdanningskontor har ansvaret for å koordinere nødvendige kompetanse- og etterutdanningstiltak i eit samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar på den eine sida og universitet og høgskolar på den andre sida. I samband med gjennomføringa av utdanningsreformene (Reform 94 og L 97) er det over statsbudsjettet gjeve ekstra midlar til etterutdanning og oppgradering av lærarar.

<sup>109)</sup> Benum, Friis og Offerdal (red) (1997) *Vite for å forstå - 10 artikler om homoseksualitet og lesbiske og homofiles livsvilkår i Norge i dag*. Oslo. Sjå også Friis, Eva: *Oppsummering av spørreundersøkelse om undervisning*

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har nyleg utarbeidd eit etterutdanningsopplegg for kompetanseutvikling i natur- og miljøfag frå år 2000 der mellom anna emnet *Kropp og helse*, med undertittel *Mennesket fra foster til voksen*, er teke opp. Målgruppene er universitet, høgskolar, Statens utdanningskontor, kommunar og skolar. Dette skal tene som eit felles grunnlag for utarbeiding av strategiar og verkemiddel for kompetanseutvikling i faget.

## 5.5 Tiltak

---

### 5.5.1 Grunnskole og vidaregåande opplæring

Elevane når kjønnsmoden alder medan dei er elevar i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Den kjønnslege identiteten er viktig for alle menneske, og skolen har ei viktig rolle i det helsefremjande arbeidet som omfattar det å gje barn og unge tryggleik i eigen identitet, som den kjønnslege identiteten er ein del av. Læreplanane gjev høve til å behandle temaet homofili i fleire fag og over fleire årstrinn, men det er eit lokalt ansvar korleis ein vel å ta dette opp i undervisninga. Det er ikkje kunnskap om i kva for grad dette temaet blir behandla på ein brei og dekkjande måte, verken i grunnskolen eller i vidaregåande opplæring. Mange homofile og lesbiske rapporterer å ha sakna informasjon om homofili, og dessutan rollefigurar til dømes frå bøker der homofile eller lesbiske har ein sentral posisjon.<sup>110)</sup>

Statens helsetilsyn har gjennomgått undervisnings- og rettleiingsopplegg om samliv og seksualitet som blir nytta i skolen i dag, og har laga ein eigen katalog med oversikt over informasjons- og rettleiingsmateriell om samliv og seksualitet som ein kan tilrå til informasjon og undervisning av barn og ungdom om samliv og seksualitet (Statens helsetilsyn 1999). Katalogen skal reviderast i 2001.

I arbeidet med å gje barn og unge tryggleik i eigen kjønnsleg identitet må skolen og lærarane samarbeide med den pedagogisk psykologiske tenesta og skolehelsetenesta, som og har ei særskild viktig rolle når det gjeld samtalar og rettleiing av barn og unge som treng vaksne å snakke med om deira eigen seksualitet, her også homofil identitet.

Regjeringa vil fremje desse tiltaka:

- Det er ein føresetnad at intensjonane i læreplanen om undervisning om homofili blir implementerte i dei konkrete undervisningsopplegga i skolane. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet vil følgje opp og sjå til at dette blir gjort.
- Utdanningsstyresmaktene vil arbeide for å styrkje lærarane sin kompetanse når det gjeld å gje barn og unge tryggleik i eigen kjønnsleg identitet, også medrekna homofil identitet. I samråd med Læringscenteret og Sosial- og helsedepartementet blir det laga ei ressursbok til lærarar i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Boka blir send skolane våren 2001.
- I opplæringslova § 9-2 heiter det at elevane skal ha tilgang til skolebibliotek. Biblioteka skal utstyrast i pakt med læreplanane som elevane arbeider etter. Det er derfor ein føresetnad at skolebiblioteka kjøper inn litteratur

---

<sup>110)</sup> NOVA-rapport *Om homofili skoleåret 1996/97* (ikkje publisert).

der homofili på ulikt vis blir teke opp.

### 5.5.2 Høgare utdanning

Fagpersonalet i lærarutdanninga har ei nøkkelrolle i kunnskapsbygging blant lærarstudentane om levekåra for lesbiske og homofile og med det indirekte òg for kunnskapsformidlinga om desse spørsmåla i skolen. Temaet inngår som del av menneskerettsaspektet i rammeplanane for lærarutdanninga. Det er òg viktig at det er tilbod om relevant etterutdanning, slik at kommunane og fylkeskommunane skal kunne oppfylle sitt etterutdanningsansvar.

Også andre utdanningskategoriar er sentrale når det gjeld kunnskapsbygging om levekåra for lesbiske og homofile. Dette gjeld universitets- og høgskoleutdanningane for mellom anna legar, psykologar, sosionomar, barnevernspedagogar og helsesystrer.

- For å auke kompetansen hos fagpersonalet i lærarutdanninga på området levekår for lesbiske og homofile, er Norgesnettrådet, ved Staten lærarkurs, bede om å leggje til rette for relevante kompetansehevingstiltak, mellom anna i kurs om samliv og seksualitet i 2001.
- Kyrkje- utdannings- og forskingsdepartementet vil ta opp med utdanningsinstitusjonane at tema med fokus på lesbiske og homofile blir styrkte i medisinar- og psykologutdanninga. Tilsvarande blir teke opp med høgskoleutdanningane for lærarar og helse- og sosialfagleg personell.
- På bakgrunn av NOVA sitt prosjekt «Levevilkår og livskvalitet blant lesbiske kvinner og homofile menn i Norge» vil Høgskolen i Oslo utvikle og arrangere eit kursopplegg fokusert på kjønn, identitet og marginalisering. Målgruppene er lærarar, barnevernspedagogar, legar, prestar, psykologar, sosionomar og andre. Sosial- og helsedepartementet og Kyrkjeutdannings- og forskingsdepartementet vil løyve 300.000 kroner til dette over statsbudsjettet for 2000/2001.
- Det vil bli sett i gang forskning om lesbisk og homofil ungdom i skolen og utdanningsinstitusjonane.

## 6 Familie og samliv

### 6.1 Innleiing

---

Mangfald er eit viktig stikkord for å karakterisere dagens samliv. Side om side med tradisjonelle ektepar lever sambuarpar, andre er forlova, medan andre er i kjærastfasen der felles framtid er eit uavklart prosjekt. Her er barnlause par, par med felles barn, par med særkullsbarn i tillegg til særbuarane som ikkje til dagleg er sambuarar, men noko meir enn kjærastar. Mangfaldet blir dessutan understreka av par av same kjønn, registrerte partnarar eller sambuarar.<sup>111)</sup>

Partnarskapslova kom i ein periode der mykje nytt voks fram: Ekteskapet sin status var vesentleg endra ved at kvinner i større grad var blitt sjølvforsørgjande. Det hadde vore ein sterk auke i skilsmisser, og det voks fram nye alternative samlivsformer. Retten for individet til sjølv å avgjere korleis det skal leve sitt liv, var meir fokusert og sett på som heilt legitimt. Tanken om å gje homofile høve til å inngå ekteskap er ikkje ny. Grunnleggjaren av den homoseksuelle frigjeringsrørsla, tyskaren Ulrich, fremja slike tankar alt for meir enn hundre år sidan. Men det at partnarskapslova først kom på 90-talet og ikkje før, må ein truleg sjå i samanheng med ei gradvis liberalisering i synet på homoseksualitet, og at ho kom i ein periode med grunnleggjande endringar i samfunnet. Då partnarskapslova blei innført, blei det reist spørsmål om det først er «når institusjoner mister sin samfunnsmessige betydning at diskriminerte grupper makter å trenge inn?». <sup>112)</sup>

### 6.2 Utviklinga i familiemønster

---

Den gruppa som framfor nokon har auka yrkesdeltakinga etter 1980, er mødrer med små barn. Når kvinner gjekk ut i lønna arbeid og satsa på utdanning og eigen yrkeskarriere, var det ikkje berre ei endring i kvinnerolle og kvinners yrkesaktivitet; det var også ei kulturell omvelting. Gjennom yrkesaktiviteten til kvinnene blei det borte ein basis for ekteskap som hadde eksistert gjennom heile familiehistoria - det som blir kalla komplementære roller, og som inneber at kvinner og menn fyller ulike oppgåver i ekteskapet. På 50-talet tok mor ansvar for hus og barn; mannen hadde ansvar for å forsørgje dei.<sup>113)</sup> I 1965 var 14 prosent av småbarnsmødrene yrkesaktive. Tiåret mellom 1970 og 1980 var på to område eit tiår for kvinnene: Dei gjorde seg gjeldande i utdanningssystemet på ein heilt annan måte enn tidlegare, og dei melde seg på arbeidsmarknaden i stor mengd.<sup>114)</sup> Frå 1980 til 1987 auka yrkesprosenten (delen i arbeidsstyrken) blant småbarnsmødrer frå 53 til 72. Frå 1987 til 1991

<sup>111)</sup> Noack, Turid (1999) Familiemønstre på slutten av et århundre. *Kontinuitet og endring. Samfunnsspeilet* 4/1999.

<sup>112)</sup> Noack, Turid (2000) Registrerte partnerskap: 1993-1998. *Samfunnsspeilet* 3/2000.

<sup>113)</sup> Frønes, Ivar og Andreas Hompland (1994) *Den nye barne- og familieboka*. Oslo: Universitetsforlaget.

heldt nivået seg stabilt, trass i lågkonjunktura (sysselsetjinga gjekk ned, arbeidsløysa steig). Frå 1991 til 1998 var det på nytt auke i yrkesfrekvensen, til 80 prosent. Dette året (1998) var det berre 8 prosentpoeng som skilde yrkesdeltakinga til småbarnsmødrene frå mennene (som var 88 prosent), og yrkesdeltakinga var høgare enn for alle kvinner (som var 78 prosent).<sup>115)</sup>

Fleire og fleire vel å leve i sambuarforhold utan å inngå formelt ekteskap, særleg blant unge menneske. Grovt rekna finst det i dag 260-280 000 sambuarpar (inkludert sambuarar med felles barn), medan det er registrert ca. 840 000 ektepar (1999, partnerskap inkludert). Det er likevel framleis berre i dei yngste aldersgruppene (under 30 år) at sambuarskap er meir vanleg enn ekteskap. Vi veit lite om kor mange par av same kjønn som lever saman som sambuarar, men den nye samlivsforma, registrert partnerskap, kjem godt fram i den løpande befolkningsstatistikken.<sup>116)</sup>

Det årlege talet på skilsmisser har vore i kontinuerleg vekst gjennom det meste av vårt hundreår, men på 1990-talet har tala stabilisert seg. Etter 1994 har det vore ein nedgang i talet på skilsmisser. Skilsmissetala (skilde per 1 000 gifte og separerte) er høgast blant kvinner i 25-35-årsalderen og blant menn mellom 30 og 40 år.<sup>117)</sup> Utvalsundersøkingar tyder på at sambuarforhold er mykje mindre stabile enn ekteskap. Risikoen for samlivsbrot er vel tre gonger så stor for sambuarar med barn som for ektepar med barn. Dei same studiane viser at sambuarforhold utan barn i gjennomsnitt blir oppløyst fire til fem gonger så ofte som ekteskap, men at skilnaden er mindre dersom sambuarskapet har vart nokre år. At sambuarskapa viser seg å vere mykje mindre stabile enn ekteskap, prøver dei å forklare på ulike måtar. Ei forklaring byggjer på ein hypotese om at ekteskapet i seg sjølv er *limet* som bind forholdet saman, at det med si meir tydelege og formelle avgjerd om å leve saman, vil ha ein disiplinerte verknad. Det er mogleg at ein kan snakke om ein sambuareffekt, der «døra står på gløtt», der opning for brot er til stades alt frå starten av samlivet. Spørsmålet om forventningane paret har til forholdet, synest å spele ei viktig rolle for spørsmålet om stabilitet og tidslengd i samlivet. Ved å inngå ekteskap signaliserer ein for omverda ei sterkare forventning og plikt til å halde saman. Dette blir understreka av data frå Sverige som viser at ein viktig grunn til at sambuarar gifter seg, er at dei ønskjer å vise omverda at dei no «meiner alvor». Dette blei også brukt som argument for å innføre partnerskapslova. Ei anna forklaring legg vekt på moglege *seleksjonsmekanismer*, det vil seie at sambuarane også på andre område er forskjellige frå dei som har gifta seg. Når sambuarskap blir inngått, er det ofte ledd i ein prøve og feileperiode på vegen mot eit stabilt samliv. Det går føre seg ein utsilingseffekt der dei mest stabile sambuarskapa endar med ekteskap, medan mange av dei andre blir oppløyste. Begge forklaringane synest plausible («lim», seleksjonsmekanismer), men kva for ei som måtte telje mest, eller om det er heilt andre forklaringar som ligg til grunn, veit vi førebels for lite om.<sup>118)</sup>

<sup>114)</sup> Gulbrandsen, Lars og Marit Hoel (1986) Norske kvinners yrkesdeltagelse på 80-tallet. *INAS-rapport* 86:7.

<sup>115)</sup> *Samfunnsspeilet* 4/1999.

<sup>116)</sup> *Sosialt Utsyn 2000, Samfunnsspeilet* 4/99.

<sup>117)</sup> *Sosialt utsyn 2000.*

<sup>118)</sup> NOU 1999:25. *Samboerne og samfunnet* S: 68-69 og *Samfunnsspeilet* 4/99 s. 32.

For barna har den nye familie- og husholdsstrukturen ført til at familielivet deira er prega av mange fleire endringar enn tidlegare. Totalt 9 000 barn under 18 år opplevde at foreldra skilde seg i 1999. I tillegg kjem 5 500 barn som var 18 år eller eldre då foreldra skilde seg. Statistikken gjev ikkje tal for oppløyste sambuarskap. Ei følgje av dette er at talet for barn som opplever familieoppløysing, er for lågt.<sup>119)</sup> Framleis er det likevel slik at av om lag ein million barn i alderen 0-17 år lever 65 prosent saman med gifte foreldre, vidare lever 13 prosent saman med sambuande foreldre, 16 prosent lever saman med einsleg mor og berre 2 prosent saman med einsleg far. 4 prosent lever saman med mor og stefar. I alt levde 78 prosent av dei heimebuande barna saman med begge foreldra sine per 1. januar 1999, ein del som har gått ned frå 83 prosent i 1986.<sup>120)</sup> Av alle barn under 18 år er det totalt berre 34 som bur saman med ei mor eller ein far som lever i eit registrert partnerskap (per 1.1 2000). Statistisk sentralbyrå har ikkje tal over kor mange partnerskap desse barna fordeler seg på.<sup>121)</sup> Vi veit heller ikkje kor mange barn som lever med homofile eller lesbiske foreldre utanom partnerskap.

Den delen som lever åleine, aukar både blant yngre og middelaldrande. Brotne sambuarskap og skilsmisser forsterkar denne utviklinga. For kvinner i aldersgruppa 20-44 år er det i løpet av dei siste 20 åra blitt meir vanleg å leve åleine. I 1977 var det nærmare 20 prosent blant kvinner 20-44 år som verken var gifte eller sambuande, i 1998 var det i underkant av 32 prosent som høyrde til denne gruppa. Delen som er gift, har gått sterkt ned i denne aldersgruppa - frå 73 prosent i 1977 til 43 prosent i 1998. Dei siste tiåra har det vore nedgang i giftarmålsraten<sup>122)</sup> i alle aldersgrupper, men minst blant dei eldste. Når hovudvekta i framstillinga er lagd på kvinner, kjem det av at kunnskap om sambuarforhold på 1970- og 1980-talet er mykje meir dekkjande for kvinner enn for menn. Sambuartal frå denne perioden er stort sett henta frå intervjuundersøkingar der kvinner var mykje oftare representerte enn menn.<sup>123)</sup> Utviklinga for menn er «naturleg nok nokså parallell».<sup>124)</sup>

Dei aller siste åra har talet på ekteskap auka. Dei siste tre åra har talet på vigslar lege på mellom 23 000 og 24 000. Ein må 20 år tilbake i tid for å finne tilsvarande høge tal.

### 6.3 Par av same kjønn som ein del av eit aukande familiemangfald

---

#### 6.3.1 Innføringa av lov om registrert partnerskap

Då lov om registrert partnerskap blei innført i 1993, representerte ho ein milestolpe for aksept i samfunnet av homofili og homofilt samliv. Lova gav legitimitet til og synleggjorde homofil kjærleik.

<sup>119)</sup> Statistisk sentralbyrå (2000) Befolkningsstatistikk. *Skilsmisser og separasjoner, 1999*. Frigjeve 4. oktober 2000.

<sup>120)</sup> Statistisk sentralbyrå (2000) *Aktuell befolkningsstatistikk nr. 3/2000*.

<sup>121)</sup> *Samfunnsspeilet 4/1999*, oppdaterte tal per telefon frå Statistisk sentralbyrå.

<sup>122)</sup> Giftarmålsraten er talet på giftermål inngått i løpet av eit år per 1 000 ugifte personar. NOU 1999:25 *Samboerne og samfunnet* s. 62/64.

<sup>123)</sup> *Samfunnsspeilet 4/1999* s. 35.

<sup>124)</sup> NOU 1999:25 op.cit. s. 63/64.

I lovframlegget såg Barne- og familiedepartementet det som viktig å gje ei positiv støtte til varige og forpliktande homofile parforhold. Standpunktet var delvis grunngeve med at forpliktande samliv, familieband og varige vennskap er viktige element i det sosiale nettverket som gjev tryggleik gjennom livskriser og ulike livsfasar, inklusive i alderdommen. Vidare at varige mellommenneskelege forhold motverkar isolasjon og einsemd, og at det for samfunnet er ønskjeleg å motverke rotløyse og stø opp om stabile samliv som vernar medmennesket og den integriteten det har. Departementet meinte at desse momenta talte for ei positiv støtte til varige og forpliktande homofile parforhold.

Ved å gje høve til offentleg registrering av homofile partnerskap hevda departementet at samfunnet tok konsekvensen av at menneske av same kjønn levde i varige kjensleforhold, det løyste praktiske, juridiske og økonomiske problem og ville hjelpe til å stabilisere homofile parforhold og gjere det sosiale livet deira enklare.

Departementet såg eit behov for å auke forståinga for situasjonen og behova hos homofile og meinte at ei partnerskapslov i seg sjølv ville hjelpe til med dette:

«Den aksept som vil ligge i lovregulering av homofile parforhold vil ventelig bidra til at flere homofile vil stå åpent frem, og dermed redusere de problemer som følger av behovet for å skjule sin egen natur og leve i isolasjon».

Vidare hevda departementet at «offentlige myndigheter har et ansvar som oponentsdannere» og peikte på ein vekselverknad der det generelle synet i samfunnet påverkar den rettslege statusen, samstundes som lovverket påverkar haldningane i samfunnet.<sup>125)</sup>

Då lova blei vedteken, var grunngevinga frå fleirtalet mellom anna at:

«når samfunnet aksepterer at homofile lever ut sin legning, så er det logisk og moralsk også å gi dem anledning til å regulere sine samliv gjennom bindende avtale av rettigheter og plikter både overfor hverandre og samfunnet».

Fleirtalet såg også klart at ei lovregulering ville styrkje integrasjonen av homofile i samfunnet.

Likevel var eit av hovudargumenta mot lovforslaget at det ville kome til å svekkje ekteskapet si stilling i samfunnet og auke oppløysinga av familien. Motstandarane meinte at samfunnet framleis gjennom lovgjeving burde markere at det heterofile ekteskapet mellom mann og kvinne er den samlivsforma samfunnet ønskjer å lyfte fram som grunnmønster. I ot.prp. nr. 32 Om lov om registrert partnerskap skriv Barne- og familiedepartementet at det ikkje kan sjå at det er grunnlag for ei slik frykt. Mellom anna skriv departementet at ekteskapet skal skape ei stabil, helst livsvarig ramme om forholdet mellom to menneske, med dei sterke kjensler og den nærleik som er knytta til det, og at mange homofile par også ønskjer denne ramma om sitt forhold. Departementet held fram at lovframlegget er meint å gje dei høve til dette.

<sup>125)</sup> Ot.prp.nr. 32 (1992-93) Om lov om registrert partnerskap.



Så seint som i 1996 fremja Kjell Magne Bondevik og Solveig Sollie eit dok. nr. 8-framlegg om «opphevelse av lov av 30. april 1993 nr. 40 om registrert partnerskap». Grunngevinga var mellom anna at partnerskapslova ikkje samsvarer med det verdigrunnlaget som samfunnet tidlegare har lagt til grunn når det gjeld ekteskap og familie, nemleg det heterofile forpliktande ekteskapet si positive særstilling som samlivsform, med dei rettar og plikter det har lagt grunnlag for. Dei som stod bak framlegget, meinte at:

«det heterofile ekteskapet som den beste ramme rundt barns oppvekst og dermed rundt den slekt som skal føres vidare, må ha en særstilling i lovverket. Ekteskapet mellom mann og kvinne og de hjem som bygges rundt dette, er en viktig grunncelle i samfunnet. Derfor er det den samlivsform som må prioriteres i lovgivningen»<sup>126)</sup>

Framlegget blei teke opp i Odelstinget 17.12.96 og avvist.

Erfaringane så langt har vist at det ikkje var grunnlag for å hevde at partnerskapslova svekte ekteskapet.

I ein nyleg publisert artikkel om kjærleik og parforhold gjennomgår forfattaren mellom anna dei ulike grunnane til at folk skil seg. Her blir ikkje dei inngåtte partnerskapa nemnde som ein av grunnane. Det er eit knippe av andre årsaker. Her nemner vi desse:

Relasjonelle skilsmissegrunnar er blitt viktigare, grunnar som refererer direkte til relasjonen mellom ektefellar og sambuarar, medan prinsipielle og institusjonelle grunngevingar, til dømes utruskap eller andre brot på «korrekt ektefelleåtferd», er mindre viktige. I tillegg kjem samfunnsendingar som har gjort skilsmisser moglege, framfor alt at kvinner er blitt mindre avhengige av ekteskapet når det gjeld å forsørge seg sjølv økonomisk.<sup>127)</sup>

### 6.3.2 Registrert partnerskap<sup>128)</sup>

I løpet av dei fem siste månadene i det året Partnerskapslova blei innført, blei det inngått 158 registrerte partnerskap. Det er fleire enn det som er registrert i nokon av dei etterfølgjande åra. For treårsperioden 1996-1998 er årsgjennomsnittet 122. Frå lova tok til å gjelde 1. august 1993 og til utgangen av 1999, er det inngått 913 partnerskap.<sup>129)</sup> Per 1. januar 2000 er det ut frå familiestatistikken 739 partnerskapsfamiliar. Skilnaden i talet mellom registrerte partnerskap og partnerskapsfamiliar kjem av død, separasjon, oppløysing (skilsmisse) eller av at den eine partnararn kan bu i utlandet.

Registrerte partnerskap blir oftare inngått mellom to menn enn mellom to kvinner: Av dei partnerskapa som er inngått, har minst tre av fem partnerskap vore inngått mellom menn. Kvinnedelen er aukande. Han har auka frå 27 prosent i det første året til 43 prosent i 1999.

<sup>126)</sup> Dok.nr.8:106 (1995-1996) Framlegg frå stortingsrepresentantane Kjell Magne Bondevik og Solveig Sollie om oppheving av lov av 30. april 1993 nr. 40 om registrert partnerskap.

<sup>127)</sup> Barstad, Anders (2000) Noen grunner til hvorfor du kanskje likevel ikke skal hate Statistisk sentralbyrå. *Samfunnsspeilet* 5/2000.

<sup>128)</sup> Noack, Turid (2000) Registrerte partnerskap: 1993-1998. *Samfunnsspeilet* nr. 3 2000. Dette avsnittet er bygd på denne artikkelen. Opplysningar om 1999 er inkluderte der dei finst.

<sup>129)</sup> Omfattar alle partnerskap inngått i Noreg. Tala i den løpande statistikken er noko lågare fordi barn i partnerskap der eldste partnar var busett i Noreg, er rekna med.

Det er ei ikkje lita gruppe som tidlegare har vore gifte. Av dei som inngjekk partnerskap i 1996-1998, var 14 prosent skilde. Fordelt etter om dei var den eldste eller den yngste personen i forholdet, er det særleg blant eldste partner vi finn mange tidlegare gifte. I denne gruppa var om lag kvar femte skild då dei inngjekk partnerskap. Å ha vore gift er noko vanlegare blant kvinner som inngår registrert partnerskap, enn blant menn.

Dei som inngår registrert partnerskap, er vesentleg eldre enn dei som giftar seg. Kvinner som inngjekk registrert partnerskap i 1998, var i gjennomsnitt 38.5 år mot 28.6 år for kvinner som gifta seg. Tilsvarende tal for menn var 37.3 for dei registrerte partnerane og 31.1 for dei gifte. Desse tala gjeld for personar som verken hadde vore gifte eller registrerte partnerar tidlegare i livet. Også når det gjeld den innbyrdes alderskilnaden i parforholdet, har dei registrerte partnerane eit anna mønster enn ektepar. I ekteskap er gjerne han to til tre år eldre enn henne, medan det er heile sju år som skil dei som inngår partnerskap.

Registrert partnerskap er eit utprega Oslo-fenomen. Av dei partnerskapa som er inngått til no, omfattar 56 prosent personar busette i Oslo, medan ikkje meir enn 15 prosent av alle ekteskap i denne perioden er Oslo-ekteskap. Den sterke opphopinga i storbyane kan ha å gjere med at det der er mindre grad av sosial kontroll, og at det kan gjere det lettare å stå fram som open homofil. I NOVA-undersøkinga finst det grunnlag for denne hypotesen: Den delen som har flytta til Austlands-området, er mykje større enn i den generelle befolkninga (jf. kap. 7.) Det er ikkje sjølvstøtt at den utprega regionale skeivfordelinga vil halde fram. Det kan godt tenkjast at homofilt samliv etter først å ha fått fotfeste og aksept i større byar, blir meir vanleg også i andre delar av landet. Endringane frå 1993 til 1998 peiker mot ei slik utvikling, Oslo-delen har gått ned frå 59 til 50 prosent.

I ein stor del av partnerskapa er den eine frå eit anna land. 264 personar eller 17 prosent av alle personar med sivilstand registrert partner eller tidlegare registrert partner, kjem frå utlandet.<sup>130)</sup> Tverrnasjonale partnerskap ser ut til å vere noko meir vanleg blant menn enn blant kvinner.

### 6.3.3 Få eller mange

Talet på registrerte partnerar har ikkje auka jamt, noko ein kunne tenkt seg som følgje av allmenngjering og gradvis aksept både blant homofile sjølve og i befolkninga elles.<sup>131)</sup> Det har ikkje skjedd.

«Uansett vurderingsmåte for hva som er få eller mange, må det sies å være få som har inngått partnerskap. I praksis er det i den forstand ikke mange lesbiske og homofile som har sluttet opp om partnerskapsloven, selv om det var liten radikal motstand mot partnerskap i den offentlige debatten. I stedet har lesbiske og homofile par stilltiende latt være å benytte denne loven.»<sup>132)</sup>

<sup>130)</sup> Ein grunn kan vere at det er få land i verda der ein kan inngå partnerskap. Det er mest vanleg med partnerar frå USA, Thailand og Sverige.

<sup>131)</sup> Noack, Turid (2000): Registrerte partnerskap: 1993-1998 op. cit.

<sup>132)</sup> Halvorsen, Rune (1999): Partnerskapslovens tvetydighet. *Tidsskrift for samfunnsforskning* 3'99 s. 324.

Nokre av grunnane kan vere at den sosiale identiteten og posisjonen hos lesbiske og homofile snarare har vore prega av avstand til ekteskap og familie. Dels har grunnen vore utstøyting og bortvising, dels eiga ideologisk avvising av ekteskapsinstitusjonen. «Å kome ut» som lesbisk eller homofil har i stor grad vore det same som å kome ut av familien og inn i eit nytt og annleis fellesskap. «Å gifte seg er noko heterofile gjer». <sup>133)</sup> Det lesbiske og homofile ønskte seg, var økonomisk og juridisk likestilling mellom homofile/lesbiske parforhold og parforholda hos heterofile. Forskarane i NOVA-undersøkinga spør om det er ein elite innanfor den lesbiske og homofile befolkninga som inngår partnerskap. Ved å sjå på inntekt og utdanning blant registrerte partnarar i aldersgruppa 35-59 år fann ein ikkje at desse skilde seg frå dei andre respondentane, verken blant menn eller kvinner. Men dei registrerte partnarane var mykje meir opne om si homofile orientering enn dei andre respondentane. Om dette kjem av at dei som inngår partnerskap, er meir opne eller om det å vere registrert partnar fører til at ein blir meir opne, er eit spørsmål. Mest sannsynleg er det ein vekselverknad der begge prosessane verkar med på same tid.

#### 6.3.4 Skilsmisser i registrerte partnerskap <sup>134)</sup>

Frå 1993 til og med 1999 er det inngått 913 partnerskap. <sup>135)</sup> 56 av desse er til no oppløyte ved skilsmisse. Reine demografiske forhold gjer det rimeleg å tru at skilsmisseåtferda vil vere ulik i partnerskap samanlikna med ekteskap. At dei som inngår partnerskap, gjennomgåande er eldre enn dei som gifte seg, talar for at dei registrerte partnerskapa vil ha lågare skilsmisserisiko enn ekteskapa. Andre kjenneteikn ved dei registrerte partnerskapa (oftare Oslofenomen, få barn og større innbyrdes aldersskilnad i parforholda ) kan tenkjast å dra i motsett retning. Det vil seie at det kan vere meir sannsynleg at partnerskap vil ende med brot enn ekteskap. Analysar som kontrollerer for slike faktorar, har det til no ikkje vore mogleg å gjennomføre.

Det er likevel gjort enkle utrekningar der ein jamfører skilsmisedelen i partnerskap og ekteskap inngått i same året. Resultata er viste i tabell 6.1. Av partnerskap inngått i 1993 hadde 10 prosent enda med skilsmisse innan utgangen av 1999, medan tilsvarende tal for ekteskap inngått i 1993 var 13 prosent. Av partnerskap inngått i 1996 hadde 9 prosent enda med skilsmisse medan talet for ekteskap inngått dette året var 5 prosent.

Tabell 6.1: Skilsmisser per 1/1-2000 i registrerte partnerskap og ekteskap inngått 1993-1996. Prosent.

Inngåingsår	Tal på partnerskap	Tal på skilsmisser	% skilsmisser	Nedre konfidensintervall <sup>1</sup>	Øvre konfidensintervall <sup>1</sup>	% skilsmisser i ekteskap
1993	158	16	10,1	5,4	14,8	12,5
1994	136	14	10,3	5,2	15,4	10,3

<sup>133)</sup> Halvorsen, Rune (1999): Partnerskapslovens tvetydighet. *Tidsskrift for samfunnsforskning* 3'99.

<sup>134)</sup> Noack, Turid (2000) upubliserert notat om registrerte partnerskap skrive for denne meldinga.

<sup>135)</sup> Omfattar alle partnerskap inngått i Noreg. Tala i den løpande statistikken er noko lågare fordi berre partnerskap der eldste partnar var busett i Noreg, er rekna med.

Tabell 6.1: Skilsmisser per 1/1-2000 i registrerte partnerskap og ekteskap inngått 1993-1996. Prosent.

1995	98	11	11,3	5,0	17,5	7,3
1996	127	12	9,4	4,4	14,5	4,7

<sup>1</sup> 95 %

Som det går fram av tabell 6.1, (kolonne 5 og 6) er *ingen av skilnadene mellom skilsmisseåtfërda i partnerskap og ekteskap signifikante*. Det var i utgangspunktet rimeleg å tru at partnerskap inngått i det første året under partnerskapslova, ville vise seg å vere noko meir stabile enn både ekteskap inngått i 1993 og partnerskap inngått i seinare år. Dei som inngjekk partnerskap i 1993, var gjennomgåande noko eldre enn dei som har kome til i seinare år, og ein må også vente at vi her hadde ei overvekt av stabile par som hadde venta lenge på dette høvet til å formalisere samlivet sitt. Som nemnt er det ingen signifikant skilnad samanlikna med ekteskapa frå 1993. Det er elles verdt å merke seg at skilsmisseprosentane utrekna fram til utgangen av 1999 ikkje varierer nemnande med talet på år sidan partnerskapa blei inngått (tabell 6.1 , kolonne 4).

Når det gjeld partnerskap inngått i dei seinare åra samanlikna med ekteskap, er det heller ikkje nokon signifikant skilnad i skilsmisseåtfërda. Tala så langt hallar i retning av at registrerte partnerskap inngått etter 1993, har like stor eller noko større oppløysingsdel enn ekteskap. Her trengst det likevel både grundigare analysar og lengre observasjonstid før ein kan uttale seg sikkert om eventuelle skilnader.

Materialet over skilsmisser i partnerskap er nokså avgrensa sidan det berre er få årgangar med partnerskap som ein kan følgje over litt fleire år. Dei tidlegaste er som nemnt frå 1993, medan partnerskap inngått i 1997 eller seinare knapt kan ha fått tid til særleg mange skilsmisser innan utgangen av 1999.

### 6.3.5 Dei som er i eit fast forhold, sambuarar og partnarar i NOVA-undersøkinga

Meir enn to tredelar av kvinnene (776 kvinner) og halvparten av mennene (927 menn) i NOVA-undersøkinga er i eit *fast forhold*. Fast forhold omfattar dei som har vore i eit forhold som har vart i meir enn tre månader, sambuarar og partnarar. Den delen som er i faste forhold i dag, er mykje høgare enn i ei undersøking blant lesbiske og homofile for 20 år sidan.<sup>136)</sup> Den delen som er i faste forhold, er mykje lågare blant dei unge enn i dei andre aldersgruppene, og det blir nemnt at hovudgrunnane kan vere at unge menneske har problem med å etablere kontakt med eit lesbisk/homofilt miljø, eller at dei ikkje har funne ein kjærast enno. Av kvinnene som er i eit fast forhold, bur 73 prosent saman med kjærasten/partnararen. Tilsvarende tal for mennene som er i eit fast forhold, er 66 prosent. I NOVA-undersøkinga seier ca. 135 kvinner og ca. 225 menn at dei har inngått partnerskap.<sup>137)</sup> Dette utgjer 12 prosent av alle

<sup>136)</sup> Bergh, S, Bjerck B, Lund E (1978): *Homofile - myter og virkelighet. En undersøkelse blant homofile kvinner og menn i Norge*. Oslo: Pax.

<sup>137)</sup> Eigne utrekningar, derfor ca-tal.

lesbiske og 12 prosent av alle homofile i NOVA-undersøkinga og 17 og 24 prosent av dei som er i eit fast forhold.

Det er færre blant lesbiske og homofile som har inngått partnerskap eller som er sambuarar, enn i den generelle befolkninga. Blant lesbiske kvinner er 51 prosent sambuarar eller registrerte partnarar og blant homofile menn 33 prosent. I den generelle befolkninga er 65 prosent blant kvinnene og 68 prosent blant mennene gifte eller sambuande.

Kvar tiande kvinne og kvar sjette mann er verken i eit fast forhold eller har tidlegare vore i eit fast forhold som har vart over tre månader. Det er gruppa under 25 år som dreg opp den delen som aldri har vore i eit forhold. Blant dei som ikkje er i eit fast forhold, ønskjer dei fleste av kvinnene og mennene at dei var det. Vi veit ikkje om desse tala er representative for alle lesbiske og homofile.

Det er nokre skilnader knytte til det å leve i eit samliv etter om paret gjeld to kvinner eller to menn. Tala over inngåtte partnerskap viser at det er fleire homofile menn som inngår partnerskap enn tilfellet er for lesbiske kvinner. I NOVA-undersøkinga er det fleire kvinner enn menn som lever i eit fast forhold.

I homoseksuelle parforhold har økonomiske ulikskapar lenge vore mindre markante enn i dei fleste heteroseksuelle forhold, og ein har teke del i det felles huslege arbeidet. Det er mykje som tyder på at lesbiske har greidd å praktisere likestilling i større grad enn heterofile. I ein studie av kvinner i lesbiske parforhold, blir det konkludert med at lesbiske parforhold i mindre grad enn heterofile parforhold er prega av komplementære roller og maktstrategiar.<sup>138)</sup> Den same demokratiseringa av parrelesjonen ser likevel ikkje ut til å ha vore like sterkt framme blant homofile menn.<sup>139)</sup>

## 6.4 Å leve som lesbisk og homofil

---

### 6.4.1 Livskvalitet

Ei rekkje undersøkingar har vist at gifte og sambuarar rapporterer at dei er meir tilfredse og opplever meir lykke enn andre sivilstatus-kategoriar.<sup>140)</sup> Gifte kjem klart betre ut enn ikkje gifte når det gjeld psykisk og fysisk helse, sjølvordstal og generell dødsprosent. Dette gjeld for både kvinner og menn. I dagens Noreg har til dømes ugifte (aldri gifte) to til fire gonger så høg sjølvordstalsprosent som gifte på same alderstrinn, og enkjer og skilde og separerte ligg endå ein god del høgare. Det ligg føre enkelte hypotesar om kva det er

<sup>138)</sup> Ohnstad, Anbjørg (1984): *Ekte(venn)skap - en studie av relasjoner mellom lesbiske samboere*. Hovudoppgåve i psykologi. Universitetet i Bergen.

<sup>139)</sup> Prieur, Annick m.fl (1988): *Kjærlighet mellom menn i Aidsens tid*. Oslo, Pax forlag.

<sup>140)</sup> Mellom anna er dette målt i den norske verdiundersøkinga der det som mål på subjektiv livskvalitet er nytta eit spørsmål om å vere tilfreds med livet, kjenne lykke og ein indeks for affektbalanse. Sjå: Blom, Svein og Ola Listhaug (1988) Familie og livskvalitet. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, nr. 1 s. 5-28. Listhaug, Ola (1998): Sentrale verdier endrer seg sakte. *Samfunnsspeilet*, nr. 1, s. 2-9. Mastekaasa, Arne (1994) Familie og ekteskap som beskyttelse. Durkheims teorier i lys av seinere forskning. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, nr. 1 s. 30-50.

ved ekteskapet som vernar mot stress og aukar livskvaliteten. Ved å gifte seg innfrir ein sosiale rolleforventningar og gjer det meir sannsynleg å bli møtt med sosial respekt og aksept frå omgjevnadene. Gifte har ein meir regelfast og ordna livsførsel, eit betre kosthald og mindre risikoåtfærd. Ekteskapet tilfredsstiller emosjonelle behov for nærleik, kontakt og ømheit og kan dessutan opne døra til andre sosiale nettverk. Sambuarar ligg svært nær gifte personar i livskvalitet.

Som blant heterofile er det også blant lesbiske og homofile ein mykje større del med høg livskvalitet blant dei som er i parforhold enn blant dei som ikkje er det.<sup>141)</sup> Denne skilnaden går både blant kvinner og blant menn og innanfor alle aldersgrupper. 64 prosent blant kvinnene som er i fast forhold, seier at dei har høg livskvalitet mot 36 prosent blant dei som ikkje er i eit fast forhold. Tilsvarende tal blant mennene er 60 prosent og 39 prosent.

Det er rimelig å tenkje seg at det har positive konsekvensar å vere ein open lesbisk og homofil,<sup>142)</sup> sjølv om det også kan ha sine kostnader i form av trakassering eller forskjellsbehandling.<sup>143)</sup> Dei som er i faste forhold, har ikkje berre høg livskvalitet. Dei er også meir opne overfor arbeidskollegaer og heterofile venner enn dei som ikkje er i eit fast forhold. Flest opne finn ein blant dei som bur saman med kjærasten sin, samanlikna med dei som ikkje er i fast forhold. Dei som har inngått registrert partnerskap og er i alderen 35-59 år, er mykje meir opne overfor heterofile venner og arbeidskollegaer enn dei med ein annan sivil status i same aldersgruppe. Å ikkje vere open er for mange eit viktig hinder for å etablere eit fast forhold.

Personar som lever i eit fast forhold med ein person av same kjønn, anten dei bur saman med partnaren eller ikkje, ser ut til å vere verna mot psykisk stress i større grad enn andre lesbiske og homofile. Særleg personar som har inngått partnerskap og sambuande personar som bur saman med barn, har få psykiske vanskar i gjennomsnitt.

Kor vidt lesbiske og homofile får tilfredsstilt sine grunnleggjande behov for kjærleik og fysisk nærleik, er i seg sjølv eit viktig mål på livskvalitet. Mange fleire av dei som er i eit fast parforhold med ein person av same kjønn, er til-

<sup>141)</sup> I NOVA-undersøkinga blei respondentane bedne om å vise på ein skal frå 1 (svært utilfreds) til 10 (svært tilfreds) kor tilfredse dei er med livet sitt for tida. Høg livskvalitet er dei som har oppgjeve 8,9 eller 10 på ein skala frå 1-10.

<sup>142)</sup> I NOVA-undersøkinga blir ein «open lesbisk» definert til å vere ei kvinne som på ein eller annan måte har informert sine sosiale omgjevnader (familie, arbeidskollegaer, medelevar/medstudentar og venner) om at ho blir tiltrekt seksuelt og kjenslemessig av andre kvinner, og at ho ser på seg sjølv som lesbisk. Delen av heilt opne er relativt stor i NOVA-undersøkinga. Det er svært få kvinner og menn som skjuler at dei er lesbiske/homofile overfor alle medlemmer av opphavsfamilien (foreldre og sysken). Dei fleste (ni av ti kvinner og åtte av ti menn) oppgjev at vennene deira veit at dei er lesbiske/homofile. 65 prosent av kvinnene og 61 prosent av mennene svarer at alle/dei fleste av arbeidskollegaene/medstudentane veit at dei er lesbiske/homofile. Det er ein liten del som svarer at ingen veit det. Det er ei stor endring i å vere open frå 1970-talet.

<sup>143)</sup> 19 prosent blant kvinnene og 24 prosent blant mennene har blitt utsette for diskriminering på jobb/skole (sjå kapitla om arbeidsliv og utdanning). Ser ein på dei som på ein eller annan måte er synleg lesbiske og homofile (til dømes at dei kjærteiknar kjærasten offentleg), så er det ein klar samanheng mellom denne synlege framferda og det å vere utsett for vald eller trugsmål. Dei som er synlege, har også auka førekomst av psykiske problem. På den andre sida ser det ut til at personar som har venner og arbeidskollegaer som ikkje veit at dei er lesbiske eller homofile har høgare risiko for psykiske vanskar.

freds med seksuallivet sitt, både blant kvinner og blant menn, og dei har sex oftare enn dei som ikkje er i eit fast forhold. Dette stemmer med seksualvaneundersøkingar i den generelle befolkninga.

#### 6.4.2 Særlege påkjenningar i det homofile samlivet

Tidlegare forskning har vist at kjærleikslivet til lesbiske og homofile synest å vere utsett for særlege påkjenningar. Også nyare forskning peiker i same retning. Det er fleire av dei godt vaksne i dag som meiner at kjærleiken nærmast «har gått dei hus forbi». Dette kan ha samanheng med om personen «kom ut» tidleg eller seint i livsløpet. Det finst skildringar som viser at den sentrale hendinga i livet til homoseksuelle menn i mellomkrigstida var å *kome inn* i ei homoseksuell verd snarare enn å *kome ut* overfor familie, venner og kollegaer. Påkjenningane kan mellom anna ha samanheng med at lesbiske og homofile inngår i typar av forhold som også for heterofile er belastande av den grunn at forholdet blir brote opp. Sambuarskap er eit døme på ein type forhold som er mindre varig enn til dømes ekteskap.

Risikoen for brot i eit sambuarskap er mykje større enn i eit ekteskap. For gifte varierer brotfrekvensen lite med kor lang tid det har gått, bortsett frå at han er særleg låg dei første åra. Sambuarskap har mykje høgare brotfrekvens enn ekteskap, og brotfrekvensen er særleg høg dei første åra av samlivet. Til dømes var det 80 brot per 1 000 sambuarskap per år ved 1-2 års samliv, medan det tilsvarende talet for ekteskap berre var 6. Sambuarskap med barn er meir stabile enn sambuarskap utan barn. Men også for par med barn er det mykje vanlegare med brot blant sambuarar enn blant gifte. Sambuarar med barn har over tre gonger så stor tendens til å flytte frå kvarandre som gifte med barn. Det finst ikkje offisiell statistikk over oppløysing av partnerskap, og det finst ikkje oversikt over kor mange par av same kjønn som lever i sambuarskap og derfor heller ikkje over kor mange som går frå hverandre. At sambuarskap viser seg å vere langt mindre stabile enn ekteskapa, er det prøvd å forklare på ulike måtar. Mellom anna ser det ut til at sambuarar ikkje oppfattar seg sjølve som ein einskap i same grad som gifte. Dei har ei meir individualistisk haldning til samlivet, kjenner seg mindre forplikta av familieinstitusjonen og ser på parforholdet som usikkert og risikabelt.<sup>144)</sup> (Sjå elles 6.2 for ein vidare diskusjon om kvifor sambuarskapa er mindre stabile enn ekteskapa.)

Mange av vanskane i parforhold i dag kan knytast til det som blir kalla *det reine forholdet*.<sup>145)</sup> Det reine ligg i det fenomenet at grunngevinga for parforholdet i dag heilt enkelt er at ein skal vere par. Kjærleiken er si eiga årsak og sin eigen verknad. Parforholdet grunnjev ikkje lenger seg sjølv etter at det først er etablert. Det må grunnjevast om att kvar dag, og kjærleiken må kontinuerleg skapast på nytt for å vere eit varig prosjekt. Derfor kan ein heile tida spørje om ein får nok ut av det forholdet ein er i, og om ein kan få realisert meir av seg sjølv aleine eller saman med ein annan person.

I tillegg kan ein tenkje seg at belastningar kan dreie seg om at det for mange lesbiske og homofile har vore tungt å kome fram til ei erkjenning av å

<sup>144)</sup> NOU 1999:25 *Samboerne og samfunnet*.

<sup>145)</sup> Giddens, Anthony (1992): *The Transformation of Intimacy*. Cambridge: Polity Press.

vere homofil, og at vegen fram til eit permanent samliv for mange har vore vanskelegare enn for heterofile. Det er svært sannsynleg at desse erfaringane vil spele inn på dynamikken i eit homofilt forhold.

Det er også sannsynleg, trass i at befolkninga er mindre fordømande overfor homoseksuelle no enn tidlegare,<sup>146)</sup> at par av same kjønn opplever manglande aksept når dei ferdast ute som kjærastar, og at dette kan vere særleg belastande. Mellom anna svarer kvar femte kvinne og mann som for tida er i eit fast forhold, at dei er noko urolege for vald eller trugsmål når dei går ut saman med kjærasten sin. Det er blant dei yngste (16-24 år) at frykta er størst: Her gjeld frykta kvar tredje kvinne og mann.

Familieverntenesta tek kvart år imot mange førespurnader frå par og enkeltpersonar som opplever problem eller vanskar innetter i familien. Det kan synast som om lesbiske og homofile i liten grad nyttar seg av denne tenesta. Eit av familiekontora i landet som dei siste fem åra har hatt ca. 4 500 kontaktar, har berre hatt tre av dei frå lesbiske og homofile par som ønskte konsultasjon.<sup>147)</sup> Dersom dette er representativt for andre familievernkontor, kan ein av grunnane vere at mange lesbiske og homofile ikkje har tru verken på familieverntenesta eller andre terapeutiske tenester. Somme har dårlege personlege erfaringar, andre har høyrte skrekkhistorier. Nokre terapeutar seier at dei ikkje veit noko om det å vere lesbiske eller homofile og derfor ikkje kan snakke om det. Andre koplar alle problem klienten måtte ha, til det faktum at vedkomande er lesbisk eller homofil, trass i at problema kan dreie seg om forhold som også heterofile slit med. I dei aller verste tilfella gjev terapeuten seg i kast med å skulle hjelpe klienten av med det å vere homofil, til dømes ved å tilrå lesbiske kvinner å finne seg ein mann, for då vil livet ordne seg.

Av desse grunnane oppsøker mange lesbiske og homofile personar behandlarar som dei veit dei kan stole på, til dømes Rådgivningstjenesten for homofile og lesbiske som ligg under Olafia-klinikken, Klinik for førebyggjande medisin ved Ullevål sykehus. Der tilbyr dei hjelp med «komme-ut» problemar, vansker i parforhold, dårleg selvbilde, seksuelle problemar og følelsemessige problemar anten i form av fortrulege samtalar eller informasjon og rettleiing.<sup>148)</sup>

Til tenesta er det per i dag knytta to psykologar i bistillingar. Rådgjevingstenesta er den einaste psykososiale tenesta for homofile og lesbiske som har fagpersonar. Klientar blir viste til tenesta mellom anna av fagpersonar innanfor det offentlege helsestellet nettopp av den grunn. I tillegg til å ta imot «alle de som ikke går andre steder» har tenesta etter at NOVA-undersøkinga kom, motteke fleire førespurnader frå PP-tenesta, distriktpsykiatriske senter, poliklinikkar for ungdom om undervisning og rettleiing.<sup>149)</sup>

Regjeringa meiner den offentlege kompetansen når det gjeld livssituasjonen for lesbiske og homofile, bør styrkjast. Ein måte å gjere dette på er å styrkje Rådgjevingstenesta for homofile slik at kompetansen der kan utviklast

<sup>146)</sup> Listhaug, Ola (1998): Sentrale verdier endrer seg sakte. *Samfunnsspeilet*, nr. 1, s. 2-9.

<sup>147)</sup> Frå ein diskusjon i Aftenposten «Spør psykologen» i 2000 mellom Sissel Gran og Aase Prøitz.

<sup>148)</sup> Frå ein brosjyre om tenesta samt upubliserte notat om tenesta frå Aase Prøitz, psykolog ved Rådgivningstjenesten.

<sup>149)</sup> Prøitz op.cit.



vidare og kome resten av hjelpeapparatet til gode. Regjeringa vil innleie eit samarbeid med Oslo kommune for å sjå om Rådgevingstenesta kan spele ei rolle som nasjonalt ressurscenter eller idébank.

### 6.5 Lesbiske og homofile som mødrer og fedrar

---

Ein av ti (13 prosent blant kvinnene og 8 prosent blant mennene) i NOVA-undersøkinga har eigne barn. Det er mange fleire i aldersgruppa 35-49 år og 50 år og eldre som har barn enn i dei yngre aldersgruppene 16-34 år. Ein kan ikkje av desse tala dra den konklusjonen at det er blitt mindre vanleg for lesbiske og homofile å få barn. Årsaka kan mellom anna finnast i at dei fleste barna stammar frå eit tidlegare heterofilt samliv, og at dagens unge ikkje går vegen om eit heterofilt samliv: To av fem kvinner i alderen 16-34 år som har barn, seier at barnet/a ikkje stammar frå eit tidlegare heterofilt samliv. I tillegg lever dei unge tidleg i livsløpet og kan få barn etter kvart.

10 prosent av kvinnene og 1 prosent av mennene i alderen 25-44 år i NOVA-undersøkinga bur saman med eigne barn. I den generelle befolkninga er tilsvarande delar i denne aldersgruppa 75 og 58 prosent.

Ser vi på alle kvinner som lever i registrert partnerskap (1993-1998), har 64 kvinner, det vil seie 13 prosent hatt ein eller fleire fødsler. Det dreier seg for det meste om barn fødte før partnerskapet blei inngått. Frå partnerskapslova tok til å gjelde i 1993 og til og med 1998, er det berre registrert 11 barn der mor levde i registrert partnerskap då barnet blei født.

Partnerskap med barn utgjorde i 1999 4,4 prosent. Dette kan synast lågt samanlikna med kor mange lesbiske og homofile som har barn, men i eitt partnerskap kan begge kvinnene ha barn. Det er færre homofile menn som har barn, enn tilfellet er for lesbiske kvinner. Blant dei som har barn, kan det vere ei vegring mot å inngå partnerskap fordi det er den ekstreme synleggjeriinga av eit forhold. Til saman kan dette verke med til å redusere talet på barn i partnerskap. Per 1/1- 2000 var det etter barnestatistikken 34 barn (0-17 år) som budde saman med foreldre som hadde sivilstatus registrert partner. Det var 31 barn som budde med mor/stemor (mors partner) og 3 barn som budde med far/stefar (fars partner).

Av dei 34 barna er 15 fødte i 1993 eller seinare. Desse barna er dei einaste som kan vere fødte medan foreldra levde i registrert partnerskap, men dei kan også vere fødte før eit registrert partnerskap blei inngått. Dei andre 19 barna var alle fødte før lova om registrert partnerskap tok til å gjelde.<sup>150)</sup>

Etter NOVA-undersøkinga finst det i Norden ei norsk hovudoppgåve om lesbiske mødrer frå 1992 (gjennomgang av utanlandsk litteratur) og ein dansk studie om lesbiske mødrer og barna deira frå 1973 (kjønnsidentitet og kjønnsrolleutvikling hos barn av lesbiske mødrer). Det finst inga forskning som problematiserer kva barn og barnløyse har å seie for livssituasjonen til vaksne lesbiske og homofile. Det finst inga forskning om barn som veks opp med homoseksuelle ikkje-biologiske foreldre.<sup>151)</sup> Dette er kanskje ikkje så rart når ein tenkjer på at det inntil nyleg ikkje har vore tillate å adoptere for lesbiske og

<sup>150)</sup> Noack, T (2000) Upublisert notat om registrerte partnerskap.

<sup>151)</sup> Folkhälsoinstitutet. Hearing om homosexuella och barn. Stockholm 1997.

homofile i dei landa som har innført partnerskapslov, og er det framleis ikkje i Noreg (sjå kapittel 3 Allmenn rettsstilling og rettsleg vern for homofile, 3.9.1 Partnerskapslova).

Vi veit at ein del lesbiske og homofile vel å få barn i samliv. I somme tilfelle vel lesbiske kvinner til dømes å få barn med mannlege homofile venner. I andre tilfelle ved donor. I NOVA-undersøkinga viste det seg at heile to av fem unge og unge vaksne kvinner med barn svarte at barnet/barna deira ikkje stammar frå eit tidlegare heterofilt samliv (som er det vanlegaste blant alle lesbiske og homofile som har barn.) Det var ikkje mogleg å fastslå kor mange av dei lesbiske/homofile foreldra som hadde fått barn på denne måten.

## 6.6 Tiltak

---

Det heilt fundamentale for betre livskvalitet for lesbiske og homofile er at barn frå så tidleg alder som mogleg får vite at det å vere homofil er ei seksuell orientering på linje med heterofili. Eit slikt mål vil stille store krav til foreldra, til skolen og til andre ulike informasjonskanalar.

Eitt døme på ein informasjonskanal som prøvde seg med folkeopplysning om emnet, er NRK. I barne-TV-programmet *Fritt fram* med Asgeir og Vaske sendt hausten 1999 står Vaske (ein vaskebjørn) og ser gjennom ein serie bilete som Asgeir eig (mann, ca. 25), og i bunken finn Vaske eit bilete av to menn i smoking som giftar seg. Vaske kviskrar til Asgeir at det ikkje går an at to menn giftar seg, og då svarer Asgeir at det gjer det. Innslaget varte ikkje lenger enn det som no er referert. Ei sak er at responsen var svært negativ med avisinnlegg der det sentrale poenget var at dette ikkje var informasjon som burde tilflyte barn i den aldersgruppa som barne-TV-program er laga for, og at innslaget blei klaga inn for Kringkastingsrådet. Like viktig er at då Kringkastingsrådet behandla klagen, meinte fleirtalet at eit tema som homofili bør ein kunne ta opp - også i barne-TV. NRK-forskinga gjorde ei undersøking blant foreldre som viste at dei fleste syntest det var greitt at temaet blei teke opp - dei meinte at fordi Asgeir har ein heltestatus blant barn, er det bra at han kan setje ord på vanskelege tema.<sup>152)</sup>

Det er derfor behov for materiell som kan hjelpe foreldre med å formidle tema som seksualitet og samliv, her også homofili til barna sine. Det vil bli laga informasjonsmateriell om ungdom og seksualitet, herunder homofili, retta inn mot foreldre, innanfor Foreldrerettleingsprogrammet som Barne- og familiedepartementet er ansvarleg for. Målet er å styrkje foreldra si evne til å støtte barn i identitetsutviklinga. Tilsvarende informasjon skal distribuerast til foreldre som ikkje kjem i kontakt med Foreldrerettleingsprogrammet. Sjå kapittel 4.

Det synest også å vere behov for auka rådgjevingskompetanse blant terapeutar om livssituasjon og samlivsforhold hos lesbiske og homofile. Når det gjeld å heve kompetansen til andre fagfolk (i helsevesen, skoleverk osv.), det vil seie informasjon retta inn mot høgskolar og universitet, sjå kapittel 5 om skole og utdanning. Temaet kan takast opp i ulike fag i barne- og ungdomssko-

<sup>152)</sup> Referat frå drøftinga av innslaget i Kringkastingsrådet om homofili i barne-TV. Drøftinga skjedde under rådsmøtet i november 1999.

len for å leggje grunnlaget for auka aksept. Døma i bøkene kan varierast for å synleggjere at det er andre måtar å leve på enn den heterofile, til dømes skrive om mor, mor og barn.<sup>153)</sup> Ein føresetnad for dette er at dei som skal ta seg av barn og unge, må skolerast.

Regjeringa vil fremje desse tiltaka:

- Familieverntenesta skal få opplæring slik at kontora er i stand til å rettleie både foreldre som har lesbiske eller homofile barn, og lesbiske og homofile par.
- Tilbodet til Rådgjevingstenesta for homofile og lesbiske, som ligg under Olafia-klinikken, Klinikk for forebyggende medisin ved Ullevål sykehus, skal utvidast slik at tenesta også kan vere ein rettleiingsinstans for helsestellet.

---

<sup>153)</sup> Ein parallell kan vi her dra til arbeidet med å inkludere andre døme i skolebøker på barnetrinnet på 70-talet enn det at far las avisa og mor vaska opp.

## 7 Open haldning og sosiale nettverk

### 7.1 Innleiing

---

«Når verden går meg imot, og det unnlater den sjelden å gjøre når det gis noen leilighet til det, har jeg stette funnet meg vel ved å ta en friluftsvandring som demper for min smule bekymring og uro». Slik opnar Asbjørnsen i *Kvernsagn* frå 1843. Dette fungerte sikkert nok bra for han, og kan hende gjer det for mange også i dag. Likevel *veit* vi at den som har nære venner og familie å stø seg til, taklar motstand betre enn dei som står aleine i slike situasjonar.

Homofile og lesbiske har i dei fleste tilfelle eit godt forhold til opphavsfamilien sin. Dei har eit solid nettverk av fortrulege venner, og opne homofile har det i større grad enn heterofile. Det gjeld både kvinner og menn. Med fortrulege venner meiner vi «menneske som står ein nær, og som ein kan snakke fortruleg med».

Å ha fortrulege venner er ein ressurs i livet for alle menneske. Samstundes er det viktig å kunne stå fram *autentisk*, eller så ærleg som mogleg i sosiale relasjonar i dagleglivet. Ein slik ærlegdom styrkjer identiteten og integriteten hos personen. Det er derfor eit problem for mange lesbiske og homofile at dei i mange tilfelle kjenner seg tente med å skjule orienteringa si, der dei heller under andre omstende kunne ønskje å stå fram som den dei opplever seg å vere - ofte vil det seie å stå fram som homofil eller lesbisk. Med få arenaer for å eksponere si seksuelle og emosjonelle orientering, står ein i verste fall fram både i eigne og andre sine auge som falsk eller *ueigentleg*. Dei sosiale vilkåra for open haldning og kva ei slik haldning har å seie, vil vi derfor drøfte i dette kapitlet.

Vi veit at det i mindre og tette samfunn <sup>154)</sup> finst ein sterk sosial kontroll, og at toleransen for det som på ulikt vis vil kunne bryte med normene i dette samfunnet, ofte blir hardt sanksjonert. Sjølv om denne tette kontakten mellom naboar kan vere ein positiv faktor i lokalsamfunnet, vil det å stå ope fram som lesbisk eller homofil i mindre bygdesamfunn kunne vere ei stor påkjenning. Mange homofile og lesbiske vel derfor å flytte til større byar og tettstader, med større toleranse og ikkje minst større grad av anonymitet.

Ein annan og kanskje viktigare grunn til at mange homofile og lesbiske vel å flytte til større byar og tettstader, er behovet for å kome i kontakt med andre homofile og lesbiske. Når det gjeld homoseksuelle subkulturar, finst dei primært i dei større byane. Å ta del i ein slik kultur vil for mange vere eit viktig moment i ein sjølvverkjenningsprosess.

### 7.2 Open eller skjult?

---

Spørsmålet om å vere open framstår ofte som eit dilemma for lesbiske og homofile: Langt dei fleste opplever og erfarer at å vere open er ein positiv stra-

<sup>154)</sup> Sjø Nils Christie (1975) *Hvor tett et samfunn?* Oslo: Universitetsforlaget.

tegi i forhold til dei sosiale omgivnadene, men at det også er den faktoren som fører med seg dei største direkte påkjenningane.

Det kan likevel koste mykje å skjule den homofile eller lesbiske orienteringa, sjølv om konsekvensane her er av meir indirekte art. For det første blir det nærmast uråd å leve skjult dersom ein går inn i stabile parforhold. Og for mange vil det vere ei stor påkjenning å berre leve ut sin kjærleik og seksualitet innanfor ei ramme av hemmelege kontaktar. Dette fremjar i mindre grad ei homofil identitetsutvikling eller ei fullverdig sosial deltaking, og kan munne ut i sosial isolasjon. For det andre vil eit slikt hemmeleg liv krevje at mange homofile og lesbiske vik unna situasjonar og relasjonar der orienteringa kan bli avslørd. Når ein lever skjult, må ein lyge om det ein tek seg føre. Då er det rimeleg at det sosiale livet blir forringa og utarma ved at nyanserikdommen ved dei sosiale relasjonane blir avgrensa.

Når ein står ope fram med si seksuelle og emosjonelle orientering, blir ein viktig, men avgrensa del av personlegdommen eksponert. Den positive sida ved ei slik eksponering er knytt til at den enkelte kan framstille seg som ein ærleg og integrert personlegdom, som i neste instans kan få oppleve aksept på vesentlege sider ved seg sjølv frå omverda. Dette gjer sitt til å styrkje medvitet om seg sjølv som homofil eller lesbisk, og såleis til å styrkje eins eigen identitet. Motsett kan open eksponering leggje grunnlag for eit omfattande sett av sosiale «utgifter» - utgifter i form av diskriminering, trakassering og i verste fall vald. Å vere open kan altså vere kjelda til både positive og negative erfaringar ved ei lesbisk eller homofil orientering og ein tilsvarende livsstil.

Spørsmålet om å framstå ope med si orientering er ikkje eit eintydig spørsmål, men eit kompleks av fleire alternativ og praksisar.<sup>155)</sup> For det første er det mange som vel å vere selektivt opne. Det vil seie at dei vel å vere opne overfor somme, men ikkje alle. Kor open ein er, vil altså kunne variere med karakteren i dei ulike relasjonane. For det andre vil «kome ut»-prosessen aldri kunne vere ein endeleg prosess. Den som insisterer overfor seg sjølv og omverda på å vere open om si orientering, må gong etter gong - og for kvar gong vedkomande knyter nye relasjonar - «kome ut». For det tredje er det ikkje alltid at dei som har eller ønskjer å ha seksuelle relasjonar til personar av same kjønn, oppfattar seg sjølve som homofile eller lesbiske. Draging mot personar av same kjønn er ikkje utan vidare det same som ein homofil identitet. Spørsmålet om å vere open er med andre ord eit samansett spørsmål, og det er derfor vanskeleg å talfeste forholdet mellom talet på opne og skjulte lesbiske og homofile.

Av det talmaterialet som ligg føre,<sup>156)</sup> kan vi like fullt sjå ei utvikling på dette området over tid. Stadig fleire homofile og lesbiske vel å vere opne overfor sine sosiale omgivnader. Ikkje dess mindre er det ein viss del som lever heilt eller delvis skjult. Mykje tyder på at mange av desse skulle ønskje å vere

<sup>155)</sup> Brantsæter, Marianne (1990) *Om kjønnets logikk - i et lesbisk perspektiv: Intervjuer med lesbiske kvinner om deres erfaringer i arbeidslivet*. Hovudoppgåve i sosiologi, Universitetet i Oslo.

<sup>156)</sup> Bergh, Bjerck & Lund (1978) op.cit. SOU 1984: 63. *Homosexuella och samhället. Betänkande av utredningen om homosexuellas situation i samhället*. NOVA-undersøkinga.

opne om si orientering. Regjeringa ser det som viktig at unge homofile og lesbiske blir oppmuntra og støtta i å vere opne.

### 7.2.1 Generasjonar og livsløp

I fleire granskingar <sup>157)</sup> viser det seg at open innstilling varierer med alder. Det er dei eldste og dei yngste alderskategoriane som er minst opne om si seksuelle og emosjonelle orientering. Tendensen hos desse aldersgruppene til å halde seg skjult har røter i to ulike forhold: Det eine har med generasjon å gjere, det andre med livsløp. Men generasjons- og livsløpselementa gjer seg gjeldande på ulikt vis for unge og eldre.

Dei eldre og godt vaksne homofile og lesbiske er mindre opne enn gjennomsnittet. <sup>158)</sup> Forklaringane på dette finn forskarane i at denne generasjonen voks opp og inn i eit samfunn og i ein kulturell kontekst der spørsmålet om å vere open sjeldan var aktuelt. For det første var det sosiale stigmaet knytt til homofili så sterkt at ein måtte rekne med at kostnadene ville bli svært høge. Her må ein understreke at homoseksualitet var ulovleg fram til 1972. For det andre blir det hevda at det ikkje var så viktig for lesbiske og homofile å stå ope fram overfor heterofile: Spørsmålet gjaldt «å kome inn» i eit homofilt miljø - ikkje ut til folk flest. <sup>159)</sup>

Når det gjeld den yngste alderskategorien, har mangelen på open veremåte ei anna grunngjeving. For det første er den seksuelle orienteringa på dette tidspunktet for mange enno ikkje avklart. I NOVA-undersøkinga er det så mange som 29 prosent av jentene og 14 prosent av gutane som seier at dei er bifile, homofile *med heterofile trekk* eller er usikre på si seksuelle orientering (s. 151). For det andre er det spesielt vanskeleg å stå fram med ei anna seksuell orientering enn «dei andre» akkurat i denne sårbare livsfasen, og særleg fordi det handlar om noko som framleis er tabulagt. Når så mange held den seksuelle orienteringa si skjult, heng det generelt saman med den spesielle perioden av livsløpet dei unge lever i. I lys av samfunnsendingane og det kulturelle klimaet som gjer seg gjeldande i dag, er det god grunn til å tru at desse personane likevel vil vere opne når dei blir nokre år eldre.

### 7.3 Forholdet til foreldre og sysken

---

Undersøkingar viser at mange foreldre har og har hatt problem med å akseptere at deira barn er homofile eller lesbiske. Og i NOVA-rapporten kjem det fram at omkring tre av ti foreldre reagerte negativt då dei fekk vite det. Likevel svarer ni av ti at dei har eit stort sett bra/godt forhold til familien sin. Samanlikna med undersøkinga frå 1978 <sup>160)</sup> viser det at det har vore ei positiv utvikling på dette punktet. Av familiemedlemmer er det systrer som stiller seg mest positive til homoseksuell orientering hos syskena sine. Skilnadene mellom

<sup>157)</sup> Bergh, Bjerck & Lund (1978) op.cit., SOU 1984: 63 op.cit., NOVA-undersøkinga.

<sup>158)</sup> Omkring halvparten av aldersgruppa over 60 år svarer at dei fleste vennene veit at dei er homofile eller lesbiske.

<sup>159)</sup> Sja Henriksson, Benny (1995) *Risk factor love. Homosexuality, sexual interaction and HIV-prevention*. Institutionen för socialt arbete. Göteborgs universitet.

<sup>160)</sup> Bergh, Bjerck & Lund (1978) op.cit.

kjønnskategoriane og alderskategoriane er elles relativt små, men dei yngste kan likevel rapportere om eit noko dårlegare forhold til foreldra enn dei andre alderskategoriane.

Sidan vi veit at haldningane til lesbiske og homofile gradvis har blitt meir positive, skulle ein forvente at nettopp dei unge hadde eit betre forhold til opphavsfamilien enn dei eldste. Slik er det altså ikkje. Kva kan vere grunnen til dette? Forskarane ser for seg to moglege forklaringar på denne tendensen, og igjen blir distinksjonen mellom livsfase og generasjon avgjerande. Mange foreldre har vanskeleg for å reagere positivt når dei får vite om den seksuelle orienteringa hos barna sine, men tala tyder også på at forholdet går seg til etter kvart. Livsfasen er likevel ikkje den einaste forklaringa. Det kan vere grunn til å tru at ulike generasjonar har ulik oppfatning av kva et godt forhold til familie inneber. Den kvalitative undersøkinga i NOVA-rapporten avdekkjer at lesbiske og homofile som voks opp i åra rundt andre verdskrigen, kravde mykje mindre (forståing) av sine foreldre enn dei unge i dag gjer.

#### 7.4 Omgangskrins og vennskapsnettverk

---

Mykje tyder på at nære venner blir ein stadig viktigare del av livet vårt. Det er ikkje noko historisk nytt over det at menneske knyter seg nært til andre menneske utan å vere partnarar, kjærastar eller gifte. Det nye ligg i at vennskapane har endra karakter: Det vil seie at vennskap meir og meir synest å erstatte mange av dei funksjonane familie og slekt tidlegare hadde, og at dei etter kvart også blir til på tvers av kjønnskilja. Likevel viser undersøkingar at kvinner i langt større grad enn menn går inn i nære vennskapsforhold. Men slik har det ikkje alltid vore.

I «den romantiske tidsalderen»<sup>161)</sup> blei vennskapen dyrka og sunge om av den tids frie menn (menn i dei øvre sosiale lag: høgborgarskap, adel, kunstnarar). Men då industrialismen braut igjennom, endra relasjonane mellom menn seg. Vennskap blei erstatta av arbeidsfellesskap og kjennskap, og kjenslelivet hos menn drog seg tilbake til privatsfæren i familien. Her har det i all hovudsak blitt verande, sjølv om vi samstundes kan sjå ein tendens til at unge menn etter kvart legg stadig større vekt på vennskap att. Men i dag er det først og fremst dei unge kvinnene som realiserer den nye vennskapsideologien.<sup>162)</sup>

Det finst altså visse skilje mellom kvinner og menn, sjølv om dei har endra karakter. Mellom dei unge vaksne ser vi tendensar til at mannen framleis ser tilbake når det gjeld yrke, livsstil og verdjar, medan kvinna er framtidsretta. Dette kjem til syne i utdanningsval, geografisk mobilitet og nettverk. Medan unge, vaksne kvinner er meir urbane og moderne, blir menn i større grad buande på bygda og held fast ved tradisjonelle veremåtar og verdjar. Menn held dermed meir fast ved familien som orienteringspunkt, kvinner søkjer meir ut mot det moderne vennskapsnettverket.<sup>163)</sup> Dette ser likevel noko annleis ut for homofile og lesbiske.

<sup>161)</sup> Størstedelen av 1800-talet i Noreg.

<sup>162)</sup> Frønes & Brusdal (2000) *På sporet av den nye tid. Kulturelle varsler for en nær fremtid*. Bergen: Fagbokforlaget.

<sup>163)</sup> Frønes & Brusdal (2000) op.cit. Sosialt utsyn 2000, SSB.

Unge homofile menn har til liks med sine lesbiske systre ofte eit vidt vennskapsnettverk. Der heterofile par (og særleg gifte eller sambuande småbarnsforeldre) dreg seg tilbake til samværsmonstra i kjernefamilien, vil homofile og lesbiske lage alternative omsorgsrelasjonar. «Vennskapsfamiliar» kallar Arnfinn Andersen <sup>164)</sup> særskilde nettverk mellom eller blant homofile menn. I hovudsak er nettverka bygde opp av andre homofile menn, men også av somme heterofile kvinner. Vennskapsfamiliar er kjenslefelleskap, der medlemmene opplever nærleik og omsorg for kvarandre. Vennskapsfamilien legg rammene for sosial integrering i eit homofilt miljø og sosialiserer til ein identitet som homofil, og gjer på den måten sitt til å gje homofile menn meining i sin livssamanheng og til å stabilisere livet til den enkelte.

Når vi ser på det statistiske materialet som ligg føre om vennskap og sosiale nettverk, stadfester det den kvalitativt baserte undersøkinga med fokus på nære vennskapsnettverk blant homofile menn som Arnfinn Andersen står bak. Det same er også tilfellet for lesbiske kvinner. Når homofile og lesbiske bestemmer seg for å fortelje andre om si seksuelle og emosjonelle orientering, er det gjerne venner og altså ikkje nære familiemedlemmer dei vender seg til først.

Det er viktig å understreke at desse vennenettverka blant homofile ikkje kompensere for familie. Det er snarare slik: Har ein eit godt vennenettverk, er det dess meir sannsynleg at ein *også* har eit godt forhold til familien.

Over nitti prosent av både lesbiske og homofile seier at dei har gode og fortrulege venner der dei bur. Det er ingen vesentlege skilje mellom alderskategoriane. Homofile og lesbiske kjem i tillegg svært godt ut når det gjeld relasjonar der det blir knytt lausare band mellom menneske: Omgangskrinsen og andre ein har omgang med meir tilfeldig. Mykje tyder på at lesbiske og homofile tek del i det sosiale livet med «heile seg», i og med at dei fleste er opne om si seksuelle orientering overfor omgangskrinsen: Åtte av ti menn, og ni av ti kvinner svarer at dei fleste veit at dei er homofile eller lesbiske.

#### 7.4.1 Korleis er nettverka samansette?

Samansetninga av dei sosiale nettverka kan fortelje oss noko om kor godt eller dårleg homofile/lesbiske er integrerte både i det homofile miljøet og i samfunnet elles. Mellom unge er det til dømes ein tendens til at dei har fleire heterofile enn homofile og lesbiske venner. Det finst likevel ikkje noko datagrunnlag for å påstå at dette kjem av at dei er dårlegare integrerte i det homofile/lesbiske miljøet eller at dei er betre integrerte i det «allmenne samfunnslivet».

I NOVA-undersøkinga har forskarane prøvd å seie noko om ulike livsformer eller levesett blant homofile og lesbiske ved å sjå nærmare på *korleis* dei sosiale relasjonane er samansette. Dei skil mellom fire idealtypiske livsformer: Integrerande, segregerande, innkapslande og sosialt isolerte.

Ei *integrerande livsform* inneber at ein ofte har sosial kontakt med både homofile/lesbiske og heterofile venner, og at ein har omgang med desse vennene samstundes. Ei *innkapslande livsform* inneber derimot at ein ofte har kontakt med homofile og lesbiske venner, men sjeldan har omgang med hete-

<sup>164)</sup> A. Andersen (1987) *Coming out, coming home. Vennskap som sosial strategi*. Hovudoppgåve i sosiologi, Universitetet i Oslo.



rofile. Her vil dei heterofile og homofile/lesbiske vennene til personen sjeldan eller aldri møte kvarandre. Ei *segregerande livsform* inneber at ein har sosial kontakt med både heterofile og homofile og lesbiske venner, men at ein sjeldan eller aldri er saman med dei på same tid. Dei *sosialt isolerte* er dei personane som manglar kontakt med både homofile og heterofile venner.

NOVA-undersøkinga viser at det er små skilnader mellom kjønna i val av livsformer, medan det varierer noko meir med alder. Seks av ti lesbiske og homofile har ei *integrerende livsform*, medan denne livsforma er minst utbreidd blant eldre og godt vaksne. Tretten til fjorten prosent av respondentane opplyste å ha *ei innkapslande livsform*. Denne livsforma er likevel sjeldnare blant unge og unge vaksne. To av ti har ei *segregerande livsform*, og det er blant unge menn og eldre kvinner ho er mest vanleg. Svært få lever *sosialt isolert*. Eldre kvinner er mest utsette for sosial isolasjon.

## 7.5 Flukta frå lokalsamfunna - val av bustad

---

Det finst inga undersøking som gjev sikre tal på korleis lesbiske og homofile fordeler seg på val av bustad. Likevel er det god grunn til å tru at svært mange vel å flytte vekk frå grisgrendte strøk og inn til dei større byane. I Bergh, Bjerck & Lund si undersøking<sup>165)</sup> var heile 68 prosent busette i Oslo. Av desse var berre 29 prosent fødde der. I NOVA-undersøkinga bur 54 prosent i Oslo, medan 21 prosent er fødde i hovudstaden. Prosenten innflyttarar til Oslo synest såleis å vere langt høgare blant lesbiske og homofile enn for den generelle befolkninga.

Dersom dette biletet speglar av den reelle situasjonen, kan det vere fleire forklaringar på dette flyttemønsteret. Likevel kan dei delast inn etter to hovudelement: Faktorar som «støyter bort» og faktorar som «dreg til seg». Mange lesbiske og homofile *kan* oppleve det som problematisk å vere åleine om eller tru ein er åleine om å ha ei anna seksuell og emosjonell orientering. Frykt for eller erfaring med diskriminering kan derfor føre til at mange vel å flytte vekk til ein større stad der ein har større grad av anonymitet, og der ein kan rekne med at toleransen er større.

Samstundes som vi kan seie at landsbygda såleis, indirekte, kan støyte lesbiske og homofile frå seg, dreg dei større byane den same gruppa til seg. Byane står i dag fram som fleirkulturelle livsmiljø og er organiserte på grunnlag av skilnadene mellom menneska som bur der. Ofte finst det rike sosiale og kulturelle miljø og møtestader for homofile og lesbiske, der ein lettare kjem i kontakt med andre homofile og lesbiske. Ikkje berre er det derfor lettare å vere kjærast eller partner for lesbiske og homofile i byane, det er også lettare å treffe ein kjærast eller partner.

I NOVA-undersøkinga blir det i fleire samanhengar sett på bustad. Når vi ser på vennskap og omgangskrins, kan vi peike på relativt store skilnader når det gjeld storleiken på byen eller tettstaden der homofile og lesbiske bur. I mindre byar og i grisgrendte strøk svarer til dømes berre to av ti at dei har flest homofile/lesbiske venner. Dette kan for mange skape grunnlag for eit sagn av

---

<sup>165)</sup> Bergh, Bjerck & Lund (1978) op.cit.

andre homofile og lesbiske, det gjer identitetsskapinga vanskelegare og kan nok vere utløysande når det gjeld å bryte ut frå lokalsamfunnet.

Dei fleste tiltak mot ein sentraliseringstendens blant homofile vil vere til fånytt. Ikkje dess mindre må ein erkjenne at få personar med ein homofil eller lesbisk livsstil i distrikta ofte gjer det endå vanskelegare for dei homofile og lesbiske som bur der. Dette kjem til syne når vi ser på samanlikningstal om open veremåte mellom ulike bustadstrøk. Seks av ti menn i grisgrendte strøk, mot åtte av ti i NOVA-utvalet generelt, svarer at dei er opne overfor vennene om si orientering. Ser vi på livsformene til dei same mennene, kjem poenget endå tydelegare fram: Knappe fire av ti i grisgrendte strøk, mot sju av ti blant Oslo-borgarane, lever i ei *integrerende* livsform. Og medan berre to prosent av homofile menn i Oslo er sosialt isolerte, er heile elleve prosent i grisgrendte strøk det.

## 7.6 Deltaking i fritidsaktivitetar og kultur

---

Kunst og kultur inneheld ytringsformer for å auke innlevinga vår i andre menneske sin situasjon. Kulturen er ei viktig drivkraft og ein retningsvisar i samfunnsutviklinga. Kulturopplevingar og kulturdeltaking i eit fellesskap gjev tilhøyrslø og skaper forståing for samanhengar i tilværet. Kulturell eigentryggleik og refleksjonar rundt eigen ståstad er grunnleggjande for å kunne vere ein bevisst og handlande deltakar i samfunnet. Samstundes utviklar kunst og kultur evna vår til å utfordre det etablerte, takle nye situasjonar, presentere nye visjonar og stille kritiske spørsmål. Deltaking i kulturlivet er ei avgjerande kjelde til utvikling og vekst. Det er derfor viktig å vite i kva grad lesbiske og homofile er med i ulike kultur- og fritidsaktivitetar.

Tala frå NOVA-undersøkinga viser ein tydeleg skilnad mellom homofile og lesbiske og den generelle befolkninga. Medan berre sju prosent av lesbiske og homofile ikkje deltok i bestemte kulturaktivitetar i løpet av dei siste 12 månadene, var den tilsvarende delen på heile 35 prosent i den generelle befolkninga. Det same mønsteret går att når det gjeld underholdningsprega aktivitetar, fysisk aktivitet og i bruken av litteratur (talet på lesne bøker).

Mykje av forklaringa på denne skilnaden kan ein knyte til samansetninga av NOVA-utvalet, med høgt utdanningsnivå og tendens til å bu i byar med kort avstand til eit rikt og variert kulturliv. Men NOVA-undersøkinga konkluderer likevel med at lesbiske og homofile i større grad er aktive i alle desse aktivitetane enn sine jamaldrande også når ein kontrollerer for utdanning og bustad.

I eit komplekst og moderne samfunn som vårt viser denne tendensen at homofile og lesbiske sit inne med viktige ressursar, både når det gjeld meningsskapande verksemd og aktiv fritid.

## 7.7 Deltaking i idrettslivet

---

Vel halvparten av den vaksne befolkninga trenar eller mosjonerer regelfast, det vil seie minst ein gong i veka.<sup>166)</sup> Det eksisterer lite kunnskap om tilsvarende deltaking frå lesbiske og homofile i idrettslivet i Noreg. Kor mange er

<sup>166)</sup> Levekårsundersøkelsen 1997, SSB.

aktive, i kva slags aktivitetar, kva former for deltaking, kor lenge aktive og så vidare, har vi ingen eksakte svar på i dag. NOVA-undersøkinga inneheld nokre data om medlemsskap i idrettslag og deltaking i ulike fritidsaktivitetar inkludert fysisk aktivitet. Men til skilnad frå levekårsundersøkingane i den generelle befolkninga, har ikkje NOVA spurt detaljert etter aktivitetsform eller kva slags idrett. Det er berre to spørsmål som dekkjer fysisk aktivitet, og dei gjeld deltaking i lengre fotturar eller skiturar, og dessutan mosjonert på annan måte, drive med sport eller idrett.

NOVA-undersøkinga viser at dei spurde er like fysisk aktive som befolkninga elles, lesbiske kvinner som kvinner generelt: 55 prosent mot 56, og homofile menn noko mindre enn menn generelt: 48 prosent mot 51. Når det gjeld dei helt inaktive derimot, er det langt fleire inaktive både kvinner og menn i den generelle befolkninga<sup>167)</sup> enn blant dei spurde i NOVA-undersøkinga: 22 mot 3 prosent blant dei lesbiske kvinnene, og 26 mot 5 prosent blant homofile menn. Det kan altså tyde på at homofile og lesbiske er meir fysisk aktive enn befolkninga elles.<sup>168)</sup>

Dersom det stemmer at homofile og lesbiske er meir fysisk aktive enn befolkninga generelt, kva for delar av idrettslivet er det dei deltek i? Er det eigenorganiserte aktivitetar, private kommersielle treningsstudio, eller som aktive deltakarar i idrettar organiserte i Norges Idrettsforbund (NIF)? Sidan NOVA-undersøkinga er så lite detaljert på spørsmåla som gjeld fysisk aktivitet, er det vanskeleg å samanlikne med Levekårsundersøkelsen<sup>169)</sup> som konkluderer med at uorganiserte mosjonsaktivitetar (gå turar, gå på ski, symje, jogge,) dominerer blant dei som trenar og mosjonerer minst ein gong i månaden. Men NOVA-undersøkinga har to variablar som kan seie noko om interesse og aktivitet i forhold til den organiserte idretten: Vore tilskodar på eit idrettsarrangement, og er medlem i eit idrettslag Dette blir det spurt om også i Levekårsundersøkelsen. Her er det signifikante skilnader mellom utvalet i NOVA-undersøkinga og Levekårsundersøkelsen (Tabell 7.1).

Det er langt fleire lesbiske kvinner som har vore tilskodar på idrettsarrangement, og tilsvarande færre homofile menn, enn i befolkninga elles. Når det gjeld medlemsskap i idrettslag, er det fleire lesbiske kvinner som er medlem enn kvinner generelt, og motsett når det gjeld homofile menn kontra menn i befolkninga generelt. Det kan altså tyde på at homofile menn mykje sjeldnare deltek i idrettslivet som medlem i idrettslag og som tilskodar på idrettsarrangement i motsetning til både menn og kvinner generelt. Tala for lesbiske kvin-

<sup>167)</sup> Levekårsundersøkelsen op.cit.

<sup>168)</sup> Disse resultatata må ein vurdere ut frå at utvalet i NOVA-undersøkinga ikkje er tilfeldig uttrekt (sjå NOVA: Rapport 1/99, s. 139-140), og kan derfor ikkje direkte samanliknast med tal frå Levekårsundersøkelsen. Utvalet i NOVA-undersøkinga viste seg å vere samansett av fleire personar med høgare utdanning og forholdsvis god inntekt, enn i den generelle befolkninga. Når det gjeld spørsmålet om fysisk aktivitet og deltaking i idrettslivet, forklarar NOVA det også med at utvalet i større grad ser ut til å nytte seg av kulturelle og underholdningsprega fritidstilbod enn kvinner og menn generelt. Resultata frå Levekårsundersøkelsen (1997) viser at det også i normalbefolkninga er dei med høg utdanning som trenar mest. Når utvalet i NOVA-undersøkinga er dominert av gruppa høgt utdanna, forklarar det til ein viss grad kvifor dei skårar så høgt på fysisk aktivitet, og dermed truleg ikkje kan seiast å vere representantive for homofile/lesbiske generelt.

<sup>169)</sup> Op.cit.

ner derimot kan på begge desse spørsmåla samanliknast med menn i befolkninga elles.

Tabell 7.1: . Delar i den generelle befolkninga, og blant lesbiske kvinner og homofile menn som har vore tilskodar på eit idrettsarrangement minst ein gong i løpet av siste 12 mnd., og del som er medlem i eit idrettslag. Prosent

	Kvinner	Menn	Alle
Tilskodar på idrettsarrangement			
NOVA-undersøkinga 1998	53	34	
Levekårsundersøkelsen 1997	46	60	53
Medlemsskap i idrettslag			
Nova//undersøkinga 1998	31	21	25 (17 <sup>1</sup> )
Levekårsundersøkelsen 1997	23	33	28

<sup>1</sup> Del av desse i idrettslag for homofile

Kilde: Kjelde: NOVA-undersøkinga, 1998 og Levekårsundersøkelsen Statistisk sentralbyrå, 1997.

Av dei totalt sett 25 prosent som er medlem i idrettslag, er 17 prosent medlem i idrettslag for lesbiske og homofile organiserte gjennom Landsforeninga for Lesbisk og Homofil frigjering (LLH). Deltakinga i desse laga eller gruppene krev gjerne at deltakarane er opne med at dei lever homofilt, fordi gruppene ofte er offentleg kjende (gjennom blant anna annonsering) som «homoidrettslag», og at dei i konkurranseaktiviteten er kjende som til dømes det homofile/lesbiske handballaget i serien eller turneringane. Når så mange som 17 prosent oppgjev medlemsskap i desse laga, stemmer det overeins med at utvalet i NOVA-undersøkinga er overrepresentert av lesbiske og homofile som er heilt eller delvis opne med si seksuelle orientering. Vi kan derfor ikkje konkludere med at fleirtalet av homofile/lesbiske idrettslagsmedlemmer generelt er medlem i eigne «homoidrettslag» slik det ser ut i Tabell 7.1. Det er grunn til å tru at dei som lever ope om sin seksualitet, ikkje finn seg så godt til rette i heteronormative idrettsmiljø.

Samanhalde med større forskingsbidrag frå utlandet er det mogleg å sjå konturane av nokre mønster når det gjeld opplevingar og erfaringar homofile og lesbiske har i idrettslivet. Desse erfaringane kan kort samlast i tre sider ved idretten som verkar inn på opplevingar ved å delta i idrettslivet: 1. «Maskuline» og «feminine» idrettar, 2. Einkjønn arenaer, 3. Deltaking i toppidrett.

### 7.7.1 «Maskuline» og «feminine» idrettar

Myten om at homofile menn er meir feminine og lesbiske kvinner meir maskuline enn heterofile, kan få spesielle konsekvensar for deltaking i idrett. Generelle oppfatningar om kva som er maskulint og feminint, speglar seg av i synet på kva for fysiske aktivitetar som er typiske kvinne- og mannsidrettar, og av det også allmenne oppfatningar om kvar lesbiske og homofile er med dersom dei er aktive i idrett. Dette har til dømes gjeve eit fokus på kvinnefotballen som ein sannsynleg arena for lesbiske, eller dans og ulike estetiske idrettar som spesielt eigna for homofile menn. Ei slik gruppering kan føre til

auka rekruttering av homofile og lesbiske, og noko meir open innstilling og meir toleranse for homoseksuelle i dei aktuelle idrettsmiljøa.

Samstundes er det også slik at oppfatningar om femininitet og maskulinitet fører til homofobi og trakassering av lesbiske/homofile. Når det gjeld idretten, råkar dette spesielt, fordi nokre aktivitetar som nemnt blir karakteriserte som «maskuline» og «feminine» idrettar. Å vere deltakar i ein «maskulin idrett» som blir assosiert med manndom og maskuline verdiar og eigenskapar, styrkjer stadfestinga av eigen identitet som maskulin gut eller mann. Innslag av feminine verdiar eller personar, oppførsel og så vidare i dette idrettsmiljøet kan derfor verke trugande for deltakarar som ventar seg eit miljø som er maskulint og mandig nok. Og dei som gjerne står som representantar for det feminine, er jenter/kvinner eller homofile gutar/menn som andre ser på som feminine og ikkje ordentleg mandige.

Når det gjeld lesbiske, er skepsisen knytt til myten om ein mannhaftig person. Ho kan bli sett på som ukvinneleg og lite attraktiv ut frå offentlege ideal og estetikk omkring kvinnekjønn. Lesbiske idrettsaktørar kan dermed verke trugande for rykte og posisjon til det kvinnelege idrettsmiljøet som ein attraktiv arena for kvinner generelt.

Homofobi kan råke på to måtar: Som trakassering av lesbiske og homofile i miljøet, og som trakassering av heterofile som blir mistenkte for å vere homofile, eller ofte berre for å vere feminine eller for maskuline, og dermed representantar for eit uønskt og negativt innslag i miljøet. Det råkar også jenter eller gutar generelt som står fram med brot på dei maskuline eller feminine krava, til dømes å bli mobba som homo dersom du som gut viser teikn på veikskap, vare kjensler, redsel, prestasjonsangst osv.

Lesbiske og homofile løyser dette gjerne på to måtar: anten ved å ikkje vere opne med sin seksualitet i miljøet, eller ved å framstå som nok maskuline menn eller feminine kvinner for ikkje å bli utsette for homofobi. Ein annan måte å løyse det på er sjølv sagt å velje dei aktivitetane der forventningane til maskulinitet/femininitet ikkje er så tydelege og "strenge". Det trengst meir kunnskap på dette feltet, særleg for å kunne arbeide ut eigna tiltak som kan redusere homofobi.

### 7.7.2 Einkjønn arenaer

Idrettsmiljøet er på mange måtar einkjønn som arena fordi mange av aktivitetane er delte på kjønn: Fleire idrettar og aktivitetar blir drivne separat for kvart kjønn, og somme idrettar er dominerte av eitt kjønn. Dette er særleg tydeleg i lagspel, men også i individuelle idrettar som blir dominerte av mannlige eller kvinnelege deltakarar (t.d. skihopp for menn og rytmisk sportsgymnastikk eller aerobic/fitness for kvinner). Når det gjeld barne- og til dels ungdomsidretten, er det vanleg å organisere aktivitetane på tvers av kjønn fram til utøvarane når ein viss alder der ein ser det som naturleg å dele inn i reine jente- og gutelag. Heilt einkjønn treng likevel ikkje det sosiale miljøet i idrettslivet vere. Det er til dømes vanleg i mange idrettslag å tilby både gute- og jentelag i til dømes handballgruppa, slik at det sosialt sett er ei blanda kjønnsgruppe i idrettslaget.

Sidan homofile og lesbiske forelskar seg og søker partnarar, og dessutan stadfesting på eigen seksuell identitet, i personar av same kjønn, kan einkjønn arenaer vere av spesiell verdi for denne gruppa.

I kor stor grad idretten som ein einkjønna arena blir opplevd som positivt eller negativt for lesbiske og homofile, er i sin tur avhengig av kor aksepterte og ope miljøet er og om det er utan homofobi. Homofobi kjem også til uttrykk verbalt (vitsing, nedsetjande kommentarar osv.) slik at ein heller ikkje som skjult lesbisk/homofil slepp unna. Homofobi kan kome til uttrykk når den homofile eller lesbiske ope gjev til kjenne sin seksualitet gjennom forelsking, flørt og anna seksuell tilnærming. Med andre ord er det ikkje alltid like lett for lesbiske/homofile å ta initiativet til romantikk og kjærasteforhold utan å vere utrygg for å bli råka av homofobi og vald eller trakassering. Dersom vi tenkjer på ungdomstida som ein periode der dei unge er ekstra opptekne av romantikk, flørt og seksuelle relasjonar, kan det føre til fråfall av unge homofile og lesbiske frå idretten, fordi dei ikkje opplever å ha høve til å utforske sin seksualitet og etablere kjærasteforhold og liknande i miljøet. Dersom det derimot er eit idrettsmiljø som uttrykkjer lite redsel og forakt for lesbiske og homofile, kan det potensiale for romantikk og seksuelt gjensvar som ligg i einkjønna arenaer med mykje kroppsnærleik, opplevast som positivt og attraktivt for ein homofil eller lesbisk deltakar. Kanskje meir enn for heterofile som opplever einkjønna sosiale miljø som ikkje-seksuelle.

### 7.7.3 Deltaking i toppidrett

Vi har i dag nokre få lesbiske og homofile toppidrettsutøvarar som er opne i media omkring sin seksualitet. Deltaking i toppidrett aktualiserer problema rundt å vere open som homofil eller lesbisk, fordi mediemerksemda i somme tilfelle kan vere ekstremt stor. Ein slik mediesituasjon vil kunne auke presset endå meir når det gjeld frykt for homofobiske reaksjonar. Kombinasjonen med ekstreme krav til idrettsprestasjon og behov for ro til fokusering på idrettsinnsatsen, skaper ein situasjon der risikoen for å mislykkast er stor, og der det er viktig å kontrollere alle faktorar som kanskje kan påverke situasjonen negativt. Moment som heltedyrking, nasjonalisme og synet på idrettsutøvarar som ambassadørar for landet i internasjonale meisterskapar, appellerer til utøvarer om å stå fram som gode førebilete for andre. I eit samfunn der homoseksualitet mellom anna blir assosiert med uønskt seksuell åtferd, marginaliserte befolkningsgrupper og eit tabulagt privatliv, kan det vere vanskeleg for den det gjeld å sjå at å vere open rundt sin seksualitet vil slå ut som ein fordel for ein høgprofilert toppidrettsutøvar. Vi har i dag lite kunnskap om kor vidt dette fører til eit stort fråfall av lesbiske og homofile deltakarar i toppidretten, eller om dei er godt representerte som skjulte homofile og lesbiske toppidrettsutøvarar.

## 7.8 Tiltak

---

Det viser seg at lesbiske og homofile generelt har gode sosiale nettverk, og at dei i stor utstrekning tek del i kultur- og fritidsaktivitetar. Faktisk kjem den homofile og lesbiske befolkninga betre ut på desse viktige livskvalitetsmåla enn den generelle befolkninga. I tillegg har homofile og lesbiske stort sett eit godt forhold til opphavsfamiliane sine. Samstundes registrerer vi at stadig fleire er opne om si seksuelle og emosjonelle orientering, både i forhold til venner og kjenningar. Men det viser seg også at mange foreldre har problem med å reagere positivt på homoseksuell orientering hos barna sine.

Regjeringa ser det som viktig å styrkje kunnskapen om og forståinga for homofile og lesbiske overfor foreldregrupper. Dette er viktig for å førebyggje negative reaksjonar i møte med at egne barn erkjenner og fortel om eiga seksuell orientering. Dette kan til dømes skje gjennom foreldrerettleiingsprogrammet (sjå kapittel 4).

På bakgrunn av undersøkingar er det god grunn til å rekne med at mange lesbiske og homofile vel å flytte frå dei opphavlege lokalsamfunna sine og inn til dei større byane. Mange gjer dette av grunnar som utdanning, arbeidsmarknad osv. Men også ønsket om å bli med i et rikare og meir variert homofilt/lesbisk miljø er ein avgjerande grunn til oppbrot frå heimbygda. Nokre blir likevel buande att på mindre stader, og det kan synast som ein del av dei har relativt svake sosiale nettverk.

Stortinget har slått fast at idrett og fysisk aktivitet for alle skal vere hovudmålet for idrettspolitikken (St.meld. nr. 14 (1999-2000)). Grunngevinga for statleg medverknad og økonomiske støtteordningar til idrettsformål er basert på både eigen- og nytteverdi av idrett og fysisk aktivitet. I St. meld. nr. 14 (1999-2000) *Idrettslivet i endring* blir dette omtalt slik:

«Med egenverdi menes den opplevelse selve utøvelsen av aktivitet gir i form av glede og mestring. Idrett har videre ofte vært ensbetydende med deltakelse i et fellesskap, som både har verdi for den enkelte og for samfunnet, gjennom etablering av nettverk og organisasjoner. Idrettens nytteverdi er fra statens side særlig knyttet til helseperspektivet. Den positive effekt som fysisk aktivitet har som en del av det forebyggende helsearbeidet, bidrar til å styrke berettigelsen for statlig støtte.»

Tala frå NOVA-undersøkinga seier at homofile og lesbiske deltek i idrettslivet, lesbiske kvinner meir enn homofile menn. Ein ser det derfor som viktig å finne fram til meir kunnskap om kor vidt verdien av idrett og fysisk aktivitet ser ut til å vere like positiv i den lesbiske og homofile befolkningsgruppa som i befolkninga elles. Det er også nødvendig med meir kunnskap om kor vidt ønske og behov hos homofile og lesbiske for å delta i idrett, også toppidrett, blir tillagt nok vekt, slik at visjonen *idrett og fysisk aktivitet for alle* også gjeld for denne gruppa.

Homofobi forstått som irrasjonell frykt for homoseksualitet er generelt til stades i eit heteronormativt samfunn som Noreg. Vi kan derfor rekne med at negative haldningar til lesbiske og homofile finst i ulike idrettsmiljø på lik linje med andre miljø i vår kultur.

Regjeringa gjer framlegg om desse tiltaka:

- Det vil bli utarbeidd informasjon retta mot dei politiske styresmaktene og tenesteapparata i kommunane.
- Departementet vil støtte organisasjonane til lesbiske og homofile i arbeidet deira med å skape lokale nettverk for lesbiske og homofile, slik at dei som vel å bli buande i sine lokalmiljø utanom dei større byane, lettare kan finne eit lesbisk/homofilt miljø (sjå kapittel 11).
- Departementet oppmodar NIF til eit aktivt engasjement når det gjeld integrering av homofile og lesbiske i idrettsrørsla. Spørsmål som gjeld situasjonen for lesbiske og homofile i idrettslivet, bør inngå som ein naturleg del av utdanningssystemet i NIF.

- Forskings- og utviklingsarbeid i forhold til homofil og lesbisk ungdom i idretten bør styrkjast.



## 8 Helse og sosiale forhold

### 8.1 Innleiing

---

Eit stort fleirtal av lesbiske og homofile vurderer helsa si som god. Ut frå kunnskap som ligg føre, ser det likevel ut til at lesbiske og homofile viser noko mindre tendens til å gje ei positiv vurdering av eiga helse samanlikna med jamaldrande i den generelle befolkninga. Spesielt lesbisk og homofil ungdom har ein høgare risiko for psykiske problem enn andre. Sjølv-mordsrisikoen blant lesbiske og homofile som gruppe ser ut til å vere generelt høg, og samanlikna med den generelle befolkninga rapporterer fleire lesbiske og homofile å ha prøvd å ta sitt eige liv.

Innanfor fleire statlege satsingar vil det vere verkemiddel som har verdi i arbeidet for å betre helseforholda hos lesbiske og homofile. Dette gjeld til dømes satsinga på helsestasjons- og skolehelsetenesta,<sup>170)</sup> opptrappingsplanen for psykisk helse 1999-2006, vidareføring av handlingsplanen mot sjølv-mord, handlingsplanen mot HIV/AIDS - epidemien og handlingsplan for førebygging av uønskte svangerskap og abort 1999-2003.<sup>171)</sup> Gjennom oppfølging av desse satsingane vil både generelle og spesielle tiltak vere til hjelp i arbeidet med å betre helsa til denne målgruppa. Vilåret er likevel at desse tiltaka treffer lesbiske og homofile. Og som i anna helsefremjande og førebyggjande arbeid må ein arbeide på ulike arenaer, og det inneber tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid. Slike satsingar vil bli vidareførte.

### 8.2 Somatisk helse

---

Det går fram av NOVA-undersøkinga at eit fleirtal av respondentane - 71 prosent av lesbiske kvinner og 75 prosent av homofile menn - vurderer helsa si som god/mykje god. Samanlikna med den generelle befolkninga er dette likevel ein noko lågare del.<sup>172)</sup>

Risikoen for AIDS har skapt stor medieinteresse omkring helsa til homofile menn. Dette blir utførleg behandla i avsnitt 8.5. Helseforhold hos lesbiske kvinner har ikkje vekt same interessa, kanskje fordi denne gruppa har få spesielle helseproblem. Likevel er det grunn til å dra fram enkelte forhold.

Det finst lite systematisk kunnskap om særskilde helseforhold for lesbiske kvinner basert på representative studiar.<sup>173)</sup> Det som finst av forskning i

<sup>170)</sup> Jf rundskriv I-47/99 Helsestasjon for barn og unge 0-20 år - et kraftsenter for helse og oppvekst

<sup>171)</sup> Gjennom handlingsplanen for uønskte svangerskap og abort blir det stimulert m.a. til etablering av fleire helsestasjonar for ungdom.

<sup>172)</sup> Ut frå Helseundersøkelsen (1995) rapporterer 87 prosent av kvinnene og 88 prosent av mennene at helsa deira er god/mykje god.

<sup>173)</sup> Malterud, Kirsti (1986) Helseforhold hos lesbiske kvinner. I: *Tidsskrift for den Norske Lægeforening* nr. 25; 106: 2071-4. Malterud har klinisk erfaring frå Rådgivningstjenesten for homofile og lesbiske i Oslo kommune.

Noreg, rettar primært søkjelyset mot psykososiale og i liten grad mot somatiske lidningar hos lesbiske kvinner. Dei studiane som er gjorde av den somatiske helsa hos lesbiske kvinner, er prega av at talet på respondentar er relativt lågt. Det er derfor nokså usikkert kor mykje ein kan generalisere ut frå funna der. Samstundes er funna såpass eintydige at dei gjev klare indikasjonar på kva for særskilde helseproblem som kan oppstå blant lesbiske kvinner.

Ein studie <sup>174)</sup> viser at lesbiske kvinner svært sjeldan konsulterer lege for rutinemessig gynekologisk undersøking. Ei forklaring er at dei ikkje har behov for prevensjon, som elles medfører regelfast legekontakt. Ei svensk undersøking konkluderer med at lesbiske kvinner i mykje mindre grad enn kvinner i den generelle befolkninga går til mammografi og til gynekologisk undersøking. Å ikkje gå regelfast til slike undersøkingar, fører til høgare risiko for at sjukdom ikkje blir oppdaga på eit tidleg stadium. <sup>175)</sup>

Lesbiske kvinner har mindre risiko for å bli smitta av veneriske sjukdommar, inkludert HIV. Her er det avgjerande om kvinna har hatt sex med menn eller om ho er saman med ei kvinne som har hatt sex med menn. <sup>176)</sup> Unntaket er kjønnsvorter, herpes I og II og vaginale bakterie- og soppinfeksjonar der førekomsten synest å vere like høg, eller noko høgare hos lesbiske kvinner enn i den generelle kvinnebefolkninga. <sup>177)</sup>

Det er påvist at barnlause kvinner og kvinner som får barn seint i livet - og kvinner med eit høgt alkoholforbruk - har større risiko for brystkreft. Dessutan blir samanhengen mellom røyking og livmorhalskreft problematisert. NOVA-undersøkinga viste at 42 prosent av lesbiske kvinner i utvalet er daglegrøykjarar, mot 27 prosent av den generelle kvinnebefolkninga. <sup>178)</sup> Undersøkinga viste også at lesbiske kvinner i utvalet oftare drikk alkohol og oftare er rusa enn kvinner i den generelle befolkninga. Dette er trekk ved leveviset til nokre lesbiske kvinner som kan gje grunnlag for uro og ettertanke.

### 8.3 Psykisk helse

---

På same måten som den mentale helsa i den generelle befolkninga varierer sterkt, vil det same vere tilfelle blant lesbiske og homofile. Homofile og lesbiske høyrer til i alle samfunnsgrupper, og det finst store individuelle variasjonar når det gjeld grad av open haldning og levemåte, og dermed også psykisk helse. Det er vidare store individuelle skilnader når det gjeld utdanning, økonomi og bustad blant lesbiske og homofile. Dette er levekårsforhold som har samanheng med psykisk helse. Dei forholda som fører til god eller dårlig psykisk helse blant folk flest, vil på same måten påverke helseforhold hos homofile og lesbiske. Trass i store individuelle variasjonar, kan lesbiske og homofile likevel oppleve spesielle psykiske belastningar direkte eller indirekte i kraft av

<sup>174)</sup> Moseng, Bera Ulstein (1998) *Lesbiske kvinners helse - et særegent problem?* Rapport til Helsetilsynet. Rapporten er basert på data frå NOVA-undersøkinga.

<sup>175)</sup> Hervordotter, Susan (1997) *Lesbiska och bisexuella kvinnor i Stockholm. En studie av identitet, öppenhet, sexualvanor och sexuellt välbefinnande*. RFSLs hivkasli og RFSL-rådgivningen i Stockholm.

<sup>176)</sup> Moseng (1998) op.cit.

<sup>177)</sup> Moseng (1998) op.cit.

<sup>178)</sup> Helseundersøkelsen - 1995.

å tilhøyre ei gruppe som tradisjonelt er blitt utsett for fordømmar og diskriminering.

Kunnskapsgrunnlaget når det gjeld psykisk helse hos homofile og lesbiske samanlikna med resten av befolkninga, er derimot mangelfullt. Bortsett frå NOVA-undersøkinga er det gjort få norske undersøkingar som kan dokumentere utbreiing og former for psykiske lidningar for denne gruppa.

I NOVA-undersøkinga blei dei spurde presenterte for ei rekkje angst- og depresjonsrelaterte symptom, og bedne om å opplyse om dei har vore nokså/svært plaga av desse symptoma i løpet av dei siste 14 dagane. Materialet gjer det mogleg å samanlikne resultatane med resultatane for den generelle befolkninga (Helseundersøkelsen 1995).<sup>179)</sup> Blant NOVA-utvalet svarte 12 prosent av kvinnene og 13 prosent av mennene at dei hadde vore plaga av nervøsitet eller indre uro. Tilsvarande tal for den generelle befolkninga er 5 og 4 prosent. 9 prosent av kvinnene og 15 prosent av mennene i NOVA-utvalet hadde vore plaga av einsemdkjensle, medan tilsvarande tal for den generelle befolkninga var 4 og 2 prosent. 12 prosent av både kvinner og menn i NOVA-utvalet oppgav at dei hadde vore mykje engstelege eller urolege dei siste 14 dagane. Det same var tilfelle for 6 prosent av kvinnene og 3 prosent av mennene i den generelle befolkninga.

Det ser altså ut til at vi finn angst- og depresjonsrelaterte symptom oftare blant homofile og lesbiske i NOVA-undersøkinga enn blant kvinner og menn i den vanlege befolkninga.<sup>180)</sup> Skilnadene er størst i dei yngste aldersgruppene. I aldersgruppa 16-24 år var 24 prosent av kvinnene og 21 prosent av mennene plaga av nervøsitet og indre uro, mot 4 prosent av både kvinner og menn i den generelle befolkninga.

NOVA-undersøkinga peiker på at psykiske problem hos lesbisk og homofil ungdom kan vere knytte til:

- problem med å akseptere seg sjølv som lesbisk eller homofil
- problem med å stå fram som lesbisk eller homofil
- sjølvforakt og lågt sjølvbilete
- problem med å handtere ekskludering, isolasjon og manglande støtte frå familie
- problem knytte til vald og trugsmål om vald

Dette dreier seg om alvorlege psykiske stressfaktorar, og både forskning og klinisk erfaring peiker på at mange lesbiske og homofile ungdommar lever i ein kronisk stressituasjon som kan vere ei medverkande årsak til utvikling av depresjon og sjølvordstankar.<sup>181)</sup> Lesbiske og homofile er som medlemmer

<sup>179)</sup> Helseundersøkelsen 1995 byggjer på eit landsrepresentativt utval av vel 4000 hushald. Opplysningane er samla inn dels ved personleg intervju, dels ved sjølvutfylling av spørjeskjema i etterkant av intervjuet. NOVA-undersøkinga er ei postal undersøking med sjølvutfylling av spørjeskjema. På grunn av ulike datainnsamlingsmetodar må ein vere varsam med å samanlikne resultatane frå dei to undersøkingane.

<sup>180)</sup> Resultata som er attgjevne ovanfor, utgjer berre 3 av i alt 12 ulike symptom. Men tendensen er den same - plagene møter vi oftare blant NOVA-utvalet enn i den generelle befolkninga.

<sup>181)</sup> Benum, Vår (1997) Stigmatisering og minoritetsstress. Betydningen av kunnskap i møte med lesbiske klienter. I: Benum V, Friis E, Offerdal A (red) *Vite for å forstå - 10 artikler om homoseksualitet og lesbiske og homofiles livsvilkår i Norge i dag*. Universitetet i Oslo.

av ei minoritetsgruppe utsette for det som blir kalla «minoritetsstress». Sentrale stressfaktorar er internalisering av fordømmar, negativ sjølvurdering og kjensle av mindreverd.

På bakgrunn av dei forskingsresultata som ligg føre, er det mogleg å peike på at visse verne- og risikofaktorar heng saman med helsetilstanden hos den enkelte. Resultat frå NOVA-undersøkinga og anna forskning tyder på at dei som har best psykisk helse, er lesbiske og homofile som har eit avklart forhold til den seksuelle orienteringa si både psykologisk og sosialt.<sup>182)</sup> Personar som lever i eit fast forhold, ser ut til å vere meir verna mot psykiske vanskar knytte til seksuell orientering enn personar som lever åleine.

Tidleg diagnose og behandling av depresjon gjev best langtidsprognose, og dette kan verke med til å hindre sjølv-mord og sjølv-mordsforsøk. Når lesbisk og homofil ungdom oppsøker helsetenesta med angst og er usikre på grunn av den seksuelle orienteringa, er det avgjerande at helsepersonell ikkje prøver seg på terapi som skal endre den seksuelle identiteten hos ungdommane i ei anna retning. Dette vil i utgangspunktet ikkje vere i tråd med ein for-svarleg måte å utføre helsetenester på. God helsehjelp vil seie å gje ungdommane støtte og hjelp til å forsone seg med sin seksuelle identitet.

Helsetenesta har eit ansvar for å vere vaken for symptom på depresjon blant unge menneske. For unge lesbiske og homofile er slike symptom, som omtalt tidlegare, mellom anna sjølvforakt og lågt sjølvbilete. I slike tilfelle er det viktig å etablere gode samarbeidslinjer med andre etatar, spesielt skolen, og leggje til rette for at dei problema denne gruppa opplever, blir reduserte.

I arbeidet med å styrkje tenestetilbodet innanfor psykisk helse er tiltak for å normalisere psykiske lidingar og vanskar sentralt. Tenestetilbodet til homofile og lesbiske skal vere ein del av det ordinære tenesteapparatet. Å etablere former for særomsorg vil kunne verke med til endå meir stigmatisering av lesbiske og homofile. Dette tenestetilbodet har som vilkår at fagmiljøa innanfor det ordinære tenesteapparatet har kompetanse på området.

#### 8.4 Sjølv-mord og sjølv-mordsforsøk

---

Mykje tyder på at sjølv-mordstankar og sjølv-mordsforsøk er meir vanleg hos homofile og lesbiske enn i befolkninga generelt. NOVA-undersøkinga viser at 3,3 prosent av lesbiske kvinner og 3,4 prosent av homofile menn har vore plaga av *tankar* om å ta sitt eige liv i løpet av dei siste 14 dagane. Tilsvarande tal for den generelle befolkninga er 0,5 prosent og 0,4 prosent (Helseundersøkelsen 1995). Blant lesbiske og homofile i alderen 16-24 år er tala 7,4 prosent for kvinner og 6,1 prosent for menn.<sup>183)</sup>

Når det gjeld sjølv-mords *forsøk*, viser NOVA-undersøkinga at 16 prosent av mennene og 20 prosent av kvinnene har prøvd å ta sitt eige liv ein eller fleire gonger i løpet av livet. Tilsvarande tal for aldersgruppa 16-24 år er 27 prosent

<sup>182)</sup> Greene B; Herek GM (eds) (1994) *Lesbian and Gay Psychology. Theory, Research and Clinical Applications. Psychological Perspectives on Lesbian and Gay Issues*. Volume 1. Thousand Oaks, CA: Sage Publications.

<sup>183)</sup> Tilsvarande tal (tankar om å ta sitt eige liv i løpet av dei siste 14 dagane) for den generelle befolkninga i denne aldersgruppa var 0,7 prosent for kvinner og 1,7 prosent for menn (Helseundersøkelsen 1995).

av mennene og 25 prosent av kvinnene. Vi ser altså at sjølvmordsforsøk skjer svært ofte blant unge homofile i NOVA-utvalet. Rapporten viser dessverre ikkje til tilsvarende tal for ungdomsbefolkninga generelt.

Nordamerikanske studiar dei seinare åra av befolkningstverrsnitt har funne at *sjølvmordsforsøk og sjølvordstankar* er mykje meir vanleg hos unge homofile enn i den generelle befolkninga.<sup>184)</sup> Sjølv om samanhengen mellom sjølvmordsrisiko og seksuell orientering er dokumentert, er det framleis uklart om *gjennomførte sjølvord* er vanlegare blant homofile og lesbiske enn elles i befolkninga. Ein slik samanheng er likevel sannsynleg. Sjølvmordsforsøk er ofte uttrykk for alvorlege psykiske og sosiale problem og representerer i seg sjølv ein risiko for å utvikle endå større problem og sekundærproblem.

Ei rekkje utanlandske undersøkingar peiker på risikofaktorar for suicidal atferd hos homofile/lesbiske.<sup>185)</sup> Slike risikofaktorar er problem med å «kome ut» som homofil, skam- og skyldkjensle, ustabilitet i personlege relasjonar, rusmisbruk og problem knytte til HIV og AIDS. NOVA-undersøkinga kartla kva slags motiv homofile/lesbiske hadde hatt for sjølvmordsforsøka sine. Sosial isolasjon og einsemd, vanskar med å akseptere seg sjølv som lesbisk/homofil, skamkjensle og ønsket om å kome vekk frå ein utoleleg situasjon var svært vanlege motiv.

### **8.5 HIV/AIDS og seksuelt overførbare sjukdommar**

---

Spørjeskjemaet i NOVA-undersøkinga inneheld fleire spørsmål om korleis lesbiske kvinner og homofile menn opplever at HIV og AIDS har påverka livet deira. Resultata viser store skilnader mellom kjønna. Også intervjuundersøkinga stadfestar dette. Ei av ti kvinner har opplevd å miste nokon som stod dei nær, men få av kvinnene er redde for sjølve å bli smitta eller kjenner at seksuallivet deira blir påverka negativt. Tala er mykje høgare for homofile menn. Ein femdel er ofte redde for at dei sjølve er smitta, og meir enn ein firedel har mista nokon som stod dei nær. Ein tredel har nære venner som er smitta eller sjuke, og meir enn ein tredel opplever at seksuallivet deira blir påverka negativt.

Ut ifrå estimat utarbeidde av Statens institutt for folkehelse, reknar dei med at totalt 1500-1600 personar lever med HIV i Noreg i dag, av dei er ca. 500-650 homoseksuelle/biseksuelle menn.<sup>186)</sup>

Ut frå statistikken er det ingen ting som tyder på at lesbiske kvinner er spesielt utsette for dei tradisjonelle seksuelt overførbare sjukdommane.

<sup>184)</sup> Remafedi G, French S, Story M (1998) The relationship between suicide risk and sexual orientation: Results of a population-based study: I: *Am J Public Health* 88(1):57-60.

<sup>185)</sup> Offerdal A (1995) *Sjølvord og sjølvordstankar blant unge homofile menn. Forekomst sett i lys av homonegativisme og identitetsutvikling: et litteraturstudium*. Hovudoppgåve ved Psykologisk Fakultet, Universitetet i Bergen.

<sup>186)</sup> MSIS - Meldingssystemet for smittsomme sykdommer (MSIS) ved Statens institutt for folkehelse gjev god statistikk når det gjeld forekomst av HIV/AIDS (sidan 1984) og andre seksuelt overførbare sjukdommar som gonore, syfilis og klamydia. Statistikken baserer seg på kumulative tal, og ingen veit derfor nøyaktig kor mange HIV-positive som er i live og bur i Noreg no.

Når det gjeld homofile menn og unge gutar, er situasjonen annleis og meir dramatisk. Dei spesifikke somatiske helseproblema hos denne gruppa er hovudsakleg knytte til seksualitet. Det dreier seg om:

- Seksuelt overførbare sjukdommar (SOS)
- Maskerte infeksjonar i urinrøyr og mage-tarmsystemet
- Ei høgrisikogruppe for smitte med HIV

Unge homofile gutar nyttar ofte seksuelle erfaringar som ein måte å lære kva det er å vere homofil.<sup>187)</sup> Det set dei sjølv sagt i ein særleg risikosituasjon for smitte. Andre typar sjukdommar og komplikasjonar som kan overførast mellom anna ved ubeskytta analsex, er spesielt urinvegsinfeksjonar og ulike former for mage-tarminfeksjonar. Mange norske legar har liten kunnskap om desse «maskerte» seksuelt overførte sjukdommane - til dømes at amøbedysenteri kan overførast seksuelt, og at menn som har sex med menn, ofte er smitta med dette.<sup>188)</sup>

Medan det blant heteroseksuelle menn i Noreg berre blei påvist sporadiske tilfelle av syfilis på nittitalet, blei det i eit utbrot blant homofile menn i Oslo påvist 40 tilfelle i 1999. Samanhalde med auken av andre seksuelt overførbare sjukdommar dei seinare åra, viser dette at det framleis er mykje usikker sex i enkelte grupper av homofile og bifile menn. Dette vil på lengre sikt kunne resultere i ein auke i talet på HIV-tilfelle.

Dei fleste homofile menn er godt kjende med risikoen for smitte med seksuelt overførbare sjukdommar og HIV. Det kjem mellom anna av langvarige og målretta tiltak med informasjon om helserisiko når menn har sex med menn - primært som ledd i å førebyggje HIV. Til dømes viser utvalsundersøkingar i ungdomsbefolkninga dei siste åra at ungdom har god kunnskap om korleis ein skal verne seg mot seksuelt overførbar smitte.<sup>189)</sup> Det er komplisert å endre menneskeleg åtferd, og det er framleis for mange homofile og bifile menn som praktiserer usikker sex.

*Helseutvalet for homofile* er den viktigaste aktøren i arbeidet blant homofile og bifile menn, og er fullfinansiert over løyvinga i statsbudsjettet til Handlingsplan mot HIV/AIDS-epidemien. I 2000 mottok Helseutvalet 4,4 mill. kroner til drift og prosjekt. Helseutvalet blei skipa så tidleg som i 1983 og blei hovudsamarbeidspartnar for Helsedirektoratet når det gjaldt HIV/AIDS-førebygging overfor homofile og bifile menn. Helseutvalet har i dag eit sekretariat der drift, prosjektverksemd og tiltak blir finansierte via statleg støtte. Svært mykje av arbeidet blir likevel gjort av frivillige som er rekrutterte gjennom homofile sine organisasjonar.

Det kan ta fleire år før HIV-smitta personar testar seg og dermed blir klar over sin HIV-status. Statens institutt for folkehelse reknar med at mørketalet for gruppa homofile og bifile menn - det vil seie personar som er HIV-smitta, men ikkje diagnostiserte - ligg på 100-200. Dette kan vere ein indikator på at helsetenesta og andre aktørar ikkje i stor nok grad evnar å motivere homofile menn til å ta HIV-test eller driv ei tilfredsstillande oppsporing av smitte. Det

<sup>187)</sup> Remafedi G (1993) Sexually transmitted diseases in young homosexual men. *Sem Ped Infect Dis* 4:122.

<sup>188)</sup> Olsen FG: Intervju i Blikk nr. 6, 2000.

<sup>189)</sup> Statens Helsetilsyn 1999 og 2000.

kan også vere ein indikator på at somme homofile og bifile menn med risiko-åtfærd av ulike grunnar ikkje ønskjer å teste seg, eller ikkje er opne om sin seksualitet. Eit døme på dette er at mange av dei som testa seg for syfilis i samband med syfilisutbrotet i Oslo i 1999, sa nei takk til eit tilbod om HIV-test med det same.

Ut frå Meldingssystemet for smittsomme sykdommer (MSIS) utgjorde menn som har sex med menn, ved utgangen av 1999 36,4 prosent av alle som er smitta med HIV sidan 1984 då meldingssystemet blei etablert. Dette er framleis den største delen av HIV-smitta i landet, og gruppa er til saman like stor som talet på innvandrarak og etniske nordmenn som er heteroseksuelt smitta. Det er likevel grunn til å understreke at det dreier seg om små tal, og at det ikkje finst nok sikker kunnskap om kor mange personar som er smitta med HIV, som er i live og bur i Noreg i dag. Det er ein relativt stor auke i talet på diagnostiserte og melde personar med HIV-infeksjon frå 1998 til 1999,<sup>190)</sup> men auken kjem i det alt vesentlege av asylsøkjarak og flyktingar som er smitta før dei kjem til Noreg, og heteroseksuelt smitta nordmenn i utlandet.

I andre vestlege land, til dømes i somme delstatar i USA, i Storbritannia og Australia registrerer dei no ein auke i HIV-smitte blant homofile og bifile menn. Det er førebels uklart om denne utviklinga vil ha innverknad på den norske epidemien - men det er verdt å merke seg at HIV-epidemien her til lands i stadig aukande grad blir påverka av den internasjonale situasjonen. 11 prosent av dei registrerte homofile og bifile HIV-smitta i 1999 oppgav USA som smittestad. Meir enn éin av tre blei smitta i utlandet.

## 8.6 Bruk og misbruk av rusmiddel

---

I Noreg finst det etter måten lite forskning om bruk og misbruk av rusmiddel blant homofile og lesbiske. NOVA-rapporten konkluderer med at rusmiddelbruken er større blant lesbiske og homofile enn i befolkninga elles.

NOVA-undersøkinga finn at alkoholbruk blant homofile og lesbiske, som i befolkninga elles, på den eine sida er knytt til sosialt samvær, aktivitet, sterke nettverk og høg livskvalitet, og på den andre sida kan føre med seg utvikling av sjukdommar, skadar og sosiale problem. Det er ein glidande overgang mellom normalt konsum og misbruk. Ein kan rekne med at grupper med høgt alkoholforbruk, og særleg grupper med høg rusingsfrekvens, også vil vere meir utsette enn andre for alkoholrelaterte skadar og problem.

I USA har delen med alkoholproblem gjerne vore påreknad til rundt 30 prosent blant homofile, lesbiske og bifile, mot ca. 10 prosent i befolkninga sett under eitt. På grunn av metodiske veikskapar ved fleire undersøkingar, verkar det meir sannsynleg at det korrekte ligg opp mot 20 prosent, men det er likevel klart høgare enn gjennomsnittet.<sup>191)</sup>

Ut frå NOVA-rapporten er det «blant lesbiske og homofile i vårt utvalg ..... svært mange flere som ofte drikker seg beruset enn i resten av befolkninga». Det er også ein mindre del som sjeldan drikk alkohol. På same måten som i

<sup>190)</sup> Talet på melde HIV-positive i 1998 og 1999 var 98 og 147 tilfelle, ut frå MSIS-statistikken.

<sup>191)</sup> Paul, J, R Stall & K Bloomfield (1991) Gay and alcoholic: Epidemiological and clinical issues. I *Alcohol Health and research World*, 15, op.cit.

den generelle befolkninga, er det meir vanleg blant menn å drikke seg rusa ofte enn blant kvinner. Men blant kvinner i utvalet er den delen som drikk alkohol ofte, fire gonger så stor som i den generelle kvinnebefolkninga. Blant menn er delen dobbelt så stor. Sett i høve til resten av befolkninga er det verdt å merke seg den høge rusingsfrekvensen hos kvinnene, sjølv om homofile menn i absolutte tal ligg høgare enn kvinnene. Tidlegare forskning har også vist at lesbiske kvinner har eit høgare alkoholkonsum enn i den generelle kvinnebefolkninga. Ein finn færre totalfråhaldskvinner og fleire storkonsumentar. Noko overraskande er det at den forskinga som ligg føre, viser at forbruket ikkje varierer med sivilstatus og alder i særleg stor grad.

Forskning om homokulturen i vestlege land tyder på at barar og klubbar står svært sentralt når det gjeld å få sosial og eventuelt seksuell kontakt. For ein del menn og kvinner som er på veg «ut av skapet», kan drikking vere ein føresetnad for å nærme seg potensielle partnarar.<sup>192)</sup> Dette kan for det første gjere dei spesielt sårbare for rusproblem. For det andre inneber det for menn ein fare for smitte av seksuelt overførbare sjukdommar.<sup>193)</sup>

Narkotiske stoff blir berre brukte av ein liten minoritet lesbiske kvinner og homofile menn. Slik sett samsvarer biletet med det vi finn i befolkninga elles. Den delen av unge lesbiske og homofile (18-24 år) i Oslo som har brukt cannabisstoff i løpet av siste 12 månader, er likevel dobbelt så høg som delen i eit representativt utval av Oslo-ungdom. 45 prosent av lesbiske kvinner i denne aldersgruppa hadde brukt hasj eller andre cannabisstoff. Bruk av cannabis har for lesbiske kvinner sitt vedkomande også stor samanheng med eit høgt alkoholforbruk. Også forbruket av andre stoff synest å vere høgare blant lesbiske og homofile samanlikna med resten av befolkninga.

Kor stor del lesbiske og homofile utgjer innanfor tiltaksapparatet for rusmiddelmissbrukarar i Noreg, er ikkje kartlagt. På bakgrunn av funna i NOVA-undersøkinga om eit relativt høgt alkoholkonsum, er det grunn til å tru at lesbiske og homofile etter måten ofte er å finne innanfor tiltaksapparatet. Funna tyder også på at det er eit behov for førebyggjande tiltak. Sosialtenesta har eit særleg ansvar overfor rusmiddelmissbrukarar slik det går fram av kapittel 6 i Lov om sosiale tenester. Det er mellom anna sosialtenesta som skal finne fram til det behandlingstilbodet og dei tiltaka som er eigna til å møte dei hjelpebehova som rusmiddelmissbrukarar har.<sup>194)</sup>

Det er ikkje grunn til å tru at denne brukargruppa har behov som ikkje kan dekkjast gjennom dei rusmiddeltiltaka som rettar seg mot andre i befolkninga. Ein må gå ut frå at dei eksisterande tenestene er i stand til å gje alle brukarane sine forsvarleg service, uavhengig av mellom anna seksuell orientering. På same måten som befolkninga elles har lesbiske og homofile krav på å bli møtte med ei open og aksepterande haldning. Brukarar som har ein uavklart kjønnsidentitet, eller som har ein identitet som homofil eller lesbisk, skal ikkje trenge å skjule dette overfor tenesteapparatet. Når det gjeld eventuelle spørsmål om seksuell orientering, bør ein på ein ikkje-diskriminerande og omsorgs-

<sup>192)</sup> Paul et al (1991) op.cit.

<sup>193)</sup> Knoff, RH (1999) *Rus og risikosex: Sammenhenger og tiltak. En litteraturgjennomgåelse for Helseutvalget for Homofile.*

<sup>194)</sup> Jf lov om sosiale tenester § 6-1



full måte vere spesielt vakne i den fasen då sosialtenesta skal finne ut av behova hos klienten. Den enkelte har krav på positiv tilbakemelding og støtte i forhold til den seksuelle orienteringa dei har. Valet av behandlingsstad eller tiltak må ein ta på grunnlag av hjelpebehova hos den enkelte klienten.

Mange kristne organisasjonar driv tiltak retta mot rusmiddelmissbrukarar. Fleire av desse organisasjonane avviser homofilt samliv på eit teologisk grunnlag. Det er viktig at desse organisasjonane ikkje tilbyr endring av seksuell orientering som ein del av tilbodet sitt. Dersom ein institusjon får ein homofil klient og ikkje ser seg i stand til å støtte dei seksuelle kjenslene hos denne klienten, bør klienten få tilbod om å bli overført til ein annan stad.

## 8.7 Lesbiske og homofile i møte med helse- og sosialtenesta

---

### 8.7.1 Kontaktfrekvens og open haldning

NOVA-undersøkinga viser at homofile og lesbiske vurderer helsa si som god. Likevel opplyser færre i NOVA-utvalet at dei har ei god/mykje god helse samanlikna med den generelle befolkninga.

Dette gjer det rimeleg å tru at lesbiske og homofile oppsøker helse- og sosialtenestene oftare enn den generelle befolkninga. Denne trua blir stadfesta (om enn svakt) av ei undersøking av lesbiske kvinner utført for Helsetilsynet. 33 prosent av kvinnene, mot 28 prosent av den generelle kvinnebefolkninga, opplyser at dei har vore til lege dei siste fire vekene.<sup>195)</sup> NOVA-undersøkinga viser at ein relativt stor del av dei som svarte, har vore i kontakt med psykolog eller psykiater i løpet av dei siste fire vekene, 11 prosent av kvinnene og 7 prosent av mennene.<sup>196)</sup>

Ein del undersøkingar har konkludert med at lesbiske kvinner har sjeldnare kontakt med helsestellet enn den generelle kvinnebefolkninga. Det er til dømes pekt på at lesbiske svært sjeldan konsulterer lege for gynekologiske rutinekontrollar.<sup>197)</sup> Ei mogleg forklaring er at dei ikkje har behov for prevensjon som elles fører med seg regelfast legekontakt. Det er også peikt på at lesbiske kvinner vel bort somme legetenester, anten fordi dei ser på desse tenestene som irrelevante, eller fordi dei fryktar at visse legetenester vil bringe den seksuelle orienteringa deira på banen.<sup>198)</sup>

I NOVA-undersøkinga blei respondentane spurde om kor vidt dei seier frå til helsepersonalet om at dei er lesbiske/homofile. Blant lesbiske kvinner og homofile menn er mønsteret det same. Hovudtyngda av dei som svarte, fortel ikkje eller berre av og til at dei er lesbiske/homofile i sitt møte med helseapparatet.<sup>199)</sup> Dette kan kome av at slik informasjon ikkje blir sett på som relevant, men det kan også tyde på at dei er redde for å bli møtte med negative reaksjonar dersom dei står fram som lesbiske eller homofile.

---

<sup>195)</sup> Moseng, Bera Ulstein (1998) *Lesbiske kvinners helse - et særegent problem?* Oslo: Rapport til Helsetilsynet, basert på NOVA-undersøkinga.

<sup>196)</sup> NOVA-undersøkinga, s. 288. Her blir ikkje tilsvarende tal for den generelle befolkninga presenterte.

<sup>197)</sup> Malterud, Kirsti (1998) Helseforhold hos lesbiske kvinner. I: *Tidsskrift for den Norske Lægeforening* nr. 25.

<sup>198)</sup> Moseng (1998) op.cit.

Ei svensk intervjuundersøking skildrar møtet mellom gynekologar og lesbiske kvinner.<sup>200)</sup> Dei fleste gynekologane rekna med at dei hadde treft få kvinnelege pasientar som var lesbiske. Ingen av dei hadde nokon gong spurt ein pasient om ho var lesbisk, men venta derimot at den lesbiske kvinna sjølv ville fortelje om den seksuelle orienteringa si. Gynekologane trudde heller ikkje at lesbiske kvinner har behov for spesiell behandling. I ei drøfting av resultatane reknar dei med at gynekologane lét vere å spørje om seksuell orientering hos kvinner anten fordi «dei fleste er heteroseksuelle», eller fordi heteroseksuelle kvinner ville blitt ille berørte av eit slikt spørsmål. Etter det forfattaren seier, opplever mange lesbiske kvinner å bli usynleggjorde i møte med helsepersonell.

Spørsmålet om møte mellom terapeutar og lesbiske kvinner er teke opp i eit djupintervju med 8 terapeutar og 8 lesbiske kvinner som hadde gått i psykoterapi.<sup>201)</sup> Forfattaren meiner at kunnskap om effektar av stigmatisering og om den aktuelle minoritetskulturen er nyttig å ha for ein terapeut for at han eller ho skal kunne gje adekvat hjelp. Dei terapeutane som blei intervjuet, tenkte i liten grad på lesbiske kvinner som ei minoritetsgruppe, snarare som sterke, sjølvhevdande kvinner. Kunnskapar om diskriminering og minoritetsstress blei derfor heller ikkje nytta. Intervjua med lesbiske kvinner viste ein tendens til at spesielt tabulagde og vanskelege område knytte til det å leve lesbisk blei underkommunisert i terapiforhold der klienten er lesbisk og terapeuten er heterofil. Lesbiske kvinner kan sjølve verke med til dette, mellom anna fordi dei opplever det som viktig å motverke mytar om lesbiske som ulykkelige og mistilpassa.

### 8.7.2 Generelle eller spesielle helse- og sosialtenester?

Usikker haldning knytt til korleis ein vil bli møtt av tilsette i helse- og sosialtenesta som homofil eller lesbisk, kan føre til at ein underkommunerer sin seksuelle identitet. Resultatet kan bli ei kvalitativt dårlegare behandling fordi ei viktig side av livet til pasienten/klienten ikkje blir ein del av problemforståinga.

Bør slike erfaringar føre med seg at lesbiske og homofile får tilbod om spesielle helse- og sosialtenester? I Noreg finst det nokre få klinikkar og rådgjevingsinstansar der dei tilsette har spesiell kompetanse. Ved Olafia-klinikken, Senter for seksuelt overførbare sykdommer i Oslo kommune, er 15-20 prosent av dei manlege pasientane menn som har hatt sex med menn, og 1-2 prosent

<sup>199)</sup> Av alle kvinner i utvalet (N:1122) er det 18 prosent som svarer at dei alltid seier frå om at dei er lesbiske. Tilsvarende tal for mennene (N:1844) er 17 prosent. 42 prosent av kvinnene og 45 prosent av mennene svarer at dei aldri/nesten aldri seier frå. Resten, 40 og 42 prosent, svarer at dei av og til seier frå om si seksuelle orientering. Tala kjem fram i eit spesielt arbeid med data frå NOVA-undersøkinga. Hegna, K. (2000) personlig meddelelse.

<sup>200)</sup> Andersson, Dominique (1998) *Könsperspektiv på konsultationen. Gynekologer om lesbiska kvinnor - en intervjuundersökning*. Institutionen för samhällsmedicin (studentoppgave). Undersøkinga baserer seg på djupintervju med 4 kvinnelege og 2 manlege gynekologar.

<sup>201)</sup> Benum, Vår (1997) Stigmatisering og minoritetsstress. Betydning av kunnskap i møtet med lesbiske klienter. I: Benum, Friis og Offerdal (red.) *Vite for å forstå - 10 artikler om homoseksualitet og lesbiske og homofiles livsvilkår i Norge i dag*.

av dei kvinnelege pasientane kvinner som har hatt sex med kvinner.<sup>202)</sup> I tilknytning til Olafia-klinikken driv dei Rådgivningstjenesten for lesbiske og homofile, der dei tilbyr psykologhjelp. I Oslo finst også Diakonalt Senter, som er knytt til Kirkens Bymisjon og Åpen Kirkegruppe for homofile og lesbiske.

Det offentlege helsetilbodet i Noreg har likeverd som mål; alle pasientar blir behandla likt utan omsyn til skilnader i sosial status, økonomiske midlar eller liknande. Ei vidare utbygging av spesielle helse- og omsorgstilbod for lesbiske og homofile ser likevel somme på som eit mogleg alternativ. Det kan argumenterast med at homofile og lesbiske gjennom eit slikt tilbod ville kjenne seg trygge på å bli møtt med ei akseptierende haldning. Lesbiske og homofile har vidare særeigne behov, ei anna livsverd og livserfaring som lett kan bli tilsidesett innanfor den allmenne helse- og sosialtenesta.

Det er fleire grunnar til at det ikkje er ønskjeleg å vidareutvikle særskilde helse- og sosialtenester for homofile og lesbiske. For det første er det ikkje mogleg å nå alle lesbiske og homofile med eit slikt tilbod. For det andre ville utviklinga av ei særomsorg innebere ein fare for at det allmenne tenesteapparatet fråskriv seg ansvaret for å hjelpe homofile og lesbiske som har eit helseproblem eller eit sosialt problem. Ei slik særomsorg kan dessutan verke med til å sementere førestellingar om skilnad og avstand i forhold til heterofile. I staden blir det viktig å styrkje kompetansen innanfor det eksisterande tenesteapparatet som driv førebygging og behandling.

Målet må vere at lesbiske og homofile skal oppleve likeverd i tenestetilbodet innanfor helse- og sosialsektoren. Ei bebring av tenestetilbodet er i særleg grad avhengig av at personellet har ei akseptierende haldning og gode nok kunnskapar. Ingen skal trenge å oppleve at dei blir usynleggjorde, eller at ei heterofil orientering blir rekna som sjølvsgagt. Uavhengig av årsakene til at ein oppsøker helse- og sosialtenestene, er det viktig at personellet er kompetente og trygge nok til å kunne snakke om og ta omsyn til den seksuelle orienteringa hos pasienten. Der den seksuell orienteringa er relevant for sjukdommen eller lidinga som blir behandla, bør helse- og sosialpersonellet ha eit ansvar for å spørje.

For å oppnå ei slik målsetjing er det nødvendig at mange nok av dei tilsette har dei kvalifikasjonane som må til, noko som også må få konsekvensar for utdanninga av helse- og sosialpersonell. Jf. kapittel 5. Sjå også tiltaka i kapittel 6 i meldinga: opplæring innanfor Familievernntenesta og utvikling av tilbodet til Rådgivningstjenesten for homofile og lesbiske ved Olafia-klinikken, slik at tenesta også kan vere ein rettleiingsinstans for helsestellet.

## **8.8 Svangerskapsomsorga, helsestasjons- og skolehelsetenesta og helsestasjon for ungdom**

---

Svangerskapsomsorga vil møte homofile og lesbiske som er eller vel å bli foreldre. Tenesta har derfor ei viktig rolle å ta vare på overfor homofile og lesbiske som skal bli foreldre på lik linje med andre som skal bli det, men også ut frå spesifikke behov for rettleiing som desse foreldra måtte ha.

<sup>202)</sup> Opplyst av leiaren ved klinikken, Harald Moi.

Når det gjeld helsestasjonane, er det viktig at dei tek opp seksualitet hos barn og seksuell helse hos barn som tema når dei rettleier foreldra. Dette er viktig for å styrkje kunnskapen hos foreldra på dette området.

Dei tilsette i svangerskapsomsorga og ved helsestasjonen må derfor sikrast kunnskapar og fagleg oppdatering som grunnlag for denne delen av foreldrerettleiinga.

Helsestasjons- og skolehelsetenesta er mellom dei tilboda som femner alle barn og unge. Desse tenestene har derfor ein viktig funksjon når det gjeld å fange opp tidlege signal på problem, fange opp sårbare og utsette grupper, leggje til rette støttetilbod, setje i verk spesielle tiltak, vise til og gje nødvendig informasjon om hjelpetiltak frå andre instansar. Der ungdommane har utvikla problem som treng behandling, er eit godt samarbeid mellom 1. og 2. linjetenesta viktig.

Skolehelsetenesta skal samarbeide med skolen om å gje råd, rettleiing og helseundervisning. Skolen og skolehelsetenesta må leggje opp til ei undervisning som framstiller alle kjærleiks- og samlivsforhold på ein likeverdig måte, og som vender seg direkte også til lesbiske jenter og homofile gutar. Skolen og skolehelsetenesta er også naturlege arenaer for informasjon til foreldre som kan normalisere homofili.

Skolehelsetenesta og primærhelsetenesta kan vere den første instansen som kjem i kontakt med personar som har eit uavklart forhold til sin eigen kjønnsidentitet. Skolehelsetenesta skal gje råd og rettleiing - både individuelt og i grupper - til elevar som har særleg behov for det. Skolehelsetenesta og personell i helsestasjon for ungdom må sikrast kunnskap om behova hos lesbiske og homofile slik at dei blir i stand til å gje råd og rettleiing.

Massemedia - her medrekna ulike typar ungdomsmedia - er ein sentral arena for informasjonsformidling om helse, samliv og seksualitet til grupper i ungdomsbefolkninga. «Medisinernes seksualopplysning» og NRK har til dømes samarbeidd om eit landsdekkjande ungdomsprogram som har gått kvar veke, og som har fått ein stor lyttarskare i dei aktuelle målgruppene. I samarbeid med RadioOrakel er det laga to programseriar om samliv og seksualitet. Ein om seksualitet hos jenter og prevensjon, og ein om seksualitet og ungdom med etnisk minoritetsbakgrunn. Programseriane er under omarbeiding til ein CD som vil bli distribuert til nærradiostasjonane i landet.

Den teknologiske utviklinga dei siste åra gjer at ein no kan nytte Internett mykje meir. Internett er eit ypparleg medium for å nå unge gutar og jenter. Online rettleiing, informasjon og diskusjonsgrupper er nokre av innfallsvinklane. Avgrensa informasjonstiltak og kampanjar om samliv, seksualitet og prevensjon kan også gjennomførast på Internett. Det har vore gjennomført fleire vellykka forsøksprosjekt med informasjon til ungdom på Internett som det vil vere fruktbart å byggje vidare på.

Som ein del av å styrkje den faglege kompetansen hos dei tilsette, er rettleiar for helsestasjons- og skolehelsetenesta under revisjon, og retningslinjer for helsestasjon for ungdom blir no arbeidd ut. I samband med dette vil det vere viktig å leggje vekt på rettleiing om samliv, seksualitet, prevensjon m.m.

## 8.9 Tiltak

---

Dei fleste lesbiske og homofile rapporterer om ei god allmennhelse, både når det gjeld somatisk og psykisk helse. Forskingsresultat viser likevel at særleg ungdom er i risikosona for å utvikle psykiske problem. Dei er utsette for ei rekkje stressfaktorar som kjem av problem med å akseptere seg sjølv som lesbisk/homofil og av det synet omgjevningane har på homofili. Sjølvordstankar og sjølvmondsforsøk er vanlegare blant unge lesbiske og homofile enn blant ungdom flest. Homofile menn er i risikosona for å bli smitta av HIV og andre seksuelt overførbare sjukdommar. Forskinga tyder vidare på at bruk og misbruk av rusmiddel er større blant homofile og lesbiske enn i befolkninga elles.

Statlege styresmakter har sytt for ei generell opptrapping av tenestetilbodet innanfor psykisk helsevern. Dette vil også styrkje tenestetilbodet til homofile og lesbiske. Det er ikkje ønskjeleg å vidareutvikle særskilde helse- og sosialtenester for lesbiske og homofile.

Nedanfor gjer vi greie for dei statlege tiltaka som Regjeringa meiner vil hjelpe til med å auke innsatsen innanfor helse- og sosialtenesta overfor lesbiske og homofile.

### 8.9.1 Tiltak for å styrkje tilbodet innanfor psykisk helsevern

Regjeringa Jagland la våren 1997 fram St. meld. nr. 25 (1996-97) *Åpenhet og helhet. Om psykiske lidelser og tenestetilbudene*. Meldinga gav eit oversyn over status for dei psykiske helsetenestene og utfordringane på feltet, og hovudlinjene for utviklinga av tenestetilbodet til menneske med psykiske lidingar. Meldinga dokumenterte samstundes behovet og grunnlaget for ei utbetring av manglane som finst i alle ledd i behandlingsskjeda. Regjeringa Bondevik la seinare fram St. prp. nr. 63 (1997-98) etter at Stortinget gjennom si behandling av stortingsmeldinga fastla hovudlinjene for å styrkje og utvikle desse tenestene framover.

- Gjennom *opptrappingsplanen for psykisk helse (1999-2006)* tek ein sikte på ei generell styrking av tilbodet innanfor psykisk helsevern. Det skal i planperioden investerast for 6,3 mrd. kroner som inneber konkrete tiltak for å styrkje psykisk helsearbeid. I tillegg skal driftsutgiftene aukast til eit nivå som ligg ca. 4,6 mrd. kroner over utgiftsnivået i 1998. Ei opptrapping av driftsutgiftene på denne måten vil saman med utgiftene til investeringa innebere at det skal brukast om lag 24 mrd. kroner meir til psykisk helse i løpet av planperioden. Gjennom opptrappingsplanen vil det bli løyvt midlar til kompetansehevande tiltak for personell innanfor det psykiske helsefeltet for å styrkje kunnskapane deira om kjønnsidentitet og seksualitet, her medrekna homofili. Når tilgangen og kompetansen i tenesteapparatet blir betra både i kvalitet og kvantitet, reknar regjeringa med at tilbodet til homofile og lesbiske blir styrkt som ein del av den ordinære helsetenesta.
- Innanfor opptrappingsplanen for psykisk helse vil det bli gjeve statlege øyremerkte midlar til å styrkje *helsestasjons- og skolehelsetenesta* med 800 årsverk i løpet av planperioden, tilsvarande 310 mill. kroner i auka driftsutgifter ved slutten av planperioden. Førebyggjande arbeid overfor målgruppa er også svært viktig. Skolehelsetenesta og helsestasjon for ungdom kan vere støttande tenester, og dessutan gje råd og rettleiing. I tillegg vil planen gje tilskot til psykososiale tenester og støttekontaktar, kultur- og

fritidstiltak for barn og unge under 18 år, tilsvarande 260 årsverk eller 140 mill. kroner i auka driftsutgifter ved utgangen av planperioden. Målgruppa er barn og unge som har, eller er særleg utsette for, problem av psykososial karakter.

### 8.9.2 Tiltak mot sjølv mord

*Handlingsplan mot sjølv mord* blei avslutta ved utgangen av 1999. Mykje av innsatsen har vore retta mot å skolere helsepersonell og andre hjelparar i samfunnet til betre å kunne støtte ulike grupper suicidale personar som treng hjelp til å kome over problema sine. Eit nytt treårig *oppfølgingsprosjekt* blei etablert 1. januar 2000. Grunngevinga for dette er hovudsakleg behovet for å sikre at den kompetansen som var bygd opp, blir halden oppe og utvikla vidare. Konkret inneber det nye prosjektet ei vidareføring av drifta ved det nasjonale kompetansesenteret, *Seksjon for selvmordsforskning og forebygging* ved Universitetet i Oslo, og *tre regionale ressursmiljø* knytte til kvar av dei andre helseregionane. Forsking, formidling av kunnskap og vidareutvikling av faglege nettverk på regionalt og lokalt nivå er andre viktige arbeidsoppgåver. Arbeidet med å sikre gode oppfølgings- og behandlingsrutinar for sjølv mordstruga personar skal i dette arbeidet få høg prioritet.

I tillegg tek oppfølgingsprosjektet sikte på å førebyggje sjølv mord blant spesielt utsette grupper. På bakgrunn av dei urovekkjande tala som kjem fram i NOVA-undersøkinga, blir det sett inn spesielle tiltak overfor lesbiske og homofile innanfor rammene av prosjektet. Det vil bli sett fokus på denne gruppa gjennom å

- utforme konkrete forskingsprosjekt i samarbeid med aktuelle miljø
- setje temaet på dagsorden og hjelpe til å høgde det generelle kunnskapsnivået blant helsepersonell i utdanningsprogram som er i gang
- gje fagleg hjelp til LLH, eventuelt andre aktørar ved å gjennomføre sjølv mordsførebyggjande prosjekt og tiltak
- innarbeide kunnskap om situasjonen for homofile og lesbiske som ein del av formidlingsstrategien i prosjektet.

Sosial- og helsedepartementet vil sikre at tiltaka blir konkretiserte og følgde opp i løpet av planperioden.

### 8.9.3 Tiltak for å overvinne HIV/AIDS

HIV-førebyggjande innsats overfor homofile og bifile menn har sidan midten av 80-talet vore statleg finansiert over *handlingsplanane mot HIV/AIDS-epidemien*. I dei tre siste åra har den årlege løyvinga vore på 16,6 mill. kroner.<sup>203)</sup> Helsetilsynet har dei siste åra fått tildelt 11,6 mill. kroner som blir fordelt vidare til drift av frivillige organisasjonar og til prosjekt i regi av desse eller andre aktørar. Resten av midlane har gått til prosjekt m.m. i regi av Statens institutt for folkehelse, og til enkelte tiltak i regi av Sosial- og helsedepartementet.

- Det vil også i åra framover vere viktig å halde ved like og vidareutvikle den førebyggjande innsatsen overfor homofile og bifile menn. Gjennomføringa av *Handlingsplan mot HIV/AIDS-epidemien 1996-2000* er nyleg eksternt evaluert. Evalueringsrapporten er send på brei offentleg høyring. Hand-

<sup>203)</sup> Løyvinga til HIV/AIDS-førebygging var i 1992 på 37,6 mill. kroner.

lingsplanperioden har fått tida lengd til ut 2001. Sosial- og helsedepartementet har sett i gang eit arbeid med å utforme ein ny strategi som skal gjelde frå 2002. Dei frivillige organisasjonane si rolle og finansieringa av dei i det framtidige HIV-førebyggjande arbeidet er eit av dei viktige spørsmåla som blir tekne opp.

#### 8.9.4 Tiltak for rusmiddelmissbrukarar

Den generelle kompetansehevinga som er i gang innanfor førstelinja i sosialtenesta, vil vere eit viktig tiltak for å fange opp også særlege behov hos lesbiske og homofile. Det same gjeld den styrkinga av det førebyggjande arbeidet som no skjer gjennom at ansvar og oppgåver i rusmiddelarbeidet blir overført frå det sentrale Rusmiddeldirektoratet til dei regionale kompetansesentra for rusmiddelspørsmål.<sup>204)</sup> Kjønnssidentitet og seksualitet vil vere eit tema innanfor verksemda ved kompetansesentra.

- Innanfor ramma av dei midlane som blir stilte til rådvelde i Velferdsprogrammet, blir det teke initiativ til å setje i gang forskning som ser nærmare på rusrelaterte problem hos lesbiske og homofile, og som på denne bakgrunnen etter kvart kan kome med tilrådingar både når det gjeld førebygging og behandling.

#### 8.9.5 Opplæring av helse- og sosialpersonell

Opplæring er ein nøkkelfaktor i arbeidet for å gjere helse- og sosialpersonell meir merksame på kor viktig seksuell identitet er, slik at dei kan utvikle ei akseptierende haldning og tileigne seg kunnskapar om homofili.

Opplæring av helse- og sosialpersonell bør ha som mål å:

- Hjelp til å normalisere og synleggjere lesbisk og homofil identitetsutvikling.
- Hjelp til å førebyggje utvikling av sekundære helseproblem hos homofile og lesbiske.
- Bli i stand til å kunne møte pasientar/klientar på ein måte som skaper open innstilling og tillit - som er ein føresetnad for å gje god hjelp.
- Gje oppdaterte kunnskapar som i særleg grad har med helse- og sosiale problem hos lesbiske og homofile å gjere.
- Gje kunnskap som gjer dei i stand til å møte homofile og lesbiske i suicidal krise.
- Hjelp til at helse og sosialpersonell tek opp problemstillinga på eige initiativ, der dette er relevant.

Desse tiltaka vil gjere sitt til å oppnå desse måla:

- Gjennom *Handlingsplan for forebygging av uønsket svangerskap og abort* blir det mellom anna stimulert til å etablere helsestasjon for ungdom. Talet på helsestasjonar for ungdom har auka frå 12 i 1991 til vel 200 i 2000. Helsestasjon for ungdom er eit lågterskeltilbod som skal vere eit supplement

<sup>204)</sup> Dei regionale kompetansesentra for rusmiddelspørsmål er; Region nord; Kompetansesenteret ved Nordlandsklinikken, Buveien 75, 8520 Ankenesstrand Region midtnorge; Midt-Norsk Kompetansesenter for rusfaget, Breivikvn. 54-56, 6018 Ålesund Region vest; Stiftelsen Bergensklinikkene, Venstre Torggt. 1, 5001 Bergen, Rogaland A-senter, Dusavikvn. 4004 Stavanger. Region sør; Borgestadklinikken, Håvundvn. 381, Skien Region aust; Kompetansesenter - rus, Oslo og Akershus, Diakonhjemmets høgskolesenter, postboks 184 Vindern, Sanderud sykehus, Rusmiddelavdelingen, postboks 68, 2312 Ottestad.

til skolehelsetenesta. Samliv, seksualitet og prevensjon er hovudområda for denne tenesta, men det viser seg at også ulike psykososiale problem i stor grad er tema for konsultasjonane. Under handlingsplanen blir det vidare laga eit informasjons- og rettleiingsopplegg til småbarnsforeldre, helsestasjonspersonell og barnehagepersonell som tek for seg tema som samliv, kropp og seksualitet,<sup>205)</sup> under dette også homofili. Rettleiingsopplegget skal vere ferdigstilt tidleg i 2001. Det bør supplerast med enkle foreldrebrosjyrar, jf. framlegg til tiltak i kapittel 4 i denne meldinga.

- Det vil bli utarbeidd fagleg materiale om kjønnsidentitet og seksualitet for helse-, sosial- og pedagogisk personell, der tema homofili inngår. Materialet skal gje kunnskap om korleis personellet skal møte menneske som har eit problematisk og uavklart forhold til sin eigen kjønnsidentitet.
- Til bruk i undervisninga for å førebyggje eteforstyrningar er det utarbeidd undervisningsmaterieell for ungdomsskolen og vidaregåande opplærning «Om kultur, kropp og kommunikasjon» (I-0955B). Ei ressursbok til bruk for lærarar i undervisninga om samliv, seksualitet og prevensjon, og informasjonsskriv om samliv og seksualitet til ungdom og foreldre, er under arbeid ved Læringssenteret etter oppdrag frå Sosial- og helsedepartementet. Vi viser til kapittel 5 i denne meldinga. I dette undervisningsmaterialet blir det også sett fokus på seksualitet hos barn og unge og på den psykiske og seksuelle helsa deira.
- Sosial- og helsedepartementet arbeider med eit rundskriv til kommunane i landet om psykososialt arbeid overfor barn og unge. Rundskrivet vil mellom anna handle om kjønnsidentitet og seksualitet hos barn og unge.
- Høgskolen i Oslo har utvikla eit kursopplegg over tre dagar med temaet «Kjønn, identitet og marginalisering». Målgruppene er lærarar, barnevernspedagogar, legar, prestar, psykologar, sosionomar og andre. Sosial- og helsedepartementet og Kyrkje- utdannings- og forskingsdepartementet vil løyve 300.000 kroner til dette over statsbudsjettet for 2000/2001. Jf. kapittel 5.
- Som ein del av oppfølgingsarbeidet av stortingsmelding nr. 24 (1996-97) «Tilgjengelighet og faglighet - Om sykehus og annen spesialisthelsetjeneste» vil Sosial- og helsedepartementet be Nasjonalt råd for spesialistutdanninger av leger og legefording (NR) om å greie ut på kva slags måte tema som kjønnsidentitet og seksualitet - også homofili - i sterkare grad bør integrerast i spesialistutdanninger som i særleg grad møter pasientar der dette er relevant.

---

<sup>205)</sup> Røtnes, K (red.) (2000) Barnehagefolk. Barn og seksualitet. *Pedagogisk forening* nr. 1.



## 9 Arbeidsliv

### 9.1 Innleiing

---

Arbeidslivet er ein viktig arena i livet hos moderne menneske. Og kanskje er denne arenaen endå viktigare no enn nokon gong før. I arbeidslivet legg vi grunnlaget for og utviklar vidare karriere, levekår og livskvalitet. I stor grad realiserer vi oss sjølve gjennom arbeidet. Arbeidet har altså mykje å seie for heile identitetsdanninga vår. Det er derfor heilt avgjerande at alle har like rettar og handlingsrom for å delta i arbeidslivet.

I ulike verksemder eksisterer ulike kulturar med varierende grad av fortruleg kontakt, både blant kollegaer og mellom arbeidstakarar og leiing/arbeidsgjevar. Sjølv om relasjonane på ein arbeidsplass er prega av profesjonalitet, er det likevel vanleg at ein til ein viss grad deler kvardagsgleder og suter også i dette fellesskapet. Eit godt arbeidsmiljø er heilt vesentleg for dei fleste av oss, og å ta del i det sosiale fellesskapet er ein del av eit godt arbeidsmiljø.

Dei fleste homofile og lesbiske opplever forholdet til kollegaer og leiarar som godt, og over 60 prosent rapporterer at dei er opne om si emosjonelle og seksuelle orientering på arbeidsplassen.<sup>206)</sup> Likevel held bortimot fire av ti lesbiske og homofile den seksuelle orienteringa si heilt eller delvis skjult for kollegaer og leiing. Sjølv om dette ikkje er nokon indikasjon på mistrivsel i miljøet, fortel det samstundes at det ikkje er uproblematisk å vere homofil og lesbisk i arbeidssituasjonen. For mange vil det vere dilemma knytte til det å skulle «stå fram» på arbeidsplassen. Når vi skal snakke om arbeidsmiljø, må derfor også spørsmålet om å vere opne i denne samanhengen drøftast.

Meir alvorleg er likevel at somme homofile og lesbiske blir diskriminerte og trakasserte i arbeidslivet. I dette kapitlet skal vi gjere greie for i kor stor grad diskriminering skjer, kva som finst av verkemiddel for å hindre diskriminering (her vil aktuelt lovverk stå sentralt) og kva som kan gjerast for å endre slike negative trekk.

### 9.2 Å vere open blant kollegaer

---

Arbeidslivet er ein arena der kjønn og seksualitet kjem til uttrykk på ulike måtar, både implisitt og eksplisitt. Former for seksualisering av arbeidsmiljøet kan ha openberre negative konsekvensar, til dømes ved seksuell trakassering. Mildare former for seksualisering, som prat og hint, kan bli oppfatta som ei unødig intimisering av «profesjonelle relasjonar». Samstundes kan til dømes *flørt* vere eit ledd i behovet den enkelte har for stadfesting på eigen person, i forhold til maskulinitet og femininitet og til identitet meir generelt.<sup>207)</sup> Også i arbeidsmiljø kan ein slik uttalt *flørt* eller seksualitet liksom «liggje i lufta».

<sup>206)</sup> Sjå NOVA-undersøkinga. Tala det blir referert til, slår saman arbeidsliv og studiemiljø.

<sup>207)</sup> Sjå Frøberg, Sissel (1992) (Be)driftskultur, i Brantsæter & Widerberg *Sex i arbeid(et)*. Oslo: Tiden Norsk Forlag, s. 99.

Som lesbisk eller homofil kan det nok vere problematisk å forhalde seg til denne seksualiseringa, fordi majoriteten av arbeidskameratane ofte vil vere heterofile.

Familie- og samlivsforhold, og dermed også seksuell orientering, kjem til uttrykk gjennom samtaleemne av meir triviell art, som til dømes når kollegaer utvekslar erfaringar frå fritida, om barn eller sambuar/ektefelle og så vidare. Som heterofil er ein seg lite bevisst at slike tema utspeler seg på bakgrunn av ei implisitt heteroseksuell orientering. Heterofile avdekkjer derfor sin seksualitet på ein indirekte måte gjennom slike samtalar om kvardagen. For ein del lesbiske og homofile arbeidstakarar kan dette by på vanskar, fordi dei må omskrive situasjonar og opplevingar i frykt for «å avsløre» si seksuelle orientering. Som open lesbisk eller homofil derimot utfordrar ein det enkelte forskarar kallar «arbeidslivets heterofile organisering»: Det vil seie at heteroseksualitet blir oppfatta som «naturleg», og blir teke for sjølvstøtt i ein slik grad at svært få er seg bevisste kor sterkt nettopp heteroseksualitet pregar den mellommenneskelege kommunikasjonen.<sup>208)</sup>

Homofili blir nok framleis av mange oppfatta som noko som berre er seksuelt, og som ikkje blir knytt til identiteten totalt sett. Det er derfor ein fare for at lesbiske og homofile som er opne om den seksuelle orienteringa si, kjenner på at dei kan verke intimiserande i forhold til det ønsket mange har om å halde oppe ein profesjonell distanse. Somme kan oppleve at dei utfordrar sjølve yrkesrelasjonane på ein arbeidsplass ved å fortelje at dei er homoseksuelle.

Desse forholda stiller homofile og lesbiske i eit dilemma. Dei kan anten velje å stå ope fram og fortelje at dei er lesbiske eller homofile og dermed risikere å stå fram som intimiserande, eller dei kan dra opp eit rigid skilje mellom arbeid (offentleg) og heim/fritid (privat), og dermed skjule ei viktig side ved seg sjølv. Dette verkar med til å usynleggjere lesbiske og homofile leveste og erfaringar, og kan opplevast som eit problem for alle på ein arbeidsplass, men er sjølvstøtt eit særskilt problem for lesbiske og homofile arbeidstakarar. For å kunne fortelje ope og ærleg om sine eigne liv i det kollegiale miljøet, risikerer dei altså på same tid å bryte med både norma om heterofili og eit forventa skilje mellom privat og offentleg.

Vi veit at lesbiske og homofile i ulik grad er opne på arbeidsplassen, og at dei nyttar ulike strategiar når dei skal opne seg for kollegaer. I overkant av seksti prosent er opne om at dei er lesbiske og homofile på arbeidsplassen. Det er marginale skilnader mellom kvinner og menn. 5-10 prosent er heilt løynde, medan dei andre er selektivt opne.

Ser vi på variasjonen mellom aldersgruppene, er det dei yngste og dei eldste som er minst opne om si emosjonelle og seksuelle orientering. Berre halvparten av gruppa under 25 år er heilt opne om si orientering på arbeidsplassen. Ei forklaring på at så få av desse er opne, finn forskarane i at denne gruppa framleis lever i ein «kome-ut» fase. Likevel viser undersøkinga at nettopp denne gruppa er mest utsett for diskriminering, slik at følgjene av mobbing og diskriminering ikkje kan utelukkast som forklaring på at dei unge er så lite opne.

<sup>208)</sup> Brantsæter & Widerberg (red.) (1992) op.cit.

Når det gjeld endring over tid, kjem det likevel tydeleg fram at ein har blitt mykje meir opne på arbeidsplassen i tidsrommet frå 1978 til 1998. I 1978 var det berre 30 prosent som var heilt opne om orienteringa si,<sup>209)</sup> mot over 60 prosent i 1998. Det har altså skjedd ei markant endring på dette feltet. I NOVA-undersøkinga kjem det samstundes fram at dei aller fleste har positiv erfaring med å vere opne. Dette funnet blir også stadfesta i ei undersøking som mellom anna rettar fokus mot erfaringar hos lesbiske og homofile som polititene- kvinner og - menn.<sup>210)</sup> Mange lesbiske og homofile i politiet lever heilt eller delvis skjult i frykt for at det skal få følgjer for arbeidssituasjonen deira dersom dei skulle leve ope. Likevel viser historiene til dei som står ope fram, at ein slik strategi som regel fell heldig ut.

Kvifor er spørsmålet om å vere opne i arbeidslivet så viktig? Heilt generelt er det viktig å vere open fordi den enkelte står fram som ærleg og autentisk i forhold til seg sjølv og sine medmenneske ved å vere open (sjå elles kapittel 7). Og dei fleste som er opne om den seksuelle og emosjonelle orienteringa si, rapporterer altså om positive reaksjonar.<sup>211)</sup> I ei tid der identitetar i stadig større grad aktivt blir tileigna snarare enn å bli tilskrivne den enkelte ut frå fødsel, vil arbeidslivet vere ein viktige arena for identitetsdanning. Dersom det ikkje er rom for å vere open innanfor denne institusjonen, vil dette svekkje utsiktene for den enkelte til å bli trygg på seg sjølv og omgjevnadene sine.

### 9.3 Diskriminering

---

At nesten fire av ti vel å vere delvis eller heilt skjulte på arbeidsplassen, er eit uttrykk for at mange lesbiske og homofile fryktar negativ haldning frå kollegaer og leiing eller arbeidsgjevar, og at dei derfor prøver å førebyggje eventuell diskriminering ved ikkje å fortelje ope om si orientering.<sup>212)</sup> Brantsæter<sup>213)</sup> argumenterer for at mange lesbiske som delvis skjuler si seksuelle orientering i arbeidslivet, nyttar strategien ho kallar «rasjonell åpenhet»: Ein er *så open som mogleg, men så skjult som nødvendig*. Rasjonalen i denne strategien er knytt til behovet for å framstå så ærleg som mogleg, og samtidig førebyggje eventuelle negative reaksjonar.

Undersøkinga til Brantsæter avdekkjer likevel ikkje i kva grad diskriminering faktisk skjer på norske arbeidsplassar. NOVA-undersøkinga tek opp denne problematikken. Forskarane skil mellom diskriminering i vid og snever tyding. Diskriminering i snever forstand omfattar forhold som er av arbeidsrettsleg karakter, til dømes å bli nekta tilsetjing, bli oppsagd frå jobben eller bli nekta avansement. Om lag åtte prosent av dei spurde i NOVA-undersø-

<sup>209)</sup> Sjå Bergh, Bjerck & Lund (1998) op.cit.

<sup>210)</sup> Finstad, Liv (2000) *Politiblikket*. Oslo: Pax Forlag.

<sup>211)</sup> Ut frå NOVA-undersøkinga opplevde berre tre prosent negative reaksjonar frå kollegaer ved å fortelje om si seksuelle orientering. Berre fire prosent opplevde negative reaksjonar frå leiinga eller arbeidsgjevar.

<sup>212)</sup> Det er likevel viktig å understreke at ein ikkje treng å vere open for å bli utsett for diskriminering: Skjulte lesbiske og homofile kan oppleve diskriminering i form av nedsetjande og fordomsfulle utsegner om gruppa homofile/lesbiske i form av vitsar og liknande.

<sup>213)</sup> Brantsæter, Marianne C. (1990) *Om kjønns logikk - i et lesbisk perspektiv: Intervjuer med lesbiske kvinner om deres erfaringer i arbeidslivet*. Hovudoppgåve i sosiologi - Universitetet i Oslo, s. 155.

kinga hadde opplevd diskriminering i denne tydinga. Det finst eit klart lovverk som skal verne mot dette (sjå 9.4. nedanfor).

Diskriminering i vid tyding omfattar fenomen som baksnakking og mobbing. I underkant av 20 prosent hadde opplevd ei eller anna form for dette. Det er vanskeleg å fastslå kor mange av desse forholda som gjeld vår eiga tid, sidan NOVA-undersøkinga opererer med kumulerte data, det vil seie at data opplyser om dei nokon gong har blitt diskriminerte og såleis *kan* strekkje seg år tilbake i tid. Men vi veit at det går føre seg også i dag, fordi det er ein tendens til at det er dei yngste (under 25 år) som viser seg å vere mest utsette for denne typen diskriminering. Vi har likevel for lite kunnskap om dette til å fastslå kvifor *nettopp dei yngste* er mest utsette.

Alle har eit generelt ansvar for å fremje trivsel og eit godt sosialt miljø på arbeidsplassen. Men leiing og arbeidsgjevar har eit spesielt ansvar. I ei undersøking blant leiinga i utvalde større organisasjonar blei det fokusert på kva haldning organisasjonane hadde, og kor medvitne dei var når det gjaldt homofile medarbeidarar.<sup>214</sup> Det overordna spørsmålet var: Kva gjer arbeidsgjevar for at fleire homofile skal ønskje å vere opne på arbeidsplassen? Svara varierte frå ei negativ haldning til å ta opp dette temaet, til i somme verksemdar som til dømes flyselskapet SAS, der problematikken omkring homofili var teken opp som ei prinsippsak.

I november 1999 blei det arrangert ein konferanse om lesbiske og homofile i arbeidslivet, *Mangfald gjer sterk*. Dette var ein samarbeidskonferanse mellom LLH og fleire store arbeidstakarorganisasjonar (LO, YS, AF, Akademikerne og Norsk Lærerlag). Arbeidsgjevarsida var også invitert. I løpet av konferansen kom det til uttrykk ei tydeleg semje om at ein bør arbeide meir med spørsmål knytte til homofile og lesbiske i arbeidslivet.

Norsk Helse- og Sosialforbund (NHS) har teke antidiskriminering på alvor og lansert *anti-diskrimineringsfuglen*. Symbolet som NHS har fått produsert, har form av ein fugl i fleirfarga silhuett og med teksta: «Du går nå inn i en sone fri for diskriminering». Meininga er at fuglen skal kunne pryde alle inngangsdører, kontordører og så vidare som ei markering av at arbeidsplassen, skolen, klasserommet eller forsamlingslokalet er erklært for diskrimineringsfri sone. NHS understrekar at antidiskrimineringsfuglen skal brukast som eit symbol mot *alle* former for diskriminering, anten det dreier seg om rase, kjønn, religion, seksuell orientering eller anna. Eventuelt overskot frå salet vil NHS bruke til å byggje opp eit fond mot diskriminering.

LLH har arbeidd ut informasjonsbrosjyrar om det å vere lesbisk og homofil på arbeidsplassar, til bruk for tillitsvalde og verneombod. Det er også etablert eit uformelt samarbeid mellom fagrørsla og LLH gjennom *Fagleg nettverk for lesbiske og homofile i arbeidslivet*. Situasjonen for homofile og lesbiske arbeidstakarar må setjast på dagsorden, og det er viktig at dette arbeidet blir følgd opp med konkrete plikter og tiltak.

Det finst likevel alt no ordningar som har til formål å fremje eit godt miljø på arbeidsplassen. Arbeidsmiljølova av 1977 legg stor vekt på dei psykiske og

<sup>214</sup> Jaabek, Bjørnar E. (1993) *Homofile som stigmatiserte arbeidstakere - ønsker personalledere homofile velkommen til sin organisasjon?* Sandvika: Diplomoppgåve Handelshøgskolen BI.

sosiale vilkåra for arbeidsorganisasjon og arbeidsutforming. § 12 i lova handlar om tilrettelegging av arbeid og skal sikre at arbeidstakarane ikkje blir utsette for uheldige fysiske eller psykiske belastningar. Frå 1995 har føresegna gjeve konkret uttrykk for at arbeidstakarar ikkje skal utsetjast for trakassering eller annan utilbørleg oppførsel. Paragrafen omfattar trakassering og mobbing av ulik art, medrekna seksuell trakassering eller uønskt seksuell tilnærming i arbeidsforhold.

Arbeidsmiljøutval og verneombod er lovpålagde ordningar, som i tillegg til å ta seg av tryggleik for arbeidstakarane også skal sjå til at helse og velferd hos arbeidstakarane blir teken vare på i samsvar med arbeidsmiljølova. Kunnskap om situasjonen for homofile og lesbiske må inkluderast i opplæringa av verneomboda.

#### 9.4 Vern mot diskriminering

---

Det norske lovverket er bygd opp mellom anna med sikte på å verne både enkeltmenneske og grupper frå diskriminering (jf. straffelova §§ 135a og 349a. Sjå kapittel 3 for nærmare orientering). Det finst samstundes eit særskilt arbeidsrettsleg vern mot diskriminering. Dette vernet er nedfelt i arbeidsmiljølova.

Formålet med arbeidsmiljølova er å sikre alle sysselsette arbeidstakarar ein meningsfylt arbeidssituasjon, trygge tilsetjingsforhold og eit arbeidsmiljø som gjev arbeidstakarane full tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverkningar.

Diskrimineringsføresegna i § 55 A handlar mellom anna om homofile direkte, og har denne ordlyden:

Arbeidsgiveren må ikke i utlysningen etter nye arbeidstakere eller på annen måte kreve at søkere skal gi opplysninger om hvordan de stiller seg til politiske, religiøse eller kulturelle spørsmål, eller om de er medlemmer av lønnsstakerorganisasjoner. Tilsvarende forbud skal gjelde opplysninger om søkerens eventuelle homofile legning eller homofile samlivsform. Arbeidsgiveren må heller ikke iverksette tiltak for å innhente slike opplysninger på annen måte. Disse bestemmelsene gjelder ikke dersom slike opplysninger er begrunnet i stillingens karakter eller dersom det inngår i formålet for vedkommende arbeidsgivers virksomhet å fremme bestemte politiske religiøse eller kulturelle syn og stillingen er av betydning for gjennomføringen av formålet. I tilfelle slike opplysninger vil bli krevet, må dette angis i utlysningen av stillingen.

Arbeidsgiveren må ikke ved ansettelse forskjellsbehandle søkere på grunn av rase, hudfarge, nasjonal eller etnisk opprinnelse, homofil legning eller homofil samlivsform. Med forskjellsbehandling menes enhver handling som uten saklig grunn direkte eller indirekte stiller personer ulikt på grunn av rase, hudfarge eller etnisk eller nasjonal opprinnelse, homofil legning eller homofil samlivsform.

Unntatt fra forbudet i andre ledd om diskriminering på grunn av homofil samlivsform skal være stillinger knyttet til religiøse trossamfunn der det i utlysning av stillinger er stilt særlige krav ut fra stillingens karakter eller formålet for vedkommende arbeidsgivers virksomhet.

Medan lova i utgangspunktet gjeld for etablerte arbeidsforhold, omfattar denne føresegna også sjølv tilsetjingsprosessen. Føresegna skal hjelpe til med å hindre at arbeidssøkjjarar og arbeidstakarar blir diskriminerte eller ute-stengde frå arbeidslivet på grunn av sine politiske, religiøse eller kulturelle oppfatningar eller fordi dei er medlemmer i ein arbeidstakarorganisasjon. Til-svarande forbod gjeld i forhold til homofil legning eller homofil samlivsform. Føresegna om homofil legning eller homofil samlivsform kom inn i lova i 1998.<sup>215)</sup>

Føresegna rettar seg mot arbeidsgjevar, det vil seie at det er arbeidsgjevar som har ansvaret for at diskriminering etter fråsegna ikkje skjer.

#### 9.4.1 Historikk - bakgrunnen for føresegna

Føresegna om at arbeidssøkjjarar ikkje skal diskriminerast eller stengjast ute frå arbeidslivet på grunn av sine politiske, religiøse eller kulturelle oppfatningar eller fordi dei er medlemmer av ein lønnstakarorganisasjon, blei lovfesta i 1977 utan nærmare drøftingar. I 1998 blei som nemnt føresegna utvida til å omfatte etnisk bakgrunn og homofil legning eller homofil samlivsform hos arbeidstakarane. Utvidinga til å omfatte forbod mot etnisk diskriminering med meir i arbeidsforhold er nærmare grunngjeven i Ot. prp. nr. 67 (1996-97), jf. Ot. prp. nr. 16 (1997-98). Utvidinga til også å omfatte forbod mot diskriminering på grunnlag av homofil legning eller homofil samlivsform kom inn i lova under sjølv stortingsbehandlinga.

Når fleirtalet i stortingskomiteen gjekk inn for at føresegna i § 55 A også skulle omfatte seksuell legning, blei det vist til at organisasjonar som representerer gruppa, sjølv ønskte det. Komitefleirtalet viste vidare til EU-traktaten artikkel 6 A, at finsk og dansk lovverk inkluderer denne gruppa ved at «seksuell orientering» er sidestilt med «rase og hudfarge», at forbodet i straffelova mot diskriminering inntil 1981 omfatta grunnar som «trosbekjennelse, rase, hudfarge, eller nasjonal eller etnisk opprinnelse», og at lovendinga i 1981 utvida diskrimineringsgrunnane med «krenkelsar overfor en person eller en gruppe på grunn av deres homofile legning, leveform eller orientering». Fleirtalet konkluderte med å erkjenne at det er «et sterkt behov for antidiskrimineringsvern ved ansettelsar for lesbiske og homofile utover den beskyttelse mot diskriminering som ligger i loven i dag». Som grunngjeving blei det også vist til at homofile alt var omfatta av §§ 12 i arbeidsmiljølova, som gjeld eit individuelt forsvarleg arbeidsmiljø og 60 om oppseiingsvern, og at vern også i forhold til tilsetjing ville gje ei meir heilskapleg lov. Det blei gjort visse unntak for religiøse trdomssamfunn (sjå også kapittel 10).

Arbeidsmiljølova § 55 A første ledd set grensar for kva slags opplysningar ein arbeidsgjevar kan hente inn. Når ein arbeidsgjevar ikkje kan krevje opplysningar om homofil legning eller samlivsform hos ein arbeidssøkjjar, må det innebere at det ikkje kan spørjast om seksuell legning i det heile med mindre unntaksregelen siste ledd er aktuell å bruke. Arbeidsgjevar kan heller ikkje hente inn slike opplysningar, til dømes ved å kartleggje om ein arbeidssøkjjar er medlem av homofile interesseorganisasjonar, spørje referansar o.l.

<sup>215)</sup> Regelen om ikkje-diskriminering i arbeidsmiljølova § 55 A har vore endra fleire gonger. Hausten 2000 blei det lagt fram ein proposisjon om at regelen også skal omfatte diskriminering av funksjonshemma (Ot.prp. nr. 34 (2000-2001)).

I andre setninga i første ledd er det gjort unntak for opplysningar som er grunna i «stillinga sin karakter» eller dersom det inngår i formålet for verksemda til vedkomande arbeidsgjevar å fremje bestemte politiske, religiøse eller kulturelle syn, og stillinga er knytt til gjennomføringa av formålet. Slike opplysningar kan ein berre krevje dersom det går fram av stillingsutlysinga.

Kor vidt denne unntaksregelen kan brukast, må byggje på skjønn. Det må vere ein føresetnad at det er leiinga i ei verksemd som utøver skjønn, det må grunnjevast, og det må vere sakleg. Kva slags stillingar som vil kunne kome inn under unntaket, vil likevel variere i ulike verksemder. Formål og målsetjing hos ei verksemd vil ofte vere allment kjent eller gå fram av vedtekter, instruksar, sedvanar m.m.

I RT 1986 s. 1250 (Diakonhjemsaka) behandla Høgsterett spørsmålet om ein skole har rett til å spørje søkjarar til lærarstillingar om deira forhold til den kristne trua ut frå personalpolitiske retningslinjer. Det sentrale rettslege spørsmålet var om opplysningane måtte knytte seg til ein absolutt nødvendig kvalifikasjon for den enkelte stillinga, eller om det var nok at vedkomande eigenskap var påkravd innanfor vedkomande stillingskategori. Etter retten si meining måtte det vere høve til å spørje om livssyn for å sikre at stillingsinnehavarane i nødvendig utstrekning hadde det livssynet som gjennomføringa av målet for institusjonen var avhengig av. Det blei elles peikt på at domstolane burde vise atterhald med å overprøve arbeidsgjevar si vurdering av om kristen tru var nødvendig for å utføre dei oppgåvene som stillingsinnehavarane blei sette til. Dei personane som kjenner ei verksemd innanfrå, er dei nærmaste til å vurdere om stillinga har ein slik karakter at unntaksregelen bør bli brukt, jf. Ot. prp. nr. 41 (1979-80) s. 19 og Innst. O. nr. 59 (1979-80) s. 6. Ein må rekne med at tilsvarende vil gjelde for homofil legning eller samlivsform etter dagens rettstilstand.

#### 9.4.2 Forbod mot forskjellsbehandling

§ 55 A andre ledd handlar om forbod mot forskjellsbehandling ved tilsetjingar. Regelen inneber ikkje noko allment krav til sakleg vurdering ved tilsetjingar, men skal hindre etnisk diskriminering og diskriminering på grunn av seksuell legning. Tilsetjingar omfattar alle nyttilsetjingar og avansement som inneber tilsetjing i ny stilling. Regelen gjeld uavhengig av om stillinga er utlyst internt i bedrifta eller eksternt. Også denne regelen rettar seg mot arbeidsgjevar, det vil seie at det er arbeidsgjevar som har ansvaret for at diskriminering etter regelen ikkje skjer.

Regelen omfattar både direkte og indirekte diskriminering, men han råkar berre usakleg diskriminering. Det inneber at diskriminering kan tolererast der ho er sakleg, til dømes at det i enkelte tilfelle kan vere sakleg å krevje ein særskild etnisk bakgrunn. I Ot. prp. nr. 67 (1996-97) går det fram at det må krevjast svært mykje før ein kan seie at etnisk diskriminering er sakleg grunnjeven. Tilsvarende må gjelde for homofile/lesbiske.

§ 55 A tredje ledd gjer unntak frå forbodet om diskriminering på grunn av homofil *samlivsform* når det gjeld stillingar knytte til religiøse trdomssamfunn der det i utlysing av stillingar er stilt særlege krav ut frå stillinga sin karakter eller formålet for verksemda til vedkomande arbeidsgjevar (sjå elles kapittel 10). Regelen omfattar alle religiøse trdomssamfunn, og gjev arbeids-

gjevar høve til å diskriminere homofile med grunngjeving i stillinga sin karakter og formålet med verksemda så lenge det er opplyst om det i stillingsutlysinga.

Arbeidstilsynet kan gje pålegg om å slutte med ulovleg annonsering eller pålegg om ny utlysing, jf. arbeidsmiljølova § 77 nr 1. Tvist etter arbeidsmiljølova § 55 A kan også leggjast fram for domstolane. Brot på regelen kan medføre straffeansvar etter arbeidsmiljølova kapittel XIV.

## 9.5 Ombodsordninga i Sverige

---

Noreg har ingen døme på at diskriminering i forhold til seksuell orientering ved § 55 A i arbeidsmiljølova er rettsleg prøvd. Samstundes veit vi, av mellom anna NOVA-undersøkinga, at det skjer slik diskriminering. Kva kjem dette av? Kan det vere at systemet ikkje greier å fange opp og gjere noko med denne diskrimineringa? Desse spørsmåla bør vurderast nærmare.

I Sverige har dei eit annleis og meir omfattande ombodsapparat enn i Noreg. I tillegg til mellom anna ein *Handikapombodsmann og Ombodsmann mot etnisk diskriminering* har svenskane ein *Ombudsmann mot diskriminering på grunn av seksuell orientering* (heretter kalla *HomO*). HomO har eit todelt mandat: Ombodet skal sjå til at lova mot diskriminering på grunn av seksuell orientering i arbeidslivet blir følgd. Ombodet skal også verke for at slik diskriminering heller ikkje skal skje i samfunnslivet elles.

Når det skjer diskriminering og trakassering på grunn av seksuell orientering, kan den fornærma søkje råd hos HomO. Ein del tilfelle blir løyste i dialog mellom HomO, fagforeining og arbeidsgjevar. HomO rapporterer om fleire saker som er løyste på denne måten.<sup>216)</sup> Dersom det blir aktuelt å føre saka inn for Arbeidsdomstolen, vil HomO betale eventuelle kostnader. Det har vist seg at ombodet i Sverige har prøvd det svenske lovverket, og har vunne fram med diskriminerings- og trakasseringssaker.

I tillegg til å ta seg av meldingar om brot er HomO høyringsinstans i saker der seksuell orientering kan tenkjast å ha noko å seie. Ombodsmannen tek også sjølvstendige initiativ innanfor sine ansvarsområde.

Bør vi etablere eit Homo-ombod også i Noreg? Av dei forholda som taler for ei slik ordning, er behovet for å synleggjere den diskrimineringa som skjer på bakgrunn av seksuell orientering. Det er grunn til å tru at eit synleg ombod vil kunne gjere folk flest meir vakne mot forskjellsbehandling i samfunns- og arbeidslivet. *Likestillingsombodet* som «vaktbikkje» og kontrollinstans er eit døme på kor viktig ei rolle eit slikt ombod kan spele. Med ei ombodsordning vil det truleg også vere lettare å få prøvd denne typen saker for domstolane.

Det finst også argument mot å etablere ei slik ombodsordning. Å byggje opp eit *Ombod mot diskriminering på grunn av seksuell orientering* må ein kunne forsvare ut frå dokumentasjon av at det finst eit visst omfang av faktisk diskriminering og trakassering. Det finst også innvendingar knytte til at det er usikkert om ei ombodsordning også kan medverke til å forsterke stereotype haldningar om eit *skarpt* skilje mellom heterofile og homofile/lesbiske. Ein må også greie ut i kor stor grad det apparatet som alt er etablert, fangar opp

<sup>216)</sup> Sjå [www.homo.se](http://www.homo.se)



og greier å handtere slike saker, og kva som er problemet dersom det viser seg at dei ikkje på ein tilfredsstillande måte greier dette. I første omgang er det truleg meir nyttig med ein forsterka forskingsinnsats på området homofili og arbeidsliv. Samstundes må LLH få store nok ressursar til å vere «vaktbikkje» på dette feltet.

## 9.6 Tiltak

---

Sjølv om det er dokumentert at dei aller fleste lesbiske og homofile har positive erfaringar frå arbeidslivet, er det utilfredsstillande at enkelte lesbiske og homofile framleis finn det vanskeleg å stå ope fram på arbeidsplassen. Det er også dokumentert at det skjer diskriminering av homofile og lesbiske i arbeidslivet.

Diskriminering i snever tyding finst det formale, rettslege verkemiddel mot (jf. arbeidsmiljølova § 55 A). Det bør likevel utgreiast i kva grad lovverket meir aktivt kan takast i bruk. Diskriminering i vid meining krev derimot andre løysingar. Her er det viktig at kunnskap og informasjon om livssituasjonen for homofile og lesbiske blir integrert i det arbeidet som arbeidslivet sjølv gjer for eit betre arbeidsmiljø. Det må ei kompetanseheving til overfor arbeidsgjevarar og leiarar, arbeidstakarorganisasjonar og deira tillitsvalde og verneombod, slik at ein kan førebyggje og unngå diskriminering og trakassering.

Regjeringa vil fremje desse tiltaka:

- Det skal lagast opplysningsmaterieil om homofile og lesbiske i arbeidslivet retta mot arbeidsgjevarar.
- Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjoring (LLH) vil bli styrkt slik at organisasjonen kan fungere som kunnskapsbank og «vaktbikkje» når det gjeld anti-diskrimineringsarbeid i arbeidslivet. Verksemda vil bli retta mot arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar (sjå kapittel 11).
- Verneombod bør få opplæring i og kunnskap om situasjonen for homofile og lesbiske medarbeidarar.
- Forsking om homofile og lesbiske i arbeidslivet vil bli styrkt.

## 10 Homofili og trdomssamfunn

### 10.1 Innleiing

---

Det finst ikkje ei systematisk oversikt over haldningane dei ulike trdoms- og livssynssamfunna har til homofili og til homofilt samliv. Hovudintrykket er at mange trdoms- og livssynssamfunn har ei negativ og avvisande haldning til homofil kjærleik og homofilt samliv, sjølv om det kan finnast ulike syn på dette spørsmålet blant medlemmane til trdomssamfunnet. Dette kan komme til uttrykk blant anna ved at medlemmer som lever i homofilt partnerskap vert nekta stillingar som religiøse leiarar eller forkynnarar.

Mange homofile kjenner seg krenkt av desse haldningane. Ein del homofile opplever skuldkjensle og sjølvforakt som følgje av dei haldningane omgivingane har til homofil orientering eller samlivsform. Dei tradisjonelt restriktive haldningane ulike trdomssamfunn har til homofili medverker til å oppretthalde ei oppfatning av homofili som avvikande og feilretta, både innan trdomssamfunnet og i samfunnet elles. Dette kan føre til auka sosial belastning for homofile, og til at dei utviklar eit meir negativt sjølvbilete.

Det er heller inga tvil om at trdomssamfunna er viktige opinionsdannarar når det gjeld verdier og haldningar. Dette gjeld både ovanfor eigne medlemmer og i den breie offentlighet. Ei utvikling som inneber at trdomssamfunnet godtar homofile menneske og deira seksualitet, vil utvilsamt vere eit vesentleg bidrag til større aksept omkring dei generelle levekåra til dei homofile. Målet må difor vere at haldningane til dette spørsmålet i trdomssamfunna går i retning av dei haldningane og verdiane som blir lagt til grunn i eit rettvis og ikkje-diskriminerande samfunn.

Vi treng meir kunnskap om haldningane til homofili i ulike trdomssamfunn. I kapittel 4 kjem regjeringa med framlegg om at det blir sett i gang forskning for å kartleggje haldningar til homofili i minoritetsgrupper. Her kan det vere aktuelt å inkludere forskning om andre trdomssamfunn.

### 10.2 Den norske kyrkja og homofili

---

Den norske kyrkja har med 85 prosent av innbyggjarane som medlemmer eit helt spesielt ansvar. Den norske kyrkja er i dag delt i synet på homofilt samliv. På den eine sida står dei som meiner at personar som lever i homofilt samliv bør integrerast fullt ut i kyrkje og kyrkjelydsliv. Dei meiner at denne integreringa må omfatte tilsetjing i kyrkjelege stillingar og tenester som frivillige og lønna medarbeidarar. På den andre sida står dei som meiner at dei frå si teologiske overtyding ikkje kan tilrå homofilt samliv, og dreg den konsekvensen at dei heller ikkje kan tilrå at personar som lever i homofilt samliv blir tilsette som prestar eller i andre stillingar med funksjonar som forkynning, undervisning eller liturgi.

Den dokumenterte utestenginga frå Den norske kyrkja kan ha alvorlege følgjer for dei personane som blir råka. Mange homofile kjenner seg djupt krenkte av den påstanden at den seksuelle orienteringa deira ikkje under noko

omstende kan levast ut. For ein prest som er lesbisk eller homofil, kan utestenginga føre til eit val mellom det å innleie eit langvarig og forpliktande forhold til ein annan person og det å arbeide innanfor kyrkja. For lesbiske og homofile som er kristne, og som ønskjer å ha eit forhold til Den norske kyrkja som ein stad å utøve trua si, motta sakrament og oppleve eit trusfellesskap, kan utestenginga øydeleggje for truslivet deira. Som andre kristne ønskjer også lesbiske og homofile kyrkja si velsigning og støtte for det livet dei lever. Det er eit spørsmål kva det gjer med til dømes sjølvbiletet til unge lesbiske og homofile når dei høyrer ein debatt om kvar grensa går for kva dei ikkje kan gjere, at å vere open og ærleg straffar seg. Partnerskapet blir også kritisert. Det er eit paradoks at det først og fremst er dei som synleggjer sine samliv gjennom å inngå partnerskap, som blir råka av dette synet. Menneske som lever ut sin seksualitet i det skjulte, kan halde fram med gjerninga si innanfor kyrkja. Det er grunn til å tru at dette kan verke med til å auke sjølvforakta hos enkeltpersonar.

Den kristne opinionen har dreid i liberal retning i synet på homofil orientering. Annankvar kyrkje- og møtegengar svarte etter ei spørjeundersøking gjennomført for Vårt Land i september 2000 nei på spørsmålet: «Mener du det er galt at to voksne av samme kjønn har seksuelt samliv?» 45 prosent av dei spurde meiner at kyrkja bør opne for at homofilt sambuande prestar skal kunne utføre presteteneste. I begge spørsmåla inntek det mest aktive kristenfolket ei langt meir restriktiv haldning enn kyrkjemedlemmene.

### **Boks 10.1 Boks 10.1 Vedtaksorgan i Den norske kyrkja**

*Kyrkjemøtet* er ved lov av 8.6.84 oppretta som det øvste representative organet innanfor Den norske kyrkja. Til kyrkjemøtet møter medlemmene av bispedømmeråda og dei medlemmene av Kyrkjerådet som er valde utanom bispedømmeråda. Det generelle mandatet for Kyrkjemøtet omfattar saker av felles kyrkjeleg karakter og interesse, alt som kan gjerast for å vekkje og nære det kristelege livet i kyrkjelydane og fremje samarbeidet innanfor Den norske kyrkja. Mellom dei spesielt nemnde ansvarsområda for Kyrkjemøtet er å uttale seg om viktige lovendringar på det kyrkjelege området, planar og program for den kyrkjelege undervisninga og diakonien og framlegg til retningslinjer for soknereguleringar.

Kyrkjemøtet vel eit Kyrkjeråd, som har ansvar for det førebuande og iverksetjande arbeidet og elles leier arbeidet mellom samlingane i Kyrkjemøtet.

*Bispemøtet* er eit samarbeidsorgan for biskopane og for utøvinga av kyrkja sin tilsynsfunksjon i saker av landskyrkjeleg karakter. Blant deisaksområda som i dag høyrer inn under Bispemøtet, er kyrkja si lære, vedkjenning og forkynning, ein del spørsmål som gjeld liturgi og gudstenesteliv i kyrkja, og dessutan presteutdanning.

I bispemøtet sit alle biskopane som er i teneste (i alt 11 biskopar.) Møtet er samla om lag fire gonger kvart år. Bispemøtet, som har vore i funksjon sidan 1917, har vore ei offisiell ordning frå 1934 og har fått status som fast kyrkjeleg sentralorgan ved revisjonen av Kyrkjeordningslova i 1984.

*Lærenemnda i Den norske kyrkja* er eit sjølvstendig sakkyndig organ som etter oppmoding uttaler seg i saker som gjeld den evangelisk-lutherske

læra. Lærenemnda blei oppretta ved kongeleg resolusjon 19. febr. 1988. Medlemmer i lærenemnda 1998-2002 er alle biskopane i teneste, tre teologisk sakkyndige oppnemnde av dei tre teologiske fakulteta, to teologisk sakkyndige valde av Kyrkjemøtet og fire leke medlemmer valde av Kyrkjemøtet.<sup>1</sup>

<sup>1</sup> <http://www.kirken.no/> Kirken fra a til å, besluttende organer.

### 10.3 Ein kronologisk gjennomgang av Den norske kyrkja sitt arbeid med plass for homofile i kyrkja

Den norske kyrkja har gjennom Bispemøtet og Kyrkjemøtet arbeidd med spørsmål omkring lesbiske og homofile sin plass i kyrkja først og fremst gjennom å diskutere ulike utgreiingar, fråsegner og innstillingar.

Bispemøtet i 1954 uttalte at:

«Homoseksuelle handlinger bør få gjelde som de perverse og forkastelige ting de er, og skulle de i prinsippet være straffri, da er det ikke mulig å nekte at et nytt moral- og rettssyn er på ferde (...). En må være oppmerksom på at vi her står overfor en samfunnsfare av verdensdimensjoner. Det er en kjent sak at homoseksualitet har fått et uhyggelig omfang i mange land».

I 1977 uttalte Bispemøtet at «homofile har samme menneskeverd som ethvert annet menneske» og at homofile «har sin plass og funksjon i kirke- og samfunnsliv og i menighetenes virksomhet». Når det gjeld «homofile seksuelle forhold», kjenner biskopane seg likevel «forpliktet på Bibelens egen tilbakeholdenhet».

I 1993 vedtok Bispemøtet å setje i gang eit utgreiingsarbeid om homofile i kyrkja med det siktepunkt å føre vidare den godkjenninga av homofiles menneskeverd som Bispemøtet gav uttrykk for i 1977, og å klargjere kva haldning kyrkja ut frå si plikt på den bibelske budskapet kan og bør innta i forhold til homofilt samliv. Utgreiinga *Homofile i kirken* blei lagt fram i 1995.<sup>217)</sup> Eit fleirtal på fem i gruppa som laga utgreiinga, ønskte større kyrkjeleg aksept for homofilt samliv, medan eit mindretal på tre ville at kyrkja skulle halde oppe eit klart nei til dette.<sup>218)</sup>

Utgreiinga blei diskutert av Bispemøtet våren 1995. Debatten dreide seg både om kor vidt personar som lever i homofile samliv, kan bli tilsette i vigsla stillingar, og om homofile som har inngått partnerskap, kan bli velsigna. I begge spørsmåla utkrystalliserte det seg eit fleirtal og eit mindretall.

Fleirtalet konkluderte mellom anna med at:

«En kirke som ut fra sin etiske overbevisning ikke kan anbefale homofilt samliv, må trekke den konsekvens at den heller ikke kan anbefale at personer som lever i homofilt samliv blir ansatt som prester eller i andre stillinger som har forkynnende, undervisende eller liturgiske funksjoner. De krav om respekt for andres personlige valg og om vilje

<sup>217)</sup> Sak BM 2/95 Homofiliutgreiinga: *Homofile i kirken*, bispemøtet april 1995. I arbeidsgruppa deltok to personar frå Åpen Kirkegruppe.

<sup>218)</sup> <http://www.kirken.no/> Kirken frå a til å, Det hendte i kirken i 1995.

til å integrere homofile i kirkens liv som tidligere er understreket, er ikke ensbetydende med et ja til ansettelse av homofile samboende i kirkelige stillinger.

Når det gjelder spørsmålet om en velsignelses- eller forbønns-handling for homofile, finner Bispemøtet på bakgrunn av det foranstående at det ikke vil være grunnlag for å innføre en slik ordning og regulere den gjennom en fast liturgi. Bispemøtet viser her til Hygenutvalget som i 1977 uttrykte følgende: «Det ligger innenfor kirkens mandat å velsigne ekteskap mellom mann og kvinne. Dette er det solid bibelsk grunnlag for. Men det foreligger ikke noe bibelsk mandat for å velsigne noen annen form for samliv av seksuell karakter.»»

Mindretalet i bispemøtet, som var Køhn i Hamar bispedømme, Osberg i Tunsberg bispedømme og Steinholt i Nord-Hålogaland bispedømme, utforma egne konklusjonar:

«uten dermed å si seg uenig i alt som flertallet anfører i sine konklusjoner».

Mindretalet hevda mellom anna:

«Uansett oppfatning om homofilt samliv må kirken legge vinn på å synliggjøre respekten for de mennesker som ut fra en alvorlig kristen overbevisning finner å velge homofilt samliv. De bør få oppleve den samme omsorg og forståelse i det kristne fellesskap som andre kirke-medlemmer, og integreres fullt ut i kirke og menighetsliv.

Til denne integrering må også høre mulighet for tilsetjing i kirkelige stillinger og tjeneste som frivillige og lønnede medarbeidere.

Bispemøtets mindretall finner at det i prinsippet bør være mulig for kirken å åpne for tilsetjing av homofilt samboende også i stillinger som krever vigsling. Men kirken kan ikke bare ha prinsipper for øye, heller ikke bare de homofiles ønsker. Hensynet til menigheten og dens situasjon må være avgjørende. Tilsetjing av en som lever i homofilt samliv, må ikke føre til splittelse i menigheten.

Det er kirkens kall og ansvar å be for alle mennesker. Dersom noen ber om forbønn, kan kirken ikke avslå dette. Vi ser gjerne at det blir bedt for homofile som har valgt å leve sammen. Men fordi et homofilt parforhold ikke kan sidestilles med ekteskap, må denne forbønn ikke få en form som kan forveksles med en vigselshandling.»<sup>219)</sup>

Kyrkjemøtet i november 1995 seier nei til homofilt sambuande som kyrkjeleg tilsette. Eit fleirtal på 58 av 79 delegatar seier at det ikkje er gjeve sterke nok grunnar for at Den norske kyrkja kan endre sin nåverande praksis når det gjeld tilsetjing av personar som lever i homofilt samliv. Eit samla kyrkjemøte uttaler samstundes at det ikkje er aktuelt å innføre noka kyrkjeleg forbønns-handling for homofile/lesbiske par.<sup>220)</sup>

Både Bispemøtet og Kyrkjemøtet vedtok da dei behandla utgreiinga *Homofile i kirken* at det skulle arbeidast vidare med spørsmål knytt til sjelesorg for homofile. Til bispemøtet våren 1997 blei det lagt fram ei fråsegn om homofili og sjelesorg. Bispemøtet vedtok å utsetje endeleg behandling av frå-

<sup>219)</sup> Sak BM 2/95 Homofiliutredningen: *Homofile i kirken*, bispemøte april 1995, punkt 6, 7, 8, 10 og 11.

<sup>220)</sup> <http://www.kirken.no/> Kirken fra a til å, Det hendte i kirken i 1995, for den konkrete ordlyd sjå KM-sak 8/97: Arbeidsrettslige konsekvenser av Kirkemøtets vedtak om homofilt samliv og kirkelige tjenester.

segna til bispemøtet hausten 1997, og då skulle ein sjå denne fråsegna saman med innstillinga *Kirkens enhet og troens fundament*, og begge sakene skulle deretter sendast over til Kyrkjemøtet 1997.<sup>221)</sup>

Under Bispemøtet i oktober 1997 blir så utgreiingane *Kirkens enhet og troens fundament* og *Homofili og sjelesorg* tekne opp. Bispemøtet finn at begge utgreiingane legg ein god basis for det vidare praktiske arbeidet med kyrkja sine haldningar til homofilt samliv.

Bispemøtet er framleis usamde i synet på homofilt samliv og kyrkjeleg teneste, men dei meiner at for å ta vare på einskapen i kyrkja er det nødvendig at biskopane ikkje etablerer særordningar i spørsmålet om kor vidt personar som lever i homofilt parforhold kan ha vigsla stillingar som prest, diakon og kateket, men at dei i embetet sitt optrer på same måten, det vil seie i lojalitet mot vedtaket i Kyrkjemøtet frå 1995. Det blir hevda at eit slikt standpunkt ikkje vil seie at den enkelte biskopen har avskore seg frå å arbeide for endring av praksis og heller ikkje at ein har plikt til sjølv å skifte standpunkt, men til å akseptere at:

«kirken gjennom sine besluttende organer har tatt et standpunkt som er å betrakte som kirkens offisielle syn, i den forstand at dette legges til grunn for kirkens felles ordninger».

Det blir diskutert om vedtaket i Kyrkjemøtet av 1995 også skal leggjast til grunn for tilsetjing i stillingar som har forkynnande, undervisande og liturgiske funksjonar (stillingar som ikkje krev vigsling). Bispemøtet tilrår dette. Men Bispemøtet uttrykkjer på den andre sida forståing for at:

«slike saker kan arte seg forskjellig ut fra de lokale forhold, og at spørsmålet om tillit og om enhet eller en mulig splittelse i de respektive miljøer kan bedømmes ulikt fra sted til sted».

Bispemøtet uttrykkjer at homofilt sambuande ikkje skal nektast nattverd, men at det er å bryte med einskapen i kyrkja å etablere egne forbønns- eller velsigningshandlingar i strid med vedtaket i Kyrkjemøtet frå 1995.<sup>222)</sup>

På Kyrkjemøtet same hausten blir dei arbeidsrettslege konsekvensane av vedtaket i Kyrkjemøtet av 1995 diskutert med utgangspunkt i utgreiinga *Arbeidsrettslige konsekvenser av Kirkemøtets vedtak om homofilt samliv og kirkelig tjeneste*.<sup>223)</sup>

Kyrkjemøtet held oppe vedtaket frå 1995 samstundes som det blir vist til at Bispemøtet har teke konsekvensen av vedtaket under behandlinga av utgreiingane *Kirkens enhet og troens fundament* og *Homofili og sjelesorg* ved å seie dette:

«kirken (har) gjennom sine besluttende organer tatt et standpunkt som er å betrakte som kirkens offisielle syn, i den forstand at dette legges til grunn for kirkens felles ordninger».

Kyrkjemøtet vedtek at:

<sup>221)</sup> Sak BM 04/97 Sjelesørgeriske implikasjoner av homofilisaken, bispemøte mars 1997.

<sup>222)</sup> Sak BM 14/97 - sak BM 15/97 Sjelesorg og homofili - Kirkens enhet og troens fundament, bispemøte oktober 1997, punkt 6,7 og 8.

<sup>223)</sup> KM-sak 8/97: Arbeidsrettslige konsekvenser av Kirkemøtets vedtak om homofilt samliv og kirkelig tjeneste, kirkemøte november 1997.

«(...) personer som lever i homofilt samliv ikke kan inneha kirkelig tjeneste som vigslet prest, diakon eller kateket».

Samstundes erkjenner Kyrkjemøtet at:

«(...) det er ulike syn i kirken på dette spørsmålet, og ber om at det blir utvist respekt for meningsforskjeller. Kirkemøtet sier seg glad for den dialog som pågår i kirken, og ser det som viktig at forholdene legges til rette for at denne dialogen kan bli ført videre i større bredde».

Både denne uttalelsen og det at Kyrkjemøtet sluttar seg til Bispemøtet si forståing for at tilsetjingssaker i andre kyrkjelege stillingar som i hovudsak har forkynnande, undervisande og liturgiske funksjonar:

«kan arte seg forskjellig ut fra de lokale forhold, og at spørsmålet om tillit og om enhet eller en mulig splittelse i de respektive miljøer kan bedømmes ulikt fra sted til sted»

skal vise seg å vere viktige utsegner i ei sak som dukkar opp eit par år etter desse vedtaka.<sup>224)</sup>

Ved utgangen av 1997 er det altså felles semje både i Kyrkjemøtet og i Bispemøtet om at personar som lever i homofilt samliv, ikkje kan sitje i kyrkjeleg teneste som vigsla prest, diakon eller kateket.

I juni 1997 inngjekk ein kapellan i Hamar bispedømmeråd partnerskap. I lojalitet mot Bispemøtet valde biskopen å ta presten ut av tenesta for ei tid og inntil vidare gje vedkomande anna arbeid.

I juni 1998 melde Hamar biskop saka til Den norske Kirkes Lærenemnd for å få hjelp til si vurdering av saka. I møtet sitt 8. oktober 1998 gjorde Lærenemnda eit vedtak der det mellom anna heiter:

«Den sak Hamar biskop har anmodet Lærenemnda å vurdere, dreier seg i hovudsak om de forvaltningsmessige konsekvenser av Kirkemøtets vedtak om at personer som lever i homofilt samliv, ikke kan inneha kirkelig tjeneste som vigslet prest, diakon og kateket. Lærenemnda ser at de spørsmål som er reist, er av stor betydning for kirken, men finner likevel at det ligger utenfor dens mandat å vurdere konsekvensene av Kirkemøtets vedtak. Lærenemnda finner derfor å måtte avvise en realitetsbehandling av saken.»<sup>225)</sup>

I 1999 set biskopen i Hamar kapellannen inn att i stillinga:

«etter grundige vurderinger og omfattende konsultasjoner kom Hamar biskop til at det riktige var å la presten gjenoppta sitt arbeid som kapellan».<sup>226)</sup>

Kyrkerådet kjenner seg «utfordret» og ber Bispemøtet finne ei avklaring i forhold til det samrøystes Kyrkjemøte-vedtaket i 1997 som ikkje opnar for homofilt samlevande i vigsla kyrkjelege stillingar.<sup>227)</sup>

<sup>224)</sup> KM-sak 8/97: Arbeidsrettslige konsekvenser av Kirkemøtets vedtak om homofilt samliv og kirkelig tjeneste, kirkemøte november 1997, punkt 1, 2, 3 og 5.

<sup>225)</sup> Sak BM 12/99 Homofilisaken, bispemøte mai 1999.

<sup>226)</sup> Sak BM 12/99 op.cit.

<sup>227)</sup> Sak Kr 15/99: Homofilisaken og Hamar biskop, møte i Kirkerådet februar 1999.

Våren 1999 behandlar Bispemøtet «Homofilisaka». Her utkrystalliserer to frontar seg blant biskopane, og slik dette møtet enda, står frontane framleis i dag.

Fleirtalet:

«fastholder vedtaket fra Kirkemøtet 1997 (KM 8/97), som bygger på enstemmige vedtak i Bispemøtet: «Kirkemøtet finner at personer som lever i homofilt samliv ikke kan inneha kirkelig tjeneste som vigslet prest, diakon eller kateket. Kirkemøtet ber biskopene i sin embetsutøvelse og forvaltningsorganene i sin tilsettingspraksis legge disse synspunkter til grunn. I forlengelsen av disse vedtak presiserer vi:

- at personer som lever i homofilt samliv ikke vil bli vigslet eller tilsett i Den norske kirke,
- at personer i vigslede stillinger som etablerer homofilt samlivsforhold, ikke kan fortsette i sine stillinger.

Samtidig bekrefter vi at Kirkemøtets vedtak i 1995 står fast, og at det ikke skal foretas forbønnshandlinger av offentlig karakter for homofile par». <sup>228)</sup>

Mindretalet (biskopene i Oslo, Hamar, Tunsberg og Nord-Hålogaland) forstår det kyrkjerettsleg slik at verken Bispemøtet eller Kyrkjemøtet kan binde den enkelte biskopen i hennar eller hans forvaltning av embetet sitt. Dei oppfattar vedtaket om at homofile ikkje kan inneha vigsle stillingar som:

«et tidsbestemt kompromiss». <sup>229)</sup>

Som grunngeving viser dei til at Kyrkjemøtet i 1997 tilrødde at tilsetjingsorgan også når det gjaldt andre kyrkjelege stillingar som i hovudsak har forkynnande, undervisande og/eller liturgiske funksjonar, la til grunn hovudsynspunktet om at homofile som lever i samliv, ikkje kan ha vigsle stillingar, men at dei slutta seg til Bispemøtet i at tilsetjings saker kan arte seg ulikt ut frå dei lokale forholda, og at spørsmålet om tillit og om einskap eller ei mogleg kløyving i dei respektive miljøa kan vurderast ulikt frå stad til stad. Mindretalet tolkar dette slik:

«Her åpnes det for at homofile som lever i parforhold, kan inneha kirkelige stillinger som ikke krever vigsling». <sup>230)</sup>

Mindretalet hevdar at nettopp på grunn av denne formuleringa røysta dei tre (Köhn, Osberg og Steinholt) som deltok på Kyrkjemøtet i 1997, for vedtaket. I tillegg la dei den gongen vekt både på at Kyrkjemøtet erkjente at det er ulike syn i kyrkja på dette spørsmålet, at det ba om at det blir utvist respekt for meningsskilnader, og at det sa seg glad for den dialogen som går føre seg i kyrkja, og at det såg det som viktig at forholda blir lagde til rette for at denne dialogen kan bli førd vidare i større breidd.

Mindretalet viser til kompromisskarakteren ved vedtaka frå 1997, og til at ein prest som gjer teneste i kyrkja, lever i ope homofilt parforhold, i tillegg til at fleire andre kyrkjelege arbeidarar også lever i parforhold. Derfor meiner dei at vedtaket om at personar som lever i homofilt samliv, ikkje kan ha kyrkjeleg

<sup>228)</sup> Sak BM 12/99 op.cit.

<sup>229)</sup> Sak BM 12/99 op.cit.

<sup>230)</sup> Sak BM 12/99 op.cit.



teneste som vigsla prest, diakon eller kateket, bør bli teke opp på Kyrkjemøtet til ny vurdering.

Når det gjeld forbønn, meiner mindretalet at kyrkja ikkje kan nekte å be for menneske som ønskjer forbønn.

På Kyrkjemøtet i mai 1999 gjev fleirtalet si fulle tilslutning til fleirtalet i Bispemøtet og uttaler at:

«Kirkerådet kan ikke se at det har fremkommet nye teologiske momenter som påvirker Kirkemøtets tidligere vedtak i homofilisaken, og vil derfor ikke fremme saken som egen sak på høstens Kirkemøte. Kirkerådet vil avvente lærenemndas uttalelse og den «nærmere presisering av hvilken vekt denne saken har i vår kirkes lære» som Bispemøtet har tatt initiativ til. Kirkerådet støtter også forslaget fra Bispemøtet om å nedsette en kommisjon som skal utrede de samlivsetiske spørsmål ut fra et bredt perspektiv».

I tillegg ber Kyrkjerådet sekretariatet førebu saka om kva styresmakt Kyrkjemøtet har. Både samlivsetiske spørsmål og styresmakta til Kyrkjemøtet er under arbeid.

Sommaren 2000 kjem endå ein milestolpe: 13. juli 2000 blei Jens Torstein Olsen tilsett som kapellan i Majorstuen prestegjeld. Olsen er homofilt sambuande. Oslo bispedømmeråd ønska å tilsetje Jens Torstein Olsen som kapellan i Majorstuen prestegjeld. Mindretalet i Oslo bispedømmeråd anka avgjerda inn til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet hadde same konklusjon som Oslo bispedømmeråd i denne saka og tilsette Jens Torstein Olsen. Ved sida av bispedømmerådet gjekk eit fleirtal i soknerådet og både prosten og biskopen i Oslo inn for å tilsetje Jens Torstein Olsen.

I sin tale til Kyrkjemøtet i november 2000 gav kyrkjestatsråden klart uttrykk for at han ønskjer at Den norske kyrkja skal utvikle seg i retning av å vere meir open og tolerant i møte med homofile og deira samlivsform.

Statsråden sa at det tolerante samfunnet ikkje skal ha toleranse for diskriminering av homofile, «heller ikke i kirken». Han sa vidare at vårt samfunn ikkje aksepterer diskriminering basert på kjønn eller seksuell orientering, og at det derfor heller ikkje skulle vere akseptabelt i regi av kyrkja som trussamfunn, heller ikkje i tilsetjingssaker. Statsråden heldt fram at han er klar over at debatten om kor vidt kyrkja kan diskriminere homofile, kjem til å vare ved i svært lang tid i kyrkja og blant teologar, men at:

«det forhold at diskriminering er galt og uakseptabelt (vil) ligge fast med en solid moralsk og politisk forankring, hos meg, i norsk lov og i det norske folk.»<sup>231)</sup>

#### 10.4 Læking av homofil orientering

---

I staden for omgrepet læking («helbredelse») snakkar no enkelte kyrkjelege miljø om «endring av seksuell orientering». Bispemøtet har ikkje gjeve noka offisiell fråsegn om Bispemøtet si haldning til læking eller endring av seksuell orientering.<sup>232)</sup> Derimot er det eit kapittel i utgreinga *Homofili og Sjelesorg*

<sup>231)</sup> Statsråd Giskes tale til Kyrkjemøtet 2000.

som tek for seg denne praksisen i *Spørsmålet om forandring/«helbredelse»*. Mellom anna blir det hevda at innanfor eit stort spektrum av seksuell orientering tilseier både ein veldokumentert faglitteratur og mange velprøvde «personlige vitnesbyrd» at det finst rom for endring av seksuell orientering. Samstundes blir det hevda at endringsutsiktene heilt klart ikkje gjeld alle, men at det i første omgang vil dreie seg om personar med homoseksuelle erfaringar som likevel av ulike grunnar er usikre på sin seksuelle identitet.

Til slutt blir det sagt at:

«normalt vil denne type endringsprosesser kreve andre rammer og andre typer kompetanse enn det som vanligvis finnes i den kristne sjelesorg. I møte med slike problemstillinger bør derfor sjelesørgere alltid søke kontakt med terapeutisk fag-kompetanse, og ikke iverksette prosesser som man ikke kan ivareta og slutføre på faglig forsvarlig vis.»

I 1999 gav Kyrkjerådet frå Opplysningsvesenets fond tilskot til «Kristent forum for hjelp blant homofile» som no har skifta navn til «Til helhet». Til helhet har ni konkrete arbeidsmål. Dei tre første er å gje råd og formidle hjelp til menneske som ønskjer samtale om den seksuelle orienteringa si, vere med og formidle tru på at ein kan leve eit meningsfullt liv i seksuelt fråhald uavhengig av seksuell orientering og vere med og formidle tru på at endring av seksuell orientering er mogleg.<sup>233)</sup>

På denne bakgrunnen kan det sjå ut som ein svært viktig del av målsetjinga hos Til helhet er å «endre» homofile menneske til heterofile menneske.

Norsk psykiatrisk forening og Norsk Psykologforening har uttalt seg mot læking av homofile. Denne resolusjonen blei vedteken på Norsk psykiatrisk forenings årsmøte i oktober 2000:

«Homofili er ingen sykdom eller sykkelig tilstand, og kan derfor ikke være gjenstand for behandling. En «behandling» hvis eneste hensikt er å endre seksuell legning fra homofil til heterofil må betraktes som etisk uforsvarlig, og hører ikke hjemme i helsevesenet. Homofile har, som alle andre, selvfølgelig krav på hjelp og terapi ut fra anerkjente retningslinjer, enten det er i forbindelse med sin seksualitet eller ikke.»<sup>234)</sup>

Norsk Psykologforening seier i si fråsegn mellom anna:

«Det er i dag ingen dokumentasjon på at terapi eller andre former for behandling kan «helbrede» lesbiske eller homofile fra sin seksuelle legning. Tvert imot er behandling av homofili sett på som kontraindisert da det som regel vil påføre den homofile større problemer i form av manglende selvspekt, identitetsforstyrrelse med store muligheter for å utvikle alvorlige depressive tilstander.»<sup>235)</sup>

Helsetilsynet har gjeve yttrykk for at:

«... mennesker som blir utsatt for forsøk på helbredelse for homofili, også kan oppleve negative konsekvenser, først og fremst ved at selvbil-

<sup>232)</sup> Opplyst per telefon nov. 2000 av sekretæren for Bispemøtet.

<sup>233)</sup> Opplyst per telefon nov. 2000 av leiaren for Til helhet.

<sup>234)</sup> Resolusjon vedteken på Norsk psykiatrisk forenings årsmøte 11.- 13.10.00.

<sup>235)</sup> Fråsegn frå Norsk psykologforening 2.12.96.

de og selvrespekt svekkes, men også ved at det kan ha direkte skadelige effekter dersom psykiatriske/psykologiske metoder benyttes av ikke-kyndige personer. Statens helsetilsyn finner derfor grunn til å understreke både at homofili ikke er en sykdom eller «tilstand» og derfor uaktuell for behandling, og at forsøk på behandling eller helbredelse kan ha negative effekter og vere direkte skadelig». <sup>236)</sup>

### 10.5 Åpen kirkegruppe

---

Åpen kirkegruppe blei grunnlagt i 1976 og er eit kristent fellesskap for lesbiske og homofile og ei undergruppe av LLH. Åpen kirkegruppe ønskjer overfor kyrkje og samfunn å jobbe med:

«Å avdekke kirkelig undertrykkelse av lesbiske og homofile, og vise de konsekvensene som undertrykkelsen får for den enkelte, å utfordre kirke og samfunn til å arbeide med spørsmål i forbindelse med kjønnsroller for å fremme et sant likeverd mellom kjønnene, akseptasjon av homofilt samliv som grunnleggende viktig ressurs i møte med spiritualitet og tro, å møte kirkens uvitenhet og angst overfor homofile og lesbiske med informasjon, synliggjøring og forbønn». <sup>237)</sup>

Åpen kirkegruppe har i fleire år vore i dialog med Den norske kyrkja, mellom anna var gruppa representert i arbeidsgruppa som gav ut utgreiinga *Homofile i kirken*. Medlemmer i Åpen Kirkegruppe hevdar at dialogprosessen aldri har kome heilt i gang, og medlemmer i gruppa har teke til orde for å stoppe dialogprosessen. <sup>238)</sup>

I 1999 ga Kyrkjerådet frå Opplysningsvesenets fond tilskot til Åpen Kirkegruppe.

### 10.6 Tiltak

---

Homofili er eit følsamt spørsmål innan mange trdomssamfunn i Noreg. Dette tilseier at det er behov for haldningsskapande arbeid for å få til endringsprosessar innan Den norske kyrkja og andre trdomssamfunn.

Rettslege verkemiddel for å betre kára til homofile og lesbiske innan ulike trdomssamfunn vil måtte bli vurdert i forhold til religionsfridomsprinsippet, slik det er nedfelt i internasjonale avtalar som Noreg har forplikta seg på gjennom ratifisering eller inkorporering i norsk lov.

Mangelen på systematisk kunnskap om kva for haldningar ulike trdomssamfunn har til homofil orientering og samlivsform og om vilkåra homofile og lesbiske lever i innan ulike trdomssamfunn gjer det vanskeleg å identifisere aktuelle tiltak ovanfor livssynsorganisasjonane. Dette faktum tilseier i seg sjølv at eit nødvendig tiltak vil vere å støtte forskning og anna kartleggingsarbeid om trdomssamfunn og homofili, både i universitets- og høgskolemiljø og i regi av trdomssamfunna sjølv. Ei viktig oppfølging av dette arbeidet vil

<sup>236)</sup> Brev frå Statens helsetilsyn datert 1.2.99 til Sosial- og helsedepartementet.

<sup>237)</sup> <http://www.apenkirkegruppe.org/>

<sup>238)</sup> Svein, Anne Britt: Hvor mye skal det egentlig koste? Stopp dialogprosessen. <http://www.apenkirkegruppe.org/>

vere kunnskapsformidling og haldningsskapande arbeid, særleg retta mot trdomssamfunna sine eigne miljø.

Innan Den norske kyrkja - og truleg også innan andre trdomssamfunn - er den offisielle haldninga til homofili i endring, og det blir ført debatt om spørsmålet blant medlemsgrupper og i dei leiande organa. Det blir òg ført dialog med grupperingane til homofile og lesbiske innan trdomssamfunna. Erfaringane frå desse dialogprosessane later til å vere at dei bidreg til meir open framferd og større forståing om homofilisørsmålet. Økonomisk støtte til dialogprosessar som har til føremål å betre kåra til lesbiske og homofile innan trdomssamfunn vil difor vere eit godt tiltak.

Regjeringa sitt mål er at ingen skal bli diskriminert på grunn av seksuell orientering, verken i trdomssamfunn eller i samfunnet elles. Regjeringa meiner at lesbiske og homofile har ein sjølvsgd plass i Den norske kyrkja på linje med alle andre og vil arbeide mot diskriminering.

Som det går fram av dette kapitlet, er det tilsett to homofile sambuarar som prestar i Den norske kyrkja. Det er ikkje semje i Den norske kyrkja om prinsippet at menneske som lever i homofilt samliv, ikkje skal kunne ha vigsla stillingar innanfor kyrkja (prest, kateket, diakon).

Ut frå arbeidsmiljølova<sup>239)</sup> kan ikkje ein arbeidsgjevar i utlysinga etter nye arbeidstakarar eller på annan måte krevje at søkjarar skal gje opplysningar om si eventuelle homofile orientering eller homofile samlivsform. Ved tilsetjing kan ikkje ein arbeidsgjevar forskjellsbehandle søkjarar på grunn av homofil orientering eller homofil samlivsform.

Likevel er det mogleg i somme tilfelle både å be om slike opplysningar og å diskriminere ved tilsetjing dersom vedkomande lever i homofilt samliv og stillinga vedkomande søker, er knytt til «religiøse trossamfunn der det i utlysning av stillinger er stilt særlege krav ut fra stillingens karakter eller formålet for vedkommende arbeidsgivers virksomhet» (§ 55A).

Etter regjeringa sitt syn er freistnader på å endre homoseksuell orientering hos menneske etisk uforsvarleg og i strid med våre grunnleggjande verdiar. «Læking» av homofile inneber eit syn på homofili som noko sjukt som bør endrast. Regjeringa ser på homoseksualitet som ein normal variasjon i den menneskelege seksualiteten.

Det finst ingen god dokumentasjon på at såkalla terapi endrar den homoseksuelle orienteringa hos menneske. Ein må likevel kunne fastslå at ein slik praksis kan påføre enkeltmenneske store belastningar og i verste fall psykiske lidingar.

«Læking» av homofile kan ein ikkje berre sjå på ut frå eit individuelt perspektiv. Ein slik type verksemd signaliserer eit syn på homoseksualitet som også råkar det store fleirtalet homofile som aldri vil oppsøkje ein slik aktivitet.

Regjeringa viser til fråsegna frå Helsetilsynet om at helsepersonell ikkje skal delta i denne type prosessar. Regjeringa ser det som vanskeleg å hindre trdomssamfunn i å tilby forbønn til menneske som ønskjer å endre si seksuelle orientering, men vil åtvare mot dei skadelege konsekvensane av terapiliknande tilbod i regi av kristne organisasjonar og kyrkjelydar.

Regjeringa vil fremje desse tiltaka:

<sup>239)</sup> Heile § 55 A i arbeidsmiljølova er referert under avsnitt 9.4.

- Seksuell orientering skal ikkje vere til hinder for tilsetjingar i Den norske kyrkja. Regjeringa går inn for å oppheve unntaksreglane i arbeidsmiljølova § 55A om homofili for Den norsk kyrkja.
- Det bør ikkje gjevast økonomisk støtte til tiltak som driv med endring («læking»/«helbredelse») av lesbiske og homofile menneske.
- Åpen Kirkegruppe arbeider aktivt mot diskriminering av lesbiske og homofile i Den norske kyrkja og andre kristne trdomssamfunn. Åpen Kirkegruppe bør få driftstilskot/tilskot til dette arbeidet.

## 11 Støtteordningar

### 11.1 Driftsstøtte til Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring (LLH)

---

1989 var det første året at dåverande Det norske Forbundet av 1948 (DNF-1948) mottok driftsstøtte frå det tidlegare Forbrukar- og administrasjonsdepartementet (FAD). På 1980-talet fekk homofile sine organisasjonar løyvingar til HIV/AIDS-førebygging frå Sosialdepartementet, men etter initiativ frå organisasjonane blei tilskotet i 1989 omgjort til ordinær driftsstøtte og løyvt over FADs budsjett. Løyvinga var på 1.3 mill. kroner. Den direkte grunnen var konkursen ved Metropol og den vanskelege økonomiske situasjonen dette sette forbundet i.<sup>240)</sup> I tillegg blei det lagt vekt på at medlemsmassen i organisasjonen og dermed potensielle kontingentinntekter var lågare enn gruppa sin del av befolkninga skulle tilseie, og at behovet for haldningsskapande verksemd på dette området var spesielt stort. Løyvingane blei gjevne med klare signal om at dette var ein slags «redningsaksjon», og at støtta ville bli trappa ned.

I 1990 var driftstilskotet 1 250 000 kroner (av dei blei 600 000 kroner overførte frå Sosial- og helsedepartementets budsjett og resten av summen blei gjeven over FADs budsjett). Støtta skulle i «hovudsak knyttes til tiltak eller aksjoner organisasjonene utfører med sikte på økt integrering av homofile i samfunnet».<sup>241)</sup> I 1991 var støtta 1 100 000 kroner og i 1992 950 000 kroner. Det blei i tillegg gjeve ei mindre driftsstøtte til Fellesrådet for homofile og lesbiske organisasjoner (FHO). Den utgjorde i 1992 70 000 kroner. Reduksjonen i driftsstøtta heldt fram i åra som følgde fram til og med 1996 (sjå tabell 11.1).

LLH har i tillegg til driftsstøtta fått tilskot til nokre enkelttiltak. I 1999 løyvde Stortinget 200 000 kroner ekstra til LLH «til informasjonsarbeid» med tilvising til kunnskap som kom fram i NOVA-undersøkinga.<sup>242)</sup>

Det var fleire grunnar til at driftsstøtta blei trappa ned. Barne- og familiedepartementet har berre unntaksvis gjeve driftsstøtte til frivillige familie- og likestillingspolitiske organisasjonar og til dels med ei historisk grunngeving.<sup>243)</sup> Den prinsipielle haldninga til støtte til desse organisasjonane har heile tida vore at støtte først og fremst bør gjevast i form av tilskot til enkelttiltak og prosjekt, og at organisasjonane sjølve bør sikre det økonomiske fundamentet gjennom medlemskontingentar og inntektsgjevande arbeid. Vidare at midlar frå departementet til støtte for organisasjonane bør forvaltast på ein slik måte at dei i størst mogleg grad stimulerer til verksemd som er retta utetter, og til aktivitet og debatt på politisk aktuelle område. Av desse grunnane har det i

<sup>240)</sup> Metropol var ein utestad for lesbiske og homofile i Oslo, eigd av, og den viktigaste inntektskjelda for DNF-1948.

<sup>241)</sup> St.prp. nr. 1 (1989-90) Forbrukar- og administrasjonsdepartementet.

<sup>242)</sup> Innstilling S. nr. 236 (1998-99) Innstilling frå finanskomiteen om omprioriteringar og tillegsløyvingar på statsbudsjettet 1999.

<sup>243)</sup> Mellom anna at Aleneforeldreforeningen, Ensliges Landsforbund og Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring blei overførde frå Sosial- og helsedepartementet til Barne- og familiedepartementet i 1989/1990.

lang tid vore eit arbeid i gang for å leggje om støtteordningane til dei familie- og likestillingspolitiske organisasjonane.

Tabell 11.1: Driftsstøtte til Det norske forbundet av 1948/Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring.

År	Det norske forbundet av 1948/Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring
1993 <sup>1</sup>	820 000
1994	710 000
1995	600 000
1996	520 000
1997	520 000
1998	420 000
1999	420 000
2000	520 000

<sup>1</sup> 1. januar 1993 blei Fellesrådet for homofile og lesbiske organisasjoner og Det norske forbundet av 1948 slått saman under namnet Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring.

I september 1998 sette Barne- og familiedepartementet ned det såkalla «Driftsstøtteutvalget» under leiing av Solveig Sollie for å greie ut ordninga med drifts- og prosjektstøtte til familie- og likestillingspolitiske organisasjonar. Utvalet leverte rapporten sin våren 1999 og gjorde framlegg om ein kraftig auke av driftsstøtta og ein tilsvarende reduksjon av tilskot til enkelttiltak og prosjekt i forhold til dagens fordeling. Etter framlegget skulle grunnstøtta gå til organisasjonar med minimum 1000 medlemmer i minst 10 fylke. Framlegget ville føre til at ein stor del av midlane som blir nytta til organisasjonsstøtte på dette området, ville bli konsentrert til nokre få og store organisasjonar.

Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring var representert i utvalet og gav denne mindretalsfråsegna:

«Innenfor det familie- og kvinnepolitiske området finnes det en stor mengde organisasjoner. I stor grad har mange av disse organisasjonene store likhetstrekk i forhold til arbeidsområde og gruppelikheter. Etter mitt skjønn er det derimot en organisasjon som i stor grad skiller seg ut fra de andre organisasjonene. Det gjelder Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring. Denne organisasjonen representerer en gruppe mennesker som har helt andre livsvilkår enn andre grupper innenfor det familie- og kvinnepolitiske området. Gruppen har livsvilkår som er dokumentert på et langt dårligere nivå enn blant de andre gruppene, og er i en situasjon hvor det i særlig grad er behov for et bevisst og målrettet arbeid for å iverksette omfattende tiltak for å utbedre disse livsvilkårene. Av den grunn bør Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring ikke knyttes opp mot støtteordningene innenfor det familie- og kvinnepolitiske området, men derimot ha en støtteordning hvor kun Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring inngår».

244)

244) Forslag til endringer i støtteordninger til familie- og kvinnepolitiske frivillige organisasjoner. Innstilling til Barne- og familiedepartementet 25. mars 1999.

Regjeringa ser på arbeidet til LLH som viktig for å betre levekåra for lesbiske og homofile, og ho har eit mål om større aksept for lesbiske og homofile i samfunnet. I statsbudsjettet for 2001 er det sett opp ein eigen budsjettpost til tiltak for lesbiske og homofile på 1,1 mill. kroner. Bakgrunnen er resultatane frå mellom anna NOVA-undersøkinga som viste at lesbiske og homofile som gruppe har dårlegare levekår og livskvalitet enn befolkninga generelt. Regjeringa gjer framlegg om å auke støtta til LLH fordi organisasjonen gjer eit viktig arbeid for å motverke diskriminering og gjere sitt til meir opne haldningar, og til likestilling og aksept. Vi viser også til den «vaktbikkje-funksjon» organisasjonen har, og som er omtalt i kapittel 9. LLH vil gjennom auka økonomisk støtte få betre høve til å planleggje og gjennomføre tiltak for å skape større aksept for og betre levekåra for lesbiske og homofile. Denne støtta vil Regjeringa auke i budsjettet for 2002.

## 11.2 Forebygging av HIV/AIDS-epidemien

Sidan 1986 har det vore stilt øyremerkte midlar til rådvelde gjennom forebygging av HIV/AIDS-epidemien over kapittel 719 post 70 på statsbudsjettet. Om Handlingsplanene mot HIV/AIDS-epidemien sjå kapittel 8 - Helse- og sosiale forhold, pkt. 8.5.2. <sup>245)</sup> Innanfor desse handlingsplanane har det også vore løyvt midlar til Det norske forbundet av 1948/Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring og til Helseutvalget for homofile. Helseutvalet blei stifta i 1983, og blei hovudsamarbeidspartnar for Helsedepartementet når det gjaldt HIV/AIDS-forebygging overfor homo- og bifile menn. Helseutvalet har i dag eit sekretariat der drift, prosjektverksemd og tiltak blir finansierte via statleg støtte. Svært mykje av arbeidet blir likevel gjort av frivillige som er rekrutterte gjennom homofile sine organisasjonar. Støtta til organisasjonane har vore: <sup>246)</sup>

Tabell 11.2: Organisasjonsstøtte til forebygging av HIV/AIDS-epidemien

År	Helseutvalget for homofile	Det norske forbund 1948/Seinare: Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring
1986	2 129 509	292 661
1987	1 918 606	869 000
1988	2 120 000	699 000
1989	3 813 478	623 350
1990	2 949 477	175 000
1991	3 045 000	
1992	3 862 880	25 240
1993	3 889 450	447
1994	3 316 670	72 050
1995	3 227 808	66 000
1996	3 813 570	34 500
1997	3 577 695	12 000
1998	4 156 325	10 200

<sup>245)</sup> Sjø også Handlingsplan mot HIV/AIDS-epidemien 1996-2000. Oslo, Sosial- og helsedepartementet, 1996.

<sup>246)</sup> Kjelde: Anvisningsprotokollane for perioden.



Tabell 11.2: Organisasjonsstøtte til forebygging av HIV/AIDS-epidemien

1999	4 307 000	13 000
2000	4 407 100	8 400

### 11.3 Ungdomsarbeidet i LLH

NOVA-undersøkinga viste at trass i store endringar i opinionshaldningane dei siste 20-30 åra, kombinert med betra formelle rettar for lesbiske og homofile, er det framleis slik at lesbisk og homofil ungdom opplever diskriminering og utstøyting på grunn av seksuell orientering. NOVA-undersøkinga stadfesta dermed behovet for ei sterkare satsing i arbeidet retta mot unge lesbiske, homoseksuelle og biseksuelle.

Samstundes med at rapporten blei offentleggjord, vedtok landsmøtet i Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring (LLH) at det skulle nedsettast eit eige ungdomsutval i LLH. Det kom også framlegg om ei stilling som ungdomskonsulent.

Barne- og familiedepartementet løyvde våren-99 111.000,- kroner til ein nasjonal ungdomskonferanse i regi av LLH, som blei halden i Bergen 1. og 2. mai 1999. Hovudformålet med ungdomskonferansen var frå LLH si side ønsket om ein breiast mogleg ungdoms- og homopolitisk debatt av og med unge lesbiske, homoseksuelle og biseksuelle. Det var eit ønske å byggje opp eit nettverk blant unge lesbiske, homoseksuelle og biseksuelle. Ungdomskonferansen var meint å fungere som ein sentral idéverkstad for aktuelle tiltak, og å synleggjere framtidige tiltak. Vidare ønskte dei å drøfte korleis ein best mogleg kunne organisere arbeidet for å løyse aktuelle tiltak og oppgåver.

Konferansen synleggjorde behovet for eit sentralt ledd i LLH som arbeider spesielt med spørsmål knytt til ungdom. Det framtidige ungdomsutvalet blei sett på som eit viktig koordinerande tiltak, kombinert med ein sentral administrasjon i form av stillingar som til dømes ungdomskonsulent, informasjonskonsulent og internett-ansvarleg. Informasjon og skolering, både internt og eksternt, blei også sterkt framheva. Internt blei det sett på som viktig å ha eit godt apparat for å ta imot nye i miljøet. Det kom vidare framlegg om å styrkje Homofiles Ungdomstelefon og arbeide ut eigne Internett-sider. Eksternt blei skolering generelt av helsepersonell, lærarar og offentleg tilsette som arbeider med ungdom, sett på som viktig.

Ungdomsutvalet blei organisert på landsstyremøtet i LLH 28. - 30. mai 1999 med 10 faste representantar og 2 vararepresentantar. Utvalet representerer heile landet, og har fått ansvaret for nettverksbygging, vidareetablering og -utvikling av ungdomsgrupper fleire stader i landet. Utifrå resultatata frå NOVA-undersøkinga såg regjeringa Stoltenberg eit behov for å setje iverk strakstiltak, særleg retta mot unge homofile og lesbiske. Det blei i 2000 løyvd 200.000 kroner til ein sommarleir, og 100.000 kroner til Homofiles Ungdomstelefon.

### 11.4 Organisasjonsstøtte til ungdomsarbeid

I 1999 søkte LLH Barne- og familiedepartementet om prosjektmidlar til å følgje opp ungdomskonferansen. Midlane skulle dekkje utgifter til eit nyoppretta ungdomsutval og tilsetjing av ein ungdomssekretær. Barne- og familiedepar-

tementet av slo søknaden og viste til departementet si ordinære tilskotsordning for barne- og ungdomsorganisasjonar. Søknad om nasjonal grunnstøtte blei send Fordelingsutvalet hausten 1999.

Den ordinære tilskotsordninga til barne- og ungdomsorganisasjonar er medlemsbasert,<sup>247)</sup> og talet på medlemmer må dokumenterast gjennom særattestasjon frå revisor. For homofile sine organisasjonar kan det å dokumentere talet på medlemmer vere vanskeleg fordi ein del medlemmer ikkje ønskjer å stå fram med namn. Tradisjonelt har LLH gjeve medlemmene sine rett til å vere anonyme, og ei endring av vedtektene på dette punktet kan ta tid. Organisasjonen arbeider dessutan ikkje berre for medlemmene sine, men for gruppa lesbiske og homofile anten dei er registrerte medlemmer eller ikkje. Det er grunn til å tru at lesbisk og homofil ungdom - nettopp fordi dei har problem med sjølvaksept og opplever diskriminering - vil vere ekstra atterhaldne med å registrere seg som medlemmer.

Søknaden frå LLH blei endeleg behandla i Fordelingsutvalet 5.12.00, etter at organisasjonen leverte inn ein særattestasjon frå revisor over medlemstalet. Fordelingsutvalet gjorde vedtak om å plassere LLH i gruppe D i kategorien av organisasjonar som av særlege grunnar, først og fremst rekrutteringsgrunnlaget, ikkje oppfyller krava til talet på medlemmer, talet på teljande lokallag og/eller geografisk utbreiing i gruppe A, B og C.

## 11.5 Tiltak

---

Regjeringa ser på arbeidet til Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring, LLH, som svært viktig for å betre levekåra for lesbiske og homofile i samfunnet. LLH verkar gjennom sitt arbeid med til meir opne haldningar omkring og aksept av homofili, og organisasjonen har ein viktig funksjon som «vaktbikkje» for å hindre diskriminering og usynleggjering av homofile. Sjå kapittel 9. LLH har ein spesielt viktig funksjon overfor ungdom som har ei lesbisk eller homofil orientering, ved at organisasjonen driv informasjon, skolering og kontaktarbeid.

Desse støtteordningane vil bli førde vidare og styrkte:

- I statsbudsjettet for 2001 er det sett opp ein eigen budsjettpost til tiltak for lesbiske og homofile på 1,1 mill. kroner. Støtta vil bli auka frå 2002. Auken vil dels gå til drift av Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring (LLH), dels til tiltak retta mot homofile og lesbiske utanfor dei store byane og dels til å styrkje LLH sin posisjon som talsperson og rådgjevingsinstans for homofile og lesbiske. Eit av formåla er å styrkje det arbeidet LLH driv mot diskriminering.
- LLH vil også i åra framover motta tilskot til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar for å drive ungdomsarbeid, så sant organisasjonen oppfyller kriteria for slikt tilskot.

---

<sup>247)</sup> Forskrift om tilskot til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar av 1. juli 1997, med endringsforskrift av 19 juli 1999. §§ 6-9 i forskrifta omtaler dei organisasjonane som kan få støtte. For organisasjonar i gruppe A-C krevst m.a. minst 1200 medlemmer. Organisasjonar i gruppe D er mindre organisasjonar som av særlege grunnar, først og fremst rekrutteringsgrunnlaget, ikkje oppfyller krava til m.a. medlemstal. Også i denne kategorien er det eit minstekrav om minst 100 teljande medlemmer.

## 12 Økonomiske og administrative konsekvensar

Meldinga gjev ein heilskapleg gjennomgang av levekår og livskvalitet for lesbiske og homofile i Noreg. Som hovudregel skal lesbiske og homofile falle inn under generelle ordningar og tiltak. Meldinga legg dermed ikkje opp til tiltak som får særskilde administrative konsekvensar. Likevel vil verneomboda i bedrifter bli pålagde å tileigne seg kunnskap om situasjonen for lesbiske og homofile medarbeidarar, og vere støttespelarar for lesbiske og homofile på arbeidsplassane.

Når det gjeld dei økonomiske sidene, vil fleire av tiltaka som er presenterte, bli finansierte over dei ordinære budsjetta for dei enkelte departementa. Dette gjeld mellom anna Oppfølgingsplanen for psykisk helse, vidareføringa av Handlingsplanane mot sjølv mord og mot HIV/AIDS når det gjeld Sosial- og helsedepartementet. Derimot vil dei informasjonsopplegga som det kjem framlegg om, styrkinga av LLH, og den auka satsinga på forskning om homofile og lesbiske, krevje auka midlar over statsbudsjettet.

Barne- og familiedepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Barne- og familiedepartementet av 9. mars 2001 om Levekår og livskvalitet for lesbiske og homofile i Noreg blir send Stortinget.

---

---